



Høgskulen  
på Vestlandet



Søknad om akkreditering  
som universitet

---









# Innhald

<b>1. Det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet</b> .....	<b>9</b>
1.1 Internasjonalt forplikta, regionalt forankra.....	11
1.2 Fagleg profil og ph.d.-program.....	13
1.3 Eit universitet med høg samfunnsrelevans.....	15
1.4 Struktur på søknaden.....	15
<b>2. Organisering og infrastruktur</b> .....	<b>17</b>
2.1 Overordna om styring, organisasjon, leiling og medverknad.....	20
2.2 Organisering og leiling av verksemda ved fakulteta.....	27
2.3 Organisering og leiling av fellestenestene.....	37
2.4 Studentdemokrati og studentdeltaking.....	40
2.5 Infrastruktur for gode lærings- og arbeidsmiljø.....	44
2.6 Vedlegg.....	53
<b>3. Strategi</b> .....	<b>55</b>
3.1 Strategi 2019–2023: Å bli universitet.....	56
3.2 Strategi 2023–2030: Å vidareutvikle universitetet.....	57
3.3 Vedlegg.....	63
<b>4. Det systematiske kvalitetsarbeidet</b> .....	<b>65</b>
4.1 Overordna om kvalitetssystemet.....	66
4.2 Kvalitet i emne og studieprogram.....	67
4.3 Kvalitet i studieportefølje.....	69
4.4 Evalueringar og nøkkeltal.....	71
4.5 Eksempel på saker om akkreditering, revidering og nedlegging.....	72
4.6 Studentane si rolle i arbeidet med kvalitet.....	72
4.7 Vedlegg.....	74
<b>5. Fagmiljø: Tal tilsette og kompetanseprofil</b> .....	<b>75</b>
5.1 Tilstrekkeleg tal vitenskapleg tilsette med høg kompetanse.....	78
5.2 Relevant kompetanseprofil.....	79
5.3 Oppsummering.....	92
<b>6. Doktorgradsområde</b> .....	<b>93</b>
6.1 Doktorgradsområda og den faglege profilen og verksemda ved HVL.....	94
6.2 Ph.d.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar – SDDP.....	96
6.3 Ph.d.-programmet Datateknologi – DT.....	99
6.4 Ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking – HFD.....	102
6.5 Ph.d.-programmet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling – RESINNREG.....	106
6.6 Nautiske operasjonar (NO – fellesgrad).....	111
6.7 Oppsummering.....	112
<b>7. Stabil forskarutdanning</b> .....	<b>113</b>
7.1 Organisering, kvalitetssikring og oppfølging av kandidatar i forskarutdanninga.....	115
7.2 Opptak i ph.d.-programma.....	123
7.3 Avlagde doktorgrader.....	129
7.4 Oppsummering.....	132
7.5 Vedlegg.....	133



<b>8. Studietilbod, opptak og gjennomstrøyming</b> .....	<b>135</b>
8.1 Opptak på institusjonsnivå .....	138
8.2 Gjennomstrøyming på institusjonsnivå .....	140
8.3 Studiepoengproduksjon på institusjonsnivå .....	141
8.4 Uteksaminerte kandidatar på institusjonsnivå .....	143
8.5 Opptak og gjennomstrøyming på fakultetsnivå .....	144
8.6 Oppsummering .....	159
8.7 Vedlegg .....	159
<b>9. FoU og kunstnarleg utviklingsarbeid i samspel med utdanningsverksemda</b> .....	<b>161</b>
9.1 Studenttilfredsheit .....	164
9.2 Tildeling av FoU-tid.....	165
9.3 Del av undervisningstida som blir utført av topp- og førstekompetente.....	167
9.4 Del publiserande vitenskaplege tilsette .....	167
9.5 Danning og akademisk handverk som fellesemne i HVL .....	168
9.6 Forskingsetikk og personvern.....	168
9.7 Arbeid med FoU/KU i samspel med utdanning i fakulteta .....	169
9.7 Oppsummering .....	197
<b>10. Utdanning og FoU av høg internasjonal kvalitet</b> .....	<b>199</b>
10.1 Kravet om høg internasjonal kvalitet – samanlikna med kva?.....	200
10.2 Avgrensing av doktorgradsområda .....	202
10.3 Val av indikatorar.....	203
10.4 Forskings- og utviklingsarbeid på institusjonsnivå .....	205
10.5 Doktorgradsområde 1: Studiar av danning og didaktiske praksisar.....	214
10.6 Doktorgradsområde 2: Datateknologi.....	223
10.7 Doktorgradsområde 3: Helse, funksjon og deltaking.....	231
10.8 Doktorgradsområde 4: Ansvarleg innovasjon og regional utvikling.....	239
10.9 Oppsummering.....	249
<b>11. Faglege nasjonale og internasjonale nettverk</b> .....	<b>251</b>
11.1 Nasjonale nettverk for forskarutdanning, utdanning og FoU.....	252
11.2 Internasjonale nettverk.....	271
11.3 Internasjonalt kunnskapssamarbeid.....	285
11.4 Oppsummering .....	290
11.5 Vedlegg .....	290
<b>Figuroversikt</b> .....	<b>291</b>
<b>Tabelloversikt</b> .....	<b>293</b>

## Forkortingar

AFII	Avdeling for forskning, innovasjon og internasjonalisering
ALU	Avdeling for læring og undervisning
BA	Bachelorgrad
Cristin	Current Research Information System in Norway
DBH	Database for statistikk om høgre utdanning
DT	Ph.d.-programmet Datateknologi: programvareutvikling, sensornettverk og beregningsorientert ingeniørvitenskap
FHS	Fakultet for helse- og sosialvitenskap
FI	Forsknings- og utdanningsutvalet
FIN	Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (inngår i FTMS frå 1.1.24)
FLKI	Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett
FoU	Forskning og utvikling
FTMS	Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap
FØS	Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (inngår i FTMS frå 1.1.24)
HFD	Ph.d.programmet Helse, funksjon og deltaking
HH	Handelshøgskulen
HINN	Høgskulen i Innlandet
HK-dir	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse
IBMN	Institutt for bygg, miljø og naturvitenskap
IDER	Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag
IHF	Institutt for helse og funksjon
IHO	Institutt for helse- og omsorgsvitenskap
IIGN	Institutt for idrett, kosthald og naturfag
IK	Institutt for kunstfag
IMM	Institutt for maskin- og maritime studier
IPRS	Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag
ISKB	Institutt for sikkerhet, kjemi- og bioingeniørfag
ISLMT	Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking
IVD	Institutt for velferd og deltaking
KD	Kunnskapsdepartementet
KU	Kunstnerisk utviklingsarbeid
MA	Mastergrad
NFR	Noregs forskingsråd
NMBU	Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet
NO	Ph.d.-programmet Nautiske operasjonar (fellesgrad med USN, NTNU og UIT)
NOKUT	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga



Nord	Nord universitet
NORPART	The Norwegian Partnership Programme for Global Academic Cooperation
NSD	Norsk senter for forskningsdata
NTNU	Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
OsloMet	OsloMet – storbyuniversitetet
RESINNREG	Ph.d.-programmet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling
SDDP	Ph.d.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksiar
SOFV	Senter for omsorgsforskning
UHR	Universitets- og høgskulerådet
UiA	Universitetet i Agder
UiB	Universitetet i Bergen
UiO	Universitetet i Oslo
UiS	Universitetet i Stavanger
UiT	Noregs arktiske universitet
USN	Universitetet i Sørøst-Noreg
UU	Utdanningsutvalet

# Føreord

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart skipa 1. januar 2017. Kongeleg resolusjon av 17. juni 2016 la grunnlaget for skipinga. Den kongeleg resolusjonen, med tittelen «Samanslåing av Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund» slo følgjande fast: «Høgskulen på Vestlandet vil ha ein klar ambisjon om å bli universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil». Den same dagen som den kongeleg resolusjonen fastsette skipinga av HVL, skreiv Kunnskapsdepartementet ved statsråden i brev til dei tre fusjonerande høgskulane: «Høgskulen på Vestlandet vil ha eit klart mål om å bli universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Eg støttar dette målet.»

I tida etter er det utført eit målmedvite og omfattande arbeid i heile høgskulen. Det første har vore å driva og utvikla utdanning, forskning og nyskaping med høg kvalitet i det daglege og i kvart nye studieår. Det andre og i nær samanheng med det første, har vore eit systematisk arbeid for å byggja Universitetet på Vestlandet. I 2024 stettar HVL dei krava som er sette for å verta universitet i Noreg. Når no søknaden til NOKUT om å verta akkreditert som universitet ligg føre, kan det høva med nokre innleiande ord.

HVL er i 2024 mellom dei største høgare utdanningsinstitusjonane i Noreg. 16 500 studentar og nær 2 000 tilsette er fordelt på dei fem studiestadane Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og Stord. Den faglege verksemda er organisert i tre fakultet: Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, Fakultet for helse- og sosialvitenskap, og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap. Høgskulen tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. I 2023 var det 2 476 som fullførte bachelorutdanning, 867 som fullførte masterutdanning og 12 som tok doktorgrad.

Utdanningane er forskingsbaserte og studieporteføljen er utvikla år for år. I utforming og dimensjonering vert kompetansebehova i samfunns- og arbeidslivet tekne

omsyn til, og høgskulen har eit omfattande samarbeid med offentleg og privat sektor. Med campus geografisk spreidde utover Vestlandet og med lokalisering både i Vestland fylke og Rogaland fylke, er innverknaden av utdanning og forskning særleg stor. Forskingsverksemda har god framgang med auke i eksterne inntekter og fleire prosjekt med internasjonale samarbeidspartnarar. Høgskulen tilbyr fire eigne doktorgradsprogram og tilbyr eitt i samarbeid med andre universitet.

Like før skipingsvedtaket i 2016 hadde dei tre høgskulestyra søkt Kunnskapsdepartementet om å fusjonera høgskulane til Høgskulen på Vestlandet. Grunnlaget hadde partane laga i «Avtale om gjennomføring av fusjon» av 25. mai det same året. Fusjonsavtalen slo fast at «Høgskulen på Vestlandet skal ha ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil.» Dokumentet sette høge ambisjonar for utdanning og forskning i den nye høgskulen, og for betydninga for folk og samfunn av ein samla høgskule og eit framtidig universitet. Fleircampusinstitusjonen skulle «vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken betre vare på». Ei styrkt evne til å konkurrera om studentar og fagpersonar var viktig del av dette. Prinsipp for moderne arbeids- og organisasjonsmåtar der fleircampusinstitusjonen utvikla utdanning, forskning, fag, fellestenester og bibliotek over geografiske avstandar, vart fastsette. Fusjonsavtalen heldt fram at «Høgskulen på Vestlandet skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling».

I og med skipingsåret 2017 kan det gjerne seiast at Høgskulen på Vestlandet er ung. Men det er grunn til å minna om den institusjonelle historia. Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund kom alle til som del av høgskule-reforma i 1994, og hadde før dette ulike opphav. Lærarutdanninga til HVL har slik sine eldste røter tilbake til seminaret på Stord for Bergens stift i 1839.



Jordmorutdanning i Bergen tok til i 1861. I Haugesund går maritim utdanning tilbake til 1874, ingeniørutdanninga har sine eldste røter til Bergens Tekniske skole i 1875. Framveksten av helsefaglege og sosialfaglege utdanningar var bundne saman med framveksten av eit moderne helsestell i første delen av 1900-talet og utbygginga av velferdssamfunnet etter den andre verdenskrigen. I det tidlegare fylket Sogn og Fjordane vart det etablert distriktshøgskule i Sogndal i 1975. Utbygginga av den norske høgskulesektoren skaut for alvor fart i 1970-åra, og oppbygginga av lærar-, sjukepleiar- og ingeniørutdanningar sette ulike, men gode spor i Bergen, i Førde, i Haugesund, i Sogndal og på Stord.

I Meld. St. 18 (2014-2015) «Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren» viste regjeringa til den store innverknaden universitet og høgskular har for samfunnsutviklinga, men la til at ressursane var spreidde på for mange institusjonar. Strukturreforma var eit tiltak som gav direkte tildriv til skipinga av Høgskulen på Vestlandet. Men dei større ambisjonane for utdanning, forskning og nyskaping som HVL i 2024 er berar av, har vakse fram over lengre tid. Dei institusjonelle historiske utviklingslinjene er nemnt. Samstundes har vyar og arbeid dei siste tiåra kunna utfalda seg innanfor nasjonale rammer, der felles lovverk for universitet og høgskular frå 1995 og kvalitetsreforma frå 2003, med større ansvar og fridom for institusjonane, har spora til nybrott.

Gjeldande verksemdsstrategi for HVL strekkjer seg fram til 2030 og er ein strategi for det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet. Tre strategiske ambisjonar er peika ut og set retning; utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet, ei sterk innovasjonskraft og ein ambisiøs samfunnsaktør. Universitetet på Vestlandet vil gjera visjonen til røyndom: Kunnskap som byggjer menneske og samfunn.



Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal, Stord, juni 2024

**Gunnar Yttri**

Rektor



# 1. Det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet



# 1. Det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet

Høgskulen på Vestlandet vart skipa 1. januar 2017. Grunnlaget for skipinga var kongeleg resolusjon av 17. juni 2016 med tittelen «Samanslåing av Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund». Kort tid i førevegen hadde kvar av dei tre høgskulane tilrådd Kunnskapsdepartementet å gjere samanslåinga. Den kongelege resolusjonen slo følgjande fast: «Høgskulen på Vestlandet vil ha ein klar ambisjon om å bli universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil».

Frå første arbeidsdag har Høgskulen på Vestlandet (HVL) bygt og utvikla ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon. Utdanning, forskning og formidlinga av kunnskap er styrkt, og det vert samarbeida nært med samfunns- og arbeidsliv. Utviklingsarbeidet som er gjort gjer HVL betre rusta til å ivareta mandatet som er gjeve i universitets- og høgskulelova.

Med studiestadar i Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og på Stord, er HVL ein moderne fleircampusinstitusjon som bidreg til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling. I 2024 tilfredsstillar HVL dei formelle krava som vert sette til eit universitet i Noreg og søker om å bli Universitetet på Vestlandet. Forkortinga for Universitetet på Vestlandet vil vere Univest.

HVL er i norsk samanheng ein stor forskings- og utdanningsinstitusjon, med om lag 16 500 studentar, 2000 tilsetteårsverk og 3000 kandidatar uteksaminert kvart år.<sup>1</sup> Den totale forskingsproduksjonen ligg om lag på nivå med universitet det er naturleg at HVL samanliknar seg med. Gjennomstrøyminga på bachelor- og masterprogramma er god sett opp mot dei samanliknbare norske universiteta. Vi spelar ei sentral rolle som kunnskapsaktør på våre fagfelt, og er på nivå med universiteta som har likande profil som oss. For å kome hit har vi auka talet på mastergradar, oppretta ph.d.-program, initiert og skapt meir forskingsaktivitet, styrkt det internasjonale samarbeidet, og heva kvaliteten på utdanning og formidling.

Som universitet legg HVL vekt på tverrfagleg forskning og på utdanningar som er tett på samfunns- og arbeidslivet. Forskinga og utdanningane våre bidreg til ei berekraftig samfunnsutvikling. Som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet fremjar vi vitskaplege tenkjemåtar og kunnskapsbaserte avgjerder. Gjennom forskning, utdanning av høgt kompetente kandidatar og tett kopling til samfunns- og arbeidsliv bidreg vi til at kunnskap blir delt og teken i

---

<sup>1</sup> Kjelde til tala i dette avsnittet er DBH, og detaljane kjem fram seinare i søknaden.

bruk. Vi tek ansvar for å påverke samfunnsutviklinga på fagområda våre, og vi står endå sterkare som universitet til å utføre samfunnsoppdraget vårt.<sup>2</sup>

### **1.1 Internasjonalt forplikta, regionalt forankra**

Som universitet er HVL internasjonalt forplikta og regionalt forankra.<sup>3</sup> At vi er internasjonalt forplikta reflekterer at universitetet kan og bør bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling globalt.<sup>4</sup> At vi er forankra i regionen gjennom å samarbeide tett med samfunns- og arbeidslivsaktørar, gjer oss i stand til å forstå regionale behov og utfordringar, og å bidra til regional verdiskaping og utvikling. Gjennom forskning koplar fagmiljøa våre seg på den internasjonale vitenskaplege diskursen og kunnskapsdelinga. HVL vil som universitet vere med å utvikle forskningsfronten og produsere ny kunnskap innanfor vår fagområde.

Strukturreforma frå 2015 danna grunnlag for skipinga av HVL. Dei sentrale måla i reforma var å «samle ressursene på færre, men sterkere institusjoner (...) styrke kvaliteten på utdanningen og forskningen. Tilgangen til høyere utdanning skal være god over hele landet, og institusjonenes regionale rolle skal videreutvikles.»<sup>5</sup> Desse politiske måla sette retning for fusjonen som i 2017 skapte Høgskulen på Vestlandet. Med profilen og strategien vår fram til 2030 vil HVL som universitet vere med på å realisere kunnskapspolitiske mål.<sup>6</sup>

Noreg har eit stort kompetansebehov i tiåra framover. Gjennom Utsynsmeldinga forventar regjeringa blant anna at UH-institusjonane prioriterer ressursar til «helsefag, IT og områder som er viktige for det grønne skiftet.»<sup>7</sup> Dette er fagområde der HVL har store utdanningar og fagmiljø, og den institusjonelle utviklinga dei siste åra har gitt oss større tyngde og relevans som utdannings-, forskings- og innovasjonsaktør innanfor desse fagområda. Stortingsmeldinga om profesjonsutdanningar i høgare utdanning legg vekt på å gjere profesjonsutdanningane meir fleksible og praksisnære. Dette betyr mellom anna at det skal vere fleire vegar inn i utdanningane, institusjonane skal få større fagleg fridom og det skal leggjast større vekt på den erfaringsbaserte kunnskapen. HVL gjer ein stor innsats når det gjeld å utforme fleksible utdanningstilbod og ikkje

---

<sup>2</sup> HVL strategi 2023-2030.

<sup>3</sup> Benneworth, Paul (ed. 2013) *University Engagement with Socially Excluded Communities*. Springer.

<sup>4</sup> Loorbach og Wittmayer (2023) «Mobilizing research and education for sustainability transitions at Erasmus University Rotterdam, The Netherlands». *Sustainable Science*, <https://doi.org/10.1007/s11625-023-01335-y>.

<sup>5</sup> Meld. St. 18 (2014–2015) Konsentrasjon for kvalitet, s. 3.

<sup>6</sup> Meld. St. 5 (2022-2023) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2023–2032*, Meld. St. 14 (2022-2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*, Meld. St. 16 (2020-2021) *Utdanning for omstilling: Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning*, Meld. St. 30 (2019-2020) *En innovativ offentlig sektor* og Meld. St. 14 (2019-2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, Meld. St. 19 (2023–2024) *Profesjonsnære utdanningar over heile landet*.

<sup>7</sup> Meld. St. 14 (2022-2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*.

minst det å la den erfaringsbaserte kunnskapen vere eit vesentleg innslag i både utdanningane og forskinga.

Det nye universitetet skal bidra til å utdanne kandidatar til nasjonalt viktige profesjonsfag, og til å utvikle fagområda vidare gjennom forskning. Fagleg kvalitet, samfunnsrelevans og berekraft er rettesnorer for verksemda vår. Det å kople dei erfaringsbaserte og akademiske kunnskapsområda er her eit hovudperspektiv. Tverrfagleg problemløysing og verdiskaping skjer i stor grad i samfunns- og arbeidslivet. Det å bruke, vedlikehalde og vidareutvikle vitskapleg kompetanse i samspel med omverda, har vore sentralt i institusjonsutviklinga. Status som universitet vil gjere HVL meir autonom og endå betre i stand til å vidareutvikle posisjonen vår som kunnskapsaktør.

Figur 1.1: Fem campusar



HVL har campusar i Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og på Stord. Vi er med desse campusane fysisk til stades på store delar av Vestlandet. Forskinga og utdanningane våre skjer i tett samspel med samfunns- og arbeidslivet. Å vidareutvikle aktiviteten ved alle campusane har vore ein premiss for fusjonen og arbeidet med å nå universitetskrava. Fleire av campusane opplever ein betydeleg reduksjon i rekrutteringa av studentar, og vi jobbar med å møte desse utfordringane.

Rekrutteringssvikt til viktige profesjonsfag som sjukepleie og lærar er ein nasjonal trend som råkar distrikta særleg hardt. Vi søker å møte denne utfordringa med å mellom anna utvikle og tilby fleire fleksible studietilbod. Å bli universitet er eit strategisk verkemiddel for å oppretthalde og styrkje fagleg verksemd og rekruttering av både studentar og tilsette ved alle fem campusar. Ved å

organisere og utvikle den vitenskaplege og administrative verksemda på tvers av geografi styrkjer vi fagmiljø, forskning, studieprogram og støttefunksjonar.

## **1.2 Fagleg profil og ph.d.-program**

HVL har sterke og innovative fagmiljø innanfor lærarutdanning, helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og maritime fag, økonomi og leiing, natur- og samfunnsvitenskap og kultur- og idrettsfag. Den profesjons- og arbeidslivsretta faglege profilen blir understøtta av HVL sine fem ph.d.-program, som er etablert breitt. Fagområda dei representerer dekkjer vesentlege delar av den faglege verksemda, og bind saman dei fleste utdanningane på bachelor- og masternivå med forskingsaktiviteten. Fire av ph.d.-programma er HVL sine egne, og utgjer grunnlaget for denne søknaden om universitetsakkreditering. Det femte programmet er ein fellesgrad. Under følgjer ei kort omtale av dei fem ph.d.-programma, som alle har ein tverrfagleg og profesjons- og arbeidslivsretta profil. Programma er nærare omtala i kapittel 6.

### **Studiar av danning og didaktiske praksisar**

Ein av dei viktigaste funksjonane til universitet historisk sett har vore å bidra til danning, eksempelvis i form av evna til kritisk tenking, etisk bevisstheit og evna til å engasjere seg i og forstå komplekse samfunnsspørsmål. Ph.d.-programmet *Studiar av danning og didaktiske praksisar* knyter saman undervisnings- og læringspraksisane i barnehage, skule og kultursektor med studiar av sentrale danningstekstar og forskingsutfordringar. Det samlar ulike fagtradisjonar si forståing av og refleksjon over epistemologi, estetikk og etikk i barn og unges leik, læring og utforskning. Målet er å bidra til å utvikle danningskomponenten i utdanningsforskning med både teoretiske og praksisorienterte perspektiv. Programmet er tverrfagleg og dekkjer med nokre små unntak heile den faglege verksemda ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI).

### **Datateknologi**

Digitalisering og kunstig intelligens påverkar samfunns- og arbeidslivet i stor grad, og her finst eit stort behov for kunnskap og kompetanse. Ph.d.-programmet *Datateknologi* er delt inn i tre tema: programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitenskap. Fagområdet datateknologi har eit breitt nedslagsfelt, fordi det dreier seg om mogleggjerande teknologi som praktisk talt all privat og offentleg verksemd er avhengig av. Målet er å gi kandidatane kompetanse for ein karriere innanfor forskning eller næringsverksemd, der datateknologi er eit sentralt element. Programmet dekkjer delar av den faglege verksemda ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS).



### **Helse, funksjon og deltaking**

Noreg står som mange andre land overfor store utfordringar når det gjeld helse- og omsorgstenester, og behovet for kompetanse er stort. Ph.d.-programmet *Helse, funksjon og deltaking* er forankra i ein kritisk folkehelsestradisjon. Med tverrvitskaplege tilnærmingar der helse-, sosial- og samfunnsvitskap utfyller kvarandre, bidreg programmet med ny kunnskap til å forstå og handtere dagens og morgondagens helse- og velferdsutfordringar, lokalt og globalt. Den faglege profilen og emneporteføljen i programmet støttar opp under eit breitt perspektiv på levekår, helse og sosial ulikskap og rettferd. Det er tett samankopla med samfunns- og arbeidslivet, i denne samanhengen helse- og velferdssektoren. Målet er å bidra til kunnskapsutviklinga på fagfeltet og gi kvalifiserte kandidatar til offentleg, privat og frivillig sektor. Programmet dekkjer store deler av den faglege verksemda ved Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS).

### **Ansvarleg innovasjon og regional utvikling**

Ansvarleg innovasjon omhandlar innovasjonar som tar høgde for miljømessige, sosiale, etiske og økonomiske aspekt. I tråd med dette utdannar HVL reflekterte kandidatar som kan bidra til fornying av varer, tenester og prosessar. Prinsippa for ansvarleg innovasjon gir ramme både for dialogen med samfunns- og arbeidslivet, og for arbeidet med å forbetre våre eigne utdanningar og vår eiga verksemd. Globale miljø- og samfunnsutfordringar er komplekse og treng tverrfaglege løysingar. Det krev samarbeid på tvers av akademiske disiplinar og på tvers av akademia, næringsliv og offentleg sektor. Den tverrfaglege innretninga på ph.d.-programmet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* gjer det relevant i så måte. Programmet baserer seg på perspektiv frå samfunnsvitskap, helse- og sosialvitskap og ingeniørfag. Målet er å utdanne kandidatar som tar ei tverrfagleg tilnærming i forskinga og som aktivt kan bidra til berekraftig samfunnsutvikling. Programmet dekkjer delar av den faglege verksemda ved FTMS og ved FHS.

### **Nautiske operasjonar (fellesgrad)**

Ph.d.-programmet *Nautiske operasjonar* bygger på tverrfagleg forskning som skal støtte og utvikle navigasjon og transport i sjøfart. Det utdannar innovativt orienterte kandidatar med operasjonell maritim kompetanse og vitskapleg innsikt. Målet er å gjere dei kvalifiserte for arbeid i den norske og internasjonale maritime sektoren. Nautiske operasjonar er ein fellesgrad med Universitetet i Sør-aust-Noreg (USN), Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) og Universitetet i Tromsø–Noregs arktiske universitet. HVL sitt ansvarsområde omfattar organisatorisk risikohandtering, brannsikkerheit og evakueringsforskning. Programmet dekkjer ein del av den faglege verksemda ved FTMS.

### **1.3 Eit universitet med høg samfunnsrelevans**

HVL tek sin plass i den norske kunnskapssektoren som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet, der vi kombinerer universitetsideal for vitskaplege metodar og akademisk fridom med erfaringsbasert kunnskap. Utdanningane våre er godt forankra i samfunns- og arbeidslivet, og vert drivne og utvikla av vitskapleg tilsette som deltek aktivt på den internasjonale forskingsarenaen. Slik styrkjer vi posisjonen vår som relevant kunnskapsaktør og samarbeidspartnar.

Akkreditering som universitet gir oss større fridom og betre vilkår for utvikling av høg kvalitet i forskning, utdanning, innovasjon og formidling. Det er eit verkemiddel for å halde på og tiltrekke seg fleire studentar, tilsette og samarbeidspartnarar, og for auka fleksibilitet og handlekraft gjennom dei utvida fullmaktene som kjem med universitetsstatus. HVL har nådd universitetskrava, og vi ønskjer dei same rammene for verksemda vår som dei universiteta vi samarbeider med og konkurrerer med om studentar, tilsette og eksterne prosjektmidlar. Som dokumentasjonen i dei kommande kapitla viser, er fagmiljøa våre på høgde med tilsvarande miljø ved dei nyare universiteta, og ved dei eldre universiteta med innfusjonerte høgskular som har liknande fagområde som HVL.

### **1.4 Struktur på søknaden**

HVL har i dag status som høgskule, med høgare utdanning, forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid og formidling som primærverksemd. Denne søknaden om universitetsakkreditering følgjer strukturen i NOKUT si rettleiing frå 2020.<sup>8</sup> Dei følgjande 10 kapitla dokumenterer korleis høgskulen oppfyller krava til universitetsakkreditering.

Krav for universitetsstatus er regulert av Studiekvalitetsforskrifta og Studietilsynsforskrifta, forskrifter som går ut frå universitets- og høgskolelova. Det går frem av informasjonsboksane starten av det einskilde kapitlet kva krav som kapitlet svarar på.

HVL oppfyller kravet i Studiekvalitetsforskrifta §3-7 (5) om uteksamining av minst fem doktorander over tre år på minst to av doktorgradsprogramma. Med dette oppfyller HVL dei formelle krava som ligg til grunn for universitetsakkreditering.

*Kapittel 2* dokumenterer korleis organiseringa av og infrastrukturen på høgskulen er tilpassa verksemda, og bygd opp for å støtte opp under profilen og universitetsambisjonen.

---

<sup>8</sup> NOKUT (2020) *Akkreditering som universitet. Veiledning for institusjoner som søker institusjonsakkreditering.*

*Kapittel 3* dokumenterer HVL sin strategi for utdanning, forskning og/eller kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid, og korleis den gir ei retning for vidareutvikling av det komande universitetet.

*Kapittel 4* dokumenterer vårt systematiske kvalitetsarbeid, inkludert rutine og praksis for akkreditering av nye og for revidering av eksisterande studietilbod.

*Kapittel 5* dokumenterer at våre fagmiljø som heilskap har tilstrekkeleg med kompetanse, at kompetansen står i høve til den faglege verksemda og at han er relevant for den faglege profilen.

*Kapittel 6* dokumenterer avgrensinga av dei fire doktorgradsområda som ligg til grunn for søknaden, og korleis dei samla sett er godt dekkjande for den faglege profilen.

*Kapittel 7* dokumenterer stabil forskarutdanning, og at dei kvantitative krava til opptekne stipendiatar og uteksaminerte kandidatar er oppfylt.

*Kapittel 8* dokumenterer studietilbod, opptak, gjennomstrøyming og uteksaminerte kandidatar på lågare og høgare grads nivå.

*Kapittel 9* dokumenterer samspelet mellom forskinga og/eller det kunstnarlege og faglege utviklingsarbeidet på den eine sida, og utdanningsverksemda på den andre sida.

*Kapittel 10* dokumenterer at utdanninga og forskinga vår og det kunstnarlege og faglege utviklingsarbeidet er stabilt og held høg internasjonal kvalitet.

*Kapittel 11* dokumenterer at vi deltek aktivt i forskarskular og nasjonale og internasjonale nettverk.

*Vedleggsrapporten* inneheld dokumentasjon ut over det som er inkludert i sjølve søknaden.





## 2. Organisering og infrastruktur



## 2. Organisering og infrastruktur

*Studiekvalitetsforskriften § 3-4. Akkreditering av institusjoner*

*(3) Institusjonens organisering og infrastruktur skal være tilpasset virksomheten.*

I dette kapitlet gjer vi greie for organisering og infrastruktur, og for korleis desse er tilpassa og støttar opp om verksemda. HVL er organisert på tvers av geografi både fagleg og administrativt. Dette skal sikre forsvarlege lærings- og arbeidsmiljø for studentar og tilsette i ein fleircampus-institusjon, og er eit verkemiddel for å kunne styrkje fagmiljø, forskning, studieprogram og felles-tenester. Organiseringa medfører meir reising for tilsette og studentar enn om heile organisasjonen var geografisk samla. Den stimulerer samtidig til digitale arbeidsmåtar som kan vere positive for verksemda, til dømes i form av meir fleksible, nett- og samlingsbaserte utdanningar. Fleircampus-strukturen legg altså på fleire måtar til rette for å svare på behov for fleksibel utdanning. Alle dei fem campusane har ein fullverdig infrastruktur i form av lokale, utstyr, bibliotek, læringslab, servicetorg og studierettleiing.

HVL har organisert seg ut frå kva funksjonar som skal ivaretakast, på tvers av geografi, for å understøtte samspelet mellom studiestadene. I 2023 sette HVL i gang fire store organisatoriske omstillingsprosjekt. Målet var å utvikle institusjonen fagleg i tråd med endringar i omgivnadane, og dessutan tilpasse seg lågare inntektsrammer i åra som kjem. Det første omstillingsprosjektet gjeld strategisk utvikling av studieporteføljen, for å møte kompetansebehova i arbeidslivet. Det andre omstillingsprosjektet gjeld fakultetsstruktur, nærare bestemt samanslåing av Fakultet for ingeniør- og naturvitskap med Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap, til det nye *Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap*. Hensikten var både å stimulere det tverrfaglege interessefellesskapet innanfor teknologi, berekraft, økonomi og samfunn og å styrkje økonomisk berekraft. Det tredje omstillingsprosjektet gjeld organisering og dimensjonering av administrative støttefunksjonar, i lys av endra behov som følgje av fagleg utvikling. Det fjerde og siste omstillingsprosjektet gjeld det å auke dei eksterne inntektene, for å skape meir handlingsrom innan FoU, innovasjon og utdanning. Alle desse omstillingsprosjekta har relevans for det nye universitetet, og går framleis i 2024.

Første del av dette kapitlet omhandlar styring, organisasjon, leiing og medverknad på overordna nivå. I andre delen gjer vi greie for korleis vitskapleg og administrativ verksemd er organisert og leia ved fakulteta. Den tredje delen skildrar organisering og leiing av fellestenestene, medan den fjerde delen dokumenterer studentdemokratiet og system for å inkludere studentar i avgjersler. I femte og


siste del gjer vi greie for infrastruktur for utdanning og FoU/KU og korleis den støttar opp under samspelet mellom dei fem campusane og med samfunns- og arbeidslivet rundt oss.

Tabell 2.1: Nøkkeltal for HVL, 2023.

	2023
<b>Tal tilsetteårsverk</b>	1 967
<b>Tal registrerte studentar</b>	16 483
<b>Sum driftsinntekter (mill. kr)</b>	2 735
<b>Total tildeling frå KD</b>	2 360

KJELDE: HVL ÅRSRAPPORT 2023, s. 6.

Figur 2.1: Organisasjonskart.



KJELDE: [HTTPS://WWW.HVL.NO/OM/ORGANISERING/ORGANISASJONSKART/](https://www.hvl.no/om/organisering/organisasjonskart/).

## 2.1 Overordna om styring, organisasjon, leiing og medverknad

Figur 2.1 viser organisasjonskartet, med 3 fakultet som til saman har 12 institutt, 2 senter og ei fagskuleutdanning (Dykkerutdanninga). På institusjonsnivå under styre og rektor er det 3 prorektorar og 2 direktørar.



### 2.1.1 Styret

HVL følger normalmodell for styring og leiing i universitets- og høgskulesektoren, med tilsett rektor. Styret har 11 medlemmar, og Kunnskapsdepartementet utnemner styreleiar og tre andre eksterne medlemmar.<sup>9</sup> Fire medlemmar er valde blant dei tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, ein er vald blant dei tilsette i tekniske og administrative stillingar og to er vald blant studentane. Styret tilset rektor, prorektorar og dekanar i åremål på fire år. Rektor er styret sin sekretær og saksførebuar, og har ansvaret for å setje i verk styret sine vedtak.

### 2.1.2 Rektorat og toppleiing

HVL har einskapleg leiing på alle nivå, og rektor er øvste faglege og administrative leiar. Rektoratet består av rektor og prorektorar for forskning, utdanning og regional utvikling. Toppleiinga er rektor si leiargruppe, som drøftar strategisk viktige saker og gir råd i saker som blir avgjort av rektor og før rektor kjem med innstilling til styret. Toppleiinga består av rektoratet, dei tre dekanane og dei to direktørane for økonomi og arealforvaltning og for organisasjonsutvikling.

Dei tre prorektorane har overordna fagleg ansvar for sine område, i tillegg til administrativt ansvar i sine linjer i fellestenestene. Prorektor for forskning har ansvar for forskning, internasjonalisering, innovasjon og bibliotek. Prorektor for utdanning har ansvar for utdanningskvalitet, studieadministrasjon og utvikling av læring og undervisning. Prorektor for regional utvikling har ansvar for kommunikasjon, samfunns- og arbeidslivskontakt og livslang læring. Innovasjon og internasjonalisering er gjennomgåande område der prorektor for forskning har eit overordna ansvar, men der dei to andre prorektorane har ansvaret på sine felt. Direktør for økonomi og arealforvaltning har ansvar for økonomi, arealforvaltning, drift og utvikling. Organisasjonsdirektøren har ansvar for HR, organisasjonsutvikling og digitalisering.

Rektor har ein stab som støttar seg og toppleiinga i verksemdstyringa, er sekretariat for styret og toppleiing og koordinerer berekraftsspørsmål. Staben følgjer opp mål og strategiutvikling, strukturar og system for målstyring, evaluering, læring og forbetring, metodeutvikling og drift av styringsverktøy. Staben koordinerer tverrfaglege saker knytt til politikk og utvikling av sektoren, dessutan dialog med eigar (etatsstyring) og styresmakter/eksterne aktørar, som til dømes Riksrevisjonen.

---

<sup>9</sup> Gjeldande styre sit for perioden august 2023 til juli 2027. Dei to studentrepresentantane er på val kvart år.

### 2.1.3 Om demokrati og medverknad for tilsette ved HVL

HVL har råd, utval og nemnder på institusjons- og fakultetsnivå som skal bidra til demokrati og medverknad for dei tilsette og studentane.<sup>10</sup> Det viktigaste elementet er Tilpassingsavtala, som legg ein struktur for brei medverknad gjennom systemet med tillitsvalde og personalmøte. Avtalen skil mellom *medråderett* etter hovudavtalen, og *medverknad*.<sup>11</sup> På institusjonelt nivå (heile HVL) og fakultetsnivå skal medråderett ivaretakast gjennom dei formelle organa med tillitsvalde: informasjons-, drøftings- og forhandlingsmøte på verksemdsnivå (IDF HVL) og informasjons- og drøftingsmøte på fakultetsnivå (ID FAK) og i fellesadministrasjonen (ID FADM), sjå Figur 2.2 under. Desse organa handsamar også einsskildesaker frå institutt- og avdelingsnivå som krev formell handsaming med tillitsvalde. I saker som gjeld arbeidsmiljø deltek verneombodslinja i ordninga for medråderett. I HVL skal medverknad også utøvast gjennom personalmøte og medverknadmøte for alle tilsette på nivå 3 og 4. Møta skal nyttast som informasjons- og dialogmøte, og bidra til at tilsette sjølve får høve til å medverke til utforminga av avgjerder som er viktige for arbeidssituasjonen deira. Aktuelle punkt på dagsordenen kan mellom anna vere strategiske saker, saker som vedkjem økonomiske disponeringar i eininga, kompetanseutvikling, bemanningsplanlegging, organisering av arbeidet, dessutan personal- og HMS-tiltak.

Medverknad vil seie at leiarar skal sikre at tilsette blir tekne med på råd i avgjerder som påverkar arbeidssituasjonen. Det inneber at kvar einsskild tilsett har ansvar for å gje uttrykk for sine synspunkt, og på eige initiativ kan ta opp forhold som ein ønskjer medverknad i. Leiaropplæring og -utvikling er eit prioritert område i HVL og er noko som skal bidra til god kommunikasjon, medverknad og leiing.<sup>12</sup> Under dette kjem opplæring og kurs retta mot einsskildle leiarar, dessutan felles leiarfrukostar og -samlingar. Eit av grunnlaga for tilsettemedverknad er ARK-undersøkinga for arbeidsmiljø. Den blir gjennomført kvart tredje år og følgd opp i einingane.


---

<sup>10</sup> Sjå <https://www.hvl.no/om/utval/> for ei oversikt over HVL sine råd og utval, og meir informasjon om dei og om korleis dei er samansette.

<sup>11</sup> Hovudavtalen for arbeidstakarar i staten og Tilpassingsavtale for Høgskulen på Vestlandet. Den siste versjonen er frå 8. januar 2024, sjå vedlegg 2.1.

<sup>12</sup> Handlingsplanen Ledelsesutvikling ved Høgskulen på Vestlandet 2018-2023, sjå vedlegg 2.2.

Figur 2.2: Modell for medråderett og medverknad i HVL.



KJELDE: TILPASSINGSAVTALE FOR HØGSKULEN PÅ VESTLANDET, s. 8.

I tillegg til systemet for medråderett og medverknad i hovud- og tilpassingsavtala har HVL ei rekkje råd og utval som skal bidra til medverknad i drift og vidareutvikling av verksemda. *Forsknings- og innovasjonsutvalet* gir råd i saker knytt til økonomiske, organisasjons- og kompetansmessige rammevilkår for målrealisering innanfor forskning og forskingsbasert innovasjon. Utvalet skal bidra til at HVL har ei heilskapleg tilnærming til forskning og innovasjon og forskingsmiljø som speglar vår faglege profil og kvalitetsambisjon. *Sentralt ph.d.-utval* er samordnande og rådgivande for styret og leiinga når det gjeld forskar-utdanninga. Utvalet skal utarbeide og forvalte felles retningslinjer og rutinar i tråd med forskrift for ph.d.-graden ved HVL. *Forskingsetisk utval* gir råd med tanke på å utvikle



god kultur for forskningsetikk, i samsvar med normer og system for førebygging av brot på forskingsetiske reglar.<sup>13</sup> *Publiseringsutvalet* skal hjelpe biblioteket i saker der det er naudsynt med faglege vurderingar for å avgjere om ein publikasjon følgjer krava til vitskapleg publisering eller ikkje.

*Utdanningsutvalet* skal bidra til å sikre at utdanningar og studieprogram har høg kvalitet, samfunns- og arbeidslivsrelevans og støttar opp om utvikling knytt til internasjonalisering, forskingsbasert utdanning og livslang læring. Ansvar for å vurdere og gje råd om tiltak som vidareutviklar system for utdanningskvalitet, ligg også til utdanningsutvalet. Styret har delegert mynde til dette utvalet til å akkreditere studieprogram over 60 studiepoeng.

*Læringsmiljøutvalet* skal delta i planlegginga av tiltak som omhandlar læringsmiljø, dessutan følgje med på forhold som påverkar sikkerheita og velferda til studentane. Utvalet skal bidra til at krav til læringsmiljø blir følgt og sikre at studentane får medverke i prosessar knytt til læringsmiljøet. På utdanningsområdet har HVL vidare dei lovpålagde *Nemnd for studentsaker*, for mellom anna klagesaker, og *Skikkavurderingsnemnda*, som skal bidra til at HVL ikkje utdannar yrkesutøvarar som er uskikka for det arbeidsområdet dei utdannar seg for.

*Informasjons-, drøftings- og forhandlingsutvalet* (IDF) er eit organ for medverknad der organisasjonane med partsrett er representerte. I tillegg til dei vanlege IDF-møta blir det gjennomført informasjonsmøte i framkant av styremøta. *Arbeidsmiljøutvalet* tek avgjerder og gir råd for gjennomføringa av arbeidsmiljølovgiving ved HVL. *Språkpolitisk utval* har ansvar for oppfølging og gjennomføring av dei språkpolitiske retningslinene og for høgskulens språkpolitikk, medan *Velferdsutvalet* utarbeider retningsliner for velferdsarbeidet ved HVL og gir føringar for korleis velferdsmidlane skal nyttast. *Råd for likestilling, mangfald og inkludering* skal bidra til at det ikkje går føre seg diskriminering av studentar og tilsette ved HVL. *Campusmøta* er rådgivande koordineringsarenaer for campusutvikling ved kvar av dei fem campusane, og dessutan rådgivande organ for campusutvikling til toppleiinga.

I tillegg til desse råda, utvala og nemndene på institusjonelt nivå har fakulteta oppretta diverse organ ut frå struktur og behov, med vekt på å bidra til god medverknad frå tilsette, studentar og eksterne aktørar. Alle tre fakulteta har fakultetsråd som skal gi råd til dekan i overordna saker. Fakultetsråda kan òg løfte fram saker på eige initiativ, og skal bidra med

---

<sup>13</sup> HVL 2021 Revidert reglement for Forskingsetisk utval ved Høgskulen på Vestlandet, sjå vedlegg 2.3.

eksterne perspektiv som kan styrkje samfunnsrelevansen til fakultetet si verksemd. Alle tre fakulteta har òg programutval for ph.d.-utdanning<sup>14</sup> og studieprogramråd for studietilbod på bachelor- og mastergradsnivå.<sup>15</sup> Dei to fakulteta FHS og FTMS har utdanningsutval og forskings- og innovasjonsutval/forskings- og utviklingsutval som gir råd til fakultetsleiing i saker knytt til verksemdsområde. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) har forskingsprogramråd som skal gje råd om vidareutvikling av forskingsprogramma.

Råda, utvala og nemndene på institusjons- og fakultetsnivå skal bidra til demokrati og medverknad i organisasjonen, og til kritisk, autonom universitetskultur. Samansetjinga skal sikre kopling, og bidra til klar ansvarsavklaring, mellom fakultet og institusjonsnivå og mellom dei ulike verksemdsområda på institusjonsnivået.

#### 2.1.4 Økonomistyring

Verksemda på HVL blir i hovudsak finansiert gjennom ei grunnløyving frå KD over statsbudsjettet, og i tillegg gjennom eksternfinansiering av forskning og utdanning. For 2023 ser driftsinntektene slik ut:

Tabell 2.2: Driftsinntekter 2023.

Type inntekt	Mill. kroner
<b>Tildeling frå KD (grunnløyving)</b>	2 374
<b>Tilskot og overføringar frå andre</b>	223
<b>Sals- og leigeinntekter</b>	129
<b>Andre driftsinntekter</b>	9
<b>Totale inntekter</b>	2 735

KJELDE: HVL ÅRSRAPPORT 2023, s. 47.

I tildelingsbrevet for grunnløyvinga<sup>16</sup> gir KD nokre føringar for ressursbruken, mellom anna knytt til nasjonale prioriteringar og særskilde oppgåver som HVL har fått. Eksempel på slike særskilde oppgåver, der midlane er øyremerkte, er rekrutteringsprosjekt for å få fleire lærarar, og styrking av barnehagelærarutdanninga. HVL har ein eigen budsjettfordelingsmodell, i hovudsak basert på tildelinga frå KD: Basisfinansiering til fakulteta er tildelt på grunnlag av finansierte studieplassar frå KD, medan resultatbaserte inntekter frå KD blir

<sup>14</sup> Jf. § 1-7. Programutvalg i Forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-06-10-2111?q=hvl>

<sup>15</sup> Jf., [HVL sitt system for arbeid med kvalitet i utdanning: https://www.hvl.no/om/kvalitet-i-utdanninge/](https://www.hvl.no/om/kvalitet-i-utdanninge/)

<sup>16</sup> Tildelingsbrev 2024 til Høgskulen på Vestlandet, sjå vedlegg 2.4.

vidareført til fakulteta.<sup>17</sup> Fellestenester og -administrasjon, fakultetsadministrasjon, bygg, areal og andre faste driftskostnader blir realbudsjettet, noko som vil seie at ein tek utgangspunkt i faktiske behov og kostnader. Fakulteta blir i hovudsak rammebudsjettet, basert på ein prosentdel av midlar frå resultatbaserte indikatorar og ein prosentdel av basisfinansieringa.

Dei einskilde einingane budsjetterer kva løyvingane skal nyttast til, innanfor ramma av den overordna verksemdstrategien og dei satsingsområda som styret eventuelt har vedteke. Fakulteta har stor autonomi til å vurdere korleis ressursane best kan nyttast for å nå dei måla som er sett, men mandat og rammer er fastsett av rektor sine oppdragsbrev til fakulteta. Høgskulen eig ingen bygg sjølv, men leiger hos Statsbygg og nokre andre private aktørar. Alle husleigekostnadane inngår i fellesposten areal. Intern fordeling av høgskulen sitt budsjett for neste år blir vedteke av styret i november, og etter at Stortinget har vedteke statsbudsjettet, legg ein i mars fram det endelege budsjettet for inneverande år.

### 2.1.5 Berekraftsarbeid

UH-lova pålegg institusjonane å bidra til berekraft langs dei tre dimensjonane sosial, miljømessig og økonomisk utvikling. For HVL tyder det at vi vil bidra til ei berekraftig omstilling av samfunnet. Det skal skje ved samarbeid, regional utvikling, forskning, ansvarleg innovasjon, formidling og gjennom dei utdanningane vi tilbyr. Med breidda i faga våre er alle berekraftmåla til FN relevante, og satsinga vår omfattar både alle fagområda våre og den daglege drifta. I 2020 styrkte vi berekraftsatsinga organisatorisk ved å tilsetje ein klima- og berekraftkoordinator. Berekraftkoordinatoren sit organisatorisk i rektor sin stab og set berekraft på dagsorden på verksemdnivå og initierer og skaper framdrift for større berekraftprosessar. Koordinatoren fungerer som representant og kontaktpunkt for klima- og berekraftspørsmål, internt og eksternt, og jobbar tett med Studenttinget og linjeforeiningar, ulike fagmiljø ved HVL og med eksterne samarbeidspartnarar og andre. Handlingsplan for berekraftig utvikling for Høgskulen på Vestlandet 2023–2026 gir overordna mål og retning for berekraftsarbeidet, med konkrete tiltak for denne fireårige perioden. Ambisjonen til handlingsplanen er ei omstilling til å integrere berekraft i så vel kjerneverksemd og samfunnsoppdrag som i drift og administrasjon. Det vil seie at kulturen ved høgskulen skal pregast av at vi tenkjer berekraft i alt vi gjer. Omstillinga vil gjelde tilsette så vel som studentar. Det fulle potensialet til HVL med å oppnå måla i handlingsplanen er å bidra til at vi globalt oppnår FN sine berekraftmål innan 2030. Eitt av tiltaka i handlingsplanen er at vi skal kutte 40 % av klimagassutsleppa vi hadde i 2019 fram til 2026. Det vil krevje endring i

---

<sup>17</sup> Kort innføring i HVL sin budsjettfordelingsmodell, sjå vedlegg 2.5.

både reisepolitikk og i innkjøpspolitikk, som er de to store utsløppskjeldene til HVL i fylgje klimarekneskapen vår.

## 2.2 Organisering og leiing av verksemda ved fakulteta

HVL har sidan 1. januar 2024<sup>18</sup> tre fakultet som alle har vitskapleg verksemd på minst tre campusar, sjå Tabell 2.3. Elleve av dei tolv institutta ved fakulteta er òg organisert på tvers av campus.

Tabell 2.3: Fakultet og campus.

FHS	FTMS	FLKI
Førde	Førde	
Sogndal	Sogndal	Sogndal
Bergen	Bergen	Bergen
Stord		Stord
Haugesund	Haugesund	


Den faglege verksemda ved fakulteta er organisert i to nivå, fakultet og institutt (sjå Figur 2.3 nedanfor). Dekanane er tilsett som faglege og administrative leiarar. Kwart fakultet har tre prodekanar med ansvar for utdanning, forskning og regional utvikling. Det vil seie at fakultetsleiinga speglar rektoratet og motsett, noko som skal bidra til å samkøyre og koordinere fakultets- og institusjonsleiing.<sup>19</sup>

---

<sup>18</sup> Før dette hadde HVL fire fakultet. Ved årsskiftet 2023/2024 blei Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) og Fakultet for økonomi- og samfunnsvitskap (FØS) slått saman til Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS), med tanke på å styrkje økonomisk berekraft og å stimulere det tverrfaglege interessefellesskapet innan teknologi, berekraft, økonomi og samfunn.

<sup>19</sup> Fakulteta har noko ulike namn på prodekan med regional utvikling som sitt ansvarsområde. FHS: prodekan for samhandling, FLKI: prodekan for regional utvikling og FTMS: Prodekan for innovasjon og regional utvikling.

Figur 2.3: Fakultets- og instituttstruktur.



KJELDE: [HTTPS://WWW.HVL.NO/GLOBALASSETS/HVL-INTERNETT/BILDE/ORGANISERING/INSTITUTTA2024.JPG](https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/bilde/organisering/institutta2024.jpg).

Det overordna ansvaret for leiing av verksemda ved fakulteta ligg i linja, hos dekanane og instituttleiinga, medan prodekanane skal støtte opp og gi råd. Instituttleiaraane har det overordna ansvaret for arbeidet med utdanning, forskning, formidling og innovasjon på instituttet. Institutta har leiargrupper samansett av instituttleiaraar og assisterande instituttleiaraar.<sup>20</sup> Instituttleiinga har personalansvaret og ansvaret for arbeidsplanane til alle som er tilsett i eit institutt, noko som gjeld nær alle vitenskapleg tilsette. Dermed har instituttleiinga ei avgjerande rolle for tilrettelegging og oppfølging av vitenskapleg tilsette sin arbeidskvardag og med det vilkåra for den faglege verksemda deira. Instituttleiaraane skal i samråd med prodekanane følgje opp verksemdstrategien og fakulteta sine planar og prioriteringar. Fakulteta organiserer forskingsleiing gjennom fakultets- og instituttleiing, forskingsutval, forskargrupper, forskingsprogram/faglege profilområde og forskingssenter. Instituttleiinga

<sup>20</sup> Ved FHS er stillingsnemninga fagseksjonsleiara.



skal sikre tilstrekkeleg forskingskompetanse blant dei vitenskapleg tilsette og følgje opp tildeling av FoU-tid og forskingsaktivitetar via medarbeidarsamtalar og arbeidsplanar. Dei skal òg følgje opp fagleg godkjenning og budsjett ved søknader om ekstern finansiering. Prodekanane for forskning har eit særskilt ansvar for at forskinga held høg internasjonal kvalitet og for at søknader om eksterne forskingsmidlar er i tråd med verksemdstrategien. Dei skal følgje opp forskarutdanninga, leggje til rette for forskingsaktivitetar og følgje opp forskargruppene. Prodekanane for forskning samarbeider òg med prodekanane for samhandling/regional utvikling innanfor innovasjon og internasjonalisering, for å styrkje forholdet mellom forskning, innovasjon og praksis.

Fakulteta organiserer utdanningsleiing gjennom fakultets- og instituttleiing, utdanningsleiargrupper og studieprogramråd. Instituttleiinga skal sikre tilstrekkeleg kompetanse blant dei vitenskapleg tilsette og følgje opp utdanningsaktivitetar via medarbeidarsamtalar og arbeidsplanar. Dei skal òg følgje opp fagleg godkjenning og budsjett ved søknader om ekstern finansiering. Prodekanane for utdanning har eit særskilt ansvar for at utdanninga held høg internasjonal kvalitet. Dei skal følgje opp kvalitetsarbeid og leggje til rette for utvikling av undervisning og læring i tråd med verksemdstrategien. Prodekanane for utdanning samarbeider med dei andre to prodekanane om forskingsbasert utdanning, internasjonalisering, innovasjon og regionalt samarbeid, for å styrkje forholdet mellom forskning, utdanning og eksternt samarbeid.

Prodekanane for regional utvikling har i dialog med institutta eit strategisk ansvar for fakulteta sine samspel med praksisfeltet og med regionale, nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar. Dei skal bidra til å vidareutvikle fakulteta som kunnskapsaktør og leggje til rette for innovasjon og entreprenørskap. Dei skal vidare arbeide for å sikre heilskapleg campusutvikling og bidra til samarbeid på tvers av fakulteta og av etablerte fagtradisjonar.

Som hovudprinsipp følgjer den administrative organiseringa i fakulteta den faglege organiseringa. Sidan dei tre fakulteta er noko ulikt fagleg organiserte, får dette konsekvensar for korleis fakultetsadministrasjonane er bygd opp. Ein finn dei same funksjonane i kvart fakultet, men organiseringa av dei er noko ulik. Ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS) er fakultetsadministrasjonen samla i ei administrativ eining, leia av administrasjonssjef. Ved FHS og ved FLKI er det i tillegg til administrasjonssjefen også ein studieadministrativ leiar. Felles for FHS og FTMS er at dei administrative leiarane rappor-

terer til dekan. Ved FLKI leiar kvar av prodekanane ei eining, med personalansvar for administrativt tilsette og leiarar.


### 2.2.1 Fakultet for helse- og sosialvitskap

Gjennom forskning, utdanning og innovasjon skal FHS medverke til betre helse- og velferdstenester, behandling, meistring og omsorg til pasientar og brukarar i alle situasjonar og livsfasar. Bachelorutdanningane dannar grunnlaget for profesjonsretta vidareutdanningar og masterutdanningar, og for ph.d.-utdanninga *Helse, funksjon og deltaking*. Samla representerer dei tre områda i ph.d.-utdanninga breidde og djupne i fag- og forskingsmiljøa. Fakultetet jobbar med å utvikle kunnskapen på desse fagområda, å drive meir forskingsbasert undervisning og praksis og å styrkje innovasjon på helse- og sosialfeltet. Fakultetet har om lag 5150 studentar og 455 tilsetteårsverk.<sup>21</sup> Det er organisert på tvers av alle dei fem campusane, i tre institutt og eit senter.

---

<sup>21</sup> Student- og tilsettetal og i resten av underkapittel er frå 1. oktober 2023, kjelde: DBH.

Figur 2.4: Organisasjonskart Fakultet for helse- og sosialvitenskap.



- **Institutt for helse- og omsorgsvitenskap (IHO)** skal styrkje kunnskapsgrunnlaget innanfor klinisk sjukepleie, kvalitet og innovasjon i helse- og omsorgstenestene, folkehelse og livsstil, dessutan utdanningskvalitet. Instituttet har om lag 3000 studentar og 195 tilsetteårsverk og held til i Bergen, Førde, Haugesund og Stord.
- **Institutt for helse og funksjon (IHF)** utdannar, forskar og formidlar på fagområda fysioterapi, ergoterapi og radiografi. Instituttet har om lag 600 studentar og 80 tilsetteårsverk og held til i Bergen.
- **Institutt for velferd og deltaking (IVD)** vil styrkje kunnskapsgrunnlaget for det profesjonelle arbeidet i helse- og sosialtenestene. Forsking og undervisning ved instituttet har sosial deltaking som kjerneverdi. Det har om lag 1500 studentar og 125 tilsetteårsverk og held til i Bergen og Sogndal.

- **Senter for omsorgsforskning, vest (SOFV)** er eitt av fem regionale senter for omsorgsforskning, oppretta av Helse- og omsorgsdepartementet i 2008. Forskinga ved senteret omhandlar vilkår og utvikling av velferdstenester, med fokus på den kommunale helse- og omsorgssektoren. Senteret har om lag 15 tilsetteårsverk og held til i Bergen, på Alrek helseklynge.

Forskningsaktiviteten ved FHS er organisert gjennom 5 overordna tema med til saman 23 forskargrupper, sjå Figur 2.5.

Figur 2.5 Overordna forskningstema ved FHS.



**Persontrentert helseforskning**



**Folkehelse- og velferdsforskning**



**Tenesteforskning**



**Innovasjon og implementering**



**Læring og utdanningsforskning**

KJELDE: [HTTPS://WWW.HVL.NO/OM/ORGANISERING/FHS/FORSKING/](https://www.hvl.no/om/organisering/fhs/forskning/)


### 2.2.2 Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

FLKI har den største lærarutdanninga og den nest største barnehagelærarutdanninga i landet. I tillegg har fakultetet utdanning og forskning innanfor idrett, friluftsliv, folkehelse, kunstfag og teiknspråk og tolking. Fakultetet har om lag 5800 studentar og 540 tilsetteårsverk,<sup>22</sup> og er organisert i fire institutt som alle fire held til i Bergen, Sogndal og på Stord. Desse er organisert etter fag, noko som inneber at dei store utdanningane i fakultetet, grunnskulelærarutdanningane (GLU) og barnehagelærarutdanningane (BLU), går på tvers av alle institutta. Alle institutta bidreg med emne og undervisning i desse utdanningane, og utdanningar med tilbod på fleire campus har like studie- og emneplanar. FLKI sine

<sup>22</sup> Student- og tilsettetal og i resten av underkapittelet er frå 1. oktober 2023, kjelde: DBH.

prodekanar har eigne administrative linjer, som gir støtte innanfor sine område til institutt og einingar i fakultetet.

Figur 2.6: Organisasjonskart Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.



- Institutt for idrett, kosthald og naturfag (IKN)** tilbyr fleire utdanningar på bachelornivå innanfor idrett, kroppsøving, friluftsliv og folkehelsearbeid. I tillegg kjem masterutdanningar i idrettsvitskap, mastertilbod i didaktiske praksisar (kroppsøving, mat og helse og naturfag), mastertilbod i barnehagekunnskap og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for 1.–13. trinn. Instituttet gir òg undervisning på sine fagområde på alle nivå i barnehagelærarutdanninga og ved grunnskulelærar-utdanningane og bidreg i fakultetet sitt ph.d.-program Danning og didaktiske praksisar. Dei tilsette ved instituttet driv forskning relevant for desse utdanningane. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet er òg ein del av instituttet. Instituttet har om lag 100 tilsetteårsverk og held til i Bergen, i Sogndal og på Stord.



- **Institutt for kunstfag (IK)** tilbyr utdanningar innanfor kunst og handverk, drama, musikk, grunnskulelærarutdanning og barnehagelærarutdanning, masterutdanning i kunstfag og mastertilbod i barnehagekunnskap. Instituttet bidreg aktivt i nasjonale og internasjonale forskingsaktivitetar, innovasjon innanfor verksemdsområdet til instituttet og formidling av både aktivitetar og resultat. Det har om lag 55 tilsetteårsverk og held til i Bergen, i Sogndal og på Stord.
- **Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag (IPRS)** er mellom anna involvert i barnehage- og grunnskulelærarutdanning, folkehelse, praktisk pedagogisk utdanning og mastertilbod i didaktiske praksisar (samfunnsfag, KRLE og yrkesdidaktikk), mastertilbod i barnehagekunnskap, og praktisk utdanningsvitenskap (utdanningsleiing, spesialpedagogikk og IKT i læring) og diverse vidareutdanningskurs. Dei tilsette ved instituttet driv forskning relevant for desse utdanningane. Det har om lag 180 tilsetteårsverk og held til i Bergen, i Sogndal og på Stord.
- **Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking (ISLMT)** er mellom anna involvert i barnehage- og grunnskulelærarutdanningane, dessutan i bachelorutdanninga i teiknspråk og tolking, mastertilbod i kunstfag (barne- og ungdomslitteratur), mastertilbod i barnehagekunnskap, og mastertilbod i didaktiske praksisar (matematikk, andre- og framandspråkdidaktikk). Instituttet er òg ein stor bidragsytar inn i etter- og vidareutdanningstilbod. Dei tilsette driv forskning som er relevant for desse utdanningane. Instituttet har om lag 140 tilsetteårsverk og held til i Bergen, i Sogndal og på Stord.

I FLKI har dekan lagt ansvaret for organisering og leiing av forskingsverksemda til Eining for forskning og institutta i samarbeid. Eining for forskning har eit overordna ansvar for å vere ein fagressurs, tilretteleggjar og pådrivar for forskning for alle i fakultetet. Det er innanfor forskargruppene, forskingsprogramma og institutta det operative og konkrete forskingsarbeidet skjer. Fagtilsette i eit institutt er medlem av ei forskargruppe og eit forskingsprogram, men har si tilsetjing og arbeidsplan i eit institutt.

Eining for forskning blir leia av prodekan for forskning og har fire arbeidsområde: 1) organisering og leiing av forskingsprogram og forskargrupper, 2) drift og vidareutvikling av ph.d.-programmet *Studiar av danning og didaktiske praksisar*, 3) BARNkunne – senter for barnehageforskning og 4) internasjonalisering. FLKI organiserer forskingsaktiviteten i 47 forskargrupper fordelt på 5 forskingsprogram, kvar med sin forskingsprogramleiar. Forskargruppene er knytt til eitt av forskingsprogramma og blir leia av éin eller to forskargruppeleiarar. Forskingsprogramma har ein overordna funksjon. Dei forvaltar den

strategiske kunnskapsutviklinga til fakultetet, dei skal verke tverrfagleg og er ein fagleg og administrativ ressurs for leiarane og medlemmene i forskargruppene.

Figur 2.7: Strategiske forskingsprogram ved FLKI.



**Berekraft, medverknad og mangfald**



**Idrett, fysisk aktivitet og kosthald**



**Kunst, kreativitet og kulturelle praksisar**



**Praksisnær profesjons- og utdanningsforskning**



**Språk, kommunikasjon og læring**

KJELDE: [HTTPS://WWW.HVL.NO/OM/ORGANISERING/FLKI/FORSKING-VED-FLKI/FORSKNINGSPROGRAM/](https://www.hvl.no/om/organisering/flki/forskning-ved-flki/forskningsprogram/)


### 2.2.2 Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap

FTMS har eit breitt fagtilbod innanfor ingeniør-, teknologi-, miljø- og naturvitskaplege fag, økonomi og administrasjon, samfunnsvitenskap og humaniora i tillegg til maritime utdanningar. FTMS utviklar og deler kunnskap på sine faglege profilområde i tett samarbeid med nærings- og samfunnslivet. Målet er å liggje i kunnskapsfronten med profesjonsnær forskning og fagleg utviklingsarbeid, relevant utdanning og ansvarleg innovasjon.

Her er berekraft og eit sterkt regionalt nedslagsfelt viktige element. Fakultetet har om lag 5500 studentar og 520 tilsetteårsverk,<sup>23</sup> og er organisert i fem institutt. I tillegg er fagskuleutdanninga i yrkesdykking ein del av fakultetet si verksemd.

<sup>23</sup> Student- og tilsettetal her og i resten av underkapitlet er frå 1. oktober 2023. Kjelde: DBH (tala for Fakultet for ingeniør- og naturvitskap og Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap er summert).

Figur 2.8: Organisasjonskart Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap.



- **Institutt for bygg-, miljø- og naturvitenskap (IBMN)** held til ved HVL sine campusar i Bergen og Sogndal og driv forskning og utdanning innanfor bygg- og anleggsgfag, areal og landmåling, energiomstilling, klimaendringar og klimatilpassing, byplanlegging, og naturvitenskap. Instituttet har om lag 100 tilsette frå 20 nasjonar og 900 studentar.
- **Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag (IDER)** driv forskning og tilbyr utdanning innanfor mellom anna datavitenskap, programvareutvikling, IKT-sikkerheit, robotikk og sensornettverk. Instituttet har om lag 1150 studentar og 125 tilsetteårsverk, og held til i Bergen, Førde og Haugesund.
- **Institutt for maskin- og maritime studium (IMMS)** Institutt for maskin- og maritime studium (IMMS) driv forskning og tilbyr maritime utdanningar og ingeniørutdanningar innanfor maskin, energiteknologi, havteknologi, marinteknikk og berekraftig produksjon og sirkulærøkonomi. Forskingsmiljøa deltar i klyngjer og nettverk og har eit tett samarbeid med maritim næring, industri, universitet og forskingsinstitutt nasjonalt og internasjonalt. Instituttet har om lag 900 studentar og 70 tilsetteårsverk, og held til i Bergen og Haugesund.
- **Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag (ISKB)** utdannar kjemi-, bio- og branningeniørar, og driv forskning på desse fagfelta. Det har om lag 300 studentar og 60 tilsetteårsverk og held til i Bergen og Haugesund.
- **Handelshøgskulen HVL** driv samfunnsvitenskapleg forskning og utdanning på fagområda økonomi, markedsføring, juss, reiseliv, historie, sosiologi, organisasjon, leiing, innovasjon og entreprenørskap. Handelshøgskulen HVL har om lag 2000 studentar fordelt på alle HVL sine fem campus, og 120 tilsetteårsverk i Bergen, Haugesund og Sogndal.

FTMS organiserer forskingsaktiviteten i 43 forskargrupper fordelt på følgende faglege profilområde.

Figur 2.9: Faglege profilområde ved FTMS



**Bærekraftig by- og samfunnsutvikling**




**Brann og sikkerheit**



**Energi, natur og miljø**



**Havteknologi og maritim sikkerheit**



**Teknologi i helse og omsorg**



**IKT og datateknologi**



**Innovasjon og leiing**

KJELDE: [HTTPS://WWW.HVL.NO/OM/ORGANISERING/FTMS/FORSKING-VED-FTMS/FORSKING-VED-FIN/](https://www.hvl.no/om/organisering/ftms/forskning-ved-ftms/forskning-ved-fin/)

### 2.3 Organisering og leiing av fellestenestene

Organisasjonskartet for fellestenestene i Figur 2.10 viser korleis HVL under styret og rektor er organisert i fem linjer, leia av tre prorektorar og to direktørar. Fellestenestene er organiserte på tvers av campusar. Gjennom både fysiske og digitale møteplassar skal tilsette og studentar ha tilgang på det same tenestetilbodet uavhengig av campus. Den administrative organiseringa blei ved fusjonen vedtatt ut frå tre hovudprinsipp:<sup>24</sup>


<sup>24</sup> Styresak 15/18 Administrativ organisering ved HVL. <https://opengov.360online.com/Meetings/hvl-uninett/File/Details/347756.PDF?fileName=Administrativ%20organisering%20ved%20HVL&fileSize=1128360>.



- Oppgaver av institusjonell karakter og som går på tvers av fakulteta er lagt til ei fellesteneste.
- Hovuddelen av dei administrative funksjonane er samla i fellestenester, for å kunne utvikle og utnytte samla kapasitet.
- Administrative funksjonar er lagt til fakulteta på område med særleg behov for nærleik til og kunnskap om den faglege verksemda og studentane i fakultetet, og/eller der fakulteta har eit særskilt eige ansvar for oppgaver, drift og utvikling.

Nokre fellestenester finst fysisk på alle campus, slik som servicetenester for studentar og tilsette, studierettleiing, eksamen, bibliotek, læringslabbar og IKT-tenester. Dei tilsette i fellestenestene er organiserte i avdelingar, sjå organisasjonskartet i Figur 2.10 under. Dei tre prorektorane og dei to direktørane har eit overordna ansvar for desse avdelingane.

Figur 2.10: Organisasjonskart for fellestenestene.



KJELDE: [HTTPS://WWW.HVL.NO/GLOBALASSETS/HVL-INTERNETT/BILDE/ORGANISERING/FELLESADMINISTRASJONEN.PNG](https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/bilde/organisering/fellesadministrasjonen.png).

### 2.3.1 Fellestenester for forskning og innovasjon

Prorektor for forskning har eit ansvar for å følgje opp høgskulen si FoU-verksemnd og forskarutdanning. Ei sentral oppgåve er å leggje til rette for forskning, utviklingsarbeid og innovasjon i samspel med fakulteta, profesjons- og arbeidslivet og andre samarbeidspartar. Ansvaret er delt med fakulteta, og prorektor skal syte for at fakulteta får støtte i arbeidet sitt med å utvikle forskinga. Å koordinere høgskulen sine internasjonale institusjonelle kontaktar og å administrere avtalar om forskingssamarbeid er prorektor for forskning sitt ansvar. Til stillinga ligg også ansvar for at biblioteket utviklar seg vidare som kunnskapsallmenning for det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet. Prorektor for forskning har det administrative ansvaret for personale, drift og utvikling i fellesadministrasjonen for forskingsstøtte, internasjonalisering og bibliotek. Området er organisert i to avdelingar: Biblioteket og Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon (AFII).

### 2.3.2 Fellestenester for utdanning

Prorektor for utdanning har eit ansvar for utvikling av høgskulen sine studietilbod på alle nivå. Sentrale oppgåver er å ivareta og vidareutvikle system og rammer for utdanningskvalitet som støtter opp under fakulteta sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Prorektor for utdanning har administrativt ansvar for personale, drift og utvikling på sitt funksjonsområde, organisert i tre avdelingar. Avdeling for utdanningskvalitet har ansvar for det systematiske kvalitetsarbeidet i utdanningane, forvaltning av studieporteføljen, læringsstøtte og Felles studentsystem. Avdeling for studieadministrasjon har ansvar for opptak, eksamen og førstelinjetenesta, medan Avdeling for utvikling av læring og undervisning (ALU) skal fremje lærings- og utdanningskvaliteten. Denne tredje avdelinga har også ansvar for å gi HVL sine egne tilsette eit tilbod i universitetspedagogikk, og har egne vitenskapleg tilsette som forskar på undervisningspraksis. ALU har vidare ansvar for å tilby rådgiving for utdanningsleiinga på alle nivå, med digitalisering og læringsteknologi som sentrale arbeidsområde.

### 2.3.3 Fellestenester for regional utvikling

Prorektor for regional utvikling har ansvar for å styrkje HVL som kunnskapsaktør, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det inneber ansvar for å vidareutvikle eksternt samarbeid, synleggjere oss som kunnskaps- og kompetanseaktør og bidra til at HVL er ein attraktiv samarbeidspartnar for næringsliv og offentlege verksemder. Stillinga er også tillagd ansvar for det samla arbeidet med å vidareutvikle fem berekraftige campus, og bidra til tverrfagleg samarbeid og samarbeid mellom fakulteta. I si linje har prorektor for regional utvikling Avdeling for kommunikasjon og Avdeling for samfunnskontakt, arbeidsliv og livslang læring. Avdeling for kommunikasjon skal leggje til rette for at HVL er ein synleg og attraktiv

institusjon regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og bidra til studentrekruttering. Avdeling for samfunnskontakt, arbeidsliv og livslang læring skal vere pådrivar for å vidareutvikle eksternt samarbeid og styrkje posisjonen vår i regionen. Avdelinga har ansvar for å støtte fakulteta sitt arbeid med fleksible utdanningar og livslang læring.

#### 2.3.4 Fellestenester for organisasjon og digitalisering

Organisasjonsdirektøren har ansvar for utvikling av HVL sin organisasjon. I si linje har organisasjonsdirektøren Avdeling for organisasjonsutvikling og digitalisering, som er delt inn i Eining for organisasjonsutvikling og digitalisering, Eining for IT og Dokumentsenteret. I tillegg har organisasjonsdirektøren ansvaret for Avdeling for HR, som er inndelt i fagområda rekruttering, lønn og HMS. Dei tilsette i Avdeling for HR gir støtte og rådgiving når det gjeld strategisk kompetanseutvikling, både for vitenskapleg og teknisk-administrative tilsette.

#### 2.3.5 Fellestenester for økonomi og areal

Fellesadministrasjon for økonomi og arealforvaltning er leia av direktør for økonomi og arealforvaltning, og har to avdelingar. Avdeling for arealforvaltning, drift og utvikling har ansvar for høgskulen sine drifts- og servicetenester og forvaltning av areal. Vaktmeisterfunksjonar og tekniske tenester er ein del av ansvarsområdet, i tillegg til campusutvikling. Avdeling for økonomi har ansvar for rekneskap, økonomioppfølging og interne økonomitjenester. Dei tilsette der er delt inn i ei eining for økonomistøtte til prosjekt og BOA, og ei eining for innkjøp, rekneskap, budsjett og styring.

### 2.4 Studentdemokrati og studentdeltaking

Studentane har rett til å delta i alle avgjerder som gjeld studentane ved HVL.<sup>25</sup> Derfor er studentar representert både i rådgivande råd og utval, og i organ med avgjerdsmynde. Samarbeidsavtalen med Studenttinget viser kva HVL er forplikta til og set samtidig krav til medverknad og deltaking frå studentane i styrande organ. Avtalen blir revidert årleg for å kunne gjere tilpassingar dersom nokon av partane ønskjer det.<sup>26</sup> Studentane skal ha minst 20 prosent av representantane i alle råd og utval som har avgjerdsmynde ved HVL. Meir informasjon om dei ulike råda og utvala ligg ute på [hvl.no Råd og utval ved HVL - Høgskulen på Vestlandet](http://hvl.no/Råd_og_utval_ved_HVL_-_Høgskulen_på_Vestlandet).

---

<sup>25</sup> jf. Lov om universitet og høgskolar §4-1.

<sup>26</sup>Samarbeidsavtale mellom Studenttinget på Vestlandet og HVL, sjå vedlegg 2.6.

Tabell 2.4: Styre, råd og utval med studentrepresentantar.

Styre, råd og utval	Medlem total	Studentmedlem	Varamedlem for studentane
Høgskulestyret	11	2	4
Forsknings- og innovasjonsutvalet	8	2	1
Utdanningsutvalet	12	2	1
Læringsmiljøutval	10	5	1
Skikkanemnd	9	2	1
Nemnd for studentsaker	5	2	2
Tilsetjingsutval	5	1	1
Toppleiinga	9	1 <sup>27</sup>	0
Styret for studentsamskipnaden på Vestlandet <sup>28</sup>	10	5	
Språkpolitisk utval	9	2	2
Forskingsetisk utval (rådgivande)	7	2	2
Sentralt ph.d.-utval	12	2	2
Rådet for likestilling, mangfald og inkludering	7	2	0

<sup>27</sup> Studenten har observatørstatus i toppleiinga.

<sup>28</sup> Studentsamskipnaden omfattar alle høgare utdanningsinstitusjonane på Vestlandet, det er ikkje krav om at alle institusjonane er representert.



Tabell 2.5: Styre, råd og utval med studentrepresentantar i fakulteta.

Styre, råd og utval på fakultetsnivå	Medlem total	Studentmedlem <sup>29</sup>	Varamedlem for studentane
Fakultetsrådet FHS (rådgivande)	11	2	0
FoU-utvalet FHS (rådgivande)	9	1	1
Utdanningsutvalet FHS (rådgivande)	8	1	0
Tilsettingsutval FHS	6	1	0
Ph.d.-programråd for ph.d.-programmet i helse, funksjon og deltaking (rådgivande)	5	1	1
Studieprogramråd (20 råd) FHS (rådgivande)	Ulikt frå råd til råd	Norm. 1 pr. studieår	Ja
Fakultetsrådet FLKI (rådgivande)	9	2	0
Forskningsprogramråd FLKI (5 råd) (rådgivande)	9	2	0
Studieprogramråd (6 råd) FLKI (rådgivande)	Hovudmodell: 11	Hovudmodell: 2	Ja
Styringsgruppe lærerutdanningskoler og -barnehager FLKI	8	0	0
Ph.d.-programråd for studier av danning og didaktiske praksiser FLKI (rådgivande)	5	1	1
Forskingsetisk komité (FETIKO) FLKI	5	0	0
Tilsettingsutval FLKI	6	1	0
Fakultetsrådet FTMS (rådgivande)	Under etablering	Ja	
Forsknings- og innovasjonsutvalet FTMS (rådgivande)	13	2	0
Utdanningsutvalet FTMS (rådgivande)	13	2	0
Koordineringsutvalet for ingeniørutdanninga FTMS (rådgivande)	21	3	0
Programutvalet for ph.d.-programmet i ansvarleg innovasjon og regional utvikling FTMS	6	1	0
Programutvalet for ph.d.-programmet i datateknologi FTMS	7	1	1
Studieprogramråd (16 råd <sup>30</sup> ) FTMS (rådgivande)	Ulikt frå råd til råd	1-3	
Tilsettingsutvalet FTMS	6	1	0

#### 2.4.1 Studentdemokratiet

Studenttinget på Vestlandet (STVL), det øvste studentpolitiske organet ved HVL, jobbar med og vedtek politikk på vegner av alle studentane. Dei ivaretar studentane sine interesser og representerer dei i saker som høgskulen si leiing, styret og andre sentrale aktørar handsamar. Studenttinget har 20 representantar valde for eit år kvar haust blant alle studentane i HVL. Dei fordeler seg med fem representantar frå Førde/Sogndal, ti frå Bergen og fem frå Stord/Haugesund. Studenttinget er valforsamling for studentrepresentantar til interne organ med avgjerdsmynde, dersom ikkje anna er spesifisert i mandatet til dei ulike organa.<sup>31</sup>

<sup>29</sup> I Ph.d.-programråda er det stipendiat-representantar.


<sup>30</sup> Råda frå dei to fakulteta som er slått saman til FTMS vil halde fram ut 2024.

<sup>31</sup> Sjå Punkt 3.4 i Reglement for val ved HVL, vedlegg 2.7.

STVL vel mellom anna studentar til høgskulestyret, læringsmiljøutvalet, utdanningsutval, forskings- og innovasjonsutval, skikkanemnd og nemnd for studentsaker.

Arbeidsutvalet er det utøvande organet i Studenttinget. Det består av sju studentar, der fem jobbar på fulltid og to på deltid. Representantane i utvalet arbeider for å gjennomføre politikken og sakene som STVL har vedteke. Arbeidsutvalet har arbeidsstad på alle campus og jobbar med saker i heile organisasjonen.

Figur 2.11: Organisering av studentdemokratiet.



Kjelde: Studenttinget på Vestlandet HVL.

Det er to typar studentråd ved HVL: studentfakultetsråd og studentcampusråd.

Studentfakultetsråda (SFR) er dei øvste studentorgana ved fakulteta og er organiserte på tvers av dei fem campusane. SFR har jamlege møte med leiinga ved fakultetet, fellesadministrasjonen og Studenttinget. Dei uttaler seg i relevante saker og oppnemner studentrepresentantar til verv, råd og utval i fakultetet. SFR består av dei tillitsvalde ved kvart institutt, og blir leia av minst to fakultetstillitsvalde frå Studentfakultetsrådet. Dei fakultetstillitsvalde er studentane sine representantar i fakultetsråda.

Studentcampusråd (SCR) er det øvste studentorganet ved den enkelte campusen. Dei representerer og skal ta vare på studentane sine interesser på campus og fremje desse i møte med leiinga og Studenttinget. Dei oppnemner studentrepresentantar til verv og utval på campusnivå og tildeler midlar til lokale aktivitetar på campus fordelt frå Studenttinget. SCR består av dei tillitsvalde ved kvart institutt ved campusen. Det blir leia av minst to campustillitsvalde valde av studentcampusrådet.

På klassenivå er det dei kassetillitsvalde som representerer studentane og tek opp aktuelle problemstillingar klassen måtte ha.

#### 2.4.2 Studentvelferd og samarbeidspartnarar

Studenttinget representerer interessene til HVL-studentane inn mot tilstøytande organisasjonar. Det er medlemslag i Norsk studentorganisasjon (NSO) og representerer studentane ved HVL på nasjonalt nivå, mellom anna gjennom landsmøte.

Velferdstinget Vest er eit studentpolitisk organ som jobbar med velferdspolitik, og STVL har ni delegatar der. Sidan dei fleste høgare utdanningsinstitusjonane i regionen har valt å organisere velferdstilbodet sitt gjennom Studentsamskipnaden Saman, har også studentane oppretta eit felles organ som kan fremje alle velferdsbehova til studentane på Vestlandet opp mot Saman, kommunane og fylkeskommunen.

Studenttinget samarbeider med studentdemokratia til institusjonane i Universitets- og høgskulenettverket på Vestlandet (UH-nett Vest) og VINST-alliansen. Formålet med desse arenaene er å bidra til samarbeid på tvers, erfaringsutveksling og felles kompetansebygging.

### **2.5 Infrastruktur for gode lærings- og arbeidsmiljø**

HVL driv utdanning, forskning og innovasjon på fem campus. Alle campusane er kontaktpunkt for å samarbeide med aktørar i høgskulen sine omgivnader. Våren 2020 starta HVL opp prosjektet Campusutvikling, med delprosjekt ved kvar campus. Campusutvikling handlar mellom anna om å sjå fagleg aktivitet og administrativ organisering i samanheng og om å etablere fysiske areal for samhandling med samfunns- og næringsliv. I tillegg til verksemd på campusane har HVL eit vidt samarbeid med nasjonale og internasjonale partar. Samla krev dette at vi har gode digitale løysningar som sikrar effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling internt i organisasjonen og eksternt mot omgivnadene.

## 2.5.1 Bygg

HVL rår over ein bygningsmasse på om lag 130 000 kvadratmeter. Vi leiger i hovudsak lokale av Statsbygg, omtrent 92 %, medan resten blir leigd frå private aktørar. Campusane er ulike i størrelse, eigenart og kor komplekse dei er med omsyn til utstyr og spesialrom. Tilstandsrapporten 2022 gir ei oversikt over arealsituasjonen ved universitet og høgskular, og HVL er blant dei med færrest kvadratmeter per registrert student; 6,5 mot eit snitt i sektoren på 13,2. Det same biletet ser ein om indikatoren er kvadratmeter per campusstudent. Ein høvesvis ny bygningsmasse, der multibruk, moderne funksjonalitet og kontordeling for dei tilsette ligg som premiss, gjer at vi klarer oss med mindre bygningsmasse, målt i kvadratmeter, enn mange andre institusjonar. Ei anna årsak er at mange av HVL sine studentar til ei kvar tid er ute i praksis. Vi ser av Studiebarometeret at HVL sine studentar er like mykje eller meir nøgde med lokale, utstyr, bibliotek og IKT-tenester enn kva snittet er i sektoren.

Tabell 2.6: Oversikt over byggareal fordelt på tal studentar og brukarar, 2021.

Institusjon	kvm per student	kvm per campusstudent	kvm per bruker
<b>Nord</b>	11,1	12,7	9,9
<b>UiS</b>	9,9	10,4	8,7
<b>USN</b>	9,1	10,4	8,7
<b>UiA</b>	8,5	9,5	7,7
<b>OsloMet</b>	7,9	8,9	7,1
<b>HINN</b>	6,5	8,1	6,0
<b>HVL</b>	<b>6,5</b>	<b>7,3</b>	<b>5,9</b>

KJELDE: TILSTANDSRAPPORTEN 2022

Tabell 2.7: Studentane si tilfredsheit med lokale, utstyr, bibliotekteneste og ikt-tenester.

Institusjon	Lokale	Utstyr	Bibliotektenester	IKT-tenester
<b>UiA</b>	3,8	3,6	4,1	3,9
<b>UiS</b>	3,5	3,5	4,2	3,8
<b>HVL</b>	<b>3,9</b>	<b>3,7</b>	<b>4,3</b>	<b>3,8</b>
<b>USN</b>	3,8	3,5	4,3	3,8
<b>OsloMet</b>	3,6	3,5	4,1	3,7
<b>HINN</b>	3,6	3,5	4,0	3,6
<b>Nord</b>	3,6	3,5	4,1	3,6
<b>Snitt sektoren</b>	3,7	3,6	4,1	3,8

KJELDE: STUDIEBAROMETERET 2021

Tabell 2.8: Areal per campus og student ved HVL i 2021.

Campus	Netto kvm	Tal studentar	Kvm per student
Haugesund	14 631	1565	9,3
Stord	14 484	1285	11,3
Bergen	52 164	9560	5,5
Førde	5 162	830	6,2
Sogndal	21 727	3010	7,2
HVL	108 168	16 250	6,6

KJELDE: CAMPUSUTVIKLINGSRAPPORT<sup>32</sup>

Areal per campus lar seg ikkje samanlikne direkte, fordi studietilboda på campusane varierer med tanke på behov for spesialrom og utstyr, praksisperiodar utanfor campus og tal nett- og samlingsbaserte studieprogram. I moderne undervisnings- og kontorsamanheng er dessutan ikkje ein kvadratmeter ein kvadratmeter. Mange av dei tilsette deler kontor plass for å sikre ei god ressursutnytting. I utviklinga av campusane legg vi til rette for ein digital studie- og arbeidskvardag, og i dei nyare bygga understøttar areala nye måtar å jobbe og undervise på. Der er det fleksible undervisningsrom og fleksible arbeidsplassar.

Tabell 2.9: Kort om dei fem campusane.

<b>Bergen</b>	Campus Kronstad har ca. 10 400 studentar. Undervisning og arbeidsplassar er i hovudsak i to bygg, som til saman består av 66 200 kvm med arbeidsplassar for tilsette og studentar. Bygga vart opna høvesvis i 2014 og i 2020. Dei inkluderer 20 auditorium, 35 grupperom/-båsar, 49 seminarrom, 7 lesesalar, 121 grupperom og bibliotek. I tillegg er det studentarbeidsplassar i fellesområda utanfor undervisningsromma. På campus Kronstad finst òg spesialrom og laboratorium for kunstfag, ingeniørfag, idrett og helse- og sosialfaga (SimArena <sup>33</sup> ). Studentane driv studenthuset Kronbar.
<b>Førde</b>	Campus Førde har ca. 850 studentar. Høgskulebygget består av eit bygg på 4600 kvm, og i tillegg finst innleigd areal på 500 kvm. På campus er det 5 auditorium med til saman 392 plassar. Det er 10 seminarrom, ulike laboratorium og spesialrom, mellom anna SimArena. I bibliotek- og læringscenteret er det arbeidsplassar og lesesal.

<sup>32</sup> Sjå vedlegg 2.8.

<sup>33</sup> SimArena er ein arena for simulering og ferdigheitstrening i helse- og sosialfag.



	HVL og Fagskulen i Sogn og Fjordane samarbeider om Campus Verftet, der studentane har tilgang til moderne laboratorium innanfor robotikk, automasjon og elkraft. Studentane driv studentkroa Akutten.
<b>Haugesund</b>	Campus Haugesund har ca. 1900 studentar. Samla areal er 14 600 kvm, som omfattar 10 auditorium, 8 seminarrom, 16 grupperom og ei rekkje studentarbeidsplassar. På campus er det også bibliotek, læringscenter og forskjellige laboratorium for sjukepleie og ingeniørfag, dessutan eit eige simulatorsenter for maritime fag med navigasjon. HVL har sett i gang eit prosjekt med nybygg og oppgradering av dagens bygg. Målet på sikt er å samle all aktivitet i Haugesund på campus ved å samlokalisere maritim utdanning og forskning, etablere ny SimArena og skape fleksible undervisningsrom og arbeidsplassareal, i tillegg til studentareal.
<b>Sogndal</b>	Campus Sogndal har 2350 studentar. Bygningsmassen består av 5 bygg med 21 700 kvm nettoareal. Det er undervisningsareal og arbeidsplassar i alle bygga. Dei to nyaste bygga vart opna i 2012 og 2019. I tillegg har det eine bygget fått oppgraderte studentareal og ein moderne helselab (Sim Arena). Til saman inneheld bygga 6 auditorium, 30 grupperom og 29 seminarrom, bibliotek- og læringscenter. I tillegg til Statsbygg har høgskulen avtale med Sogndal fotball om areal i Stadionbygget, som i tillegg til arbeidsplassar for tilsette inneheld studentareal, idrettslab og idrettsareal. Studenthuset Meieriet held til i sentrum i det som tidlegare var eit meieribygge, og er eigd av Saman.
<b>Stord</b>	Campus Stord har ca. 950 studentar. Bygningsmassen består av 6 bygg og er totalt på 14 500 kvm. I hovudbygget er det 5 auditorium, 23 grupperom og 8 seminarrom. På campus er det også bibliotek, læringscenter, spesialrom for naturfag og praktiske og estetiske fag for lærarutdanningane, og SimArena for sjukepleiarutdanninga. I tillegg nyttar ein kjøkkenhage, drivhus, eit uteklasserom, dessutan naust som er lokalisert i seminarhagen til undervisning og oppbevaring av undervisningsmateriell. Studentane driv studenthuset Granheim.

NOTE: STUDENTTALA ER FRÅ 2023. KJELDE: HVL ÅRSRAPPORT 2023, S. 8

## 2.5.2 Bibliotek

HVL har eit offentleg vitskapleg bibliotek som gir støtte til undervisning, forskning og formidling av kunnskapsproduksjonen vår. Det er fysiske bibliotek ved alle våre fem campusar, og fleire av biblioteka blei i perioden 2018–2022 rusta opp og fekk ny innreining med meir varierte studentarbeidsplassar for å møte behova til dagens studentar. Biblioteka har også styrkt rolla si som ein arena for formidling, og arrangerer faglunsjar, boklanseringar og anna forskingsformidling i samarbeid med einingar i og utanfor høgskulen. Gjennom Studiebarometeret 2021 fekk biblioteka ved HVL overveldande gode tilbakemeldingar. Studentane gir biblioteket 4,3 poeng av 5 moglege og er meir nøgde med tenestene her enn det nasjonale gjennomsnittet.

Biblioteket har totalt 43,4 årsverk, og personalgruppa består av både bibliotekarar, universitetsbibliotekarar og førstebibliotekarar. I tillegg er 17 studentar tilsette som ettermiddagsvakter og 5 studentar som skriverettleiarar. Samla areal er på om lag 5500 kvm og om lag 950 varierte brukar plassar tilgjengeleg (Nasjonalt bibliotek statistikk 2022). Bemanna opningstid er litt ulik på dei fem campusane, men felles er at studentar og tilsette har sjølvbetent tilgang til biblioteket også når det ikkje er bemanna.

Tabell 2.10: Bibliotekareal og opningstider.

Campus	Areal kvm	Grupperom i biblioteka	Betente opningstimar per veke	Total opningstid per veke	Årsverk
<b>Førde</b>	498	2	33	112	3
<b>Sogndal</b>	1453	8	62	112	7
<b>Bergen</b>	1976	8	54	112	22,6
<b>Stord</b>	736	6	38	112	4,8
<b>Haugesund</b>	757	3	47	112	6
<b>Totalt</b>	5419				43,4

KJELDE: NASJONALBIBLIOTEKET SI STATISTIKK FOR FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEK 2021.

Biblioteket tilbyr oppdaterte fysiske samlingar av studie- og forskingslitteratur tilpassa dei lokale fagmiljøa og utdanningane på alle fem campusar, i tillegg til elektroniske bøker og andre digitale kunnskapskjelder som kan nyttast av alle studentar og tilsette både på og utanfor campus. Biblioteket abonnerer på ei mengde anerkjende digitale databasar og pakkar, inkludert Publisier og les-avtalar med dei største forlaga (Elsevier, Sage, Springer, Taylor& Francis, Wiley, Cambridge, Oxford) og dei viktigaste fagdatabasane på våre fagområde. Biblioteket inngår i det nasjonale fjernlånsamarbeidet, som sikrar studentar og tilsette tilgang til litteratur som ikkje finst i eiga samling.

Biblioteket tilbyr undervisning og rettleiing i litteratursøk, kjeldekritikk og referanse-handtering til studentar på alle utdanningsprogram. Alle fakulteta har dedikerte kontakt-bibliotekarar for studentar og tilsette på alle campus. Biblioteket tilbyr opne kurs i referanse-handteringsprogramma EndNote og Zotero, og i bruk av ulike databasar. Det har og tilbod om rettleiing i oppgåveskriving både fysisk og digitalt.

Ei rekkje tenester på biblioteket er retta mot forskarar og ph.d.-kandidatar. Det gjeld undervisning, kurs og seminar innanfor tema som litteratursøk, referansehandtering, open publisering av forskingsdata, forskningsevaluering og open publisering og publiserings-prosessen. Biblioteket bidrar i forskingsaktiviteten ved HVL ved å hjelpe til med litteratursøk for kunnskapsoppsummeringar. Ved søknader og etablering av forskingsprosjekt bidrar biblioteket med å leggje til rette for open forskning gjennom hjelp til datahandteringsplanar og protokollar i samarbeid med forskingsadministrasjonen. Biblioteket assisterer med lagring, tilrettelegging og kuratering av data i vårt forskingsdataarkiv. Biblioteket bidrar inn ved rapportering av vitenskaplege publikasjonar i Cristin/NVA.

HVL har som ambisjon å bidra til å gjere forskinga meir open. HVL har både vedteke ein Open Access Policy og ein Open Data Policy. OA-politikken følgjer dei internasjonale krava til open vitenskap-leg publisering etter Plan S. Frå 1. januar 2024 vil ein institusjonell rettighets-politikk bli implementert. Høgskulen har òg eit OA-fond der forskarar kan søkje om støtte til å dekkje kostnadene ved OA-publisering av tidsskriftartiklar, antologiar og monografiar. HVL sin open datapolitikk fylgjer FAIR-prinsippa. Arkivet HVL Open Research Data er del av det nasjonale forskingsdataarkivet DataverseNO.

### 2.5.3 Utstyr

Noko utstyr er felles for alle fagområda, slik som digital infrastruktur for nettbasert læring og undervisning. Slik infrastruktur, som er skildra i underkapittel 2.5.5 nedanfor, støttar opp om studentaktive læringsformer og gir studentar og tilsette på alle fagområde tilgang på ei stor breidde av digitale verktøy. I tillegg treng fagområda ein del ulikt utstyr til utdanning og forskning. Helsefaga, teknologiske og maritime fag har særleg behov for laboratorium og spesialutstyr. Dei viktigaste er skildra under.

FHS har senter for simulering, **SimArena**, på alle fem campus. Ved å kunne tilby gode læringsfasilitetar og avansert simulatorutstyr er SimArena ein viktig øvingsarena både for volumkrevjande bachelorutdanningar og for spesialutdanningar som har behov for meir avansert konsentrasjonsarbeid. Eksempelvis har masterutdanningane i anestesi, intensiv og

operasjon, og også jordmorutdanninga, lokalar og simulatorutstyr kor studentane kan ta del i tilnærma autentiske pleie- og behandlingsprosessar. SimArena er tilrettelagt for organiserte øvingar, eigentrening og uformelt læringssamarbeid, men også undervisning, rettleiing og tverrfagleg teamarbeid. Det er et uttalt mål at våre eksterne samarbeidspartnarar kan ta del i aktivitetane ved SimArena, både som bidragsytar i undervisning, i felles kompetansehevande satsingar eller til forskingsarbeid. Auka bruk av digitalisering, simulering og klinisk forskning i helse- og omsorgssektoren bidrar både til endra pleie- og behandlingsprosessar for pasientane og endra læringsmål for studentane. Gjennom SimArena kan FHS og tilby Virtual Reality (VR) i undervisning og øving.

**MarinLab** er eit skipsmodell-laboratorium på campus i Bergen. Dette er eit toppmoderne laboratorium som blir brukt til undervisning, studentprosjekt og forskning i samarbeid med industrien. MarinLab blir hovudsakleg brukt til å teste ut stabilitet på fartøy og måling av motstand i vatn. Dei siste åra har laboratoriet i aukande grad også blitt brukt til bevegelsestesting. I Haugesund har HVL eit maritimt simulatorsenter, der ein utdannar og forskar innanfor sjøsikkerheit og grøn omstilling i maritim verksemd.

I Bergen ligg òg **Clean Energy Lab**, eit laboratorium som blir brukt til testing og til å forske på hydrogen og nanomateriale. Utgangspunktet for dette laboratoriet er at vi ser på verda rundt oss for å finne materiale som er lett tilgjengeleg og med eigenskapar som gjer dei til gode energiberarar. Det overordna målet er å finne billegare og enklare alternativ for produksjon av grøn energi. **Høgspentlaboratoriet** blir brukt til å utføre forskings- og undervisningsrelaterte eksperiment. I det grøne skiftet som ligg føre oss vil det å effektivt kunne frakte energi vere viktig, mellom anna med større etterspørsel etter rein energi frå vatn, sol eller vind. I Førde har HVL eit forsking- og innovasjonssenter for robotikk, med ein **Robotlab** som blir brukt til utdanning og forskning innanfor automatisering og data-teknologi. Her blir det fokusert på samarbeid mellom menneske og robot, og på fleksible (mjuke) robotar. Vi samarbeider tett med lokal industri for å møte behovet for automatiske kontrollsystem. Teknologien som vert utvikla er også eigna til å utvikle nye helse- og omsorgstenester. På **Motorlaben** i Bergen har vi ulike termiske maskiner som blir brukt til både undervisning, forskning, og prosjektoppgåver på bachelor- og masternivå. På laben er det bensin-, (bio-)diesel-, gassturbin- og gassmotor, i tillegg til ein knottgassgenerator som produserer syntesegass. Laboratoriet har og ein Stirling-motor som vert brukt som kulde-maskin i eit prosjekt for å gjere hydrogen flytande. Den er eit testanlegg for å undersøke forbettringsmoglegheiter på yting, effektivitet og oppskalering til eit pilotanlegg. I Haugesund

ligg brannlaboratoriet **Hall of flames**, med moglegheit for fullskalatesting av brann-tryggleiken til- og utsleppa frå elkraftkomponentar.

#### 2.5.4 Digital infrastruktur

Med fem campusar har HVL sidan fusjonen hatt bruk for digitale løysingar for å sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling, og COVID 19-pandemien akselererte arbeidet med digitalisering på alle nivå. Dei verktøya og arbeidsformene vi tar i bruk, skal bidra til auka kvalitet, gode arbeidsprosessar og betre samhandling både fagleg og administrativt. HVL står i dag godt rusta til å drive eit fleircampusuniversitet på ein effektiv og fagleg god måte, der digitale løysingar understøttar samspelet mellom organisatoriske einingar og mellom studie-stadane. Institusjonen arbeider kontinuerleg med å utvikle infrastrukturen og tilpasse den til aukande behov for deling og sikkerheit.

I 2021 starta HVL arbeidet med å følgje opp den nasjonale digitaliseringsstrategien. I toppleinga tek ein dei overordna avgjerslene, som kjem inn i verksemdstrategi, utviklingsavtale, fleirårsplanar og årsbudsjett. Dei meir taktiske avgjerslene om prioriteringar og fordeling av ressursar er det eit eige digitaliseringsråd som tar seg av. "Klok digitalisering – Digital ambisjon 2022–2030" er eit plandokument vedteke av rektor i 2023, som direkte følgjer opp nasjonal strategi for digital omstilling, og som legg grunnlaget for dei taktiske vala i digitaliseringsrådet. Til sist er det på det operasjonelle nivået prosjekt- og fagteam som tar seg av det prosjekt- og driftsbaserte arbeidet frå dag til dag.

HVL deltar i nokre store nasjonale digitaliseringsprosjekt kring arkivsystem, HR og data-delning internt, mellom UH-institusjonar og mot eksterne aktørar. I tillegg har vi ei rekkje eigne prosjekt som skal støtte opp under den faglege og administrative drifta. Alle desse skal bidra til å effektivisere og gjere ting enklare for tilsette, studentar og samarbeidspartnarar. Her er nokre sentrale pågåande digitaliseringsprosjekt som skal støtte opp om verksemda:

**MIME er** ein chatbot som gir svar på stadig fleire spørsmålstypar frå studentar og tilsette. **Kompis** er ei HR-løysing for å få detaljert oversikt over kompetanse i HVL, og eit verktøy for å kunne planleggje kompetanseressursar og -utvikling. **Utvekslingsappen** losar studentar gjennom utvekslingssøknad og gjennomføring av utvekslingsopphald. Det er òg eit verktøy for å administrere utveksling frå start til slutt. Appen er per 2024 unik i sitt slag i Noreg. I høve til strategisk studieporteføljeutvikling arbeider ein med prosjektet **U4**, korleis bruke studentdata til å betre utdanningskvaliteten, og **EVA- system** for anonyme emne-evalueringar. **Masterportalen** er ei løysing for å støtte prosessen knytt til masteroppgåver

som inkluderer brukargrensesnitt for studentar, tilsette og eksterne. **Ph.d.-oppfølging:** digitalisering og systematisering av administrative prosesser knytt til stipendiatar.

**Diafragma:** innkjøp og implementering av verktøy for heilskapleg, digital verksemdstyring.

**Koordineringsgruppa for kunstig intelligens** blei oppnemnd av Digitaliseringsrådet ved HVL i 2023 og skal gi råd om utfordringane knytt til KI og sikre at dei systema som HVL tar i bruk, er utvikla i tråd med institusjonen sine verdier. Institusjonen nyttar også eigne system for praksisoppfølging og studentoversikter.

### 2.5.5 Infrastruktur for nettbasert læring og undervisning

For å støtte fleksibel, samlingsbasert og nettstøtta utdanning nær studentar i alle livsfasar har vi eit breitt tilbod om støtte i nettbasert læring og undervisning for lærarar og studentar.

Tilbodet består av nettkurs og opplæringssekvensar kring konkrete metodiske utfordringar, men også av ein fysisk **Læringslab** på alle fem campus. Kvar av læringslabbane har éin til fulltidstilsette i tillegg til studentassistentar. Dei forvaltar eit eige høghastigheitsnett berekna på samarbeid med høge krav til synkrone sendingar. Eininga som driftar læringslabbane og elles er ansvarleg for mediefagleg produksjon og formidling, **Medielab**, er høgteknologisk utrusta og har kompetanse på både synkrone og asynkrone produksjonar. Dei er tilgjengelege på campusane gjennom Læringslab og bidreg mellom anna med streaming av konferansar og seminar og i utvikling av avanserte digitale læringsressursar.

For å sikre alle tilgang på undervisning har HVL eit **team med ansvar for universell utforming** av IKT-løysingar. Av oppgåvene teamet har, er opplæring av undervisarar og leiarar, og å sjå til at undervisarane har gode verktøy å hjelpe seg med i utforming av undervisning. Teamet arbeider vidare med forvaltning av pedagogisk programvare og institusjonens læringsplattform, då desse må vere universelt utforma om dei skal kunne takast i bruk. Teamet har eit funksjonelt system for godkjenning og drift av slike program i tråd med gjeldande lovgiving, til dømes GDPR.

Å sikre at alle tilsette undervisarar ved institusjonen har dokumentert eigen utdanningsfagleg kompetanse føreset ei tett oppfølging av ph.d.-stipendiatar og kandidatar i førstelektor-kvalifisering. Studieprogrammet i **universitetspedagogikk** er ope for stipendiatar og Program for førstelektor-kvalifisering legg vekt på den praksisnære og utdanningsorienterte sida av kompetansen deltakarane skal dokumentera i ein opprykkssøknad.



I det neste kapitlet gjer vi greie for HVL sin strategi for utdanning, forskning og/eller kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid, og korleis den gir ei retning for å utvikle det kommande universitetet vidare.

## **2.6 Vedlegg**

- 2.1 Hovudavtalen for arbeidstakarar i staten og Tilpassingsavtale for Høgskulen på Vestlandet. Den siste versjonen er frå 8. januar 2024.
- 2.2 Handlingsplanen Ledelsesutvikling ved Høgskulen på Vestlandet 2018-2023
- 2.3 HVL 2021 Revidert reglement for Forskingsetisk utval ved Høgskulen på Vestlandet
- 2.4 Tildelingsbrev 2024 til Høgskulen på Vestlandet
- 2.5 Kort innføring i HVL sin budsjettfordelingsmodell
- 2.6 Samarbeidsavtale mellom Studenttinget på Vestlandet og HVL
- 2.7 Reglement for val ved HVL
- 2.8 Campusutviklingsrapport







# 3. Strategi



### 3. Strategi

*Studietilsynsforskriften § 3-1. Krav ved akkreditering av institusjoner*

*(2) Institusjonens skal ha en strategi for utdanning, forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.*

I dette kapittelet gjer vi greie for HVL sin strategi for verksemda, og for korleis den er ei vidareutvikling av potensialet i den institusjonen vi er i dag. Gjeldande strategi er for 2023 til 2030, og definerer kursen for å utvikle det kommande universitetet vidare. Samstundes er det naturleg å seie nokre ord om den førre strategien, for perioden 2019 til 2023, fordi det er denne som har vore grunnlaget for å oppfylle universitetskrava.

Å utvikle seg til å bli universitet har vore eit strategisk verkemiddel for fagleg utvikling, kvalitetsheving og meir institusjonell autonomi. HVL har styrkt seg vitskapleg gjennom mellom anna fleire tilsette med første- og toppkompetanse. Arbeidet med å bli universitet har òg innebore oppretting av fire eigne og eit felles ph.d.-program, auka tildeling av FoU-tid, satsing på fleire eksternfinansierte forskings- og utdanningsprosjekt, meir vitskapleg publisering og meir internasjonalt samarbeid. Det har vore eit mål å styrkje samspelet mellom forskings- og utdanningsverksemda, for å sikre forskingsbasert undervisning.

Fakulteta har vidare styrkt gjennomgåande studieløp frå bachelornivå via masternivå og til ph.d.-nivå, og sytt for at fagområda til desse studienivåa heng saman med kvarandre og med FoU-verksemda. Meir forskning bidreg til å gjere utdanningane oppdaterte og kunnskapsbaserte, og er med på å utvikle dei profesjonane og det samfunns- og arbeidslivet som HVL utdannar kandidatar til. Ph.d.-programma er viktige i så måte, ved at dei er tverrfaglege og profesjons- og arbeidslivsretta. Dei forskingsbaserte grunnutdanningane, understøtta av ph.d.-programma og meir FoU-aktivitet, gjer oss til eit universitet som kan gi kraft til den overordna visjonen i strategien; *Kunnskap som bygger menneske og samfunn*.<sup>34</sup>

#### **3.1 Strategi 2019–2023: Å bli universitet**

*Strategi 2019–2023* bygde vidare på fusjonsavtalen frå 2017, som definerte profilen til den nye Høgskulen på Vestlandet og la grunnlaget for utviklinga framover mot universitets-

---

<sup>34</sup> Strategi for HVL 2023-2030, sjå vedlegg 3.1.

status.<sup>35</sup> Strategi 2019–2023 slo fast faglege satsingsområde som skulle vere gjennomgåande og fordjupingsområde for FoU og utdanning. Desse satsingsområda skulle styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen, gjennom å vedlikehalde og utvikle fagleg gode koplingar til profesjonar, helse- og velferdsinstitusjonar, offentleg forvaltning og private verksemdar. Satsingsområda var tett knytt til ph.d.-programma, og omfatta òg berekraftig utvikling og profesjons- og arbeidslivsretting.

I tillegg til dei faglege satsingsområda blei det definert fire område med behov for ein særleg innsats for å byggje organisasjonen. Desse har mellom anna vore prioriterte i budsjetta gjennom strategiske midlar. Dei fire områda var 1) kompetansebygging, 2) organisasjonsutvikling og samhandling, 3) internasjonalisering og 4) digitalisering. Kompetansebygging blant vitskapleg tilsette har styrkt forskingsbasert utdanning og FoU-verksemda, medan kompetansebygging blant leiarar og administrativt tilsette har styrkt organisasjonen og støttefunksjonar. FoU-verksemda har også blitt styrkt av meir internasjonalisering og av delar av organisasjonsutviklinga, som til dømes oppbygging av senter, forskingsprogram og forskargrupper og meir fagleg-administrativ støtte til eksternfinansierte prosjekt. Samanslåing og oppretting av eit nytt Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS) frå 2024 er òg eit grep for å utvikle organisasjonen og styrkje samhandlinga på tvers av eksisterande fagmiljø. Digitalisering har på si side mellom anna styrkt fag- og læringsmiljø, forskning og samhandling på tvers av campus.

### **3.2 Strategi 2023–2030: Å vidareutvikle universitetet**

Den gjeldande strategien handlar om kva for universitet vi skal vere og vidareutvikle, og om HVL sine faglege ambisjonar fram mot 2030. Arbeidet med å bli eit universitet har heva kvaliteten på utdanning, forskning og formidling og såleis gjort oss til ein sterkare aktør innanfor samfunnsutvikling og innovasjon. Å vidareføre og styrkje kvalitetsarbeidet står sentralt i den gjeldande strategien, og universitetsstatus er eit steg på vegen.

Dei faglege satsingsområda frå førre strategi har ikkje blitt tatt eksplisitt inn i den gjeldande strategien, fordi dei allereie er innarbeidde i verksemda. Det at den gjeldande strategien er åtteårig, medan den forrige var fireårig, gjer også at vi har valt å halde den på eit overordna plan. Det gir fleksibilitet med tanke på faglege satsingar tilpassa utviklinga i samfunns- og arbeidslivet.

---

<sup>35</sup> Strategi 2019-2023, sjå vedlegg 3.2 og Fusjonsavtalen, sjå vedlegg 3.3.

Innleiingsvis viser *Strategi 2023-2030* til samfunnsoppdraget, og presiserer at det nye Universitetet på Vestlandet skal vere profesjons- og arbeidslivsretta, slik også HVL har vore:

*«Vi er eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Gjennom forskning, utdanning av høgt kompetente kandidatar og den tette koplinga vår til samfunns- og arbeidslivet bidreg vi til at kunnskap blir delt og teken i bruk. Vi spelar ei aktiv rolle og tek eit ansvar for å påverke samfunnsutviklinga innan utdannings- og forskingsområda våre.»<sup>36</sup>*

Denne profilen gir retning for korleis vi organiserer og tenkjer rundt til dømes utdanningsprogram, FoU-verksemd, kompetansebygging i fagmiljøa og organisasjonsutvikling. Universitetsbygginga har dei siste åra vore ein viktig reiskap for å realisere potensialet i profilen som profesjons- og arbeidslivsretta, som har lege fast sidan den forrige strategien tok til å gjelde i 2019. Den noverande strategien er utarbeidd parallelt med HVL sin utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet for 2023 til 2026. Det bidreg til eit heilskapleg strategi- og planverk som heng godt saman med overordna politiske og lovmessige rammer for universitets- og høgskulesektoren.

### 3.2.1 Strategiske ambisjonar og overordna mål

Strategien definerer tre strategiske ambisjonar, kvar med to overordna mål. Ein fellesnemnar for dei strategiske ambisjonane fram mot 2030 er at dei er knytt opp mot den faglege profilen: Å vere eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet, med aktive koplingar til samfunns- og arbeidslivet. Dei tre strategiske ambisjonane med to overordna mål til kvar lyder slik:

**1. Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet.** *«Vi skal halde fram med å styrkje kvaliteten i utdanning og forskning for å fremje eit velfungerande samfunns- og arbeidsliv og for utviklinga av det norske velferdssamfunnet. Utdanninga og forskinga vår er integrert og tett på arbeidslivet. Dette er berebjelken for å byggje menneske og samfunn, og for å bidra til å løyse samfunnsutfordringar.»*

Dei to overordna måla til denne strategiske ambisjonen omfattar utdanning og forskning. Utdanningane skal vere forskingsbaserte, dei skal dekkje framtidens kompetansebehov og vere fleksible, halde høg kvalitet og ha gjennomgåande utdanningsløp til og med ph.d.-grad. Studentaktive lærings- og undervisningsformer skal engasjere og fremje læring på både

---

<sup>36</sup> Strategi for HVL 2023-2030, sjå vedlegg 3.1.



fysiske og nettstøtta læringsarenaer. Studentar skal ta del i forskning. Målet for forskinga er at ho skal halde høg internasjonal kvalitet og vere med på å forme samfunns- og arbeidslivet. Vi skal styrkje forskinga, forske meir tverrfagleg, forske saman med samfunns- og arbeidslivet og auke den eksterne forskingsfinansieringa.

**2. Ei sterk innovasjonskraft.** «Høg kompetanse og mangfald blant tilsette og studentar, eit stort geografisk nedslagsfelt og tette relasjonar til samfunns- og arbeidslivet gjer oss til ein sentral innovasjonsaktør. Innovasjonsarbeidet vårt bidreg til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.»

Dei to overordna måla til denne strategiske ambisjonen er å la ansvarleg innovasjon prege samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet, og at organisasjonen er kjenneteikna av at vi søker forbetring. Tilsette hos oss byggjer innovasjonskapasitet gjennom forskning og utdanning og i samskaping med partnerar i samfunns- og arbeidslivet, og vi legg til rette for at tilsette og studentar omset kunnskap til nye eller forbetra produkt, tenester og metodar.

**3. Ein ambisiøs samfunnsaktør.** «Som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet fremjar vi vitskaplege tenkjemåtar, akademisk fridom og kunnskapsbaserte avgjerder. Vi er det inkluderande, utfordrande og samhandlande fleircampusuniversitetet på Vestlandet. Vi er den føretrekte kunnskapspartnaren i regionen, og vi har stort truverd og eit godt omdømme.»

Dei to overordna måla her er å vere eit samskapande universitet med levande campusar, og å dele kunnskap og delta aktivt i samfunnsdebatten. Vi skal utnytte potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og hente ut gevinstar av samarbeid på tvers. Alle campusane våre skal bli styrkt som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring. Vi vil setje dagsorden og formidle kunnskap om og frå fagområda våre, og tilsette og studentar skal ha forskningsetisk medvit og vitskapleg integritet.

### 3.2.2 Implementering av strategien

Dei strategiske ambisjonane blir hovudsakleg sett ut i livet gjennom dei fagleg-administrative linjene, der ansvaret ligg hos dei tre dekanane og prorektorane. Eit sentralt element er oppdragsbrev fra rektor, strukturerte på same vis som verksemdstrategien. Planar ved HVL

skal så langt det er naturleg, vere strukturert etter og vise til mål og ambisjonar i strategien. Det blir stilt krav om dette til fakulteta sine verksemdsplanar.<sup>37</sup>

Eit eksempel på implementering av strategien er utvikling av studieportefølje, der HVL-styret i 2023 vedtok fem overordna prinsipp. Det første er at framtidig kompetansebehov i nasjonalt og regionalt arbeidsliv skal liggje til grunn for utviklinga av porteføljen. Det andre er at fakulteta skal samarbeide om å utvikle studietilbod på alle campusane uavhengig av om ein i utgangspunktet har aktivitet der. Det tredje er at studieporteføljen skal vere økonomisk berekraftig, det fjerde at den skal vere kjenneteikna av studieprogram med tett kopling til aktive forskingsgrupper og det femte at den skal auke tal fleksible studieprogram og emne som kan bli tilbydd til fleire enn heiltidsstudenten.

Eit anna eksempel på implementering av strategien er satsing på å auke forskingsaktiviteten, gjennom auka tildeling av FoU-tid, stimulering av søknader om ekstern finansiering og støttefunksjonar knytt til drift av innvilga prosjekt. Eksternfinansierte prosjekt frå særleg Forskringsrådet og EU gir meir økonomisk handlingsrom, og bidreg til å internasjonalisere forskingsmiljøa og til meir vitskapeleg publisering. Eit tredje eksempel er langsiktig bygging av framifrå forskingsmiljø gjennom senteratsingar og ekstraordinære tildelingar til utvalde miljø.<sup>38</sup> Eit fjerde eksempel er fokus på forskningsetikk, for å modne organisasjonen som ein ansvarleg forskingsinstitusjon. Alle desse eksempla på implementering av strategien er langsiktige tiltak for å utvikle HVL fagleg sett, med tanke på utdannings- og (særleg) forskingsverksemda.

Alle større faglege og administrative satsingar, tiltak og utviklingsprosjekt skal vere forankra i strategien. Den blir vidare følgd opp gjennom informasjon og føringar frå leiinga, organisering av studieprogramma, utvikling av fagmiljø, organisering av FoU og økonomiske disposisjonar. Eksempel for organisering av studieprogramma er det å inkludere praksiselement, gjesteforelesarar eller studentoppgåver i samarbeid med verksemdar, for å fremje profesjons- og arbeidslivsretting. Eksempel for utvikling av fagmiljø er kompetansehevings-tiltak, hospiteringsordningar og delte stillingar med profesjons- og arbeidslivet utanfor HVL. Eksempel for organisering av FoU er forskargrupper og deltaking i klyngesamarbeid, medan eksempel på strategiske økonomiske disposisjonar er tildeling av FoU-tid, stipendiatstillingar og støtte til søknadar om EU-finansiering.

---

<sup>37</sup> Verksemdplanane for FTMS, FLKI og FHS, sjå høvesvis vedlegg 3.4, 3.5 og 3.6.

<sup>38</sup> Til dømes HVL-styret si ekstraordinære tildeling i 2020 på 50 millionar kroner til 13 utvalde miljø, for å bruke på internasjonale professor II-stillingar, postdok-stillingar og prosjektsøknader.

Styret har vedteke at ein del av HVL-budsjettet skal nyttast til særlege innsatsområde. Dei mest sentrale innsatsområda har vore internasjonalisering, digitalisering, campusutvikling, kompetansebygging, ekstra stipendiatstillingar og stimulering av forskingssamarbeid gjennom EU-programma.

Samanhengane mellom dei overordna rammene, etatsstyringa, strategien og verksemdstyringa er illustrert i Figur 3.1. Øvst står universitets- og høgskulelova og økonomireglementet i staten. Den langsiktige verksemdstrategien er utforma innanfor rammene av desse, og i tillegg med blick til forskrifter, sektormål, nasjonale strategiar og langtidsplanen for forskning og høgare utdanning (LTP). Den fireårige utviklingsavtala med KD, ny frå 2023, gir retning og prioriteringar for dei første fire åra av strategiperioden. Utviklingsavtala har tre mål, som svarar til tre av dei seks måla i verksemdstrategien. Ho fungerer såleis som eit første nivå for implementering av strategien. Dei tre måla i utviklingsavtala er at forskinga ved HVL skal halde høg internasjonal kvalitet og vere med på å forme samfunns- og arbeidslivet, at dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane ved HVL skal dekkje framtidens kompetansebehov, og at HVL skal vere ein samskapande høgskule med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.<sup>39</sup>

På kortare sikt (mindre enn fem år) er det både heildekkjande planar for kvart fakultet og tematiske handlingsplanar på fellesnivå og på tvers av organisasjonen.<sup>40</sup> HVL har altså ein strategi for utdanning, forskning og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid og fagleg utviklingsarbeid, slik kravet til universitetsakkreditering er. Samstundes er *Strategi for HVL 2023–2030* utforma med tanke på heile samfunnsoppdraget, slik det kjem til uttrykk i formålsparagrafen i UH-lova: Å drive utdanning og FoU på høgt internasjonalt nivå, å formidle kunnskap til samfunnet og å bidra til ei miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling.


I neste kapittel skildrar vi det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL, inkludert rutinar og praksis for akkreditering av studietilbod og for revidering av akkrediterte studietilbod.

---

<sup>39</sup> Utviklingsavtala ligg i *Tildelingsbrev 2024 til Høgskulen på Vestlandet*, s. 6-7. Sjå vedlegg 2.4.

<sup>40</sup> For oversikt over gjeldande handlingsplanar, sjå vedlegg 3.7 eller <https://www.hvl.no/om/sentrale-dokument/styringsdokument/>

Figur 3.1: Styringsystemet ved HVL.



KJELDE: HVL ÅRSRAPPORT 2023, s. 35.

### **3.3 Vedlegg**

- 3.1 Strategi for HVL 2023-2030
- 3.2 Strategi 2019-2023
- 3.3 Fusjonsavtalen
- 3.4 Verksemdplan FTMS
- 3.5 Verksemdplan FLKI
- 3.6 Verksemdplan FHS
- 3.7 Oversikt over gjeldande handlingsplanar







# 4. Det systematiske kvalitetsarbeidet

## 4. Det systematiske kvalitetsarbeidet

*Studietilsynsforskriften § 3-1. Krav ved akkreditering av institusjoner*

*(3) Institusjonens systematiske kvalitetsarbeid skal være godkjent av NOKUT*

Krava til eit system for kvalitetssikring og det systematiske arbeidet med kvalitet er nærare skildra i forskrift om kvalitet i høgare utdanning og studietilsynsforskrifta. I 2020 godkjende NOKUT det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL. I dette kapittelet dokumenterer vi kvalitetsarbeidet og rutinane våre for akkreditering, tilsyn og revidering av studietilbod.

HVL er i gang med å evaluere og revidere kvalitetssystemet i løpet av 2024–2025 med verknad frå 1. august 2025. Målet med revisjonen er mellom anna å justere systemet slik at det blir tilpassa nye strategiske målsetjingar, få etablert meir tydelege rapporteringslinjer og informasjonsflyt, og sikre at aktuelle tema får plass i kvalitetssystemet. I tillegg vil vi gjere nødvendige endringar for å betre ressursbruken på kvalitetsarbeidet.

### 4.1 Overordna om kvalitetssystemet

Det systematiske kvalitetsarbeidet skal bidra til at studentane oppnår læringsutbyttet, møter relevante utdanningar, opplever eit godt læringsmiljø og er forberedt for ein framtidig yrkeskarriere. Resultata frå kvalitetsarbeidet skal vere eit godt styringsverktøy og bidra til god kvalitet i studieporteføljen. Dette skal sikre at vi tek i vare samfunnsoppdraget ved å tilby relevante utdanningar av høg internasjonal kvalitet i tråd med vår strategi og eigenart. Organiseringa av fakulteta på tvers av geografi sikrar at kvalitetsarbeidet skjer på same måte på alle campus.

I «Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane»<sup>41</sup> konkretiserer HVL krava i lov og forskrifter, og viser kva for organ og roller som har ansvar for at ulike prosessar og aktivitetar knytt til kvalitetsarbeidet blir utført. Kvalitetsarbeidet gjeld all utdanning, frå kortare studietilbod, bachelor- og masterprogram til ph.d.-program og etter- og vidareutdanningar. Dokumentet «Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved

---

<sup>41</sup> Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane, sjå vedlegg 4.1.



HVL» gir særskilde krav til kvalitetsarbeidet i ph.d.-utdanningar, nærmare omtalt i *Kapittel 7 Stabil forskarutdanning*.

HVL har organisert kvalitetsarbeidet i prosessar i tre nivå: emne, studieprogram og studieportefølje. Tilsette, studentar og eksterne aktørar finn omtaler av dei ulike elementa i systemet med lenkje til mandat, årshjul og malar på høgskulen si nettside for kvalitetssystem.

Viktige element i det systematiske arbeidet med kvalitet er: 1) Føreseielege prosessar og klare rolleskildringar på alle nivå; 2) Studieprogramråd knytt til alle studieprogram på bachelor- og masternivå og programutval til ph.d.-programma; 3) Det studienære kvalitetsarbeidet som skjer i studieprogramma, institutta og fakulteta; 4) Studentar medverkar i kvalitetsutviklinga av studie- og læringsmiljøet, som enkeltpersonar, som tillitsvalde i studentdemokratiet eller som medlemmar i styre, råd og utval. 5) Eksterne fagpersonar medverkar i kvalitetsutviklinga gjennom deltaking i råd og utval.

## **4.2 Kvalitet i emne og studieprogram**

HVL skal leggje til rette for utvikling og forbetring av kvalitet i emne og studieprogram gjennom god organisering og leiing. Vi skal ha attraktive og relevante utdanningar der læringsutbytta skal vere utvikla i samarbeid med arbeidslivet. Undervisning og vurdering skal vere kjenneteikna av gode faglærarar som nyttar framtidsretta, forskingsbaserte og varierte arbeidsformer. Arbeidet skal også sikre at studieprogramma oppfyller krava for akkreditering i dei nasjonale forskriftene.

### **4.2.1 Evaluering av emne og studieprogram**

Systemet for arbeidet med kvalitet skal stimulere til og sikre jamleg vurdering og utvikling av kvalitet i emne på alle nivå. Målet er å forbetre og utvikle kvalitet i emna, sikre godt læringsmiljø med utgangspunkt i erfaringar, dialog og resultat, og samtidig dokumentere arbeidet og dei tiltaka som blir sett i verk.

Tilbakemeldingar frå studentar blir sikra gjennom midtvegsevalueringar, gjennom klassetillitsvalde, klassemøte eller referansegruppemøte, i tillegg til anonyme emneevalueringar minst kvar tredje gong emnet blir undervist. HVL har utarbeidd malar for dei ulike evalueringmetodane, og studentane skal få tilbakemelding om resultat og oppfølging av det dei har meldt inn. Sluttevaluering av emna kan skje ved at emneansvarleg skriv ein sluttrapport for emnet og sender til studieprogramansvarleg, eller i form av eit avsluttande dialogmøte mellom emneansvarleg og studieprogramansvarleg der ein diskuterer

behov for å endre emneplanen eller gjennomføre andre tiltak på basis av erfaringar og tilbakemeldingar.

Studieprogramansvarleg, institutt- og fakultetsleiing har gjennom studieåret tilgang på ei rekkje data knytt til ulike delar av læringsbanen til studentane ved studieprogram på bachelor og masternivå. Dette gjeld både dokumentasjon av arbeid med kvalitet på emne- og studie-programnivå, resultat frå student- og kandidatundersøkingar og emnerapportar/referat frå dialogmøte med emneansvarlege.

Studieprogramansvarleg har ansvar for å følgje opp data og resultat frå det systematiske kvalitetsarbeidet og data på studieprogramnivå, mellom anna ved å leggje fram saker for studieprogramrådet og andre relevante forum for å drøfte behov for tiltak. I studieprogramrådet skal studentar, faglærarar, studieadministrative og eksterne vere representerte. Gjennom representantane frå arbeidslivet sikrar ein også tilbakemeldingar knytt til relevans i studieprogrammet.

På ph.d.-program skal fagansvarleg gjennomføre evalueringar med ph.d.-kandidatane, anten gjennom dialog og referat frå møte, eller gjennom anonyme emneevalueringar. Fagansvarleg for ph.d. har ansvar for å følgje opp resultatane gjennom programutvalet.

Fakulteta reviderer kvart år studie- og emneplanane sine, for å sikre at eksisterande studietilbod oppfyller krav i aktuelt regelverk og for å følgje opp resultat og tilbakemeldingar frå emne- og studieprogramevalueringar og innspel frå studieprogramrådet. Dekan har mynde til godkjenne mindre endringar i emne- og studieplanar. Utdanningsutvalet godkjenner vesentlege endringar i studieplanar. Ph.d.-programutvala godkjenner mindre endringar i studie- og emneplanar på ph.d.-nivå innanfor ramma av akkreditering.

#### 4.2.2 Periodisk evaluering av studieprogram

HVL gjennomfører periodiske evalueringar etter eigne prosesskildringar og malar.<sup>42</sup> Evalueringane skjer som hovudregel fem år etter akkreditering av programmet, og seinast sju år etter for bachelor- og integrerte masterprogram.

Utdanningsutvalet handsamar kvart år ein rulleringsplan for periodiske evalueringar etter innspel frå fakulteta. Ved behov kan høgskulestyret, utdanningsutval, sentralt ph.d.-utval eller dekanat be om periodiske evalueringar utover det som er fastsett i rulleringsplanen.

---

<sup>42</sup> Prosess-skildring: Periodiske evalueringar av studieprogram , sjå vedlegg 4.2.

Desse periodiske evalueringane skal supplere det årlege kvalitetsarbeidet og gje fagmiljøa grunnlag for å utvikle programma og vurdere dei opp mot lokale og nasjonale krav til utdanningane, der innspel frå eksterne representantar og studentar står sentralt. Utdanningsutvalet på institusjonsnivå får ei årleg sak med oppsummering av funn og erfaringar frå dei periodiske evalueringane. Sentralt ph.d.-utval skal få tilsvarande sak for ph.d.-utdanningar som har hatt evaluering.

### **4.3 Kvalitet i studieportefølje**

Arbeidet med kvalitet i studieporteføljen skal sikre at høgskulen tilbyr profesjons- og arbeidslivsretta utdanningar av høg kvalitet og i tråd med HVL sine strategiske målsetjingar (sjå førre kapittel). I løpet av året gjer HVL større og mindre endringar i den samla studieporteføljen. Høgskulen har ordningar som kvar for seg og sett under eitt skal sikre at desse endringane er i tråd med krav i nasjonale og lokale forskrifter, og i samsvar med høgskulen sine strategiar.

Prosesskildringa for vedtak om samla eigenfinansiert studieportefølje viser samanhengen mellom aktivitetane knytt til arbeidet med å utvikle og kvalitetssikre porteføljen.<sup>43</sup> Den gir oversikt over dei mest sentrale aktivitetane, når dei skjer og samhandlinga mellom fakultet, fellestenester, utdanningsutval og styret fram til endeleg vedtak om samla eigenfinansiert studieportefølje.

Tre prosessar er sentrale for endringar i den samla studieporteføljen:

- Akkreditering og etablering av nye eigenfinansierte studieprogram over 60 studiepoeng
- Årleg revisjon av etablerte studieprogram
- Vedtak om nedlegging av eigenfinansierte studieprogram over 60 studiepoeng

#### **4.3.1 Akkreditering og etablering av nye studieprogram over 60 studiepoeng**

Prosesskildringa til HVL for akkreditering og etablering av nye studieprogram over 60 studiepoeng viser aktivitetar og ansvar, frå fakulteta melder inn planar om nye studietilbod til utdanningsutvalet akkrediterer studietilbodet og styret vedtar etablering og igangsetjing av

---

<sup>43</sup> Prosess-skildring: Vedtak om samla eigenfinansiert studieportefølje, sjå vedlegg 4.3.

det nye studietilbodet. Hovudaktivitetane i prosessen er utgreiingsløyve, utarbeiding av studie- og emneplanar og etablering av nytt studieprogram.<sup>44</sup>

I eit årleg dialogmøte mellom prorektor for utdanning og fakultetsleiinga melder fakulteta inn sine planar om endringar i studieporteføljen. Fakultetet må søkje om løyve til utgreiing av nye studietilbod på over 60 studiepoeng. Dei søkjer i ein fastsett mal for utgreiingsløyve, der dei vurderer det nye studietilbodet opp mot fire sentrale område; strategisk viktig, etterspurnad, økonomisk berekraft og fagleg berekraft.<sup>45</sup> På bakgrunn av søknaden vedtek styret om fakultetet skal få utgreiingsløyve og kan arbeide vidare med det nye studiet. Løyvet er gyldig i 2 år frå vedtaksdato.

Når fakultetet har fått utgreiingsløyve, oppnemner dekan ein studieplankomité. Den utarbeider studie- og emneplanar i tråd med nasjonale krav og høgskulen sine egne forskrifter, retningsliner og malar. Høgskulen har utarbeidd ein eigen rettleiar for studie- og emneplanar for å sikre at punkt i planane blir vurdert og utforma likt.<sup>46</sup> Høgskulestyret har delegert til Utdanningsutvalet å vedta nye studieplanar for studieprogram over 60 studiepoeng på bachelor- og masternivå. Dekan godkjenner studieplanar for studieprogram til og med 60 studiepoeng. Høgskulestyret vedtar søknader om etablering av nye studietilbod over 60 studiepoeng.

Samtidig som fakultetet arbeider med studie- og emneplanen, skal dei utarbeide ein søknad om akkreditering og etablering av nytt studieprogram. I søknaden skal dei dokumentere at krava i sentrale forskrifter frå KD og NOKUT er oppfylt. Søknaden følgjer mal for søknad om akkreditering og etablering,<sup>47</sup> og fakulteta kan bruke NOKUT sin rettleiar for akkreditering av studium i høgare utdanning i arbeidet. I søknaden skal dei dokumentere at studietilbodet innfrir krav til akkreditering, er forankra i strategi, har eit godt rekrutteringsgrunnlag, kompetanse i fagmiljøet og er økonomisk berekraftig.

HVL har to alternative ordningar for ekstern vurdering av akkrediteringssøknadene opp mot krava frå KD og NOKUT: 1) Dekan oppnemner ein til to eksterne fagfellar med førstekompetanse som medlem i studieplankomiteen; 2) Prorektor for utdanning oppnemner ein ekstern sakkunnig komité.

---

<sup>44</sup> Prosess-skildring: Akkreditering og etablering av nye studieprogram over 60 sp, sjå vedlegg 4.4.

<sup>45</sup> Mal for søknad om utgreiingsløyve, sjå vedlegg 4.5.

<sup>46</sup> Rettleiar for utforming av studie- og emneplanar ved HVL, sjå vedlegg 4.6.

<sup>47</sup> Mal for søknad om akkreditering og etablering, sjå vedlegg 4.7.



Når HVL får fullmakt til å akkreditere studieprogram på doktorgradsnivå, følgjer prosessen med etablering og akkreditering av ph.d.-utdanning dei same hovudaktivitetane som omtala for bachelorgrads- og mastergradsnivå. HVL vil følgje same rutinar som NOKUT når det gjeld mal for søknad om akkreditering og oppnemning og bruk av ein sakkunnig komité for å vurdere søknaden. Styret vil godkjenne søknad om utgreiing og akkreditere og etablere ei ny ph.d.-utdanning, dersom ei slik satsing blir aktuell.<sup>48</sup>

#### 4.3.2 Nedlegging av studietilbod

I samband med årleg revisjon av studieprogram og gjennomgang av studieporteføljen kan det vere aktuelt å leggje ned eit studietilbod, eller å avvikle eit studieprogram på ein av campusane. I Forskrift om studium og eksamen ved HVL § 3.4 er det fastsett kven som har mynde til å leggje ned studium og kva for retningslinjer og prosesser som gjeld i slike saker. Høgskulestyret gjer vedtak om nedlegging av studietilbod over 60 studiepoeng. Prosessen er regulert gjennom retningslinje for medverknad i fagmiljø og tilsetteorganisasjonar ved planar om nedlegging av studieprogram over 60 studiepoeng og tilhøyrande prosessskildring for vedtak om nedlegging av eigenfinansierte studieprogram over 60 studiepoeng.<sup>49</sup>

### 4.4 Evalueringar og nøkkeltal

Tilbakemeldingar gjennom studentundersøkingar gir informasjon om korleis studentane opplever utbytte av læringa og andre sider av studiet og læringsmiljøet. Sentrale studentundersøkingar er HVL sine rekrutteringsundersøkingar, siste semesterundersøking til alle bachelorstudium i tillegg til kandidatundersøking annakvart år (i samarbeid med Saman, UiB og NHH). I tillegg gir dei nasjonale undersøkingane som Studiebarometeret og SHoT-undersøkinga relevant informasjon.

I tillegg til det årlege arbeidet skal HVL ein gong i kvar styreperiode gjennomføre ei periodisk evaluering av den samla studieporteføljen. Evalueringa skal gi ei overordna vurdering av i kva grad studieprogramma bidrar til å løyse samfunnsutfordringane og oppfylle HVL sine strategiske målsetjingar. I 2021 gjennomførte HVL den første periodiske evalueringa av studieporteføljen. Det overordna temaet var gjennomgåande utdanningsløp, med eit særleg fokus på studentrekruttering og økonomisk berekraft i studieprogramma. Blant tilrådingane var vidare arbeid med økonomisk berekraft og bruken av basisfinansierte studieplassar.

---

<sup>48</sup> Prosess-skildring akkreditering og etablering av ph.d.-program, sjå vedlegg 4.8.

<sup>49</sup> Prosess-skildring vedtak om nedlegging av eigenfinansierte studieprogram over 60 stp, sjå vedlegg 4.9.

Tilrådingane blei gjort med atterhald om hendingar og politiske prosessar som kunne påverke dei i åra framover; til dømes pandemien, sentrale stortingsmeldingar, ny UH-lov og nytt system for finansiering av universitet og høgskular.

## **4.5 Eksempel på saker om akkreditering, revidering og nedlegging**

### **4.5.1 Akkreditering og etablering av studieprogram**

Hausten 2023 handsama Utdanningsutvalet i HVL søknad om akkreditering av bachelor i ingeniørfag, energiteknologi, og søknad om akkreditering av master i medisinsk laboratorieteknologi. Desse vart seinare vedtatt etablert av høgskulestyret.<sup>50</sup>

### **4.5.2 Nedlegging av studieprogram**

Hausten 2022 handsama Høgskulestyret søknad om nedlegging av studieprogrammet master i samfunnsarbeid frå 30.6.23.<sup>51</sup> Master i samfunnsarbeid vart lagt ned og er no ei av studieretningane i master i sosialvitenskap.

### **4.5.3 Periodisk evaluering av studieprogram**

I 2022–2023 gjennomførte høgskulen periodisk evaluering av ph.d.-programmet i datateknologi, i tråd med den gjeldande prosesskildringa då. Evalueringa vart avslutta med notat som syner oppfølgingspunkt det skal jobbast vidare med fram mot neste evaluering i 2027.<sup>52</sup>

## **4.6 Studentane si rolle i arbeidet med kvalitet**

Studentar og tilsette har eit felles ansvar for kvalitetsarbeidet. Det er viktig for HVL at studentane og ph.d.-kandidatane deltek i arbeid med å sikre kvalitet i utdanning og undervisning. Høgskulen forventar at studentane og ph.d.-kandidatar deltek aktivt i evaluering av studietilboda. Kvar enkelt student og dei tillitsvalde studentane har definerte roller og ansvar i dette arbeidet. Dei tillitsvalde studentane deltar gjennom råd og utval på ulike nivå i organisasjonen. Nokre av dei viktigaste er studieprogramråda, programutvala, læringsmiljøutvalet og utdanningsutval både i fakulteta og på institusjonsnivå.

---

<sup>50</sup> Eksempel kvalitetsarbeid: akkreditering av bachelor i elektroteknologi og master i medisinsk laboratorieteknologi, sjå vedlegg 4.10 og 4.11.

<sup>51</sup> Eksempel kvalitetsarbeid: Nedlegging av master i samfunnsarbeid, sjå vedlegg 4.12.

<sup>52</sup> Eksempel kvalitetsarbeid: Periodisk evaluering ph.d. datateknologi, sjå vedlegg 4.13.

Alle studentar kan gi tilbakemeldingar i dei faste evalueringane av utdanningane, på emne eller studieprogramnivå. Dei kan også delta i undersøkingar lokalt og nasjonalt. HVL sjølv har ansvar for sistesemesterundersøking og kandidatundersøking, medan dei nasjonale undersøkingane er til dømes Studiebarometeret og Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT). Dersom studentane og ph.d.-kandidatane ikkje er nøgde med sider ved studie- og arbeidsmiljøet, undervisninga eller anna som påverkar studiekvardagen deira, kan dei melde dette i høgskulen sitt Sei-i-frå-system. HVL har utarbeidd ein prosess for mottak, handsaming og rapportering om meldingane. Læringsmiljøutvalet og Utdanningsutvalet får ei årleg sak med rapport om «sei i frå».

HVL har etablert ei ordning med studentombod for studentane. Ombodet er ein uavhengig bistandsperson som skal gi råd og hjelp i saker knytt til studiesituasjonen. Studentombodet skal sjå til at saker blir handsama forsvarleg og korrekt, og at studentane sine rettar blir ivaretekne. Ombodet skal bidra til å løyse saker på lågast mogleg nivå i organisasjonen. Kvart halvår rapporterer studentombodet om verksemda si til rektor. Rapportane blir lagt fram for høgskulestyret, Studenttinget og Læringsmiljøutvalet til orientering. Rektor blir fortløpande orientert om spesielt alvorlege saker, eller saker som er prinsipielt viktige. Studentombodet kan på eige initiativ fremje saker direkte for høgskulestyret. Organisatorisk er studentombodet tilknytt avdeling for utdanningskvalitet.

## **4.7 Vedlegg**

- 4.1 Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane
- 4.2 Prosess-skildring: Periodiske evalueringar av studieprogram
- 4.3 Prosess-skildring: Vedtak om samla eigenfinansiert studieportefølje
- 4.4 Prosess-skildring: Akkreditering og etablering av nye studieprogram over 60 stp
- 4.5 Mal for søknad om utgreiingsløyve
- 4.6 Rettleiar for utforming av studie- og emneplanar ved HVL
- 4.7 Mal for søknad om akkreditering og etablering
- 4.8 Prosess-skildring akkreditering og etablering av ph.d.-program
- 4.9 Prosess-skildring vedtak om nedlegging av eigenfinansierte studieprogram over 60 stp
- 4.10 Eksempel kvalitetsarbeid: akkreditering av bachelor i elektroteknologi
- 4.11 Eksempel på kvalitetsarbeid: akkreditering av master i medisinsk laboratorie-teknologi
- 4.12 Eksempel kvalitetsarbeid: Nedlegging av master i samfunnsarbeid
- 4.13 Eksempel kvalitetsarbeid: Periodisk evaluering ph.d. datateknologi





## 5. Fagmiljø: Tal tilsette og kompetanseprofil

## 5. Fagmiljø: Tal tilsette og kompetanseprofil

*Studiekvalitetsforskriften § 3-7. Akkreditering som universitet*

*(1) Institusjonen skal ha tilstrekkelig antall ansatte med høy faglig kompetanse innenfor utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid, faglig utviklingsarbeid og formidling innenfor institusjonens faglige virksomhet.*

*Studietilsynsforskriften § 3-1. Krav ved akkreditering av institusjoner*

*(6) Institusjonen skal ha en relevant kompetanseprofil, og den samlede kompetansen skal vere på nivå med sammenlignbare institusjoner i samme institusjonskategori.*

HVL si forskings- og utdanningsverksemd er profesjons- og arbeidslivsretta. Fagmiljøa har høg vitenskapleg og erfaringsbasert kompetanse. Dette sikrar at utdanningane på alle nivå er forskingsbaserte og samstundes relevante for arbeidslivet. Bachelorutdanningane er den delen av studieporteføljen med flest studentane. I alt var det 16 485 studentar registrert ved HVL hausten 2023. Av desse studerte 11 160 (68 %) på bachelornivå, 3220 (20 %) på masternivå og 2105 (13 %) på dei femårige integrerte lærarutdanningane.

Utdanningsområda og volum på studentar betyr mykje for kva kompetanse HVL treng i fagmiljøa. Vi siktar mot ei balansert fordeling av forskingskompetanse, erfaring frå arbeidslivet og utdanningsfagleg kompetanse. Arbeidet med kompetanseutvikling legg til grunn at dei tilsette og fagmiljøa har den samla kompetansen som skal til for å drive god og relevant forskning, utdanning og innovasjon i samspel med arbeidslivet.

Profesjonsutdanningane i UH-sektoren har dei siste 10–15 åra hatt ein betydeleg auke i tal tilsette med første- og toppkompetanse. Dette gjeld også HVL. Bakgrunnen for dette er krav om forskingsbasert undervisning, og større forventingar til at tilsette og studentar bidrar med idé- og kunnskapsutvikling. Krava til kompetansesamansettinga av fagmiljøa er regulerte gjennom studiekvalitetsforskrifta og studietilsynsforskrifta. Høgare utdanning må leggje stor vekt på forskingsbasert undervisning som inneber utforskande lærings- og undervisningsformer og verdsetjing av kritisk tenking. Dette gjeld særleg i ei tid der ny teknologi for kunstig intelligens gjer kunnskapsproduksjon meir uoversiktleg og usikker. Auka første- og



toppkompetanse har òg vore knytt til utvikling av fleire master- og ph.d.-program, dessutan til forventingar frå politisk hald om meir vitenskapleg publisering, meir eksternfinansiert forskning og meir internasjonalt samarbeid. Det har òg handla om å kunne bidra til eit meir kunnskapsbasert og innovativt arbeidsliv, både gjennom FoU-verksemnda og gjennom kandidatar frå utdanningane.

Innanfor nokre av utdanningsområda er det mangel på vitenskapleg personell med første- og toppkompetanse, noko som særleg gjeld helse- og sosialfaga. Det viser igjen i relativt låge førstestillings-andelar i desse fagområda ved HVL og fleire av universiteta. Dei helse- og sosialfaglege doktorgradsprogramma på HVL og andre institusjonar som no er i ferd med å utdanne kandidatar, vil bidra til å rekruttere fleire vitenskapleg kvalifiserte og styrkje forskinga og kunnskapsutviklinga i helse- og sosialfaga. HVL sitt ph.d.-program Helse, funksjon og deltaking starta opp i 2019. Per januar 2024 er det 46 kandidatar inne i programmet. Eigne doktorgradsprogram er viktige for nyrekruttering av førstekompetanse. HVL vil samtidig drive kompetansebygging gjennom stipend og ekstra FoU-tid til tilsette som ønskjer å kvalifisere seg til førstestilling eller professor.

Arbeidslivsrelevans blir sterkt vektlagt i norsk kunnskapspolitik, og HVL skal også som universitet ha eit tydeleg innslag av kompetanse frå arbeidslivet utanfor academia. Det handlar om å rekruttere vitenskapleg tilsette med erfaringar frå offentlege og private verksemder, men også om å leggje til rette for at vitenskapleg tilsette kan halde kontakt med arbeidslivet og profesjonsfeltet over tid, til dømes gjennom bistillingar eller delte stillingar, hospiteringsordningar og FoU-samarbeid.

NOKUT føreset i si rettleiing til universitetsakkreditering at søkjar oppfyller krava til fagmiljø i studietilsynsforskrifta § 2-3. HVL sikrar desse krava gjennom kvalitetssystemet, dokumentert i kapittel 4, og gjennom samspelet mellom FoU og utdanning, dokumentert i kapittel 9.

Først i dette kapitlet om fagmiljø vil vi dokumentere at HVL har tilstrekkeleg tal vitenskapleg tilsette med høg kompetanse innanfor utdanning, forskning eller kunstnarisk og fagleg utviklingsarbeid og formidling. Så ser vi kompetanseprofilen opp mot høgskulen si faglege verksemd, og skildrar korleis HVL jobbar strategisk med kompetanseutvikling, både på fagleg-, administrativt- og leiingsnivå. Til sist vil vi samanlikne førstestillings- og toppkompetansen i fagmiljøa ved fakulteta med samanliknbare fagleg-administrative einingar ved universiteta, for å vise at kompetansen er på nivå med dei.

## 5.1 Tilstrekkeleg tal vitenskapleg tilsette med høg kompetanse

HVL er i norsk samanheng ein stor UH-institusjon. Frå Tabell 5.1 ser vi at HVL har fleire vitenskaplege årsverk enn dei fleste samanliknbare universiteta. Berre OsloMet ligg over. Det utgjer eit solid grunnlag for ei omfattande fagleg verksemd innanfor FoU, utdanning, innovasjon og formidling.

Tabell 5.1: Utvikling i tal vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
OsloMet	1 159	1 125	1 196	1 261	1 258
Høgskulen på Vestlandet	989	1 008	1 068	1 095	1 109
Universitetet i Sørøst-Noreg	957	958	995	1 053	1 037
Nord universitet	694	681	672	716	736
Høgskolen i Innlandet	518	544	647	682	674

KJELDE: DBH, STATISTIKK FOR TILSETTE. TALA INKLUDERER IKKJE STIPENDIATAR, SPESIALISTKANDIDATAR OG VIT. ASSISTENTAR

For å dokumentere tilstrekkeleg tal vitenskapleg tilsette gir det mest meining å sjå det i høve til mengda studentar, til dømes talet studentar per vitenskaplege årsverk.<sup>53</sup> I samband med akkrediteringar og kvalitetsvurdering av fagmiljø er det standard å sjå på eit lågt tal studentar per vitenskaplege årsverk som eit kvalitetsteikn, som viser at institusjonen har nok vitenskapleg tilsette til å drive forskingsbasert utdanning.<sup>54</sup> NOKUT-komiteen som vurderte Høgskolen i Oslo og Akershus sin universitetssøknad, legg dette kvalitetsperspektivet til grunn når dei skriv: «Vi ser her en positiv utvikling hos HiOA med et synkende antall studenter per førstestillingsårsverk.»<sup>55</sup> Tilsvarende kvalitetsperspektiv legg NOKUT-komiteen som vurderte den første universitetssøknaden til Høgskolen i Innlandet til grunn.<sup>56</sup> Tabell 5.2 viser at HVL ligg godt an i gruppa med dei samanliknbare universiteta. USN, OsloMet og HINN har fleire studentar per vitenskaplege årsverk enn det HVL har, medan berre Nord universitet har færre.

<sup>53</sup> Vi bruker her indikatoren studentar per årsverk. Tala for studentar (*heiltidsekvivalentar*) per årsverk eller for studiepoeng per årsverk eller per førstestillingsårsverk gir omtrent same biletet.

<sup>54</sup> Mange studentar per vitenskaplege årsverk kan òg vere eit teikn på effektivitet, slik denne indikatoren blir brukt som nasjonal styringsparameter, og eit høgt tal er i den samanhengen positivt.

<sup>55</sup> NOKUT 2017 Høgskolen i Oslo og Akershus. Akkreditering som universitet, s. 13.

<sup>56</sup> NOKUT 2020 Høgskolen i Innlandet. Søknad om akkreditering som universitet, s. 15-19.

Tabell 5.2: Studentar per vitenskapleg årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
Nord universitet	12,9	13,6	13,8	12,6	12,1
Høgskulen på Vestlandet	14,4	13,7	14,0	13,0	12,6
Universitetet i Sørøst-Noreg	15,9	15,9	15,2	13,6	14,0
OsloMet	15,1	16,1	15,1	14,3	14,9
Høgskolen i Innlandet	23,3	24,2	20,9	18,0	18,1

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM TILSETTE. VITSKAPLEG ÅRSVERK OMFATTAR HER KATEGORIEN UNDERVISNINGS-, FORSKINGS- OG FORMIDLINGSSTILLINGAR (UN).

Samanliknar ein med dei eldre universiteta, UIO, UIB, UIT, NTNU, UIS og UIA, har alle med unntak av Universitetet i Agder eit lågare tal studentar pr vitenskapleg årsverk enn universiteta i tabellen over. Det har å gjere med mellom anna profil, portefølje, spesialfunksjonar og historiske skilnader i basisfinansiering. Til dømes hadde Universitetet i Oslo samla sett berre 6,3 studentar per vitenskapleg årsverk i 2023. Medan medisin- og realfagsutdanningane ligg langt lågare enn det igjen, er talet på Det utdanningsvitenskaplege fakultetet på UiO på 13,1 studentar per vitenskaplege årsverk i 2023, altså høgare enn både HVL samla sett og HVL sitt Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett spesielt (sjå Tabell 5.3).

Det viser at fagleg eigenart har mykje å seie for forholdstalet. Derfor er det her mest relevant å samanlikne HVL med dei universiteta som har ein liknande fagleg profil, og desse er HVL fullt ut på nivå med. Som Tabell 5.3 viser, er det liten skilnad internt mellom dei tre fakulteta på HVL.

Tabell 5.3: Tal studentar per vitenskapleg årsverk ved fakulteta på HVL, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	15,0	13,1	13,9	12,7	12,4
Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap	14,0	14,3	14,4	13,3	13,0
Fakultet for helse- og sosialvitenskap	14,7	14,6	14,3	13,8	13,2

KJELDE: DBH, STATISTIKK FOR STUDENTAR. VITSKAPLEG ÅRSVERK OMFATTAR HER KATEGORIEN UNDERVISNINGS-, FORSKINGS- OG FORMIDLINGSSTILLINGAR (UN).

## 5.2 Relevant kompetanseprofil

Solide fagmiljø i vekst med høg internasjonal kvalitet i utdanning, forskning, innovasjon og formidling står sentralt for HVL. Sidan fusjonen i 2017 har det vore eit mål å auke delen tilsette med første- og toppkompetanse. Førstekompetansen har auka frå 53 % i 2018 til 63 % i 2023, medan tilsvarende auke for toppkompetansen har vore frå 12,5 % til 16,2 %. Målet om 65 prosent førstekompetanse innan 2025, som i 2019 blei avtalefesta med KD gjennom den såkalla gevinstrealiseringsplanen for fusjonen, er innanfor rekkjevidde.

Med sin profesjons- og arbeidslivsretta profil blir kompetansen ved HVL bygd i samhandling med samfunns- og arbeidslivet. Arbeidslivsrelevans omhandlar samarbeid både om utdanning, forskning og innovasjon. Nok vitenskapleg tilsette med erfaring frå og god kjennskap til arbeidslivet er heilt naudsynt for at det nye universitetet skal fylle si samfunnsrolle. Profilen på vitenskapleg tilsette ved HVL er tilpassa dei store profesjonsfagområda. Det inneber eit nært samarbeid med arbeidslivet og krev en god del tilsette med relevant, oppdatert praktisk erfaring.

Det å byggje opp ein god forskingskultur er sentralt for ein høgskule som vil bli universitet. Her handlar det både om å heve den vitenskaplege kompetansen og FoU-arbeidet blant dei tilsette ein allereie har, og om å rekruttere nye tilsette som kan styrkje forskinga på høgskulen sine kjerneområde. Vi vektlegg å skape gode strukturelle rammer og ein kultur for å initiere forskingsprosjekt, som hovudregel om eller saman med samfunns- og arbeidslivet. Då kan ein både identifisere kva relevant kompetanse kandidatane bør ha med seg når dei skal ut i jobb, og vere med på å utvikle næringsliv og offentleg verksemd. Det er gjennom samhandling ein fremjar relevant kompetanseprofil i HVL sine fagmiljø.

I det følgjande viser vi først korleis HVL jobbar strategisk med kompetanseutvikling, før vi dokumenterer utviklinga i kompetansesamansetjinga for dei vitenskapleg tilsette dei siste fem åra.

### 5.2.1 Strategisk kompetanseutvikling

Rekruttering av vitenskapleg tilsette med høg kompetanse er avgjerande for å styrkje forskning, forskingsbasert undervisning, kvalitet i studieprogramma og samspelet med omverda. Sidan fusjonen i 2017 har kompetansebygging vore eit satsingsområde ved HVL, og kvart år har det vore sett av strategiske midlar til formålet. Interne tiltak for å auke delen med topp- og førstekompetanse inkluderer ulike kompetansestipend, posisjoneringsstipend, ph.d.-stipend, ph.d.-fullføringsstipend, postdok-stillingar og kompetansehevingsstipend for kvinner mot toppkompetanse. I tillegg har samla FoU-tid auka (sjå kapittel 9 for detaljar).

I 2020 løyvde HVL-styret ekstraordinære utviklingsmidlar på 50 millionar frå det oppsparte universitetsfondet til 13 strategisk viktige forskargrupper. Midlane blei brukt til å finansiere internasjonale professor II-stillingar, postdok-stillingar og ekstra tilskot til arbeid med søknader til EU-programma. Forutan å bidra til kompetansebygging i fagmiljøa har desse midlane også blitt brukt til internasjonal nettverksbygging, søknader om eksternfinansiert forskning og auka vitenskapleg publisering.

På administrativ side har HR-avdelinga ved HVL utvikla eit felles digitalt verktøy for kompetansekartlegging, tatt i bruk frå 2021 (Kompis, sjå 2.5.4.). Systemet gir oversikt over vitenskapleg tilsette sin kompetanse per dags dato, i tillegg til prognosar for åra som kjem, og blir brukt til å kartleggje behov og identifisere kva område ein bør satse på, på fellesnivå, ved fakulteta og ved institutta. Dei fellesadministrative tenestene har vore styrkte innanfor mellom anna bibliotek, forskingsstøtte, internasjonalisering og forskingsetikk.

Det har vore ei norm dei siste åra at nye fast vitenskapleg tilsette skal ha førstekompetanse. I nokre tilfelle har det vore formålstenleg å gjere unntak frå denne norma, når vi ikkje har fått aktuelle førstekompetente søkjarar eller vi med tanke på fagmiljøet totalt sett har hatt størst behov for oppdatert arbeidslivserfaring. Likevel er resultatet ein god auke i delen vitenskapleg tilsette med førstekompetanse dei siste åra, frå 53 % etter fusjonen i 2018 til 63 % fem år seinare. Det har skjedd samtidig som talet på vitenskaplege årsverk totalt har auka, slik at auken i årsverk med førstekompetanse har vore frå 517 i 2018 til 700 i 2023.<sup>57</sup>

Rekruttering av tilsette i delte eller kombinerte stillingar mellom HVL og arbeidslivet er ei anna tilnærming til strategisk kompetanseutvikling, og viktig med tanke på den profesjons- og arbeidslivsretta profilen. Det er blitt rekruttert over 60 medarbeidarar i delte eller kombinerte stillingar i stillingsstorleik 20 til 80 prosent. Dei har hovudstilling i barnehagar, skular, idrett, kommunehelseteneste, helseføretak eller industrien.

Omtrent ein tredel av dei vitenskapleg tilsette ved HVL har ikkje førstekompetanse. Det er ikkje eit mål at alle skal ha det, men alle vitenskapleg tilsette frå og med nivået høgskulelektor kan få tid til FoU og fagleg fornying (sjå Kapittel 9 om samspel mellom FoU og utdanning for detaljar). Forskargruppene er ein struktur for å byggje fagmiljø på tvers av kompetansenivå. Forskargruppene er sett saman av vitenskapleg tilsette med og utan første- og toppkompetanse, dessutan stipendiatar og i nokre tilfelle masterstudentar. Forskargruppene bidrar til å byggje forskingskultur på tvers av kompetansenivå, både rundt spesifikke forskingsaktivitetar/-prosjekt og knytt til utvikling av nye forskingsområde.

Ph.d.-programma er sentrale i den strategiske kompetansebygginga. Særleg på felt der det nasjonalt sett er mangel på førstestillingskvalifiserte, må HVL i stor grad sjølv utvikle kompetansen frå mastergrad via ph.d. til førstekompetanse. Doktorgradsprogrammet Helse,

---

<sup>57</sup> Kjelde: DBH, statistikk for tilsette.

funksjon og deltaking har derfor, som dei andre doktorgradsprogramma, fått tilført egne strategiske stipendiatstillingar, i tillegg til sin del av dei faste KD-stipendiatstillingane.

Avdeling for utvikling av læring og undervisning (ALU) har som kjerneoppgåve å fremje kvaliteten på læring og undervisning. Avdelinga blei oppretta i 2019 som strategisk organisatorisk grep for å heve den utdanningsfaglege kompetansen hos dei tilsette, og bidra til at fleire får opprykk til første- eller toppstilling. Avdelinga driv i dag eit studieprogram i universitetspedagogikk, primært for dei som treng å dokumentere kravet til utdanningsfagleg kompetanse for å få stillingsopprykk. Avdelinga driv også ulike kompetansehevingstilbod knytt til nettstøtta og fleksibel undervisning. For å stimulere til og anerkjenne høg undervisningskompetanse har HVL også etablert ei ordning der tilsette kan søke om status som merittert undervisar. Dei første fem fekk status som «meritterte undervisarar» i 2022, og i 2023 fekk ytterlegare ni denne statusen.

### 5.2.1 Samanlikning av kompetanseprofil

Både når det gjeld kompetanse og forskingsaktivitet har vi valt å samanlikne HVL med norske universitet som har ein liknande profil som HVL. På institusjonsnivå dreier dette seg om dei universiteta som har ein portefølje prega av profesjonsfag: Nord universitet, OsloMet og Universitetet i Sørøst-Noreg. Vi tar også med Høgskolen i Innlandet her, som er i prosess med si universitetsakkreditering.

Samla oversikt over fordeling av vitenskaplege årsverk etter kategoriar (Tabell 5.4) viser berre mindre forskjellar på relevant kompetanseprofil mellom dei samanliknbare norske universiteta, Høgskolen i Innlandet (HINN) og HVL. Den institusjonen HVL liknar mest på i omfang og fordeling av vitenskapleg årsverk, er Universitetet i Sørøst-Noreg (USN). USN har som HVL ein klar profil som profesjonsretta, arbeidslivsorientert og samfunnsrelevant. Det er også likheitstrekk med kompetanseprofilen til Nord universitet og Høgskolen i Innlandet. OsloMet skil seg ut frå dei andre, med høgare del «førstemanuensis/forskar 2/forskingssjef» og «professor/dosent/forskar 1», noko som i hovudsak skuldast mange forskar 1- og forskar 2-årsverk.



Tabell 5.4: Fordeling av vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2023.

	HVL	HINN	Nord	OsloMet	USN
Høgskole-/universitetslærer	2 %	1 %	3 %	2 %	2 %
Høgskole-/universitetslektor/forskar 3/amanuensis	30 %	26 %	27 %	22 %	27 %
Førsteamanuensis/forskar 2/forskingssjef	29 %	31 %	29 %	33 %	29 %
Førstelektor	9 %	6 %	7 %	6 %	10 %
Professor/dosent/forskar 1	14 %	16 %	15 %	19 %	17 %
Postdoktor	2 %	2 %	1 %	2 %	1 %
Stipendiat	12 %	17 %	18 %	16 %	14 %
Vitenskaplege årsverk totalt	1 272	815	910	1 510	1 219

KJELDE: DBH (STATISTIKK OM TILSETTE). VITSKAPLEGE ÅRSVERK BLIR HER DEFINERT SOM ALLE ÅRSVERK I UNDERVISNINGS- OG FORSKARSTILLINGAR (UN1) OG REKRUTTERINGSSTILLINGAR (UN2), UNNTATT SPESIALISTKANDIDATAR OG VIT. ASSISTENTAR. TOTALTALET ER LITT HØGARE ENN I TABELL 5.1 FORDI STIPENDIATAR ER MEDREKNA I DENNE TABELLEN.

## 5.2.2 Vitenskapleg kompetanse på institusjonsnivå

HVL har, som vi ser av Tabell 5.5, hatt ein kraftig auke i del vitenskaplege årsverk i førstestillingar sidan fusjonen i 2017. Det er resultat av ei sterk satsing både på intern kompetanseheving og på rekruttering av nye fast tilsette med førstekompetanse. Hausten 2023 ligg HVL framleis litt under dei fleste andre samanliknbare universiteta, som alle har hatt ein auke i vitenskapleg kompetanse etter at dei blei universitet.

Tabell 5.5: Del årsverk i førstestillingar av vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2018-2023.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
OsloMet	65 %	67 %	70 %	68 %	70 %	73 %
Universitetet i Sørøst-Noreg	59 %	61 %	63 %	64 %	66 %	68 %
Høgskolen i Innlandet	58 %	58 %	60 %	59 %	65 %	67 %
Nord universitet	60 %	62 %	64 %	63 %	63 %	63 %
Høgskulen på Vestlandet	53 %	56 %	58 %	58 %	59 %	63 %

KJELDE: DBH (NOKUT-PORTALEN). VITSKAPLEGE ÅRSVERK BLIR HER DEFINERT HER SOM ALLE ÅRSVERK I UNDERVISNINGS- OG FORSKARSTILLINGAR (UN1) OG REKRUTTERINGSSTILLINGAR (UN2), UNNTATT STIPENDIATAR, SPESIALISTKANDIDATAR OG VIT. ASSISTENTAR.

For del toppstillingar hadde HVL først ein auke og så utflating frå 2019 til 2022, medan tendensen igjen er stigande i 2023 (Tabell 5.6). HVL ligg når det gjeld toppkompetanse litt under dei samanliknbare universiteta, der auken også har vore nokså moderat i desse åra. Samtidig er forskjellane ganske små, og ein kan seie at HVL ligg omtrent på same nivå som dei samanliknbare universiteta. Det er Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett som har hatt den mest markante og jamne auken i toppkompetansen i desse åra, sjå Figur 5.2 i neste underkapittel.

Tabell 5.6: Del årsverk i toppstillingar av vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2018-2023.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Universitetet i Sørøst-Noreg	16,0 %	16,3 %	18,0 %	19,6 %	19,3 %	20,1 %
Høgskolen i Innlandet	18,1 %	17,2 %	18,0 %	17,5 %	18,3 %	19,4 %
OsloMet	13,2 %	15,1 %	17,3 %	17,6 %	18,1 %	19,0 %
Nord universitet	17,8 %	18,6 %	18,9 %	17,9 %	17,4 %	18,0 %
Høgskulen på Vestlandet	12,5 %	14,1 %	14,9 %	15,0 %	15,1 %	16,4 %

KJELDE: DBH (NOKUT-PORTALEN). VITSKAPLEGE ÅRSVERK BLIR HER DEFINERT HER SOM ALLE ÅRSVERK I UNDERVISNINGS- OG FORSKARSTILLINGAR (UN1) OG REKRUTTERINGSSTILLINGAR (UN2), UNNTATT STIPENDIATAR, SPESIALISTKANDIDATAR OG VIT. ASSISTENTAR.

### 5.2.3 Vitenskapleg kompetanse ved dei tre fakulteta


Tabell 5.7, Figur 5.1 og Figur 5.2 viser kompetanseprofilen for dei tre HVL-fakulteta per 2023 og korleis førstestilling- og toppkompetansen har utvikla seg sidan fusjonen. Det er naturleg med noko variasjon mellom dei tre fakulteta, gitt ulike fagtradisjonar og ulik portefølje av studieprogram.

Tabell 5.7: Kompetanseprofil for fakulteta ved HVL pr. 1. oktober 2023.

	Vitenskaplege årsverk totalt*	Årsverk førstestillingar	Førstestillings- årsverk av vitenskaplege årsverk	Årsverk professor og dosent	Professor- og dosent- årsverk av vitenskaplege årsverk
Fakultet for helse- og sosialvitenskap	352	166	47 %	40	11,5 %
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	412	290	70 %	77	18,7 %
Fak for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap	339	240	71 %	64	18,9 %
Heile HVL	1109	700	63 %	181	16,4 %


KJELDE: DBH (STATISTIKK OM TILSETTE). \* VITSKAPLEGE ÅRSVERK BLIR HER DEFINERT HER SOM ALLE ÅRSVERK I UNDERVISNINGS- OG FORSKARSTILLINGAR (UN1) OG REKRUTTERINGSSTILLINGAR (UN2), UNNTATT STIPENDIATAR, SPESIALISTKANDIDATAR OG VIT. ASSISTENTAR.

Figur 5.1: Del førstestillingsårsverk ved fakulteta, 2018-2023. Del førstestillingskompetente årsverk av alle vitenskaplege årsverk (stipendiatar unnateke) per 1. oktober 2023.



KJELDE: NSD/DBH

Figur 5.2: Del toppkompetanse ved fakulteta, 2018-2023. Del toppkompetente årsverk av alle vitenskaplege årsverk (stipendiatar unnateke) per 1. oktober 2023.



KJELDE: NSD/DBH


Dei tilsette sin kompetanse skal vere den rette for den faglege verksemda, og må sjåast i samanheng med kva for studieprogram HVL har, og på kva slags nivå. Ein måte å underbygge at HVL har tilstrekkeleg relevant kompetanse for dei studieprogramma vi tilbyr, er å samanlikne del årsverk i første- og toppstillingar på eit fagområde ved HVL og tilsvarende fagområde ved dei norske universiteta.

Viss vi tar utgangspunkt i dei overordna fagområda ved HVL og samanliknar dei med tilsvarende fagområde ved universiteta, gir det eit inntrykk av kva som er «på nivå med» del første- og toppstillingar ved norske universitet. I det følgjande blir dei tre fakulteta til HVL sett opp mot tilsvarende einingar ved universiteta. Einingane som blir samanlikna er ikkje heilt like, då både storleiken på og organiseringa av studieporteføljen vil variere frå institusjon til institusjon. Samanlikningane gir likevel eit bilete av kor HVL sine fagmiljø står samanlikna med dei norske universiteta når det gjeld del første- og toppkompetanse, og er meir relevante enn å sjå på gjennomsnittet for heile institusjonen.

#### 5.2.4 Vitskapleg kompetanse ved Fakultet for helse- og sosialvitskap

Helse- og sosialfaga har dei siste tiåra utvikla seg frå å vere profesjonsretta høgskulefag, mest på bachelornivå, til å bli universitetsfag med stigande del på masternivå. Figur 5.3 og Figur 5.4 viser utvikling i første- og toppstillingsdelen ved FHS og dei samanliknbare fakulteta og institutta ved universiteta og HINN i åra 2018–2023.<sup>58</sup> Vi ser at HVL kompetansemessig er om lag på nivå med USN og HINN. OsloMet ligg ein del høgare enn desse tre, noko som kanskje dels speglar det at institusjonen med sin lokalitet midt i hovudstaden lettare klarer å rekruttere vitskapleg tilsette med første- og toppkompetanse, enn dei andre tre institusjonane.


Figur 5.3: Førstestillingsdel ved FHS-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2018–2023.



DEL FØRSTESTILLINGSKOMPETENTE ÅRSVERK AV ALLE VITSKAPLEGE ÅRSVERK (STIPENDIATAR UNNATEKE), PER 1. OKTOBER.  
KJELDE: NSD/DBH

<sup>58</sup> OsloMet: Fakultet for helsevitenskap og Institutt for sosialfag (ved Fakultetet for samfunnsvitenskap). USN og HINN: Fakultet for helse- og sosialvitenskap.

Figur 5.4: Toppkompetanse ved FHS-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2018–2023.



DEL TOPPKOMPETENTE ÅRSVERK AV ALLE VITSKAPLEGE ÅRSVERK (STIPENDIATAR UNNATEKE) PER 1. OKTOBER. KJELDE: NSD/DBH.

Som det kjem fram av dei to figurane, er det berre sosial- og helsefagmiljøa ved OsloMet som har hatt ein tydeleg auke i vitenskapleg kompetanse dei siste fem åra. For HVL og dei to andre institusjonane er kompetansenivået omtrent det same i 2023 som det var i 2018 – med unntak av førstekompetansen ved HINN. Utflatinga i første- og toppkompetanse på dette fagfeltet desse åra skyldast altså mellom anna ein generell nasjonal mangel på vitenskapleg første- og toppkvalifiserte, og dels eit stort generasjonsskifte særleg innan helsefaga. Det er ein motivasjon for vidare satsingar på master- og ph.d.-nivå for å imøtekomme det store kompetansebehovet i helsesektoren.

I tillegg til det potensialet som ligg i ph.d.-programma knytt til fakultetet, blir det jobba med intern kompetanseheving og nyrekruttering. I åra 2020–2023 blei det satt av betydelege strategiske midlar til dette, i form av professorstipend, postdok-stillingar, eigenfinansierte stipendiatstillingar, posisjoneringsstipend for høgskulelektorar, professor II-stillingar, dessutan ekstra ressurs på HR for å hjelpe med rekruttering.<sup>59</sup> FHS lyser òg ut fleire stillingar i Skandinavia for å betre rekrutteringa. Frå 2022 stimulerer og støttar fakultetet også fagtilsette som vil søkje om å bli merittert undervisar.

Utflatinga i del med første- og toppkompetanse ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap kjem òg som ein ikkje tiltenkt sideeffekt av ein auke i studenttala. Auken har dels komme som

<sup>59</sup> FHS årsplan 2022, s. 6 og s. 14, samt FHS årsrapport 2020, s. 15.

resultat av krav frå politisk side om fleire studieplassar. Som konsekvens av dette har ein i perioden 2018–2023 måtta auke den vitskapelege staben ved fakultetet med rundt 70 årsverk, frå 280 til 350 (25 prosent) for å dekkje undervisnings- og praksisrettleiingsbehovet. Fakultetet har måtta tilsetje fagpersonell utan førstekompetanse, der det ikkje var søkjarar med førstekompetanse eller for å dekkje behovet for fersk arbeidslivserfaring i fagmiljøa. Ein kan vente at delen førstekompetente ved fakultetet vil auke dei neste åra, når det kjem ut fleire kandidatar frå HVL sitt eige ph.d.-program Helse, funksjon og deltaking; sjå kapittel 7 for prognosar.

### 5.2.5 Vitskapeleg kompetanse ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

HVL sitt største fakultet, både når det gjeld tilsette og studentar, er Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI). Tradisjonelt har dei integrert lærarutdanningane for barne- og ungdomstrinnet vore høgskulane sitt ansvar, organisert som fireårige bachelorutdanningar. Innføringa av dei femårige grunnskulelærarutdanningane frå 2018 gjer at det krevst høgare formell vitskapeleg kompetanse hos dei fagtilsette enn før, for å kunne drive mastergradprogramma. Strukturreforma har også gjort at dei fleste som no studerer for å bli lærer, gjer det ved eit universitet.

Figur 5.5 og Figur 5.6 viser status per 2023 for første- og toppstillingsdelen ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett og dei samanliknbare fakulteta og institutta ved universiteta og HINN.<sup>60</sup> Vi ser at FLKI ligg heilt i toppen på begge desse indikatorane for vitskapeleg kompetanse, etter å ha hatt ei jamn auke sidan fusjonen (sjå Figur 5.1 og Figur 5.2 over). Desse tala for Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett viser at kompetansen i fakultetet heilt klart er på nivå med kompetansen i tilsvarende fagmiljø ved universiteta.

---

<sup>60</sup> Ved NTNU og UiT Noregs arktiske universitet er lærarutdanningane lagt til institutt; for dei andre universiteta og HINN er dei – som på HVL – lagt til heile fakultet. Einingane for samanlikning er: OsloMet: Fakultet for lærarutdanning og internasjonale studier. HINN: Fakultet for lærarutdanning og pedagogikk. NTNU: Institutt for lærarutdanning (ved Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap). Nord: Fakultet for lærarutdanning og kunst- og kulturfag. USN: Fakultet for humaniora, idretts- og utdanningsvitenskap. UiT – Noregs arktiske universitet: Institutt for lærarutdanning og pedagogikk (ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning).




Figur 5.5: Førstestillingsdelen ved FLKI-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023.



DEL FØRSTESTILLINGSKOMPETENTE ÅRSVERK AV ALLE VITSKAPLEGE ÅRSVERK (STIPENDIATAR UNNATEKE) PER 1.10.2023. KJELDE: NSD/DBH.

Figur 5.6: Toppkompetansen ved FLKI-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023.



DEL TOPPKOMPETENTE ÅRSVERK AV ALLE VITSKAPLEGE ÅRSVERK (STIPENDIATAR UNNATEKE) PER 1.10.2023. KJELDE: NSD/DBH.


### 5.2.6 Vitenskapelig kompetanse ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS) ligg høgast av dei tre fakulteta på HVL når det gjeld begge nivåa vitenskapelig kompetanse. Fakultetet set av vesentlege ressursar til kompetanseheving ved å tildele fakultetsfinansierte stipendiatstillinger og kvalifiseringsstipend/ekstra forskningstid, for interne som ønskjer å fullføre førstelektor-, førsteamanuensis- og dosent/professor-kvalifiseringsløps. Samstundes er fakultetet opptekne av å ha ein god kompetanseemiks, der ein òg rekrutterer tilsette med bakgrunn frå næringslivet – typisk til stillingar som høgskulelektor. Å ha denne kombinasjonen av kompetanse er avgjerande for å utvikle den anvendte forskinga og sikre arbeidslivsrelevans i utdanningane.

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap er nytt frå 1. januar 2024, og representerer ei stor fagleg breidde. Det å samanlikne kompetansenivået på fakultetet med omtrent tilsvarende fagmiljø ved universiteta er krevjande, og vi vil gjere det i to omgangar. Først samanliknar vi dei mest ingeniør- og teknologiorienterte institutta på FTMS med omtrent tilsvarende einingar ved universiteta. Så samanliknar vi den nyoppretta Handelshøgskulen på HVL med handelshøgskulane ved universiteta. Då er det berre det maritime fagmiljøet ved fakultetet som ikkje blir fanga opp, det er snakk om i underkant av 20 UFF-årsverk.<sup>61</sup>

Figur 5.7 og Figur 5.8 samanliknar første- og toppstillingsnivået ved FMFS med tilsvarende fagmiljø knytt til teknologi- og ingeniørfag ved universiteta.<sup>62</sup> For førstekompetanse ligg HVL omtrent på nivå med Universitetet i Agder, og eit godt stykke over Fakultet for ingeniørvitenskap og teknologi ved UiT Noregs arktiske universitet. HVL ligg òg eit stykke over UiT når det gjeld toppkompetanse, men eit stykke under dei andre universiteta.

Figur 5.7: Førstestillingsdel ved dei ingeniør- og teknologiorienterte delane av FTMS samanlikna med liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023.



DEL FØRSTESTILLINGSKOMPETENTE ÅRSVERK AV ALLE VITSKAPLEGE ÅRSVERK (STIPENDIATAR UNNATEKE), PER 1. OKTOBER.  
KJELDE: NSD/DBH.

<sup>61</sup> Inntil 2024 låg desse i Institutt for maritime studier i Fakultetet for økonomi og samfunnsvitenskap, medan dei frå 2024 er del av det nye Institutt for maskin- og maritime studium ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap. Ein del av desse bidrar inn mot den felles ph.d.-graden i Nautiske operasjonar.

<sup>62</sup> HVL: Fakultet for ingeniørvitenskap og teknologi (som frå 1. januar 2024 er del av Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap). OsloMet: Institutt for bygg- og energiteknikk, Institutt for informasjonsteknologi og Institutt for maskin, elektronikk og kjemi – alle tre institutta ved Fakultet for teknologi, kunst og design (FKD). USN: Fakultet for teknologi, naturvitenskap, minus Institutt for maritime operasjonar. UiT – Noregs arktiske universitet: Fakultet for ingeniørvitenskap og teknologi. UiA: Fakultet for teknologi og realfag.


Figur 5.8: Toppkompetanse ved dei ingeniør- og teknologiorienterte delane av FTMS samanlikna med liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023.



DEL TOPPKOMPETENTE ÅRSVERK AV ALLE VITSKAPLEGE ÅRSVERK (STIPENDIATAR UNNATEKE) PER 1. OKTOBER. KJELDE: NSD/DBH


Figur 5.9 og Figur 5.10 viser første- og toppkompetansen ved alle handelshøgskulane ved HVL, HINN og universiteta. HVL ligg nedst når det gjeld førstekompetanse, men er likevel på nivå med nedre sjiktet av universiteta. Når det gjeld toppkompetansen, er HVL i nedre sjikt, saman med Nord universitet og Høgskolen i Innlandet.

Figur 5.9: Førstestillingsdel ved handelshøgskulane, 2023.



KJELDE: NSD/DBH.

Figur 5.10: Del toppkompetanse ved handelshøgskulane, 2023.



KJELDE: NSD/DBH

### 5.3 Oppsummering

HVL sin profesjons- og arbeidslivsretta profil tilseier at relevant kompetanse i fagmiljøa må innehalde ein god balanse mellom vitenskapleg kompetanse, utdanningsfagleg kompetanse og kompetanse frå arbeidslivet utanfor academia. Ein noko høgare del vitenskapleg tilsette med første- og toppkompetanse har vore eit mål gitt høgskulens auka ambisjonar for forskning, vitenskapleg publisering, eksternfinansierte forskingsprosjekt og internasjonalt samarbeid. Auka del første- og toppkompetanse har også vore knytt til utvikling av ph.d.-program, fleire mastergradprogram og integrerte femårige lærarutdanningar. Resultatet er ein betydeleg auke i del førstestillingsårsverk på berre få år. HVL har også hatt ein auke i del med toppkompetanse, og jobbar vidare med å auke den ytterlegare, både gjennom nyrekruttering og interne kompetansehevingstiltak. Samstundes blir det arbeidd med å sikre den arbeidslivskompetansen som HVL med sin profil bør ha for å vere relevant.

Det er ikkje eit mål at alle vitenskapleg tilsette ved HVL skal ha førstekompetanse, men alle skal drive med forskings- og utviklingsarbeid for å halde kunnskapen oppdatert og kunne drive forskingsbasert utdanning. Det er også eit viktig poeng, ut frå den profesjons- og arbeidslivsretta profilen, at kompetanse også blir rekruttert målretta frå relevant profesjons- og arbeidsliv i og utanfor academia, og at denne blir halden ved like over tid. Rett kompetansesamansetjing er noko ein får til over ein viss periode, og kan ikkje sjåast som eit augeblikksbilete eit visst år. Forskargruppene er ein viktig struktur og arena for fagleg utvikling, der vitenskapleg tilsette både med og utan førstekompetanse deltar i kompetansebygging og samarbeider om forskings- og utviklingsarbeid. Sjå meir om forskargruppane i kapittel 9, om samspel mellom FoU- og utdanningsverksemda.



## 6. Doktorgradsområde



## 6. Doktorgradsområde

*Studiekvalitetsforskriften § 3-7. Akkreditering som universitet*

*(3) Institusjonen skal ha rett til å tildele doktorgrad alene på minst fire fagområder. De fire doktorgradsstudiene skal vere godt dekkjende for institusjonens faglige profil. To av disse skal vere sentrale for regionale virksomheters verdiskapning, samtidig som fagområdene også må ha nasjonal betydning.*

*(4) Doktorgradsområdene skal dekke vesentlige deler av institusjonens faglige virksomhet.*

HVL har fire egne ph.d.-program, dessutan ein fellesgrad saman med USN, NTNU og UiT Noregs arktiske universitet. I dette kapittelet gjer vi greie for korleis dei fire egne doktorgradsprogramma er dekkjande for HVL sin faglege profil, og korleis dei dekkjer vesentlege delar av den faglege verksemda. Det viser seg i at dei fleste gradgivande studieprogramma er knytt til gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor via master til ph.d., og til forskingsverksemda. Vi dokumenterer også at ph.d.-programma er viktige for verdiskapinga i regionale verksemder, samtidig som fagområda har nasjonal betydning. HVL sine ph.d.-program blei akkrediterte frå 2014–2019. Kandidatproduksjonen er stigande, og regional og nasjonal betydning vil auke tilsvarende framover.

### **6.1 Doktorgradsområda og den faglege profilen og verksemda ved HVL**

Dei fem doktorgradsprogramma til HVL støttar opp under vår profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dei er tett knytt opp mot dei store profesjonsutdanningane for lærarar, helse- og sosialarbeidarar og ingeniørar, dessutan mot innovasjon og IKT i privat og offentleg sektor. HVL driv tett samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i regionen, og har tett dialog med offentleg og privat sektor gjennom ulike arenaer, nettverk og konkrete prosjekt.


Som hovudregel tilbyr fakulteta gjennomgåande utdanningsløp til studentane frå bachelor til ph.d. Det har vore jobba mykje dei siste åra med å byggje gjennomgåande utdanningsløp. Her er ph.d.-programma på HVL og året dei blei akkreditert av NOKUT:



- Studiar av danning og didaktiske praksisar (SDDP): 2014
- Datateknologi (DT): 2016
- Helse, funksjon og deltaking (HFD): 2019
- Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG): 2019
- Nautiske operasjonar (NO): 2016, fellesgrad med USN, NTNU og UiT

I all hovudsak kan alle kandidatar frå HVL sine 48 bachelorprogram gå vidare til eit av våre 37 masterprogram, og kandidatar frå masterprogramma våre gå vidare til eit av dei fem ph.d.-programma. Nokre kandidatar kan gå vidare til master- og ph.d.-program på andre fakultet enn der dei tok grunnutdanninga si, og ph.d.-programmet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* går på tvers av to fakultet. Samspel på tvers av etablerte faggrenser er eit verkemiddel for å skaffe fram kunnskap og kandidatar som kan bidra til å løyse komplekse samfunnsutfordringar. Opptaksvegar, studieprogram og forskarprosjekt på tvers av fakultet gjer at studentar og tilsette kan krysse organisatoriske og faglege grenser i utdannings- og forskingsverksemda.

Figur 6.1: Ph.d.-programma og vertsfakultet.



HVL er ein aktiv deltakar på ei rekkje møteplassar med samfunns- og arbeidslivet i regionen. Det gjeld faste møtearenaer knytt til ulike nettverk og klynger, profesjonar og yrker som er relevante for den faglege verksemda. Det gjeld også større konferansar og seminar i regi av næringsråd eller næringsklynger. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett deltar i samarbeidsforum koordinert av statsforvaltarane og i faste møte med regionale kompetanse-regionar. Eit viktig tema i dette samarbeidet er knytt til Utdanningsdirektoratet si tilskottsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og skule. Fakultet for helse- og sosialvitenskap har etablert fast møtestruktur med helseføretaka, og møter kommunehelsetenesta i samarbeidsarenaer på tvers av kommunar. Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi og Idrettsklynge Vest er døme på samarbeidspartnarar for både Fakultet for helse- og sosialvitenskap og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, medan Alrek helseklynge er ein arena der Fakultet for helse- og sosialvitenskap og Fakultet for teknologi,

miljø- og samfunnsvitskap saman kan bidra med å skape innovative løysingar innanfor e-helse. Nokre av møtearenaene er knytt direkte til utdanningane, som til dømes nettverket for Sjøfartens utdannings- og rekrutteringsforum (SURF), der HVL sit saman med vidaregåande skule, fagskulen og representantar for sjøfartsnæringa. Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap deltar i liknande nettverk for reiselivs- og rekneskapsfag.

I det følgjande presenterer vi studieporteføljen og gjennomgåande utdanningsløp med utgangspunkt i dei fire ph.d.-programma som denne universitetssøknaden er bygd på. Kvart av underkapitla dokumenterer den faglege breidda til ph.d.-programma, og korleis dei har betydning regionalt og nasjonalt. Fellesgraden blir også kort omtalt til slutt, for å komplettere biletet av korleis ph.d.-programma ved HVL dekkjer vesentlege delar av den faglege verksemda.

## **6.2 Ph.d.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar – SDDP**

Forsking på danning og didaktiske praksisar fremjar perspektiv, teoriar og handlingar som gjer at vi kan forstå den verda vi lever i betre, og samstundes gjere oss i stand til å meistre stadig meir komplekse utfordringar. Danning skal bidra til at vi tar i bruk kunnskap med klokskap. Det inneber òg ansvar for å opne opp arenaer der kandidatane kan utfolde seg som kritisk reflekterande samfunnsborgarar, yrkesutøvarar og fagekspertar. *Studiar av danning og didaktiske praksisar* (SDDP) er eit ph.d.-program som kvalifiserer for vitskapleg arbeid innanfor danning og didaktikk, særleg slik desse utfaldar seg innanfor utdannings-, opplærings-, kultur- og idrettssektorane. Ph.d.-programmet blei akkreditert av NOKUT i 2014.

SDDP er eit tverrfagleg ph.d.-program som samlar forskingstradisjonar, forståing av og refleksjon over didaktiske praksisar frå ulike fagfelt. Ein studerer danning som noko som blir til og forstått gjennom ulike typar didaktiske praksisar, og som utfordrar den ofte framsette motsetninga mellom teori og praksis. Felles for fagfelte er danningssomgrepet, som gir rom for både det som formar og det som blir forma. Kandidatane i programmet skal utforske, prøve ut og vidareutvikle vitskaplege metodar og forskingsmodellar og såleis styrkje forskingsbasert profesjonsutøving. Målet er å bidra til å utvikle danningsskomponenten i utdanningsforskning med både teoretiske og praksisorienterte perspektiv, også som grunnlag for kvalitetsutvikling i både høgare utdanning, skule-, barnehagesektoren og deira samvirke med andre danningsskontekstar.

### 6.2.1 SDDP og den faglege verksemda

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett er vertsfakultet for SDDP, som er godt dekkjande for heile fakultetet sin faglege profil. Alle dei som tar ein master ved FLKI, kan takast opp på ph.d.-programmet. Alle bachelorkandidatane kan, med eitt unntak, gå vidare på master og så SDDP.<sup>63</sup> Fakultetet har dessutan Noregs einaste forskarlinje for lærarstudentar, der dei kan fordjupe seg i eit fagfelt dei har interesse for og forberede seg til eit vidare ph.d.-løp.<sup>64</sup> Forskarlinjestudentane har to tilleggssemester der dei tar kurs på ph.d.-nivå, kan søkje ph.d.-stillingar og jobbe med konkrete forskingsprosjekt knytt til forskingsmiljøa innanfor lærarutdanning, kultur og idrett. Dei første studentane frå denne forskarlinja blei uteksaminert våren 2023, og to av studentane er alt opptekne som kandidatar i SDDP.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett er det største fakultetet på HVL, med om lag 40 prosent av studentane og dei fagleg tilsette. Fagområdet for SDDP aleine dekkjer såleis ein vesentleg del av den faglege verksemda.

Tabell 6.1: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet SDDP.

MA i barnehagekunnskap
MA i didaktiske praksisar
MA i idrettsvitenskap
MA kunstfag
MA i praktisk utdanningsvitenskap
Grunnskolelærerutdanning 1-7
Grunnskolelærerutdanning 5-10
Lærerutdanning for praktiske og estetiske fag trinn 1–13
BA barnehagelærerutdanning
BA Community Arts
BA drama og anvendt teater
Faglærer i kroppsøving og idrettsfag
Faglærer i musikk
BA folkehelsearbeid med vekt på kosthold og fysisk aktivitet
BA i friluftsliv
BA i idrett, trening og helse

<sup>63</sup> Unntaket er kandidatar frå bachelor i teiknspråk og tolking, som ikkje har tilbod om eit spesialisert mastertilbod, verken på HVL eller nasjonalt. Ved HVL kan desse gå vidare på Master i organisasjon og leiing ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap, og derifrå kunne fortsetje til to av dei andre ph.d.-programma.

<sup>64</sup> Se <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/larer/forske/>.

### 6.2.2 SDDP si nasjonale betydning og bidrag til verdiskaping i regionale verksemder

Noreg har mangel på lærarar, og HVL er ein av dei største institusjonane for utdanning av lærarar. Det har såleis nasjonal betydning at lærarutdanningane ved HVL held høg kvalitet, og at dei byggjer på den fremste kunnskapen på feltet. SDDP og forskingsverksemda på fagområdet bidrar i så måte til det. Gjennom tett samarbeid med regionale og nasjonale aktørar kjem det fram ny kunnskap om danning og didaktikk, til gode for barn og unge over heile landet.

Danning er eit omgrep som ligg tett opp til det å utvikle generiske ferdigheiter, noko som er meir og meir etterspurt i samfunns- og arbeidsliv.<sup>65</sup> Fokus på danning kan bidra til auka kreativitet, kritisk tenking, entreprenørskap og omstillingsevne, og er såleis viktig for både private og offentlege verksemder si framtidige verdiskaping. Programmet er relevant ved at det utviklar kunnskap om sentrale dannelsesmekanismer og generiske ferdigheiter som arbeidslivet har bruk for. Samtidig er ph.d.-programmet relevant i den forstand at det kjem behov for kvalifisert arbeidskraft innafør utdannings-, kultur- og idrettssektoren i møte.

Per 2023 er det fire ph.d.-kandidatar med finansiering frå offentleg ph.d.-ordninga, og éin nærings-ph.d.-kandidat. Arbeidsgivar er kommunar i Vestland og Rogaland fylke. Gjennom prosjekta til desse offentleg ph.d.-kandidatane blir fagområdet til doktorgraden kopla direkte opp mot den kommunale verksemda, for å heve kompetansen i dei offentlege tenestene. Eksempel på problemstillingar som blir tatt opp i desse prosjekta, er undervisningskvalitet i skulen, læringspotensial ved bruk av læringsbrett og inkluderande praksis i klasserommet.

Dei fleste av kandidatane frå SDDP får jobb i regionen. Av 22 disputerte per mars 2024 jobbar 16 ved HVL, fire ved andre UH-institusjonar i Norge og to ved eit utanlandsk universitet (Sverige og Nederland). At så stor del av dei første kandidatane jobbar i UH-sektoren generelt og ved HVL spesielt, heng saman med det auka behovet for tilsette med førstekompetanse, både som følge av dei femårige masterprogramma og av krava til universitetsakkreditering. Dei som er inne i offentleg ph.d., skal på si side normalt sett tilbake til sine arbeidsgivarar, når dei har disputert.

Her er nokre eksempel på samarbeid med regionale verksemder knytt til dette ph.d.-studiet.

Forskingssenteret **BARNkunne** er eit naturleg koplingspunkt mellom stipendiatar som arbeider med barnehagerelaterte problemstillingar og barnehagar og barnehageeigarar.

---

<sup>65</sup> *Utdanning for omstilling*, Meld. St. 16 (2020-2021).

Sentrale arenaer for dette samarbeidet er forskarskulen NORBARN og dei NFR-finansierte prosjekta Ex-Ped-Lab, TASTE og MoveEarly (sjå kap. 9 for nærare presentasjon av desse prosjekta). Gjennom desse prosjekta blir også pedagogar i praksisfeltet involverte som medforskarar.

HVL deltar også som aktiv partner i regionale forskarskular som Bergen Summer School, Wenger II og Grieg Research School.

Prosjektet **Vestland i fortid og framtid** (2022–2025) skal styrkje formidlinga av forskingsbasert historie og historiedidaktikk blant lærarar og lærarstudentar i grunn- og vidaregåande skule i Vestland, og styrkje elevane sitt historiemedvit og beredskap inn mot demokrati, berekraft og livsmeisting i møte med utfordringar vi står overfor i dag og i framtida. Det er eit samarbeid mellom lærar- og lektorutdanninga ved HVL og UIB og opplæring-, kultur- og arkiveiningane i Vestland fylkeskommune. Det skal etablere varige og gode strukturar for samarbeid, styrkt praksissamarbeid og regional samhandling. Prosjektet skal også stimulere til forskingssamarbeid mellom partane. Oppdragsgivar er Vestland fylkeskommune.

### **6.3 Ph.d.-programmet Datateknologi – DT**

Teknologi knytt til digitalisering kan både skape nye utfordringar og vere med å løyse eksisterande utfordringar i samfunns- og arbeidslivet. Dette gjer at vi må reflektere og drøfte etiske, menneskelege og organisatoriske utfordringar med digitalisering. Ved å kombinere digitale teknologiar med annan fagkunnskap kan vi finne ansvarlege løysingar på samfunnsutfordringar. Som arbeidstakarar og entreprenørar skal kandidatane frå HVL kunne bidra i komplekse endringsprosessar der digitale verktøy inngår.

Ph.d.-programmet i datateknologi (her forkorta til DT, medan det fulle engelske namnet er *Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing*) rettar seg mot dei som vil kvalifisere seg for forskning og vitskapleg arbeid på høgt internasjonalt nivå. Programmet legg vekt på forskning relatert til prosjektering av system og bruk av informatikk i tverrfagleg forskning. Programvareutvikling handlar om ingeniørprinsippa for design, utvikling, evaluering, distribusjon og vedlikehald av programvare og programvaresystem. Sensornettverk handlar om teknikkar, maskinvare- og programvareplattformer som etablerer kommunikasjonsinfrastruktur mellom nettverksbaserte sensoreiningar. Berekningsvitskap handlar om utvikling og bruk av

matematiske modelleringsteknikkar, programvare og dataplattformar for å løyse komplekse problem i ingeniørfag.

Avhengig av kva for spesialisering dei vel, får DT-kandidatane kunnskap i forskingsfronten, ferdigheiter og kompetanse innanfor eitt eller fleire forskingsområde: Modelldrivne ingeniørtilnærmingar for utvikling av programvaresystem, effektiv infrastruktur for kommunikasjon gjennom nettverksbaserte og innebygde sensorsystem, avansert matematisk modellering og tilhøyrande berekningsteknikkar for problemløysing innanfor ingeniørvitskap og teknikkar for prosessering og analyse av massive datasett frå vitskapeleg eksperiment.

Ph.d.-programmet DT gjer det mogleg å halde fram med ein forskarkarriere i akademia så vel som i industrien, knytt til bruk av informatikk i ingeniørfag og samfunn. Programmet er spesialisert, i den forstand at ein treng eit grunnlag i programmering som del av masteren for å bli tatt opp på studiet. Samtidig har fagområdet eit breitt nedslagsfelt, fordi det dreier seg om ein mogleggjerrande teknologi som kan brukast og er naudsynt i veldig mykje av privat og offentleg verksemd.

### 6.3.1 DT og den faglege verksemda

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap er vertsfakultet for dette ph.d.-programmet. To av masterprogramma ved fakultetet kvalifiserer direkte til opptak: Master i programvareutvikling (fellesgrad med UiB) og Master i anvendt datateknologi (starta opp i 2023). I tillegg blei det hausten 2022 starta opp ein mastergrad innan berekraftig energiteknologi, på tvers av institutta på fakultetet, som òg kvalifiserer til opptak på ph.d.-programmet for dei studentane som fordjupar seg i informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Også kandidatar frå andre masterprogram ved fakultetet kan gå vidare til DT, under føresetnad av stor vekt på IKT i masteroppgåva.<sup>66</sup>

---

<sup>66</sup> Slik er kravet til master formulert i [“Admission requirements and supplementary regulations”](#): «Admission requires that the applicant holds a master’s degree within the information and communication technology or computing fields, such as a master’s degree in informatics, computer science, software engineering, communication systems, engineering computing, scientific computing, or computational engineering. Candidates from other natural sciences or engineering disciplines holding a master’s degree with a strong emphasis on ICT and computing may also qualify for admission to the programme.” Det er til dømes tatt opp ein kandidat på grunnlag av master i brannsikkerheit frå HVL



Tabell 6.2: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet DT.

MA i programvareutvikling (fellesgrad med UiB)
MA i anvendt datateknologi og ingeniørvitskap
Kandidatar frå andre masterprogram, med fordjuping i IKT, som
- MA i berekraftig energiteknologi
- MA brannsikkerhet
- MA maritime operasjon (fellesgrad med Hoschschole Emden)
BA automatiseringsingeniør
BA branningeniør
BA byggingeniør
BA cyberfysisk nettverksteknologi
BA dataingeniør
BA elektronikingeniør
BA elkraftteknikk
BA informasjonsteknologi
BA kjemiingeniør
BA maskiningeniør

### 6.3.2 DT si nasjonale betydning og bidrag til verdiskaping i regionale verksemdar

Ph.d.-programmet i datateknologi blei utvikla i tråd med den nasjonale strategien på IKT-området 2013–2022. Her stod det mellom anna: «Regjeringa ønsker å utnytte IKT for å få til meir vekst og verdiskaping i Noreg. For å nå dette målet er vi avhengige av sterke og gode kunnskapsmiljø innan IKT». <sup>67</sup> Essensen i strategien er at Noreg treng meir FoU og meir kompetanse innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Det same poenget kjem fram i *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021-2025*, knytt til dimensjonering av studietilbod for IKT-spesialistar. <sup>68</sup> Også *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032* trekkjer fram IKT som mogleggjerande teknologi som ei av sine seks tematiske prioriteringar: «IKT er ikke lenger bare en teknologi, men like mye en transformerende drivkraft, som gir grunnlag for nye forretningsmodeller og anvendelser i alle samfunnsområder.» <sup>69</sup>

Notidas og framtidens samfunns- og arbeidsliv er fullstendig avhengig av informasjons- og kommunikasjonsteknologi som verktøy og «transformerande drivkraft» i alle sektorar og på alle nivå. Bruken av IKT ser berre ut til å ville auke i åra som kjem, noko som òg vil gi fleire utfordringar med omsyn til forskings- og utdanningskapasitet på området. Det finst allereie

<sup>67</sup> Nasjonal strategi IKT-forskning og -utvikling 2013-2022, s. 8.

<https://www.regjeringen.no/no/tema/statlig-forvaltning/ikt-politikk/ny-nasjonal-digitaliseringsstrategi/id2982892/>

<sup>68</sup> Kunnskapsdepartementet 2021; s. 14

<sup>69</sup> Meld. St. 5 (2022 – 2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023 – 2032*, s. 44.

stor mangel på kvalifisert arbeidskraft innan IKT, og då særleg programvareutvikling.<sup>70</sup> Fagområdet datateknologi er såleis ekstremt viktig både nasjonalt og for evna til regional verdiskaping.

Per april 2022 har DT ingen nærings- eller offentlege ph.d.-ar, men mange av doktorgradsprojekta skjer i samarbeid med offentleg og privat verksemd. Per mai 2022 er det 40 stipendiatar i programmet. Av desse er åtte finansierte av NFR, ein av EU-midlar, ein av Framostiftelsen og ein av Helse Vest. Ein av dei eksternt finansierte ph.d.-kandidatane er tilsett hos ekstern arbeidsgivar (Helse Vest).

Teknologiløft for Sogn og Fjordane representerer næringsretta kapasitet og kompetanse innan digitalisering, automatisering, robotikk og stordata, for auka bruk av forskning og innovasjon i næringslivet og for å utvikle nye etter-/vidareutdanningstilbod. Prosjektet er finansierte av NFR, Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Vestlandforskning. Målsetjinga er at meir relevante forskingsmiljø i regionen skal føre til at næringslivet i større grad etterspør forskning for utvikling og innovasjon, og kan stimulere til nye samarbeid om forskning og innovasjon.

HVL deltar i Mohn Medical Imaging and Visualization Centre (MMIV), som er eit institusjonelt samarbeidssenter som promoterer interdisiplinær forskning for eksellense i samspelet mellom imaging, visualisering og in vivo kliniske og forskingsapplikasjonar. Partnerar er Universitetet i Bergen, Haukeland universitetssjukehus og Trond Mohn Stiftelsen. HVL er òg ein av partnerane i Alrek helseklynge i Bergen, saman med Bergen kommune, Haraldsplass diakonale sjukehus, Helse Bergen, NORCE Helse, Universitetet i Bergen, Folkehelseinstituttet, Vestland fylkeskommune (tannhelsetenesta) og VID. Klynga har òg samarbeidspartnarar frå privat næringsliv. Relevant satsingsområde for dette fagområdet er datateknologi i helse- og omsorg.

#### **6.4 Ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking – HFD**

Doktorgradsprogrammet i helse, funksjon og deltaking starta i 2019, og skal bidra med kunnskap til helse- og velferdstenestene, og til samfunnet elles på ulike nivå. Gjennom den faglege profilen og emneporteføljen viser studiet at tverrvitskapelege tilnærmingar til helse, omsorg, levekår og sosial deltaking er eit vilkår for å møte utfordringar med ulikskap i helse og levekår, migrasjon, konflikhtar og klimaendringar. Programmet har ei tett kopling til

---

<sup>70</sup> *Fremtidige kompetansebehov III*, NOU 2020: 2.

offentleg, privat og frivillig sektor, som partnerar i forskning og undervising, og som framtidig arbeidsplassar for ferdige kandidatar.

Ph.d.-programmet HFD er forankra i ein vitskapleg folkehelsetradisjon som ser samanhengen mellom helse, levekår og sosial deltaking i eit vidt perspektiv. Helse er her å forstå som dei samla ressursane vi som einskildpersonar og grupper kan mobilisera for å handtere det vi står ovafor – anten dette er arbeidshelse, utdanning, omsorgsvikt eller kreft.

#### 6.4.1 HFD og den faglege verksemda

Fakultet for helse- og sosialvitskap er vertsfakultet for HFD, og alle master- og bachelorgradane ved fakultetet byggjer opp under programmet. Fakultetet representerer omlag 30 prosent av dei fagleg tilsette og studentane ved HVL, og dette eine doktorgradsområdet dekkjer såleis i seg sjølv ein vesentleg del av den faglege verksemda.

Tabell 6.3: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet HFD.

MA i avansert klinisk allmennsykepleie
MA i familieterapi og relasjonelt arbeid
MA i jordmorfag
MA i klinisk fysioterapi
MA i klinisk sykepleie
MA i kunnskapsbasert praksis
MA i psykisk helse og rusarbeid
MA i sosialvitenskap
MA i samhandling og folkehelse
MA i sykepleie, kliniske spesialiteter
MA i idrettsvitenskap
MA i organisasjon og leiing
MA i medisinsk laboratorieteknikk
MA Healthy Ageing and Rehabilitation
BA i barnevern
BA i ergoterapi
BA i bioingeniør
BA fysioterapi
BA i radiografi
BA i sosialt arbeid
BA i sykepleie

BA i vernepleie Faglærer i kroppsøving og idrettsfag BA folkehelsearbeid med vekt på kosthold og fysisk aktivitet BA i friluftsliv BA i idrett og kroppsøving BA barnehagelærerutdanning
---

#### 6.4.2 HFD si nasjonale betydning og bidrag til verdiskaping i regionale verksemder

HVL si satsing på folkehelse vil gje studentane våre frå bachelor- til ph.d.-nivå kunnskap og handlingskompetanse til å møte framtidens utfordringar knytt til endra demografi, sjukdomar, migrasjon og sosial uro og ulikskap. Ph.d.-programmet HFD har mange kandidatar som bidrar til å skape ny kunnskap om korleis morgondagens utfordringar kan møtast, mellom anna med å studere korleis endra arbeidsfordeling mellom profesjonar, etatar og nivå i tenestene påverkar tenester, utdanning og finansiering, eller kva for roller og effektar teknologibruk har for tenesteutforming og innhald i tenestene. Tverrgående tematikk er mellom anna involvering og samarbeid mellom dei ulike aktørane i deira ulike roller.

Helse er ei av dei tematiske prioriteringane i *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023 – 2032*, og nemner folkehelse som eit felt der det er både store utfordringar og kunnskapsbehov.<sup>71</sup> HVL tar med dette ph.d.-studiet eit regionalt og nasjonalt ansvar for å imøtekomme behovet for å styrkje forskning og utdanning knytt til helse- og sosialvitskap. Den helse- og sosialfaglege forskinga ved høgskulen skjer i tett samarbeid med praksisfeltet, slik kjem ein tettare på problemstillingane det er verdt å forske på. Fakultetet gir også viktige bidrag gjennom implementeringsforskning, forskning på korleis kunnskapen raskare kan takast i bruk.. HFD utdannar høgt kvalifiserte kandidatar til privat, offentleg og frivillig sektor, inkludert utdannings- og forskingssektoren. Dette profesjons- og arbeidslivsretta ph.d.-programmet sikrar forskingsbasert utdanning og praksis i bachelor- og masterutdanningane, med nærleik til og relevans for praksisfeltet.

Det er allereie stor mangel på kvalifiserte sjukepleiarar i Noreg.<sup>72</sup> Over halvparten av BA- og MA-studentane på fakultetet er i sjukepleie, og dei ferdige kandidatane får relevant jobb i helse- og sosialtenester, regionale helseføretak og kommunar. Nokre går vidare i ph.d.-løp. Ph.d.-programmet HFD vil kvalifisere kandidatane til stillingar i høgere utdanning og

---

<sup>71</sup> Meld. St. 5 (2023 – 2032) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023 – 2032*, kapittel 3.2.

<sup>72</sup> *Fremtidige kompetansebehov III*, NOU 2020: 2.

forskning. Det er òg behov for fleire med forskingskompetanse i helse- og sosialtenestene. Fagområdet til denne doktorgraden er såleis svært viktig nasjonalt.

Programmet har to stipendiatar finansiert gjennom offentleg ph.d.-ordning og ein stipendiat som er finansiert gjennom nærings ph.d.-ordning. Problemstillingar som blir tekne opp i desse prosjekta, er digital støtte for planlegging, gjennomføring, oppfølging og evaluering av rehabiliteringsforløp, brukarar og pårørande sin medverknad og samskaping av helse og omsorgstenester og kva for innverknad nærmiljøet har for utdanningsløpet til ungdom i levekårutsette område.

Damstiftinga (tidlegare Extrastiftinga) finansierer nokre HVL-stipendiatar. HFD-programmet har trekt til seg relativt mange med ekstern arbeidsgivar, til dømes Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna, NORCE, University of Akureyri (Island) og Nasjonalt senter for e-helseforskning (sjå òg neste kapittel).

Mange eksternfinansierte forskings- og utdanningsprosjekt inkluderer samarbeid med arbeidsliv. Eit døme på dette er EU-prosjektet **EUVECA** (2021–2026), som blir leia frå Fakultet for helse- og sosialvitskap. Det har som overordna mål å fremje innovasjon og utvikling i helsesektoren og skal bidra til eit berekraftig europeisk helsevesen både på europeisk og regionalt nivå. Dette skal skje gjennom etablering av sju regionale senter for framifrå fag- og yrkesopplæring med deltakarar frå høgare utdanning, fagskular og vidaregåande skuler, helsesektoren, helsemyndigheiter og andre relevante organisasjonar. Det europeiske samarbeidet skal bidra til betre planlegging, betre prognosar for kompetansebehov og betre opplæring av noverande og framtidig helsepersonell.

**Helseforskning Sogn og Fjordane** baserer seg på ein samarbeidsavtale mellom Helse Førde og HVL. Målet med samarbeidet er å styrkje forskning og innovasjon i helsetenesta i Sogn og Fjordane gjennom å etablere eit felles forskingssenter. HVL er òg ein av partnarane i **Alrek helseklynge** i Bergen, saman med Bergen kommune, Haraldsplass Diakonale sjukehus, Helse Bergen, NORCE Helse, Universitetet i Bergen, Folkehelseinstituttet, Vestland fylkeskommune (tannhelsetenesta) og VID. Klynga har òg samarbeidspartnarar frå privat næringsliv. Relevant satsingsområde for dette fagområdet er tenesteforskning.

HVL blei i 2021 fast medlem av **kunnskapsklynge POLYFON**, som arbeider for tverrfagleg samarbeid om musikk som folkehelseressurs og for at musikkterapi skal vere tilgjengeleg for dei brukarane som ønskjer og treng det. Samarbeidet fokuserer på

tenesteutvikling, forskning, utdanning og formidling innanfor barn og unges oppvekst, psykisk helse, rustenester, eldrehelse og palliativ behandling og omsorg. Blant dei andre partnerane i klynga er Bergen kommune, Griegakademiet, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus, NORCE, Norges musikkhøgskole, Vestland fylkeskommune, Kinn kommune og USHT Vestland. HVL har dei siste tre åra vore vertskap for den årlege POLYFON-konferansen.

Per årsskiftet 2023/24 har seks kandidatar disputert på programmet. Av desse har fire i jobb ved HVL, ein har fått jobb ved ein annan norsk UH-institusjon og ein i eit helseføretak.

### **6.5 Ph.d.-programmet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling – RESINNREG**

Eit av dei overordna måla i HVL-strategien 2023–2030 gjeld ansvarleg innovasjon. Det dreier seg om innovasjonar som tar høgde for miljømessige, sosiale, etiske og økonomiske aspekt. HVL skal utdanne reflekterte kandidatar som kan bidra til fornying av varer, tenester og prosessar. Prinsippa for ansvarleg innovasjon skal også vere styrande for dialogen med samfunns- og arbeidslivet, og for arbeidet med å forbetre eiga verksemd og utdanningane våre.

Ph.d.-programmet RESINNREG legg opp til å forstå og forklare samspele mellom økonomiske, miljømessige og sosiale effektar av innovasjon og regional utvikling. Forskinga som støttar programmet, er organisert i tre tverrfaglege pilarar: Ansvarleg industriell innovasjon, grøn innovasjon og innovasjon i offentleg sektor. Programmet er eit godt utgangspunkt for vidare karriere i akademia, næringslivet og offentleg sektor.

Programmet representerer ei brei, tverrfagleg forståing av ansvarleg innovasjon, og drar vekslar på ulike teoretiske tilnærmingar, noko som blir spegla i dei tre faglege pilarane. Teoretiske inngangar og forståingar blir kopla til anvende og empirinære inngangar til innovasjonspraksis i ulike sfærar (eks. i næringslivet, organisasjonar og i offentleg forvaltning). På denne måten kombinerer RESINNREG anvende og akademiske tilnærmingar til innovasjon, og tar mellom anna opp tema og spørsmål knytt til forskaren si rolle i ansvarleg innovasjon, tilrettelegging for ansvarleg innovasjon i privat, offentleg og frivillig sektor, og politiske verkemiddel for ansvarleg innovasjon og regional utvikling. Dette dannar grunnlag for at kandidatane kan delta i å *forstå* ansvarleg innovasjon, men også korleis dei kan *bidra* til ansvarleg innovasjon i det breiare samfunns- og arbeidslivet. Dei tre faglege pilarane nærmar seg dette med utgangspunkt i næringslivet (pilaren ansvarleg



industriell innovasjon), miljø og berekraft (pilaren grønn innovasjon) og offentlig sektor (pilaren innovasjon i offentlig sektor). RESINNREG knyter med dette saman dei sterke tradisjonane i HVL for anvendt forskning med grunnforskning på fagområdet.

### 6.5.1 RESINNREG og den faglege verksemda

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap har det administrative ansvaret for RESINNREG, men deler det faglege ansvaret med Fakultet for helse- og sosialvitenskap. Programmet rekrutterer internt frå mastergrader ved begge desse fakulteta. Med utgangspunkt i nærare 30 bachelorgradar kan ein gå vidare til doktorgradsprogrammet, via eit titals direkte kvalifiserande mastergradar. I tillegg kan kandidatar frå andre program bli tatt opp ut frå individuell vurdering.<sup>73</sup>

Tabell 6.4: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet RESINNREG.

MA i ansvarlig innovasjon og bærekraftig verdiskaping
MA i innovasjon og ledelse
MA in Climate Change Management
MA of Science in Business
MA i sosialvitenskap
BA i økonomi og administrasjon
BA i økonomi og juss
BA i reiselivsledelse
BA i eigedomsmegling
BA i natur- og opplevelsesbasert reiseliv
BA i barnevern
BA i ergoterapi
BA i sosialt arbeid
BA i vernepleie
BA i bioingeniør
BA i branningeniør
BA i byggingeniør
BA i bærekraftig produksjon og sirkulærøkonomi

<sup>73</sup> «Admission normally requires a relevant Master of Science degree such as a Master of Science in Innovation and Entrepreneurship, in Innovation Management, in Community Work, in Business, or in Climate Management. However, candidates from other Master of Science Programmes in e.g. Engineering, Social Sciences, Humanities, or in Health and Care Sciences, may also qualify for admission into the programme.” (fra [opptaksreglar vedtatt 19.12.2019](#))

BA i dataingeniør
BA i elektroingeniør
BA i energiteknologi
BA i fornybar energi
BA i geologi og geofare
BA i havteknologi
BA i informasjonsteknologi
BA i kjemiingeniør
BA i landmåling og eiendomsdesign
BA i landskapsplanlegging med landskapsarkitektur
BA i maskinteknikk
BA i maskiningeniør
BA i nautikk
BA i nautikk med integrert praksis

#### 6.5.2 RESINNREG si nasjonale betydning og bidrag til verdiskaping i regionale verksemder

Med etablering av dette ph.d.-studiet tok HVL eit regionalt og nasjonalt ansvar for å imøtekome behovet for å styrkje utdanning og forskning om ansvarleg, behovsdriven innovasjon. RESINNREG er eit bidrag i HVL sitt arbeid med å oppfylle FN sine berekraftmål. Det har fokus på korleis innovasjonar kan bidra til økonomisk verdiskaping, parallelt med grønt skifte og utvikling av velferdssamfunnet. Gjennom ein anvendt forskingsprofil med eksplisitt fokus på å utforske og utnytte innovasjon, vil studiet bidra til at innovasjonar blir forstått og praktisert til regionar sitt beste. RESINNREG bidrar til sterke koplingar til regionale aktørar som til dømes bedrifter, frivillige organisasjonar og offentleg sektor, og styrkjer såleis samspelet mellom akademia og samfunns- og arbeidslivet.

Stortingsmeldinga om arbeidsrelevans frå 2021 slår fast at det er eit aukande behov for og etterspørsel etter kandidatar som har generiske ferdigheiter knytt til innovasjon og entreprenørskap.<sup>74</sup> Fagområdet til ph.d.-programmet RESINNREG fangar dette, med egne studieprogram for innovasjon også på masternivå. Dei fagleg tilsette på området bidrar inn i studieløp på bachelor- og masternivå, og ph.d.-programmet og dei tilhøyrande institusjonelle strukturane, som Mohn-senteret og HVL Skape, bidrar til kultur for innovasjon og entreprenørskap i heile HVL. Kandidatar frå master- og ph.d.-nivået på fagområdet skal vere i stand til å identifisere og vurdere barrierar mot og drivarar for ansvarleg innovasjon og regional utvikling. Dei vil såleis bidra til industriell, offentleg og grønn innovasjon i regionen

---

<sup>74</sup> Utdanning for omstilling, Meld. St. 16 (2020-2021), s. 51.

og i heile Noreg. Dette tverrfaglege ph.d.-studiet er det einaste i sitt slag i landet, og doktorgradsområdet har såleis stor nasjonal betydning.

Gjennom 2022 styrkte HVL satsinga på studentinnovasjon- og entreprenørskap, særleg gjennom **HVL Skape**. Ambisjonen er å styrkje kultur for innovasjon og entreprenørskap ved alle fakultet og campusar. Det er etablert ei faggruppe, og det er gjort ein stor jobb med å knyte til seg studentassistentar som saman med faggruppa legg til rette for arrangement på campusane. Fleire av arrangementa er planlagt og gjennomført i samarbeid med lokale næringsaktørar og kompetanse knytt til gründerverksemd rundt campusane. Så langt er to av medarbeidarane tilsett i delt stilling mellom HVL og næringsaktør, for å styrkje koplinga til den regionale utviklinga.

**Program for ideutvikling** blei lansert i 2022, og skal vere høgskulen sitt finansieringsprogram for interne innovasjonsprosjekt i tidleg fase. Studentane kan få rettleiing gjennom *HVL Skape* sine ressursar. Med eit budsjett på 1,5 mill. kr, retta første utlysing seg mot alle tilsette og studentar ved HVL. Føremålet med programmet er å stimulere til auka aktivitet kring innovasjon og entreprenørskap, og bidra til at gode idear kan utviklast vidare for å komme samfunnet til nytte.

Per desember 2022 er det ein offentleg ph.d. ved RESINNREG, med Sogndal kommune som arbeidsgivar. Det er eit stort potensial for å ta ordningane med offentleg og nærings-ph.d. i bruk, og prosesser og samtaler med aktørar i offentleg og privat sektor er igangsett med tanke på opptak av slike.

Fleire av ph.d.-kandidatane er knytt til eksternfinansierte prosjekt t.d. med finansiering frå EU, NFR og regionale aktørar. Døme på prosjekt er SALMANSVAR (sjå omtale i kap 10). Ein ph.d.-kandidat er tilsett i Helse Bergen.

Fagmiljøa rundt RESINNREG samarbeider med ei rekkje klyngenettverk i regionen. I fleire prosjekt bidrar programmet med kandidatar for å stimulere til eit kunnskapsløft i sektoren. I ein del høve omfattar prosjekta stor deltaking frå ei rad regionale interessentar tilknytt samskapsaktivitetar med desse i form av living labs, impact forums og inkubatorar med von om ansvarleg innovasjon og ein berekraftig regional utvikling. Nokre eksempel på regionale og nasjonale klyngesamarbeid:

**Energiomstilling Vest**, eit institusjonelt klyngesamarbeid innan utdanning, forskning og innovasjon, med næringsliv, offentleg sektor og leiging, for ei rask og rettferdig energiomstilling, nasjonalt og internasjonalt. Partnerar her er Universitetet i Bergen, Norges Handelshøyskole og NORCE.

**GCE Ocean Technology**, ei næringslivsklynge innan havteknologi for utvikling av fornybar energi, teknologiutvikling, entreprenørskap, og digitalisering. Andre regionale og nasjonale partnerar her er NORCE Norwegian Research Center, SINTEF, NTNU, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, AkerBP, DNV, Equinor, Havforskningsinstituttet, Center Base AS, Gassco, TechnipFMC, OneSubsea, Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Kinn, Øygarden og Askøy.

**NOSCA Clean Oceans** er ei innovasjonsklynge for overføring av teknologi, kunnskap og kompetanse for å forhindre uønskte effektar (alge/plast) i havet, og utvikle berekraftige system, produkt og løysingar for verdikjeda. Dei andre partnerane er Universitetet i Bergen, SINTEF, FRAMO, NORCE Norwegian Research Center, ALLMARITIM, BLUIMAPCT, DNV, Emar AS, Niva, PGS, Skarv Technology, PWC, Egersun Markleen, Henriksen, Jason, KSAT, Marinenviro, Maritime Robotics, NOFI, Nbsk, Miros, Norbit, NOFO, NorLense, NWP, TESS og Noren.

**Reint laboratorium** er eit påbegynt prosjekt for grøn omstilling av næringsliv. Eit laboratorium er under bygging i Haugesund og skal frå 2026 kunne brukast både av studentar til kurs, bachelor- og master-oppgåver, av interne og eksterne forskarar og av regional industri for utvikling og utprøving av nye produkt.

På innovasjons- og kommersialiseringsområdet har HVL samarbeid med Valide, VIS og Kunnskapsparken Vestland om mellom anna ulike arrangement og webinar. Talet på innmelde forretningsidear i 2022 var 10 (fordelt på 8 i Bergen og 2 i Sogndal). Dette er ein auke samanlikna med 2021, og tilbake på same nivå som før pandemien. Utlysinga under Program for ideutvikling har òg identifisert fleire idear som kan ha kommersielt potensial, og som på sikt kan vere aktuelle å samarbeide med kommersialiseringsaktørane om. Det er etablert ei referansegruppe i RESINNREG-programmet som i hovudsak består av medlemmer frå det regionale næringslivet og offentleg sektor. Gruppas formål er å vere eit kontaktpunkt mellom programmet og aktørar i regionen. RESINNREG er ein aktiv part i avtalen mellom HVL og Vestlandsforskning.

Eit av dei kursa som programmet tilbyr, PHDINN907, involverer prosjektsamarbeid og samhandling med verksemder, kommunar og NGO-ar i regionen. Stipendiatar ved

programmet er aktive i nasjonale nettverk for forskarar, til dømes det nasjonale nettverket for forskarar på offentlig innovasjon (INNOFF).

Fire kandidatar har disputert på programmet. Av desse har to fått jobb ved HVL, ein har fått jobb ved ein annan norsk UH-institusjon og ein er jobbsøkjar.

### **6.6 Nautiske operasjonar (NO – fellesgrad)**

I tillegg til dei fire eigne doktorgradsstudia som denne universitetssøknaden er basert på, tar HVL del i ein nasjonal fellesgrad innanfor nautiske operasjonar, saman med Universitetet i Sørøst-Noreg, NTNU og UiT Noregs arktiske universitet. Denne fellesgraden blir omtalt kort her fordi han utfyller den faglege breidda ved HVL og det kommande universitetet.

Ph.d.-programmet NO byggjer på tverrfagleg forskning som skal støtte og utvikle navigasjon og transport i sjøfart. Det utdannar kandidatar til forskning, undervisning, formidling og innovasjonsarbeid, i tillegg til andre aktivitetar som krev vitskapeleg innsikt og eit operasjonelt maritimt fokus. Kandidatane vil vere kvalifiserte for arbeid i den nasjonale og internasjonale maritime sektoren. Dei fire partnerinstitusjonane dekkjer ulike område innanfor nautiske operasjonar<sup>75</sup> og er ansvarlege for sine respektive delar av NO. HVL sitt særskilde ansvarsområde omfattar maritim organisasjonssikkerheitsleing, brannsikkerheit og evakueringsforskning.

Det er Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap som er vertsfakultet ved HVL for dette felles ph.d.-programmet. To bachelorgradar i nautikk (vanleg veg og y-veg) og ein i «maritime management» leiar inn i mastergraden i maritime operasjonar, som kvalifiserer direkte til ph.d.-studiet.

*Tabell 6.5: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet NO.*

MA i maritime operasjonar
BA i nautikk
BA i nautikk y-veg
BA i maritime management

<sup>75</sup> Sjå [https://utdanning.no/utdanning/uit.no/ph.d.-program i nautiske operasjoner fellesgrad](https://utdanning.no/utdanning/uit.no/ph.d.-program%20i%20nautiske%20operasjoner%20fellesgrad).

## 6.7 Oppsummering

Tabell 6.6 under summerer opp kva interne mastergrader som kvalifiserer for opptak til dei fem doktorgradsstudia. Praktisk talt all fagleg verksemd ved dei to fakulteta FLKI og FHS er dekt av ph.d.-programma SDDP og HFD. Om lag ein tredjedel av den faglege verksemda på det tredje fakultetet FTMS er dekt av ph.d.-programmet DATA, medan ein god del av resten av dette fakultetet, så vel som deler av FHS, kjem inn under det tverrfakultære ph.d.-programmet RESINNREG.

Samla sett er om lag 90 prosent av den faglege verksemda dekt av HVL sine fire eigne doktorgradsområde. I tillegg dekkjer fellesgraden NO noko meir. Det betyr at doktorgradsområda dekkjer det alt vesentlege av den faglege verksemda ved HVL, anten ein reknar med fellesgraden eller ikkje. Det er ein konsekvens av at ph.d.-studia i stor grad er utvikla parallelt med og etter fusjonen, med tanke på å dekkje den faglege breidda og profilen i tråd med universitetsambisjonen.

Tabell 6.6: Rekrutteringsgrunnlag direkte vidare frå masterprogram til doktorgradsprogram.

SDDP	HFD	DT	RESINNREG
<b>Rekrutterer frå følgjande masterprogram:</b>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>- MA i barnehagekunnskap</li> <li>- MA kunstfag</li> <li>- MA i idrettsvitenskap</li> <li>- Grunnskolelærerutdanning 1–7</li> <li>- Grunnskolelærerutdanning 5–10</li> <li>- MA i didaktiske praksisar</li> <li>- MA i praktisk utdanningsvitenskap</li> <li>- Lærerutdanning for praktiske og estetiske fag trinn 1–13</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- MA i avansert klinisk allmennsykepleie</li> <li>- MA i familierapi og relasjonelt arbeid</li> <li>- MA i jordmorfag</li> <li>- MA i klinisk fysioterapi</li> <li>- MA i klinisk sykepleie</li> <li>- MA i kunnskapsbasert praksis</li> <li>- MA i psykisk helse og rusarbeid</li> <li>- MA i samfunnsarbeid</li> <li>- MA i samhandling og folkehelse</li> <li>- MA i sykepleie, kliniske spesialiteter</li> <li>- MA i idrettsvitenskap</li> <li>- MA i organisasjon og leiing</li> <li>- MA i medisinsk laboratorieteknologi</li> <li>- MA Healthy Ageing and Rehabilitation</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- MA i programvareutvikling (fellesgrad med UiB)</li> <li>- MA i anvendt datateknologi</li> <li>- MA i bærekraftig energiteknologi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- MA i ansvarlig innovasjon og bærekraftig verdiskaping</li> <li>- MA i innovasjon og ledelse</li> <li>- MA in Climate Change Management</li> <li>- MA of Science in Business</li> <li>- MA i sosialvitenskap</li> </ul>



A close-up photograph of a laboratory experiment. A hand in a white glove holds a glass pipette, dispensing a drop of clear liquid into a 250ml Erlenmeyer flask. The flask, labeled 'PYREX 250ml', contains a vibrant pink liquid. The flask is placed on a yellow magnetic stirrer base. The background is a soft, out-of-focus blue.

# 7. Stabil forskar- utdanning

## 7. Stabil forskarutdanning

*Studiekvalitetsforskriften § 3-7. Akkreditering som universitet*

*(5) Institusjonen skal ha stabil forskarutdanning og dokumentere at den i gjennomsnitt har uteksaminert minst fem doktorander på minst to av doktorgradsstudiene eller tilsvarende stipendiatprogram per år over en treårsperiode.*

*Hvert enkelt doktorgradsstudium skal over en periode på fem år ha tatt opp i gjennomsnitt minst 15 stipendiater.*

I dette kapitlet viser vi at HVL har levedyktige og aktive ph.d.-program med eit godt læringsmiljø. Det blir gjort greie for korleis forskarutdanninga er organisert og kvalitetssikra. Strategi for rekruttering og rutinar for mottak av nye ph.d.-kandidatar blir skildra (inkl. tildeling av rettleiar), i tillegg til den systematiske oppfølginga undervegs i doktorgradsløpa. Vi viser òg til kva tilbod HVL har av kurs og seminar for ph.d.-kandidatane. Kapitlet viser vidare tal for opptak i dei ulike ph.d.-programma og tal på avlagde doktorgrader. Tala viser at HVL har ei forskarutdanning med tilfredsstillande opptak og gjennomstrøyming.

Tabell 7.1 gir ei oversikt over ph.d.-programma ved HVL, og viser kva tid dei blei akkreditert av NOKUT. For nærare omtale av kvart einskilt ph.d.-program, sjå førre kapittel om doktorgradsområda.

Tabell 7.1: Oversikt over ph.d.-programma ved HVL.

Ph.d.-program	Vertsfakultet	Akkreditering (NOKUT)	Talet på ph.d.-kandidatar pr 22.04.2024
Studiar av danning og didaktiske praksisar	Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	13.02.2014	80
Datateknologi; programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitskap	Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS)	07.09.2016	47
Helse, funksjon og deltaking	Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)	06.02.2019	54
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS)	27.09.2019	38
Nautiske operasjonar (fellesgrad)	Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS)	07.09.2016	6*

\*VISER TAL FOR PH.D.-KANDIDATAR VED HVL

Ph.d.-programmet Nautiske operasjonar er ein fellesgrad mellom HVL og tre andre institusjonar. Fellesgraden har eigne reglar og eige kvalitetssystem som det ikkje blir lagt vekt på å skildre her, og tal som gjeld kandidatar i fellesgraden blir heller ikkje presentert i kapitlet.

### 7.1 Organisering, kvalitetssikring og oppfølging av kandidatar i forskarutdanninga

Denne delen skildrar organisering og struktur i forskarutdanninga, kvalitetssikring, strategi for rekruttering, mottak av nye ph.d.-kandidatar, tildeling av rettleiar og oppfølging av kandidatane i doktorgradsløpet, dessutan kva kurs og seminar som blir tilbydd i ph.d.-programma.

### 7.1.1 Organisering av forskarutdanninga

Forskarutdanninga er regulert av *Forskrift for graden philosophiae doctor ved Høgskulen på Vestlandet*.<sup>76</sup> Forskrifta fastset mellom anna vilkår kring opptak, gjennomføring og fullføring av forskarutdanninga. *Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved HVL*<sup>77</sup> viser dei særskilde krava til systematisk kvalitetsarbeid på ph.d.-nivå og utdjuar ansvar og roller i forskarutdanninga. Vidare har HVL ei nettbasert ph.d.-handbok som forklarar nøyare kandidaten sitt studieforhold. Ph.d.-handboka lenkjar til skjema, retningslinjer og ressursar som er relevante i forskarutdanningsløpet, og viser oversikt over kva ansvar som er lagt til ulike involverte i doktorgradsløpet til kvar einskild ph.d.-kandidat.<sup>78</sup>

Styret har det overordna ansvaret for ph.d.-utdanninga. Eit sentralt ph.d.-utval, utpeikt av styret, er eit strategisk samordnande og rådgivande organ for styret og institusjonen si leiing når det gjeld forskarutdanning. Utvalet utarbeider og forvaltar felles retningslinjer og rutinar på tvers i organisasjonen og har delegert avgjerdsrett frå styret i nokre einskildsaker.

Styret fastset kva fakultet som skal vere vert for doktorgradsprogramma. Dekan ved vertsfakultetet har det faglege og administrative ansvaret knytt til gjennomføring av ph.d.-utdanninga i fakultet. Dette medfører at det operative ansvaret er lagt til fakulteta og at dei gir administrativ støtte til ph.d.-programma. For det tverrfakultære ph.d.-programmet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG) har dekanane ved dei to deltakande fakulteta det faglege ansvaret i fellesskap.

Kvart ph.d.-program skal ha eit programutval. Styret fastset mandat for, og samansetjing av, programutvala, og dekan peikar ut medlemmer til utvalet. Programutvalet har delegert avgjerdsrett frå styret til mellom anna å godkjenne endringar i studieplan og initiere tiltak for å utvikle ph.d.-utdanninga på emne- og studieprogramnivå. Gjennom ph.d.-forskrifta er programutvalet gitt ansvar for saker som gjeld dei einskilde kandidatane som t.d. å godkjenne opptak til ph.d.-utdanning, utpeike rettleiarar, godkjenne opplæringsdelen for kvar einskild kandidat, handsame søknader om innlevering av avhandling og foreslå vurderingskomité.

---

<sup>76</sup> Forskrift for graden philosophiae doctor ved Høgskulen på Vestlandet, sjå vedlegg 7.1.

<sup>77</sup> Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved HVL, sjå vedlegg 7.2.

<sup>78</sup> Informasjon om forskarutdanninga – Ph.d.-handbok på nett:

<https://www.hvl.no/forsking/forskarutdanning/>

For kvart ph.d.-program er det òg utpeikt ein fagansvarleg som er administrativ og fagleg leiar. Dei fagansvarlege har professorkompetanse, og vervet har eit omfang på minst 50 % av fast stilling. Fagansvarleg er sekretær for programutvalet og har saman med programutvalet ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av ph.d.-programmet. Fagansvarleg har vidare ansvar for tilrettelegging og dagleg drift av studiet.

Det er knytt ein administrativ ph.d.-koordinator til kvart ph.d.-program, tilsett ved vertsfakultetet. Ph.d.-koordinatorane arbeider saman med Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon med å sikra samordning og utvikling av felles rutinar, og samarbeider med andre administrative avdelingar om oppfølging av stipendiatar og ph.d.-utdanning.

### 7.1.2 Kvalitetsarbeid i forskarutdanninga

Ph.d.-programma ved HVL utviklar studiekvaliteten i tråd med høgskulen sitt kvalitetssystem, og følgjer det same årshjulet som dei andre utdanningane. Ei utfyllande skildring av kvalitetssystemet er gitt i kapittel 1.4. I tråd med kvalitetssikringssystemet er det gjennomført periodiske evalueringar av dei eldste ph.d.-programma fem år etter at dei blei etablert (i 2019 for Studiar av danning og didaktiske praksisar og i 2022 for Datateknologi). Som ei følge av den periodiske evalueringa av Studiar av danning og didaktiske praksisar blei forskingsklynga «Kritiske og praksisorientert danningforskning» etablert, og det blei gjort ein revisjon av emnesamansetjinga i ph.d.-programmet. Dette arbeidet blir no vidareført gjennom forskingsprosjekt som er ein del av den etablerte forskingsstrukturen i fakultetet, kopla opp mot dei emneansvarlege for ph.d.-emna i opplæringsdelen, og forum for rettleiarar i programmet.

Det blei òg meldt inn behov til Sentralt ph.d.-utval om å sjå nærare på institusjonelle tilhøve for ph.d.-kandidatar og organisatorisk tydeleggjering av roller på HVL-nivå. Dette er tema som Sentralt ph.d.-utval har følgd opp. Som resultat av den periodiske evalueringa av datateknologi er det fastsett fleire oppfølgingspunkt fram mot 2027. Oppfølgingspunkt er mellom anna å styrkje forskingsgrupper i tilknytning til ph.d.-programmet, å auke kontakt mellom masterstudentar/stipendiatar/fagmiljø for å lette rekruttering til stipendiatstillingane, fokus på det fysiske arbeidsmiljøet for stipendiatane, tilgang til laboratorium og teknisk utstyr for stipendiatar og å sikre gode og tydelege formuleringar i emneplanar. Etter planen skal det gjennomførast periodisk evaluering av fellesgraden Nautiske operasjonar i 2024 med Universitet i Tromsø som hovudansvarleg for evalueringa.



Periodisk evaluering er planlagt i 2025 både i ph.d.-programma Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling.

Sidan ph.d.-kandidatane i stor grad følgjer individuelle studieløp, er det utvikla særskilde krav for det systematiske kvalitetsarbeidet. Dokumentet «*Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved Høgskulen på Vestlandet*»<sup>79</sup> utdjupar fleire av elementa som ligg i forskrift for ph.d.-graden ved HVL (m.a. opptak, framdriftsrapportering, midtvegsevaluering, innlevering av avhandling). Gjennom midtvegsevaluering og årvisse framdriftsrapportering blir det sett fokus på kandidaten si framdrift og eventuelle utfordringar for gjennomføring av doktorgradsprosjektet. I desse prosessane vil ein òg kunne fange opp om det er behov for særskild oppfølging frå programmet si side for gjennomføring av doktorgradsprosjektet.

Fagansvarleg rapporterer årleg til programutvalet og dekan om status for kandidatane si framdrift og status for ph.d.-utdanninga. Programutvalet vedtar eventuelle tiltak som gjeld kvalitetssikring av studiet.

Gjennom utarbeiding og forvaltning av retningslinjer, rutinar og prosedyrar som er felles for ph.d.-programma bidrar Sentralt ph.d.-utval til kvalitetsarbeid på tvers av ph.d.-programma.

Som eit ledd i kvalitetsarbeidet starta HVL i 2021 opp eit felles opplæringstilbod for ph.d.-rettleiarar. Tilbodet erstattar tidlegare kurs på fakultetsnivå og kan supplerast med andre fakultetsrelaterte tilbod. Rettleiarar har ei sentral rolle både når det gjeld kvalitet og gjennomstrøyming i forskarutdanninga, og målet med opplæringstilbodet er å vidareutvikle dei tilsette sin rettleiarkompetanse. Eit opplegg på tvers av fakulteta gir rettleiarar ved HVL ein felles kunnskapsbase, samstundes som det legg til rette for erfaringsutveksling mellom rettleiarar frå ulike fagmiljø. Opplæringstilbodet er organisatorisk lagt under *Avdeling for utvikling av læring og undervising* sitt tilbod innanfor universitetspedagogikk og består av tre tema organisert som ei blanding av fysiske samlingar, nettmøte og sjølvstudium. Dei tre temaa er:

1) *Ph.d.-veiledning* omhandlar både teoretiske og praktiske spørsmål som er viktig ved rettleiing av ph.d.-kandidatar. Mål for kurset er å dele erfaringar og kunnskap for å styrkje deltakarane si rolle som rettleiarar.<sup>80</sup>

---

<sup>79</sup> Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved HVL, sjå vedlegg 7.2.

<sup>80</sup> [FD16 Ph.d-veiledning | Vår 24 - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](https://www.hvl.no/studier/studieprogram/phd-veiledning-modul/):  
[www.hvl.no/studier/studieprogram/phd-veiledning-modul/](https://www.hvl.no/studier/studieprogram/phd-veiledning-modul/)



2) *Forskningsetikk og personvern* Dette kurset tar for seg forskningsetikk og personvern generelt, og kastar lys over rettleiarrolla innanfor forskningsetikk og personvern.<sup>81</sup>

3) *Reglar og prosedyrar i forskarutdanninga ved HVL*, eit web-kurs som gir introduksjon til reglar og prosedyrar i forskarutdanninga, slik at deltakarane skal bli kjende med opplegget i dei ulike fasane i forskarutdanningsløpet (kurs under utvikling)

### 7.1.3 Strategi for rekruttering

Dei fleste ph.d.-kandidatane blir rekruttert via stipendiatstilling ved HVL, og god rekruttering blir mellom anna sikra gjennom brei kunngjering av stipendiatstillingar i nasjonale kanalar. Der fagmiljøa ber om det, blir stillingane også lyst ut gjennom internasjonale kanalar og gjennom fagmiljøa sine faglege nettverk. I tillegg fangar søkemotorar opp utlysingane. Det kjem ei rekkje internasjonale søknader på stipendiatstillingane. Vedtak om tilsetjing blir fatta av dei ulike fakulteta sine tilsetjingsutval. HVL har eigne retningslinjer for rekruttering og tilsetjing i stipendiat og postdoktorstillingar ved HVL.<sup>82</sup>

Opptak til ph.d.-programma skjer ved søknad med prosjektskilddring til programutvalet. Opptakskrava ligg i ph.d.-forskrifta. I tillegg har dei ulike programma spesifikke opptakskrav gitt i studieprogram og utfyllande reglar. Søknader om opptak blir handsama i tråd med «Retningslinjer for behandling av søknader om opptak til ph.d.-studiar ved Høgskulen på Vestlandet.»<sup>83</sup> For å sikra at stipendiatar som blir tilsett er kvalifisert for opptak, skal minst éin fagperson frå programutvalet der stipendiaten skal søkja opptak, vere med i vurderinga av søkjarar til stipendiatstilling.

Fram til 2023 hadde HVL 84 faste rekrutteringsheimlar finansiert av KD. Desse er fordelt som stipendiatheimlar til fakulteta med øyremerking til HVL sine fem ph.d.-program. HVL held fast på denne fordelinga av stipendiatheimlar sjølv om heimlane ikkje lenger er øyremerkte frå KD. For å sikre stabile doktorgradsutdanningar har HVL tildelt minimum 18 stipendiatheimlar til kvart av dei fire eigne ph.d.-programma. Stillingane blir oftast knytt til eit prosjekt eller fagmiljø etter ein intern søknadsrunde, men også der er det nasjonal utlysing av stillingane.

---

<sup>81</sup> [FD12 Forskningsetikk og personvern | Vår 24 - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](https://www.hvl.no/studier/studieprogram/forskningsetikk-og-personvern-modul/):

<https://www.hvl.no/studier/studieprogram/forskningsetikk-og-personvern-modul/>

<sup>82</sup> Retningslinjer for rekruttering og tilsetjing av stipendiat og postdoktor, sjå vedlegg 7.3.

<sup>83</sup> Retningslinjer for behandling av søknader om opptak til ph.d.-studiar ved Høgskulen på Vestlandet, sjå vedlegg 7.4.

I tillegg finansierer fakulteta nokre stipendiatstillingar, og HVL har òg 15 strategiske stipendiatstillingar som har blitt nytta som «insentivstillingar/eigenandel» i eksternfinansierte prosjekt eller for å byggje opp under andre strategiske satsingar. Vidare blir rekrutteringa sikra gjennom HVL sitt forskingsstrategiske arbeid for å vidareutvikle regionalt samarbeid med andre sektorar, med tanke på rekruttering av kandidatar og då særleg med finansiering frå NFR sine to ordningar for offentleg sektor-ph.d. og nærings-ph.d. Sjå meir detaljert informasjon om rekruttering og opptak i ph.d.-programma i kap. 7.2.

#### 7.1.4 Mottak og tildeling av rettleiar

Tilsetjing i stipendiatstilling og opptak i ph.d.-program er, slik som skildra over, to separate prosessar. Stipendiatar som blir tilsett, må søkje opptak innan tre månader. Alle programma har rutinar for mottak av nye kandidatar der det mellom anna blir gitt informasjon om ph.d.-programmet og opptaksprosessen.

Studiar av danning og didaktiske praksisar har oppstartseminar for nye stipendiatar ein gong i året. I Datateknologi har nye kandidatar og rettleiarar eit møte med fagansvarleg for ph.d.-programmet. I Helse, funksjon og deltaking er det rutine at nye stipendiatar har møte med fagansvarleg og administrativ ph.d.-koordinator. I det tverrfakultære ph.d.-programmet RESINNREG blir kvar einskild ph.d.-kandidat og rettleiarar inviterte til oppstartsmøte med fagansvarleg og administrativ ph.d.-koordinator etter opptak til programmet. Dei fleste stipendiatane vel å starte stipendiatperioden sin med å ta obligatoriske kurs, anten i haust- eller vårsemesteret. Dette bidrar til at kandidatane også blir del av eit kull der dei som er om lag i same fase i forskarutdanningsløpet kan dra nytte av kvarandre.

I følgje ph.d.-forskrifta skal kandidatane ha minst to rettleiarar, der éin har det faglege hovudansvaret. Minst ein av dei bør ha erfaring frå eller opplæring som rettleiar på ph.d.-nivå. Prosessen kring tildeling av rettleiar varierer noko. Stipendiatstillingar blir som oftast tildelt til eit prosjekt eller fagmiljø etter intern utlysing. Slik sett er ei stipendiatstilling som regel knytt til ein særskild rettleiar eller eit rettleiarteam (eventuelt fagmiljø/prosjekt) før utlysing av stipendiatstilling, og det vil vere avklart kven som er rettleiar(ar) allereie ved tilsetjing i stipendiatstilling. Ved eitt av fakulteta (FLKI) blir nokre av stipendiatstillingane også lyst ut ope (men gjerne med ei strategisk tematisk innramming). For desse stillingane er det søkjarane sjølve som skal utforme ph.d.-prosjektet, og i slike utlysingar har det vore sett krav til at søknaden/prosjektet er forankra i ei forskargruppe i fakultetet. Forskargruppa stadfestar då også at ho har kompetanse og kapasitet til å rettleie kandidaten.

Rettleiar(ar) blir formelt utpeikt av programutvalet, og det er eit krav at hovudrettleiar blir utpeikt i samband med opptak til ph.d.-program. Etter opptak blir det inngått ein avtale som regulerer partane sine rettar og plikter. Avtalen sikrar òg at ph.d.-kandidatane deltar i eit aktivt forskingsmiljø og at forskarutdanninga skal kunne gjennomførast til avtalt tid. Avtalen som er skildra i ph.d.-forskrifta, er utforma i tråd med UHR sin mal, og er inndelt i tre delar: avtale om forskarutdanninga (del A), avtale om rettleiing (del B) og avtale med ekstern arbeidsgivar/part (del C) viss dette er relevant.

HVL har rutine for innfasing av nye medarbeidarar, og denne gjeld også ved mottak av stipendiatar. I periodisk evaluering av Studiar av danning og didaktiske praksisar blei det peikt på at det var behov for tilrettelegging for internasjonale stipendiatar, dessutan at det var behov for ei betre praktisk tilrettelegging for ph.d.-kandidatar med ekstern arbeidsgivar (t.d. ph.d.-kandidatar tilsett i helseføretak, instituttsektoren og andre UH-institusjonar, og kandidatar finansiert av ordningane offentleg sektor ph.d. og nærings ph.d.). I forlenginga av dette er det sikra at all informasjon om programma (inkl. retningslinjer, skjema og malar) ligg føre på engelsk. HR-avdelinga har utvikla ei digital handbok for nytilsette (på både norsk og engelsk), dessutan sett nærare på rutinar for informasjon og mottak av internasjonale tilsette. Det er mellom anna laga ei nettside med informasjon for nye tilsette som kjem frå utlandet, og det er tydeleggjort «kven som har ansvar for kva» i høve nye internasjonale tilsette. Vidare blei det hausten 2022 laga eit kurs/webinar med HR-relaterte problemstillingar for stipendiatar, og dette blir halde kvart semester på norsk og engelsk. Det er òg utvikla ein administrativ prosedyre med løysingar for praktiske utfordringar knytt til mottak av ph.d.-kandidatar med ekstern arbeidsgivar (brukarkonto, profilside, tilgang til nettside for tilsette, tilgang til bygg og rom m.m.)

### 7.1.5 Oppfølging av ph.d.-kandidatane

Ph.d.-kandidatane blir primært følgde opp av rettleiarane deira, men også av personalleiarane deira i institutta dei høyrer til, t.d. når det gjeld organisering av pliktdelen av stipendiatstillingar. Vidare blir alle følgde opp undervegs gjennom årvisse framdriftsrapportering og midtvegsevaluering. Dette er fastsett i ph.d.-forskrifta og utdjupa i Systematisk kvalitetsarbeid for ph.d.-utdanning ved HVL.

I den årvisse framdriftsrapporteringa skal ph.d.-kandidatar og hovudrettleiarar rapportere om framdrift. Fagansvarleg har ansvar for å følgje opp framdriftsrapportane, og held om nødvendig oppfølgingssamtalar med ph.d.-kandidatar og rettleiar(ar). Fagansvarleg sender ein samla rapport om status for framdrift til dekan og programutvalet. Rapporten skal vise

om kandidatane held framdrift som planlagt og om partane møter krava til rettleiing. Frå hausten 2022 er rapporteringa digitalisert, noko som mellom anna har gjort det enklare å følge opp framdrifta for kvar einskild kandidat.

I alle ph.d.-programma er midtvegsevalueringa obligatorisk. Ho blir skipa til midt i kandidaten sin finansieringsperiode (i tredje eller fjerde semester avhengig av om kandidatane er i 3-årige eller 4-årige løp). Programutvalet peiker ut ei gruppe på to personar til å evaluere doktorgradsarbeidet. Desse skal ha doktorgrad på fagfeltet og vere aktive forskarar. Det er tilrådd i det systematiske kvalitetsarbeidet at minst ein i evalueringskomiteen bør vera ekstern, og med bakgrunn i dette er det vanleg praksis i alle ph.d.-programma at minst ein ekstern er med i midtvegsevalueringa.

Midtvegsevalueringa blir gjort på grunnlag av innlevert tekst og kandidaten sin presentasjon av eige prosjekt i eit ope seminar. Kandidaten sitt tekstgrunnlag bør inkludere prosjekt-skildring og ein heilskapleg tekst t.d. artikkel/kapittel eller utkast til artikkel/kapittel som skal vere ein del av avhandlinga. Alternativt kan kandidaten lage ein rapport på 10–20 sider som presenterer problemstillinga og gjer greie for status i arbeidet, og dessutan gir ein vidare framdriftsplan.

Under sjølve midtvegsevalueringa held kandidaten ein presentasjon på rundt 30 minutt der forskingsprosjektet blir presentert. Det er òg forventa at kandidaten vurderer eiga framdrift. Evalueringsgruppa gir innspel og kommentarar, og det blir opna for ein generell diskusjon.

Evalueringsgruppa skal gi ei konstruktiv og kritisk tilbakemelding med spesifikke råd om korleis kandidaten kan arbeide med avhandlinga fram mot innlevering. Dei to som evaluerer, lagar ein skriftleg rapport som blir send til kandidat, rettleiar, fagansvarleg og fakultet.

For å byggje læringsmiljø som kan bidra til god gjennomstrøyming, blir det skipa til programvise samlingar for ph.d.-kandidatane. Studiar av danning og didaktiske praksisar har månadlege «stipendiatforum». Datateknologi og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling samlar alle ph.d.-kandidatar og rettleiarar til årleg samling over to dagar. Helse, funksjon og deltaking har månadlege samlingar for ph.d.-kandidatane, i tillegg til eit heildagsseminar.

#### 7.1.6 Emne og kurs

Ph.d.-programma har ein opplæringsdel på minimum 30 studiepoeng, som mellom anna skal gi trening i fagleg formidling og innføring i forskningsetikk, vitskapsteori og vitskapsmetode.

Studieplanen for kvart enkelt ph.d.-program skildrar krav til samansetjing av opplæringsdelen. Alle programma har nokre obligatoriske emne. Resten av kandidaten sin opplæringsdel kan vere sett saman av valfrie emne frå HVL eller emne/kurs frå andre institusjonar eller forskarskular. Eksterne kurs og andre poenggivande aktivitetar (t.d. presentasjonar på nasjonale/internasjonale konferansar) må godkjennast av programutvalet, og opplæringsdelen skal vere avslutta og godkjend før avhandlinga blir levert inn.

Emne i ph.d.-programma har i hovudsak eit omfang på 5 eller 10 studiepoeng. Studiar av danning og didaktiske praksisar tilbyr 13 poenggivande emne, og dei andre programma tilbyr 7–9 poenggivande emne per program. Oversikt over poenggivande emne i dei ulike programma er lagt ved i vedlegg 7.5.

I tillegg til emna i ph.d.-programma tilbyr biblioteket ved HVL ein serie korte introduksjonar til ulike tema knytt til forskings- og publiseringssprosessen. Oversikt over biblioteket sitt undervisningstilbod for forskarar finst på nettsida «[Undervisning og kurs for forskarar](#)».<sup>84</sup>

Ph.d.-programma ved HVL er knytt til fleire nasjonale og internasjonale forskarskular. Dette bidrar mellom anna til å skape nettverk og samarbeid, og gir kandidatane tilgang til fleire relevante og poenggivande kurs i forskarutdanninga. Sjå oversikt over HVL si deltaking i nasjonale og internasjonale forskarskular i Tabell 11.1 i kapittel 11 om nettverk.

## **7.2 Opptak i ph.d.-programma**

Kravet til akkreditering som universitet er at kvart doktorgradsprogram over ein periode på fem år skal ha tatt opp i gjennomsnitt minst 15 stipendiatar. Doktorgradsprogramma rekrutterer breitt både nasjonalt og internasjonalt, og det er ein jamn auke i talet på kandidatar i alle programma. Berre gjennom dei faste stipendiatheimlane finansiert over grunnbudsjettet, er kravet om minst 15 stipendiatar over tid meir enn oppfylt. Med HVL sine eigne strategiske stipendiatstillingar og eksternfinansierte stipendiatar i tillegg, kjem HVL til å ha tilstrekkeleg opptak til programma over tid med god margin.


### **7.2.1 Opptaksgrunnlag master**

Ph.d.-programma rekrutterer studentar frå eigne masterprogram så vel som masterprogram frå andre nasjonale og internasjonale institusjonar. Figur 7.1 viser kor kandidatane som er tatt opp til HVL sine ph.d.-program, har tatt mastergraden sin.

---

<sup>84</sup> [Undervisning og kurs for forskarar - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](https://www.hvl.no/bibliotek/forskingsstotte/undervisning-og-kurs/), <https://www.hvl.no/bibliotek/forskingsstotte/undervisning-og-kurs/>


Figur 7.1: Opptaksgrunnlag for kandidatar tatt opp til doktorgradsutdanning, 2018 – 2023.



KJELDE: FS

Vel ein fjerdedel av kandidatane har mastergrad frå HVL, og her er mastergrad frå dei tre fusjonerte høgskulane medrekna. I underkant av halvdelen av kandidatane har mastergrad frå andre norske høgskular eller universitet, og vel ein fjerdedel har gjennomført mastergrad ved utanlandske institusjonar. Opptaksgrunnlaget varierer noko mellom dei ulike ph.d.-programma. Dette går fram av Figur 7.2.

Figur 7.2: Opptaksgrunnlag for kandidatar tatt opp i ph.d.-programma, 2018 – 2023.



KJELDE: FS.

Studiar av danninga og didaktiske praksisar er det programmet som rekrutterer størst del av kandidatar med mastergrad frå HVL. I dette programmet har 38 % av kandidatane master frå HVL (inkludert master frå dei tre fusjonerte høgskulane), om lag halvdelen av kandidatane




har master frå andre norske institusjonar og 9 % har master frå utlandet. Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling har ein relativt lik profil som Studiar av danning og didaktiske praksisar, men dei har ein noko mindre andel kandidatar med master frå HVL og ein noko større andel kandidatar med master frå utlandet. Alle dei tre nemnde programma tar opp fleire med mastergrad frå norske universitet og høgskular enn frå HVL.

Datateknologi tar opp få kandidatar med mastergrad frå HVL. I dette programmet har 68 % av kandidatane mastergrad frå utlandet, og 11 % av kandidatane har mastergrad frå HVL (inkludert fellesgraden [Felles masterprogram i programutvikling](#), som HVL og UiB har saman).

### 7.2.2 Opptaksgrunnlag finansiering

Den vanlegaste måten å finansiere eit doktorgradsløp på er gjennom tilsetjing i stipendiatstilling anten ved HVL eller andre forskingsinstitusjonar. Figur 7.3 syner korleis finansiering av ph.d.-kandidatane fordeler seg mellom HVL, NFR og andre finansieringskjelder.

Figur 7.3: Finansiering for kandidatar tatt opp til doktorgradsutdanning ved HVL, 2018–2023.




KJELDE: FS

\*I TAL FOR NFR ER OFFENTLEG SEKTOR-PH.D. OG NÆRINGS-PH.D. MEDREKNA.

HVL finansierer 66 % av ph.d.-kandidatane, medan 20 % er finansiert av NFR og 14 % av andre. Finansieringa fordeler seg noko ulikt mellom ph.d.-programma.

Figur 7.4: Finansiering for kandidatar tatt opp i dei ulike ph.d.-programma, 2018–2023.



KJELDE: FS

\*I TAL FOR NFR ER OFFENTLEG SEKTOR-PH.D. OG NÆRINGS-PH.D. MEDREKNA.

Figur 7.4 viser at programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar har høgst andel ph.d.-kandidatar finansiert av HVL. Programmet har også ein noko høgre andel kandidatar finansiert av NFR enn dei andre programma. Nokre få kandidatar (4 %) i Studiar av danning og didaktiske praksisar har andre finansieringskjelder enn HVL og NFR, og dette gjeld i hovudsak kandidatar som er tilsett og finansiert av andre norske høgskular (t.d. NLA, HiØ). Dei tre andre programma har ein likare profil når det gjeld fordeling på finansieringskjelder, og dei har ein noko større andel av kandidatar med andre finansieringskjelder. Ph.d.-kandidatar med andre finansieringskjelder er i desse programma anten stipendiatar tilsett ved HVL i eksternfinansierte stillingar eller dei er tilsett og finansiert av ekstern arbeidsgivar hovudsakleg i instituttsekstoren (t.d. Vestlandforskning, NORCE) eller helseføretaka (t.d. Helse Bergen, Helse Førde).

### 7.2.3 Tal for opptak i ph.d.-programma

Dei fleste ph.d.-kandidatane er rekruttert via tilsetjing i stipendiatstilling som er lyst ut ved HVL. Det blir òg tatt opp kandidatar som er tilsett som stipendiat i instituttsekstoren, helseføretaka og ved andre høgskular (som ikkje har eigne doktorgradsprogram). I denne delen av søknaden viser vi at kravet om at kvart einskilt doktorgradsprogram over ein periode på fem år må ha tatt opp i gjennomsnitt minst 15 stipendiatar, er innfridd med god margin.

Oversiktene under viser kor mange kandidatar det er tatt opp i ph.d.-programma. Dei viser også kor mange av desse som er stipendiatar ved HVL. Tal på HVL-stipendiatar inkluderer offentleg sektor/nærings ph.d.-kandidatar, jamfør Kunnskapsdepartementet sin definisjon av

stipendiatar i merknad til Forskrift om endringar i studiekvalitetsforskrifta. Talet på HVL-stipendiatar blir vist i kolonnar merkt med blått. Merk at år for opptak viser til avtaledato. Dette vil altså seie at år for opptak er fastsett til år for oppstart av tilsetjing/finansiering. Dette forklarar òg at ph.d.-programma har ph.d.-kandidatar som har oppstart året før ph.d.-programmet blei etablert, slik som det kjem fram i tabellane under.

*Studiar av danning og didaktiske praksisar* er det eldste ph.d.-programmet. Tabell 7.2 viser at det i perioden 2014–2023 tok til 112 kandidatar i dette programmet. Dei aller fleste, 98 stk., er stipendiatar ved HVL. Talet på HVL-stipendiatar inkluderer 5 offentleg sektor ph.d.-kandidatar som i Tabell 7.2 er inkludert i kolonnen «HVL-stipendiatar». Ph.d.-kandidatar i kategorien «Andre» er kandidatar med ekstern arbeidsgivar (t.d. stipendiatar frå Høgskolen i Østfold, NLA og Høgskulen i Volda), dessutan HVL-tilsette (t.d. høgskulelektorar) som har fått «kvalifiseringsstipend» for å gjennomføre ph.d.-utdanninga over ein kortare periode (typisk 1,5 år).

Tabell 7.2: Kandidatar med opptak i Studiar av danning og didaktiske praksisar per år og totalt per 31.12.23.

År	Opptak/oppstart			Totalt i programmet pr. 31.12.23
	Alle ph.d.-kandidatar	HVL-stipendiat*	Andre	
2014	1	1	-	1
2015	7	6	1	8
2016	11	6	5	19
2017	13	12	1	32
2018	15	13	2	47
2019	16	14	2	59
2020	9	8	1	63
2021	16	16	-	71
2022	14	12	2	74
2023**	10	10	-	79
<b>Til saman</b>	<b>112</b>	<b>98</b>	<b>14</b>	

KJELDE: FS. TALA ER BASERT PÅ AVTALEDATO (ÅR FOR OPPTAK = ÅR FOR OPPSTART AV TILSETJING/FINANSIERING)

\*VISER TALET PÅ PH.D.-KANDIDATAR MED TILSETJING I STIPENDIATSTILLING VED HVL (INKLUDERT OFFENTLEG SEKTOR/NÆRINGS PH.D.-KANDIDATAR, JAMFØR KUNNSKAPSDEPARTEMENTET SIN DEFINISJON AV STIPENDIATAR I MERKNAD TIL FORSKRIFT OM ENDRINGAR I STUDIEKVALITETSFORSKRIFTA).

\*\*TALA FOR 2023 VISER DEI SOM ER REGISTRERT I FS PER 22.4.2024, OG TALA KAN AUKE NOKO UTOVER I 2024.

*Datateknologi, programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitskap* har tatt opp 68 kandidatar med oppstart i perioden 2016–2023, og med unntak av fire er alle tilsett som stipendiat ved HVL (Tabell 7.3). Dei fire ph.d.-kandidatane i kategorien «Andre» har ekstern arbeidsgivar som t.d. Vestlandsforskning og Helse Bergen.

Tabell 7.3: Kandidatar med opptak i Datateknologi per år og totalt per 31.12.23.

År	Opptak/oppstart			Totalt i programmet pr. 31.12.23
	Alle ph.d.- kandidatar	HVL-stipendiat*	Andre	Alle
2016	1	1	-	1
2017	10	10	-	11
2018	11	10	1	22
2019	8	8	-	29
2020	9	8	1	34
2021	11	11	-	42
2022	4	4		41
2023**	14	12	2	50
Til saman	68	64	4	

KJELDE: FS. TALA ER BASERT PÅ AVTALEDATO (OPPTAKSÅR = OPPSTART FOR TILSETJING/FINANSIERING)

\*VISER TALET PÅ PH.D.-KANDIDATAR MED TILSETJING I STIPENDIATSTILLING VED HVL (INKLUDERT OFFENTLEG SEKTOR/NÆRINGS PH.D.-KANDIDATAR, JAMFØR KUNNSKAPSDEPARTEMENTET SIN DEFINISJON AV STIPENDIATAR I MERKNAD TIL FORSKRIFT OM ENDRINGAR I STUDIEKVALITETSFORSKRIFTA).

\*\*\*TALA FOR 2023 VISER DEI SOM ER REGISTRERT I FS PER 22.4.2024, OG TALA KAN AUKA NOKO UTOVER I 2024.

Helse, funksjon og deltaking har tatt opp 59 kandidatar med oppstart i perioden 2018-23. Av desse er 44 stipendiat ved HVL (Tabell 7.4). Talet på HVL stipendiatar inkluderer 2 offentleg sektor ph.d.-kandidatar og 1 nærings ph.d.-kandidat. I kategorien «Andre» er kandidatar med ekstern arbeidsgivar. Desse er i hovudsak tilsett ved helseføretak (t.d. Helse Bergen, Helse Førde, Helse Fonna eller annan forskingsinstitusjon (t.d. NORCE, Nasjonalt senter for e-helseforskning). Før etablering av ph.d.-programmet, blei det tilsett stipendiatar som seinare har fått opptak. Dette forklarar at 7 ph.d.-kandidatar har oppstart i 2018.

Tabell 7.4: Kandidatar med opptak i Helse, funksjon og deltaking per år og totalt per 31.12.23.

År	Opptak/oppstart			Totalt i programmet pr. 31.12.23
	Alle ph.d.- kandidatar	HVL-stipendiat*	Andre	Alle
2018	7	6	1	7
2019	5	4	1	12
2020	14	9	5	25
2021	13	11	2	36
2022	13	10	3	47
2023**	7	4	3	51
Til saman	59	44	15	

KJELDE: FS. TALA ER BASERT PÅ AVTALEDATO (OPPTAKSÅR = OPPSTART FOR TILSETJING/FINANSIERING)

\*VISER TALET PÅ PH.D.-KANDIDATAR MED TILSETJING I STIPENDIATSTILLING VED HVL (INKLUDERT OFFENTLEG SEKTOR/NÆRINGS PH.D.-KANDIDATAR, JAMFØR KUNNSKAPSDEPARTEMENTET SIN DEFINISJON AV STIPENDIATAR I MERKNAD TIL FORSKRIFT OM ENDRINGAR I STUDIEKVALITETSFORSKRIFTA).

\*\*TALA FOR 2023 VISER DEI SOM ER REGISTRERT I FS PER 22.4.2024, OG TALA KAN AUKA NOKO UTOVER I 2024.

Med etablering i 2020 er *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* det nyaste ph.d.-programmet. Sjølv om det er ungt, har interessa vore stor, og Tabell 7.5 viser at det blei tatt opp 43 kandidatar med oppstart i perioden fram til og med 2023. Dei aller fleste, 41 stk., er stipendiatar ved HVL. Dette inkluderer éin offentleg sektor ph.d.-kandidat. Dei to som ikkje er HVL-stipendiatar, er tilsett i Helse Bergen og Vestlandsforsking. Før etablering av studiet, blei det tilsett stipendiatar som seinare har fått opptak til ph.d.-programmet. Dette forklarar at 4 stipendiatar har oppstart i 2017–2019.

Tabell 7.5: Kandidatar med opptak i *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* per år og totalt per 31.12.23.

År	Opptak/oppstart			Totalt i programmet pr. 31.12.23
	Alle ph.d.-kandidatar	HVL-stipendiat*	Andre	
2017	1	1	-	1
2018	1	1	-	2
2019	2	2	-	4
2020	13	12	1	17
2021	9	9	-	25
2022	13	12	1	35
2023**	4	4	-	38
<b>Til saman</b>	<b>43</b>	<b>41</b>	<b>2</b>	

KJELDE: FS. TALA ER BASERT PÅ AVTALEDATO (OPPTAKSÅR = OPPSTART FOR TILSETJING/FINANSIERING)

\*VISER TALET PÅ PH.D.-KANDIDATAR MED TILSETJING I STIPENDIATSTILLING VED HVL (INKLUDERT OFFENTLEG SEKTOR/NÆRINGS PH.D.-KANDIDATAR, JAMFØR KUNNSKAPSDEPARTEMENTET SIN DEFINISJON AV STIPENDIATAR I MERKNAD TIL FORSKRIFT OM ENDRINGAR I STUDIEKVALITETSFORSKRIFTA).

\*\*TALA FOR 2023 VISER DEI SOM ER REGISTRERT I FS PER 22.4.2024, OG TALA KAN AUKE NOKO UTOVER I 2024.

### 7.3 Avlagde doktorgrader

Eit av krava til stabil forskarutdanning er at to av doktorgradsprogramma i gjennomsnitt har uteksaminert minst 5 doktorandar per år over ein treårsperiode.<sup>85</sup> Dei to eldste programma, *Studiar av danning og didaktiske praksisar* og *Datateknologi*, har oppfylt dette kravet.

Den nasjonale styringsparameteren «*Andelen ph.d.-kandidater som gjennomfører innen seks år*» er eit relevant haldepunkt for å vurdera om ph.d.-kandidatane har disputert innan rimeleg tid.<sup>86</sup> I 2022 var resultatet for seksårsmålet 69,23 %, noko som er over gjennomsnittet for statleg sektor som var 67,22 % i 2022. I 2023 var resultatet for seksårsmålet 54 %, som er noko under det nasjonale gjennomsnittet på 66 % i 2023. Ser ein til Universitetet i Sørøst-Noreg og OsloMet hadde dei òg ein periode med noko varierende

<sup>85</sup> Oversikt over gjennomførte disputasar ved HVL <https://www.hvl.no/forsking/disputasar/>

<sup>86</sup> Denne indikatoren var først aktuell for HVL i 2021. Då fekk institusjonen eit resultat på 0 %, men det er viktig å peike på at få kandidatar utgjorde grunnlaget for dette resultatet. [DBH styringsindikatorar for HVL](#).

resultat på denne indikatoren før dei fekk universitetsstatus, men andelen av ph.d.-kandidatar som gjennomførte innan seks år, har stabilisert seg etter kvart på eit vesentleg høgare nivå.<sup>87</sup> Dette er ei utvikling ein kan forvente å sjå ved HVL òg.

Den første disputasen i Studiar av danning og didaktiske praksisar blei gjennomført i 2019. Figur 7.5 viser tal for avlagde doktorgrader i perioden frå 2020 til og med vårsemesteret 2024. I perioden frå 2020 til 2022 er det gjennomført 17 disputasar, noko som gir eit snitt på 5,7 disputasar i treårsperioden. I perioden frå 2021 til 2023 er det gjennomført 16 disputasar, og dette gir i snitt 5,3 avlagde grader årleg i treårsperioden. Vårsemesteret 2024 er det gjennomført 3 disputasar og det er 3 innleverte avhandlingar. Basert på oppdaterte data og individuelle vurderingar, er det utforma prognosar som gir grunn til å tru at det vil bli til saman 8 disputasar i dette programmet i 2024 og 11 i 2025.<sup>88</sup> For treårsperioden 2022–2024 er det slik forventa 18 disputasar, og dette vil gje eit forventa snitt på 6 i denne treårsperioden.

Figur 7.5: avlagde doktorgrader i Studiar av danning og didaktiske praksisar frå 2020 t.o.m. vårsemesteret 2024.



KJELDE: FS-DATA/DBH

\*Inkludert avhandlingar som er godkjende av komiteen.


<sup>87</sup> USN og OsloMet fekk universitetsstatus i 2018. Resultatet på «seksårs målet» for USN varierer mellom 43 % i 2016, 71 % i 2017 og 58 % i 2018, jf. [DBH styringsindikatorar for USN](#). For OsloMet kan det peikast på ein variasjon i «seksårs målet» på 33 % i 2014, 75 % i 2015 og 52 % i 2018, jf. [DBH styringsindikatorar for OsloMet](#)

<sup>88</sup> NOKUT set her krav om komitégodkjenning for disputas, så dette talet inkluderer også eventuelle kandidatar som har fått komitégodkjenning, men ikkje gjennomført disputas enno.



I ph.d.-programmet i datateknologi blei dei første disputasane gjennomført i 2020. Figur 7.6 viser avlagde doktorgrader i perioden 2020–2024. I perioden frå 2022 til og med vårsemesteret 2024 er det gjennomført til saman 16 disputasar, og dette gir i snitt 5,3 avlagde grader årleg i treårsperioden. Ved utgangen av vårsemesteret er det 2 innleverte avhandlingar til vurdering. Basert på oppdaterte data og individuelle vurderingar er det utforma prognosar som gir grunn til å tru at det vil bli 10 disputasar til saman i dette programmet i 2024 og 10 disputasar i 2025.

Figur 7.6: avlagde doktorgrader i Datateknologi frå 2020 t.o.m. vårsemesteret 2024.



KJELDE: FS-DATA/DBH

Oversikt over avlagde grader i dei andre tre ph.d.-programma er samla i Tabell 7.6.

Tabell 7.6: avlagde doktorgrader i tre ph.d.-program.

Program	2021	2022	2023	V-2024	H-2024 (prognose)	2025 (prognose)
Helse, funksjon og deltaking	1	1	2	5	5	10
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	-	2	1	3	3	10
Nautiske operasjonar (fellesgrad)	-	1	1	1	1	2

Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling er relativt ferske, og det er, naturleg nok, gjennomført få disputasar i desse programma. Helse, funksjon og deltaking starta formelt opp i 2020, men dei første stipendiatane starta opp i 2018. Med bakgrunn i at dei fleste er tilsett som stipendiatar med pliktarbeid (4 år tilsetjing), var det først rimeleg å forvente disputasar i dette programmet tidlegast i 2022, men første disputas blei gjennomført allereie i 2021. I 2022 blei det gjennomført 1 disputas, og i 2023 var det 2 disputasar i dette programmet. Vårsemesteret 2024 er det gjennomført 5 disputasar. I tillegg er det 4 innleverte avhandlingar. Basert på oppdaterte data og individuelle vurderingar, er det utforma prognosar som gir grunn til å tru at det vil bli 10 disputasar i dette programmet 2024 og 10 i 2025.

Ansvarleg innovasjon og regional utvikling starta opp i 2020. Kandidatane i dette programmet er òg i hovudsak tilsett i 4-årige stipendiatstillingar. Om ein ser vekk frå to kandidatar som starta ph.d.-prosjekta sine i 2018 og 2019, er det først rimeleg å forventast avlagde grader i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling i 2024. Dei to første disputasane blei haldne i 2022. Første disputas var ein kandidat som hadde starta doktorgradsstudiet på eit utanlandsk universitet og som fekk opptak i programmet i overkant av 1,5 år. Stipendiaten som starta opp i 2018, disputerte òg i 2022. I 2023 var det 1 disputas i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling. Vårsemesteret 2024 er det gjennomført 3 disputasar og det er 2 innleverte avhandlingar. Basert på oppdaterte data og individuelle vurderingar, er det utforma prognosar som gir grunn til å tru at det vil bli 6 disputasar i dette programmet i 2024, og 10 disputasar i 2025.

I fellesgraden Nautiske operasjonar blei den første disputasen for kandidat som har HVL som heimeinstitusjon, gjennomført i 2022, og det er gjennomført 1 i 2023. Vårsemesteret 2024 er det gjennomført 1 disputas. I dette programmet er det forventast 1 disputas hausten 2024 og 2 i 2025.

#### **7.4 Oppsummering**

Oversiktene i dette kapitlet dokumenterer at HVL oppfyller krava i Studiekvalitetsforskriften om stabil forskarutdanning. Institusjonen har i snitt tatt opp minst 15 stipendiatar gjennom ein periode på fem år. Ph.d.-programmet SDDP oppfyller kravet om å ha uteksaminert minst fem doktorandar per år i ein periode på tre år. Programmet oppfyllte kravet både i 2022 og 2023 og vil uteksaminere minst 5 doktorandar også i 2024. Ph.d.-programmet DT oppfyller også det same kravet pr juni 2024.

## **7.5 Vedlegg**

- 7.1 Forskrift for graden philosophiae doctor ved Høgskulen på Vestlandet
- 7.2 Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved HVL
- 7.3 Retningslinjer for rekruttering og tilsetting av stipendiat og postdoktor
- 7.4 Retningslinjer for behandling av søknader om opptak til ph.d.-studiar ved Høgskulen på Vestlandet
- 7.5 Oversikt over poenggjevande emne i ph.d.-programma



A photograph of three young people smiling in front of a modern building. The person on the left is a man with curly hair and a flower crown. The person in the center is a woman with long hair. The person on the right is a man with straight hair. The background is a bright blue sky with clouds and a modern building with many windows.

# 8. Studietilbud, opptak og gjennomstrøyming



## 8. Studietilbod, opptak og gjennomstrøyming

*Studiekvalitetsforskriften § 3-7. Akkreditering som universitet*

*(6) Institusjonen skal alene ha akkreditering for minst fem studietilbud på høyere grads nivå. Institusjonen skal ha uteksaminert kandidater på lavere og høyere grads nivå på studietilbud som dekker doktorgradsområdenes faglige profil.*

*Studietilsynsforskriften § 3-1. Krav ved akkreditering av institusjoner*

*(4) Institusjonen skal ha et jevnlig opptak av studenter og et tilfredsstillende antall kandidater som fullfører til normert tid.*

I dette kapittelet viser vi opptak og gjennomstrøyming for studieprogramma på bachelor- og mastergradsnivå. I studieåret 2023–2024 hadde HVL 32 akkrediterte studieprogram på mastergradsnivå og 49 bachelorprogram.

Høgskulen har eit overordna mål om at dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov. Dette har vore styrande for utviklinga av studietilbudet, saman med målet om fem levande campus med ei tydeleg regional rolle. Ut frå dei strategiske føringane har fakulteta gjennomført faglege tiltak og endringar i studieporteføljen. Nye nasjonale forskrifter og retningslinjer har i tillegg gitt endringar i ei rekkje av utdanningane våre.

Høgskulen har arbeidd systematisk med å samordne bachelor- og mastergradsutdanningar på tvers av campus og møte forventingar om fleksibilitet. Målet er at utdanningane skal vere attraktive for søkjarar og arbeidsliv, men også vere økonomisk og fagleg berekraftige. Høge søkjartal, kvalifiserte og motiverte søkjarar og god gjennomstrøyming er føresetnader for å lykkast.

Høgskulen har lagt ned eit stort arbeid for å endre organiseringa av ei rekkje studieprogram på bachelor- og mastergradsnivå, for at dei skal bli meir fleksible. Det har handla om å tilby studieprogram på deltid, nett- og samlingsbasert, heildigitale, tilby enkeltemne og kunne godkjenne tidlegare fullførte vidareutdanningar i mastergradsprogram, for å kunne fullføre ein mastergrad. Omorganiseringa skal nå nye målgrupper og utvide søkjargrunnlaget, spesielt dei som vil kombinere arbeid og studium.

Ei rekkje studieprogram er endra fordi det er innført nye nasjonale forskrifter og retningslinjer for dei. Det gjeld for eksempel innføring av nye nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfag-utdanningane (RHETOS) og ny forskrift om rammeplan og nasjonale retningslinjer for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE).

I 2021 gjennomførte HVL ei periodisk evaluering av den samla eigenfinansierte studieporteføljen, som del av det systematiske kvalitetsarbeidet (sjå kapittel 4). Eit tema var gjennomgåande utdanningsløp, og evalueringa fann at dei fleste studentane på ei av bachelorutdanningane kan søkje seg vidare til ei mastergradsutdanning, og deretter ei ph.d.-utdanning. Evalueringa viste òg at nokre av løpa var meir sårbare enn andre når det gjeld studenttilgang og rekrutteringsvegar.

HVL har etter dette hatt merksemd på masterporteføljen. Det er etablert nye mastergradsprogram, for å bidra til å sikre gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor- til ph.d.-nivå, og truleg også til å auke studentrekrutteringa til bachelorgradsprogramma. Eksempel på slike nyetableringar er dei to sivilingeniørprogramma Master i berekraftig energiteknologi og Master i anvendt datateknologi og ingeniørvitskap ved FTMS, som begge starta opp i studieåret 23–24.

I tillegg til den eigenfinansierte studieporteføljen, har HVL har også ein portefølje av eksterntfinansierte studieprogram på bachelor- og mastergradsnivå.

Vi dokumenterer i det følgjande opptak, gjennomstrøyming, studiepoengproduksjon og uteksaminerte kandidatar på institusjonsnivå. Deretter viser vi opptak og gjennomstrøyming på dei tre fakulteta. Oversiktane dokumenterer at HVL i dei siste fem åra har uteksaminert kandidatar på både lågare og høgare grads nivå på studietilbod som dekkjer doktorgrads-områda sin faglege profil, og at vi har eit jamleg opptak av studentar og eit tilfredsstillande tal kandidatar som fullfører til normert tid.



## 8.1 Opptak på institusjonsnivå

Kvar haust utarbeider HVL ein rapport om studentopptaket og rekrutteringsarbeidet. Rapporten gir leiinga kunnskap om opptaket som er gjennomført og informasjon til det vidare arbeidet med å dimensjonere studietilbod og rekruttere nye studentar.<sup>89</sup>

Tabell 8.1: Nøkkeltal for søknad og opptak ved HVL 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Førstevalssøklarar totalt (SO)</b>	7849	8428	8353	7245	7060
<b>Kvalifiserte førstevalssøklarar (SO)</b>	6485	7201	7179	6232	5987
<b>Kval. førstevalssøklarar per st.plass (SO)</b>	1,6	1,7	1,8	1,6	1,5
<b>Alle som har møtt til studiestart (LO/SO)</b>	9214	7921	9717	8670	9096
<b>Opptatte studentar (LO/SO)</b>	9369	8715	9594	8342	8672


KJELDE: DBH, NØKKELTAL. SO: SAMORDNA OPPTAK, LO: LOKALT OPPTAK

Tabell 8.1 viser at HVL var på topp med omsyn til tal søklarar og opptatte studentar i 2020 og 2021, og sidan har hatt ein nedgang. Utviklinga tangerer dei nasjonale trendane med lågare søkartal til høgare utdanning dei siste par åra. For studium lyst ut gjennom Samordna opptak har det vore større nedgang enn det ein hadde forventa som følgje av mindre ungdomskull. Tala for kvalifiserte førstevalssøklarar per studieplass viser omtrent same utvikling.

Figur 8.1 viser at HVL hadde 1,5 kvalifiserte førstevalssøklarar per studieplass i 2023, som ligg midt blant dei universiteta det er mest relevant å samanlikne seg med. HVL er også på nivå med Universitetet i Agder og UiT Noregs arktiske universitet (ikkje tatt med i figuren).

<sup>89</sup> Rapporten for 2023-opptaket ligg her: <https://opengov.360online.com/Meetings/hvl-uninett/Meetings/Details/743780?agendaItemId=212063>.

Figur 8.1: Tal kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass, HVL og samanliknbare institusjonar, 2019–2023.



KJELDE: NØKKELTAL DBH

Tabell 8.2 viser at tal studentar tatt opp til bachelorgradsprogram har vore nokså stabilt fram til 2021, før nedgangen i 2022. Nedgang i søkjartal til lærarutdanningar i heile landet fekk konsekvensar også ved HVL, og særleg for opptak til barnehagelærarutdanninga.

På masternivå har det vore ein sterk vekst i opptakstala frå 2019 til 2021, og også i 2023 etter ein liten nedgang i 2022. Ein del av årsaka til vekst i opptakstal har vore fleire tilbod om vidareutdanningar på masternivå, men også etablering av nye mastergradsprogram. Opptaket til dei to 5-årige grunnskulelærarutdanningane (GLU 1–7 og 5–10) var relativt stabilt gjennom perioden 2019–2022, men vi ser ein tydeleg nedgang i 2023.

Tabell 8.2: Studentopptak ved HVL, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Bachelornivå<sup>90</sup></b>	3540	3655	3590	3090	3070
<b>Masternivå<sup>91</sup></b>	1015	1145	1675	1495	1835
<b>Integrert master og profesjonsstudium<sup>92</sup></b>	525	560	530	555	420

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.


<sup>90</sup> Bachelor, normert studietid 3 år eller 4 år.

<sup>91</sup> Master, normert studietid 2 år. Master, erfaringsbasert, 1 ½ –2 år. Master, normert studietid 1–1 ½ år. 2-årige vidareutdanningar som byggjer på ein bachelorgrad/yrkesutdanning, samt delar av ein mastergrad som er delt opp i mindre einingar og blir tilbydd separat som årseining, halvårseining etc, og som i sum kan byggjast opp til ein mastergrad.

<sup>92</sup> Integrert master, normert studietid 5 år.


Figur 8.2 og Figur 8.3 viser opptakstal til høvesvis bachelor- og masterutdanning ved HVL og dei samanliknbare universiteta. HVL har på lik linje med USN og HINN hatt ein liten nedgang for bachelorutdanningar i denne femårsperioden. For masterutdanningar har alle institusjonane hatt ein auke, og HVL har saman med Nord universitet hatt den største auken.

Figur 8.2: Opptakstal for bachelorutdanning/lågare nivå, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. BACHELOR, 3-ÅRIG ELLER 4-ÅRIG

Figur 8.3: Opptakstal for masterutdanning/høgare nivå, HVL og samanliknbare universitet, 2019 -2023.




KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. MASTER 2-ÅRIG, ERFARINGSBASERT 1,5–2 ÅR, 1–1,5-ÅRIG OG 5-ÅRIG

## 8.2 Gjennomstrøyming på institusjonsnivå


HVL har gode resultat for gjennomstrøyming, sett i høve til dei universiteta det er naturleg å samanlikne seg med. Figur 8.4 viser at i 2023 fullførte 58 % av dei uteksaminerte på 3-årig bachelorutdanningar på normert tid. Det er heilt på nivå med dei samanliknbare universiteta. Av dei uteksaminerte på 2-årige masterutdanningar fullførte 50 % på normert tid (Figur 8.5). Her har det vore ein nedgang for alle desse institusjonane dei siste par åra, men HVL ligg likevel framleis ein del over dei universiteta vi samanliknar oss med.

Figur 8.4: Andel studentar på 3-årig BA som gjennomfører på normert tid, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.



KJELDE: DBH, NASJONALT STYRINGSPARAMETER. 3-ÅRIG BACHELOR ORGANISERT PÅ FULLTID

Figur 8.5: Andel studentar på 2-årig MA som gjennomfører på normert tid, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.



KJELDE: DBH, NASJONALT STYRINGSPARAMETER. 2-ÅRIG ELLER ERFARINGSBASERT MASTER PÅ 120 STUDIEPOENG, FULLTID

### 8.3 Studiepoengproduksjon på institusjonsnivå


HVL har hatt ein stabil produksjon av studiepoeng dei siste fem åra og ligg i 2023 øvst blant dei samanliknbare universiteta, saman med OsloMet (Tabell 8.3).

Tabell 8.3: Studiepoeng per student (eigenfinansierte), HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.

Institusjonsnavn	2019	2020	2021	2022	2023
Høgskulen på Vestlandet	46	48	47	47	45
OsloMet – storbyuniversitetet	46	48	47	47	45
Universitetet i Sørøst- Noreg	44	45	44	44	44
Nord universitet	42	43	42	43	42
Høgskolen i Innlandet	42	43	41	42	40

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.


Figur 8.6:1 Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60 studiepoengsenheter), HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.

2021 var eit toppår for eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60 studiepoengeiningar) ved statlege norske høgare utdanningsinstitusjonar. I 2023 var talet samla sett gått ned med 3,7 prosent samanlikna med 2021 (DBH, statistikk for studentar). På HVL var nedgangen endå større, med 5,5 prosent. Som Figur 8.6 viser, var dette omtrent same utvikling som på dei samanliknbare universiteta, med unntak av OsloMet, som har klart å oppretthalde nivået. Figur 8.7 viser studiepoengproduksjonen ved det enkelte fakultetet på HVL, og som vi ser har det vore størst nedgang ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.

Figur 8.7: Eigenfinansiert studiepoengsproduksjon (60 studiepoengseiningar) per fakultet på HVL, 2019–2023.




KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. FTMS VISER DEI SUMMERTE TALA FOR DEI TO GAMLE FAKULTETA FIN OG FØS.

#### 8.4 Uteksaminerte kandidatar på institusjonsnivå

Figur 8.8 og Figur 8.9 viser tal på uteksaminerte kandidatar for bachelor- og mastergradsnivå. HVL ligg nest høgst av desse samanliknbare universiteta når det gjeld talet på bachelorkandidatar, og midt i landskapet for mastergradskandidatar. For masternivået har HVL hatt den største relative veksten frå 2019, med meir enn ei dobling. Det speglar utviklinga av HVL i retning av ein meir forskingsretta institusjon og med samanhengande programsøyle frå bachelor- til ph.d.-grad.


Figur 8.8: Tal uteksaminerte frå bachelorgradsstudium, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. BACHELOR, 3-ÅRIG ELLER 4-ÅRIG.



Figur 8.9: Tal uteksaminerte frå mastergradsstudium, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. MASTER 2-ÅRIG, ERFARINGSBASERT 1,5-2 ÅR, 1-1,5-ÅRIG OG 5-ÅRIG.

## 8.5 Opptak og gjennomstrøyming på fakultetsnivå

I det følgjande dokumenterer vi at HVL har uteksaminert kandidatar på bachelor- og masternivå på studietilbod som dekkjer doktorgradsområda sin faglege profil. Vi vil òg presentere ei oversikt over studium som fører til ein grad, med tal for opptak av studentar, produksjon av studiepoeng og kandidatar, del studentar som gjennomfører på normert tid og normert tid pluss eit år. I kapittel 6 har vi gjort greie for kva for bachelor- og masterprogram som gir opptak til ph.d.-programma. Nokre av bachelor- og masterprogramma er definert innanfor og kan gi opptak til meir enn eitt doktorgradsområde.<sup>93</sup> Dei siste fem åra har fakulteta arbeidd med å utvikle studietilboda. Vidare-utdanningar på masternivå er utvikla til nye mastergradsprogram, etablerte mastergradsprogram er slått saman til nye program med fleire studieretningar og vi har etablert nye bachelor- og mastergradsprogram. Tabellane i resten av kapitlet inneheld derfor studieprogram som har endra namn i løpet av dei siste åra.

### 8.5.1 Opptak og gjennomstrøyming på Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Fakultet for helse- og sosialvitenskap er vertsfakultet for ph.d.-programmet *Helse, funksjon og deltaking* (HFD) og bidrar fagleg og med rekruttering inn imot ph.d.-programmet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* (RESINNREG), som har FTMS som vertsfakultet. FHS har dei siste åra arbeidd med å skape gjennomgåande utdanningsløp frå bachelorprogram til master og ph.d, og har utvikla studieporteføljen i samsvar med RETHOS<sup>94</sup>. Studieprogram

<sup>93</sup> I oversikta over akkrediterte studietilbod blir nokre studieprogram presentert som ein studieprogramtype, dersom dei tar opp studentar på fleire campus, og blir tilbode både på heiltid, deltid eller desentralisert. Masterprogram som har fleire studieretningar, blir også presentert som eitt program.

<sup>94</sup> [Nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningene](#)

som går ved fleire campus, er samordna, og det er utvikla fleksible deltidsutdanningar. Alle bachelor- og master-kandidatar ved fakultetet kan fortsetje på eit av dei to nemnde ph.d.-programma. Tabell 8.4 viser masterprogramma ved FHS, kva for ein ph.d. dei gir opptak til og dato for akkreditering.

Fakultetet sin studieportefølje på bachelor- (BA) og master-(MA)nivå er under stadig utvikling og fakultetet har utvida MA-porteføljen sin dei siste åra. Det er komme til fleire studieretningar i nokre program, og nokre studieretningar er blitt til nytt studieprogram. Tabellane som følgjer, viser korleis desse variasjonane har slått ut på dei ulike utdanningane. Nokre av programma er blitt revidert i tråd med nasjonale retningslinjer (RETHOS). Nokre av studieprogramma har opptak annakvart år.

Tabell 8.4: Masterprogram ved FHS og tilknytning til ph.d.-program.

Masterprogram	Ph.d.-tilknytning	Dato for akkreditering
Avansert klinisk allmennsykepleie	HFD	HVL 20.1.2021
Familieterapi og relasjonelt arbeid	HFD	HVL 20.1.2021
Jordmorfag	HFD	NOKUT 03.11.2016
Klinisk fysioterapi	HFD	NOKUT 25.06.2008
Klinisk sykepleie med 4 nye studieretninger (anestesi, barn, intensiv og operasjon)	HFD	HiB 12.01.2015
Spesialsykepleie (anestesi, barn, intensiv og operasjon)	HFD	HVL 10.11.2022
Master i sykepleie – kliniske spesialiteter	HFD	HVL 20.01.2021
Helsesykepleie	HFD	HVL 10.10.2022
Kunnskapsbasert praksis	HFD	NOKUT 04.07.2007
Tverrfagleg master i psykisk helse og rusarbeid	HFD	NOKUT 28.10.2016
Master in Healthy Ageing and Rehabilitation	HFD	HVL 06.03.2019
Samhandling og folkehelse	HFD	HVL 19.02.2020
Medisinsk laboratorieteknologi	HFD	HVL 10.10.2023
Sosialvitenskap	HFD og RESINNREG	HVL 13.10.2021

Tabellane under viser opptak, produksjon av studiepoeng og kandidatar og gjennomstrøyming, på bachelor- og masterprogramma ved Fakultet for helse- og sosialfag. Tabellane viser ein jamn auke i talet på uteksaminerte kandidatar i perioden 2019–2023. På den andre sida viser Tabell 8.5. ein viss nedgang på opptak til sjukepleiarutdanninga i 2023, noko som avspeglar nasjonale trendar. Men utover dette har både opptak og studiepoengproduksjon ved fakultetet vore generelt sett stabil og med små variasjonar i perioden 2019–2023.

Tabell 8.5: Opptak på bachelorprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Eigenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>75</b>	661120 Sykepleie	100	110		86		65
	661305 Vernepleie	100	21		83	82	111
<b>100</b>	661120 Sykepleie	100	569	544	525	559	425
	661305 Vernepleie	100	116	132	113	124	140
	662116 Sosialfag	100	129	150	123	117	116
	662117 Barnevernspedagog	100	49	53	61	46	34
	665102 Ergoterapi	100	45	50	48	48	52
	665204 Fysioterapi	100	90	90	88	89	99
	669938 Radiografi	100	48	46	48	53	50
<b>Totalt</b>			<b>1177</b>	<b>1065</b>	<b>1175</b>	<b>1118</b>	<b>1092</b>

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. TAL STUDENTAR MØTT PR 1.10

Tabell 8.6: Opptak på masterprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Eigenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>50</b>	761108 Avansert klinisk sykepleie	64			52		44
	761121 Avansert klinisk allmennsykepleie	100			42	30	20
	762105 Familieterapi og systemisk praksis	59			51	36	41
	769923 Helse- og sosialfaglig arbeid	100	38		38		39
	769934 Tverrfaglig samarbeid i HS-sektoren	100		63	74	63	70
	<b>67</b>	761116 Klinisk sykepleie, diabetes	100		25		28
	761120 Klinisk sykepleie, kardiologisk	100		28		32	
	769944 Psykisk helse- og rusarbeid	100	42	45	50	50	63
<b>80</b>	761115 Helsesykepleie	100	31	40	40	44	
<b>100</b>	731914 Samfunnsarbeid	100	24		30		
	761107 Jordmorfag	100	26	41	36	43	46
	761109 Klinisk sykepleie, anestesi	100	26	28	31	35	
	761110 Klinisk sykepleie, intensiv	100	43	48	54	57	
	761111 Klinisk sykepleie, operasjon	100	26	31	31	32	
	761112 Klinisk sykepleie, barn	100	7		11		
	761113 Spesialsykepleie	100					122
	761115 Helsesykepleie	100					51
	761904 Rehabilitering	100		28		37	
	765207 Klinisk fysioterapi	100		39		36	
	769923 Helse- og sosialfaglig arbeid	100				48	54
<b>Totalt</b>			<b>263</b>	<b>416</b>	<b>540</b>	<b>571</b>	<b>550</b>

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. TAL STUDENTAR MØTT PR 1.10.

Tabell 8.7: Studiepoengproduksjon på bachelorprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>75</b>	661120 Sjukepleie	100	52	62	75	59	60
	661305 Vernepleie	100	49	60	85	55	47
<b>100</b>	661120 Sjukepleie	100	53	66	56	55	51
	661305 Vernepleie	100	55	70	56	55	55
	662116 Sosialfag	100	57	75	58	63	56
	662117 Barnevernspedagog	100	55	72	58	55	57
	665102 Ergoterapi	100	58	73	56	67	56
	665204 Fysioterapi	100	56	74	59	56	54
	669938 Radiografi	100	54	66	54	52	51

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. PER HEILTIDSEKVIVALENT.

Tabell 8.8: Studiepoengproduksjon på masterprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egen finans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>50</b>	761121 Avansert klinisk allmennsykepleie	100				57	51
	761122 Klinisk sykepleie med spesialisering	64				32	88
	762105 Familierterapi og systemisk praksis	59				47	57
	769915 Helsevitenskap	100	34	36	90	26	90
	769923 Helse- og sosialfaglig arbeid	100	68	27	61	24	73
	769934 Tverrfaglig samarbeid i HS-sektoren	100	52	115	55	48	46
	<b>67</b>	761108 Avansert klinisk sykepleie	100	67		60	0
761116 Klinisk sykepleie, diabetes		100	78	13	90	9	80
761120 Klinisk sykepleie, kardiologisk		100	87	6	91	8	87
769944 Psykisk helse- og rusarbeid		100	58	50	53	63	52
<b>80</b>	761115 Helsepsykepleie	100	65	58	73	62	87
<b>100</b>	731914 Samfunnsarbeid	100	32	50	51	45	66
	761107 Jordmorfag	100	58	51	52	51	50
	761109 Klinisk sykepleie, anestesi	100	55	46	53	52	44
	761110 Klinisk sykepleie, intensiv	100	45	46	49	45	37
	761111 Klinisk sykepleie, operasjon	100	52	55	59	53	49
	761112 Klinisk sykepleie, barn	100	34	59	64	45	48
	761904 Rehabilitering	100			49		46
	765207 Klinisk fysioterapi	100	44	52	45	54	44
	769923 Helse- og sosialfaglig arbeid	100					50

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. PER HEILTIDSEKVIVALENT.

Tabell 8.9: Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Bachelor</b>	927	808	923	960	1021
<b>Master</b>	133	117	195	157	254

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. EI MEIR DETALJERT OVERSIKT OVER KANDIDATAR FINST I VEDLEGG 8.1.

Tabell 8.10: Andel som har gjennomført ein treårig bachelorgrad på normert tid og normert +1 år, FHS, 2019–2023.

Studieprogramtype (NUSkode)	Normert	Normert +1 år
<b>661120 Sykepleie</b>	70 %	80 %
<b>661305 Vernepleie</b>	76 %	82 %
<b>662116 Sosialfag</b>	80 %	84 %
<b>662117 Barnevernspedagog</b>	74 %	81 %
<b>665102 Ergoterapi</b>	65 %	69 %
<b>665204 Fysioterapi</b>	69 %	73 %
<b>669938 Radiografi</b>	52 %	56 %

KJELDE: FS. GJENNOMFØRINGSPROSENT FOR DEI STARTKULLA SOM NORMERT SKULLE FULLFØRE GRADEN SIN I PERIODEN 2019–2023.

Tabell 8.11: Andel som har gjennomført ein toårig mastergrad på normert tid og normert +1 år, FHS, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	Normert	Normert pluss 1 år
<b>100</b>	731914 Samfunnsarbeid	30 %	70 %
	761107 Jordmorfag	82 %	88 %
	761904 Rehabilitering	54 %	63 %
	765207 Klinisk fysioterapi	60 %	92 %
<b>100</b>	761109 Klinisk sykepleie, anestesi	18 %	45 %
	761110 Klinisk sykepleie, intensiv	17 %	39 %
	761111 Klinisk sykepleie, operasjon	39 %	58 %
	761112 Klinisk sykepleie, barn	57 %	63 %
<b>50</b>	769915 Helsevitenskap	34 %	42 %
	769923 Helse- og sosialfaglig arbeid	40 %	43 %
	769934 Tverrfaglig samarbeid i helse- og sosialsektoren	41 %	48 %
<b>67</b>	761108 Avansert klinisk sykepleie	83 %	83 %
	769944 Psykisk helse- og rusarbeid	14 %	23 %
	761116 Klinisk sykepleie, diabetes	18 %	22 %
	761120 Klinisk sykepleie, kardiologisk	10 %	10 %
<b>80</b>	761115 Klinisk sykepleie, helsesykepleie	4 %	9 %

KJELDE: FS. GJENNOMFØRINGSPROSENT FOR DEI STARTKULLA SOM NORMERT SKULLE FULLFØRE GRADEN SIN I PERIODEN 2019–2023.<sup>95</sup>

<sup>95</sup> For ein del av masterstudia i klinisk sjukepleie kan studentane velje å slutte etter at dei har oppnådd ein vidareutdanningskvalifikasjon på 60/90 studiepoeng, eller fortsetje og gjennomføre heile

### 8.5.2 Opptak og gjennomstrøyming på Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett tilbyr ph.d.-utdanninga *Studiar av danning og didaktiske praksisar*. Praktisk talt alle bachelorstudentar ved FLKI kan gå vidare på ei mastergradsutdanning og ph.d.-utdanning på fakultetet.<sup>96</sup> Fakultetet har hatt store utviklingsprosessar knytt til studieporteføljen dei siste åra. I 2020 samordna fakultetet fem mastergradsprogramma til to nye samlingsbaserte program på deltid med fleire studieretningar: Master i didaktiske praksisar og Master i praktisk utdanningsvitenskap. Fakultetet har tidlegare etablert 5-årig grunnskulelærarutdanning (GLU 1–7 og GLU 5–10) og samordna 3-årig barnehagelærarutdanning og 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning på tvers av tre campus. I tråd med nasjonale endringar blei dei 3-årige faglærarutdanningane i musikk og kroppsøving og idrettsfag endra til 5-årig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE) frå studieåret 2022/23. Frå same studieår starta samlingsbasert Master i kunstfag på deltid, som var ei samordning av fire tidlegare masterprogram.

Tabell 8.12 viser masterprogramma ved FLKI og dato for akkreditering. Alle desse masterprogramma kvalifiserer for opptak på ph.d.-programmet *Studiar av danning og didaktiske praksisar*.

Tabell 8.12: Masterprogram ved FLKI og tilknytning til ph.d.-program.

Studieprogram	Ph.d.-tilknytning	Dato for akkreditering
Grunnskolelærarutdanning 1–7	SDDP	HVL 15.12.2016
Grunnskolelærarutdanning 5–10	SDDP	HVL 15.12.2016
Lærarutdanning for praktiske og estetiske fag trinn 1–13	SDDP	HVL 13.10.2021
Master i barnehagekunnskap	SDDP	HIB/HVL 2015
Master i didaktiske praksisar	SDDP	HVL 18.6.2020
Master i idrettsvitenskap	SDDP	17.8.2016
Master i kunstfag	SDDP	HVL 13.10.2021
Master i praktisk utdanningsvitenskap	SDDP	18.06.2020

Tabellane under viser opptak, produksjon av studiepoeng og kandidatar og gjennomstrøyming, på bachelor- og masterprogramma ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett. Tabellane viser at fakultetet over tid har hatt jamn samla nedgang når det gjeld søkjartala til barnehagelærarutdanninga, og at ein på same måte ser ein vesentleg

---

masterstudieprogrammet på 120 studiepoeng. I gjennomføringstabellen har vi tal for alle som starta på studieprogrammet, men for tal uteksaminerte er det berre dei som har fullført heile masterprogrammet og oppnår ein mastergrad, som blir talde. På desse studieprogramma er det eit naturleg fråfall av studentar etter oppnådd vidareutdanningskvalifikasjon, og dette er med på å gjere at gjennomføringsgraden på desse studieprogramma bli relativt låg.

<sup>96</sup> Unntaket er kandidatar frå bachelor i teiknspråk og tolking, som ikkje har tilbod om eit spesialisert mastertilbod verken på HVL eller nasjonalt.

nedgang når det gjeld grunnskulelærerutdanningane, spesielt i 2023. Desse tendensane er i samsvar med nasjonale trendar når det gjeld desse utdanningane. Nedgangen i opptaket på bachelorstudia i idrett/kroppssøving dei siste åra skuldast i hovudsak ei overføring av søknadsmassen frå bachelor til den nyoppretta faglærerutdanninga i kroppssøving/idrett på masternivå.

Utover dette har både opptak og studiepoengproduksjonen ved fakultetet vore generelt sett stabil, med små variasjonar i perioden 2019–2023.

Tabell 8.13: Opptak på bachelorprogram ved Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>75</b>	621107 Barnehagelærerutdanning	0	34	19	16		32
		100	75	49	81	38	74
<b>100</b>	611903 Tegnspråk og tolking	100	27	28	28	22	25
	615902 Kunstfag, med fordypning i drama	100	0	15		17	
	621107 Barnehagelærerutdanning	100	400	413	387	277	186
	623124 Faglærerutdanning kroppssøving/idrett	100	36	39	41	4	
	623126 Faglærerutdanning, musikk	100	16	15	6		
	668105 Idrett/kroppssøving	100	66	90	78	34	33
	668907 Natur- og friluftslivsfag	100	40	31	31	23	19
669953 Folkehelsearbeid	100	25	29	43	36	35	
<b>Totalt</b>			<b>719</b>	<b>728</b>	<b>711</b>	<b>451</b>	<b>404</b>

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. TAL STUDENTAR MØTT PR 1.10.

Tabell 8.14: Opptak på toårige masterprogram ved Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>50</b>	721106 Barnehagevitenskap	100		14	14	20	19
	723112 Fag- og yrkesdidaktikk, kunstfag	100				33	34
	724115 Pedagogikk	100			56	65	57
	724124 Undervisningsvitenskap	100			87	73	73
<b>100</b>	768106 Idretts-/bevegelsesvitenskap	100	20	20	30	23	23
	Andre		225	90	46		
<b>Totalt</b>			<b>245</b>	<b>124</b>	<b>233</b>	<b>214</b>	<b>206</b>

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. TAL STUDENTAR MØTT PR 1.10.



Tabell 8.15: Opptak på femårige masterprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
100	722105 Grunnskolelærerutdanning, 1.-7. trinn	100	239	265	232	222	195
100	722106 Grunnskolelærerutdanning, 5.-10. trinn	100	290	282	303	284	187
100	722111 Lærerutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13	100				52	41
<b>Totalt</b>			<b>529</b>	<b>547</b>	<b>535</b>	<b>558</b>	<b>423</b>

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. TAL STUDENTAR MØTT PR 1.10.

Tabell 8.16: Studiepoengproduksjon på bachelorprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
75	621107 Barnehagelærer	0	45	59	53	57	59
		100	65	57	49	55	56
100	611903 Tegnspråk og tolking	100	44	52	47	49	41
	615902 Kunstfag, med fordypning drama	100	59	52	53	52	50
	621107 Barnehagelærer	100	66	53	53	55	56
	623124 Faglærer kroppsøving/idrett	100	54	44	71	55	55
	668105 Idrett/kroppsøving	100	53	53	63	53	50
	623126 Faglærer musikk	100	45	52	57	64	47
	668907 Natur- og friluftslivsfag	100	53	55	54	57	59
669953 Folkehelsearbeid	100	48	54	57	48	45	

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. PER HEILTIDSEKVIVALENT.

Tabell 8.17: Studiepoengproduksjon på toårige masterprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>50</b>	721106 Barnehagevitenskap	100			50	82	47
	723112 Fag- og yrkesdidaktikk, kunstfag	100					62
	724115 Pedagogikk	100			54	54	49
	724124 Undervisningsvitenskap	100	103	0	57	51	48
<b>66</b>	719907 Estetiske studier	100	45	43	53	46	59
	724905 IKT i læring	100	60	60	81	64	74
<b>67</b>	724207 Spesialpedagogikk	100	78	38	83	24	60
<b>100</b>	712103 Litteraturstudier	100	58	48	68		0
	715128 Musikkpedagogikk	100	40	55	60	60	0
	715212 Dramapedagogikk	100	60	47	48	24	46
	721106 Barnehagevitenskap	100	40	39	48		
	723201 Fagdidaktikk, studieretning samfunnsfag	100	54	44	88		17
	723501 Fysisk aktivitet og kosthold i et skolemiljø	100	53	54	51	61	71
	724119 Læring	100	44	48	54	53	30
	724124 Undervisningsvitenskap	100	53	51	61	16	14
	768106 Idretts-/bevegelsesvitenskap	100	57	49	53	48	50

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. PER HEILTIDSEKVIVALENT.

Tabell 8.18: Studiepoengproduksjon på femårige masterprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	% Egenfinans.	2019	2020	2021	2022	2023
<b>100</b>	722105 Grunnskolelærarutdanning, 1.-7. trinn	100	55	56	54	55	54
	722106 Grunnskolelærarutdanning, 5.-10. trinn	100	55	58	54	54	53
	722111 Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13	100					58

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. PER HEILTIDSEKVIVALENT.

Tabell 8.19: Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
Bachelorgrad	470	477	451	428	518
Mastergrad (toårig)	151	159	234	92	79
Mastergrad (femårig)				305	346

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. EIN MEIR DETALJERT OVERSIKT OVER KANDIDATAR ER I VEDLEGG 8.2.

Tabell 8.20: Andel som har gjennomført ein treårig bachelorgrad på normert tid og normert +1 år, FLKI, 2019–2023.

Studieprogramtype (NUSkode)	Normert	Normert pluss 1 år
615115 Musikk	67 %	
615902 Kunstfag, med fordypning drama	48 %	50 %
621107 Barnehagelærerutdanning	63 %	69 %
623124 Faglærerutdanning, kroppsøving/idrett	74 %	79 %
623126 Faglærerutdanning, musikk	59 %	66 %
668105 Idrett/kroppsøving	57 %	63 %
668907 Natur- og friluftslivfag	59 %	63 %
669953 Folkehelsearbeid	67 %	73 %

KJELDE: FS. GJENNOMFØRINGSPROSENT FOR DEI STARTKULLA SOM NORMERT SKULLE FULLFØRE GRADEN SIN I PERIODEN 2019 – 2023.

Tabell 8.21: Andel som har gjennomført ein toårig mastergrad på normert tid og normert +1 år, FLKI, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	Normert	Normert pluss 1 år
<b>100</b>	722105 Grunnskolelærerutdanning, 1.-7. trinn, femårig	61 %	64 %
	722106 Grunnskolelærerutdanning, 5.-10. trinn, femårig	56 %	61 %
<b>100</b>	712103 Litteraturstudier, toårig	89 %	94 %
	715128 Musikkpedagogikk, toårig	63 %	89 %
	715212 Dramapedagogikk, toårig	39 %	56 %
	721106 Barnehagevitenskap, toårig	38 %	50 %
	723201 Fagdidaktikk, studieretning samfunnsfag, toårig	73 %	84 %
	723501 Fysisk aktivitet og kosthold i et skolemiljø, toårig	73 %	89 %
	724119 Læring, toårig	67 %	78 %
	724124 Undervisningsvitenskap, toårig	76 %	88 %
	768106 Idretts-/bevegelsesvitenskap, toårig	69 %	75 %
<b>50</b>	721106 Barnehagevitenskap, toårig	100 %	100 %
	724124 Undervisningsvitenskap, toårig	38 %	38 %
<b>66</b>	724905 IKT i læring, toårig	66 %	71 %
<b>67</b>	719907 Estetiske studier, toårig	46 %	55 %
	724207 Spesialpedagogikk, toårig	64 %	77 %

KJELDE: FS. GJENNOMFØRINGSPROSENT FOR DEI STARTKULLA SOM NORMERT SKULLE FULLFØRE GRADEN SIN I PERIODEN 2019 – 2023.

### 8.5.3 Opptak og gjennomstrøyming på Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS) har sidan fusjonen utvikla studieporteføljen mellom anna ved å samordne utdanningar på tvers av campus. Det gjeld t.d. bachelor i ingeniørfag, automatisering med robotikk, bachelor i ingeniørfag, bygg og

bachelor i informasjonsteknologi. Fakultetet tilbyr ph.d.-programmet *Datateknologi* (DT) og saman med Fakultet for helse- og sosialvitenskap ph.d-programmet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* (RESINNREG). FTMS tilbyr også ph.d.-programmet *Nautiske Operasjonar*, som er ein fellesgrad saman med NTNU, UiT Noregs arktiske universitet og Universitetet i Sørøst-Noreg. Dei fleste bachelor- og masterstudia ved fakultetet inngår i opptaksgrunnlaget til desse tre ph.d.-programma.

NOKUT akkrediterte i juni 2022 master i berekraftig energiteknologi. Studentar i programmet kan gjennom noko valfrie spesialisering kvalifisere seg for opptak på ph.d.-programmet i datateknologi. HVL sjølvakkrediterte i oktober 2022 master i anvendt datateknologi, som gir direkte opptak til ph.d.-programmet DT. Mastergradene i anvendt datateknologi og berekraftig energiteknologi styrkjer gjennomgåande studieløp for bachelor i ingeniørfag til ph.d.-programmet i datateknologi. Fakultetet starta i 2022 opp ein ny 4-årig bachelorgrad i nautikk, der studentane får 60 studiepoeng (eit studieår) med praksis i bachelorgraden.

Tabellane under viser at både opptak, studieproduksjon og uteksaminerte kandidatar ved FTMS har vore stabil med små variasjonar i perioden 2019–2023. Det er likevel eit lite unntak for programma i økonomi og administrasjon, som har hatt ein mindre nedgang i opptaket i 2022 og 2023. Dette skuldast unormalt høge opptakstal i perioden 2020–2022, grunna ekstraordinære koronamidlar. Tala for 2023 viser slik at desse studia no er tilbake i ordinær drift.

Tabell 8.22: Masterprogram ved FTMS og tilknytning til ph.d.-program.

Studieprogram	Ph.d.-tilknytning	Dato for akkreditering
Master i areal og eiendom	(DT)*	NOKUT 23.1.2015
Master i anvendt datateknologi	DT	HVL 10.10.2022
Master i brannsikkerhet	(DT)*	NOKUT 23.1.2015
Master i bærekraftig energiteknologi	DT	NOKUT 24.6.2022
Master i energi (samarbeid med UiB)	(DT)*	1.12.2011
Master i ansvarleg innovasjon og bærekraftig verdiskaping	RESINNREG	NOKUT 25.1.2019
Master i programvareutvikling (fellesgrad med UiB)	DT	NOKUT 12.6.2008
Master i undervannsteknologi* (NTNU)	(DT)*	
Master in Climate Change Management	RESINNREG	NOKUT 6.6.2016
Master i innovasjon og ledelse, samfunnsfaglig retning	RESINNREG	NOKUT 12.5.2014
Master i maritime operasjonar – fellesgrad med Hochschule Emden/Leer	NO	NOKUT 2.9.2017
Master i organisasjon og leiing (deltid)	RESINNREG, HFD	Departementet 26.09.2002
Master of Science in Business	RESINNREG	HVL 6.2.2020

\* KANDIDATAR KAN GÅ VIDARE TIL PH.D.-EN DATATEKNOLOGI, UNDER FØRESETNAD AV STOR VEKT PÅ IKT I MASTEROPPGÅVA.

Tabell 8.23: Opptak på bachelorprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	2019	2020	2021	2022	2023
<b>60</b>	641141 Økonomi og administrasjon	37	40	10	30	24
<b>75</b>	681311 Skipsfart og logistikk	52		60		54
<b>100</b>	613102 Historie	9	30	60	34	46
	632102 Sosiologi	30	39	30	13	6
	641141 Økonomi og administrasjon	408	443	411	389	324
	641906 Eiendomsmegling	34	39	36	43	56
	644109 Reiselivsfag	35	64	36	22	17
	651419 Landskapsplanlegging	26	32	35	31	39
	651423 Fornybar energi	40	35	38	32	20
	652211 Ingeniørfag, kjemi	23	26	19		19
	652903 Ingeniørfag, havteknologi	30	43	32	40	37
	654120 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	92	93	115	119	131
	654122 Ingeniørfag, data	99	120	120	117	114
	655106 Ingeniørfag, elektro	159	174	146	141	155
	655108 Elektronikk, informatikk og teknologi	1	22	29	21	19
	655213 Ingeniørfag, maskin	167	144	140	140	162
	656103 Geologi	29	31	24	26	21
	657107 Ingeniørfag, bygg	129	161	137	115	111
657109 Landmåling og eiendomsdesign	51	56	50	68	57	

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	2019	2020	2021	2022	2023
	669937 Bioingeniørfag	64	51	52	72	58
	681309 Nautikkutdanning	50	47	58	16	8
	682503 Ingeniørfag, brannsikkerhet	22	17	42	24	31
	682909 Ingeniørfag, helse, miljø og sikkerhet	26	14		1	
	681309 Nautikkutdanning (4-årig m praksis)				38	33
	<b>Totalt</b>	<b>1613</b>	<b>1721</b>	<b>1680</b>	<b>1532</b>	<b>1542</b>

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. TAL STUDENTAR MØTT PR 1.10.

Tabell 8.24: Opptak på masterprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	2019	2020	2021	2022	2023
<b>50</b>	759921 Teknologisk innovasjon og entreprenørskap			11	11	11
	782501 Teknologi, brannsikkerhet	8	5	8	3	
	741119 Administrasjon og ledelse	83	63	107	67	73
<b>100</b>	741131 Science, Economics and Business Administration		36	42	41	46
	741147 Innovasjon og ledelse	34	38	39	30	27
	751418 Internasjonale miljøstudier	29	29	21	26	0
	754106 Sivilingeniørutdanning, datateknikk					28
	754119 Teknologi, datateknikk					6
	755117 Bærekraftig energiteknologi					17
	757902 Eiendomsutvikling og forvaltning	25	34	36	16	17
	759921 Teknologisk innovasjon og entreprenørskap	11	23	9	11	5
	781304 Maritime operasjoner	24	52	57	42	22
	782501 Teknologi, brannsikkerhet	14	14	10	18	0
		<b>Totalt</b>	<b>228</b>	<b>294</b>	<b>340</b>	<b>265</b>

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. TAL STUDENTAR MØTT PR 1.10.

Tabell 8.25: Studiepoengproduksjon på bachelorprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	2019	2020	2021	2022	2023
<b>60</b>	641141 Økonomi og administrasjon	32	37	44	41	38
<b>66</b>	655106 Ingeniørfag, elektro	24				
<b>75</b>	681311 Skipsfart og logistikk		33	33	34	32
<b>100</b>	613102 Historie	51	60	37	31	33
	632102 Sosiologi	50	52	50	46	48
	641141 Økonomi og administrasjon	43	47	46	45	45
	641906 Eiendomsmegling	42	49	40	42	42
	644109 Reiselivsfag	48	53	52	49	49
	651419 Landskapsplanlegging	53	55	54	47	54
	651423 Fornybar energi	50	51	47	47	47
	652211 Ingeniørfag, kjemi	50	59	53	47	
	652903 Ingeniørfag, havteknologi	53	55	52	47	48
	654120 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	38	47	43	42	47
	654122 Ingeniørfag, data	48	52	47	44	42
	655106 Ingeniørfag, elektro	53	47	49	47	47
	655107 Ingeniørfag, energi og miljø	60	66	38	8	0
	655108 Elektronikk, informatikk og teknologi	45	45	33	37	41
	655213 Ingeniørfag, maskin	46	52	51	53	49
	656103 Geologi	53	53	47	46	51
	657107 Ingeniørfag, bygg	53	52	49	49	46
	657109 Landmåling og eiendomsdesign	54	54	52	51	50
	669937 Bioingeniørfag	54	54	55	58	51
	681309 Nautikkutdanning	54	52	51	53	54
	682503 Ingeniørfag, brannsikkerhet	49	50	48	42	50
682909 Ingeniørfag, helse, miljø og sikkerhet	34	59	54	35	50	
	681309 Nautikkutdanning (4-årig)					54

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. PER HEILTIDSEKVALENT.



Tabell 8.26: Studiepoengproduksjon på masterprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	2019	2020	2021	2022	2023
50	759921 Teknologisk innovasjon og entreprenørskap					44
	782501 Teknologi, brannsikkerhet	50	59	45	39	49
50	741119 Administrasjon og ledelse	49	49	51	48	50
100	741131 Science, Economics and Business Administration			57	52	52
	741147 Innovasjon og ledelse	53	58	57	54	56
	751418 Internasjonale miljøstudier	52	53	52	51	53
	752905 Teknologi, havteknologi	15	15	25		
	754134 Informatikk: programmering og systemarkitektur	36	35	24	32	
	755117 Bærekraftig energiteknologi	24	20	16	24	102
	757902 Eiendomsutvikling og forvaltning	48	48	50	48	47
	759921 Teknologisk innovasjon og entreprenørskap	49	66	80		51
	781304 Maritime operasjoner	31	22	19	39	21
	782501 Teknologi, brannsikkerhet	55	37	37	25	16

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. PER HEILTIDSEKVALENT.

Tabell 8.27: Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Bachelor</b>	974	915	899	875	922
<b>Master</b>	95	105	164	177	188

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. EIN MEIR DETALJERT OVERSIKT OVER KANDIDATAR FINS I VEDLEGG 8.3.

Tabell 8.28: Andel som har gjennomført ein treårig bachelorgrad på normert tid og normert +1 år, FTMS, 2019–2023.

Studieprogramtype (NUSkode)	Normert	Normert plus 1 år
613102 Historie	24 %	26 %
632102 Sosiologi	45 %	50 %
641141 Økonomi og administrasjon	43 %	49 %
641906 Eiendomsmegling	33 %	48 %
644109 Reiselivsfag	49 %	53 %
651419 Landskapsplanlegging	72 %	78 %
651423 Fornybar energi	44 %	56 %
652211 Ingeniørfag, kjemi	48 %	54 %
652903 Ingeniørfag, havteknologi	63 %	71 %
654120 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	34 %	43 %
654122 Ingeniørfag, data	51 %	59 %
655106 Ingeniørfag, elektro	56 %	61 %
655107 Ingeniørfag, energi og miljø	81 %	83 %
655108 Elektronikk, informatikk og teknologi	28 %	40 %
655213 Ingeniørfag, maskin	52 %	61 %
656103 Geologi	52 %	62 %

657107 Ingeniørfag, bygg	64 %	72 %
657109 Landmåling og eiendomsdesign	59 %	64 %
669937 Bioingeniørfag	73 %	77 %
681309 Nautikkutdanning	60 %	65 %
682503 Ingeniørfag, brannsikkerhet	58 %	62 %
682909 Ingeniørfag, helse, miljø og sikkerhet	31 %	39 %
681311 Skipsfart og logistikk	56 %	58 %

KJELDE: FS. GJENNOMFØRINGSPROSENT FOR DEI STARTKULLA SOM NORMERT SKULLE FULLFØRE GRADEN SIN I PERIODEN 2019–2023.

Tabell 8.29: Andel som har gjennomført ein toårig mastergrad på normert tid og normert +1 år, FTMS, 2019–2023.

% av heiltid	Studieprogramtype (NUSkode)	Normert	Normert pluss 1 år
<b>100</b>	741131 Science, Economics and Business Administration	65 %	75 %
	741147 Innovasjon og ledelse	86 %	89 %
	751418 Internasjonale miljøstudier	55 %	71 %
	757902 Eiendomsutvikling og forvaltning	67 %	71 %
	759921 Teknologisk innovasjon og entreprenørskap	71 %	77 %
	781304 Maritime operasjoner	21 %	35 %
	782501 Teknologi, brannsikkerhet	58 %	67 %
<b>50</b>	741119 Administrasjon og ledelse	38 %	50 %
<b>50</b>	782501 Teknologi, brannsikkerhet	54 %	56 %

KJELDE: FS. GJENNOMFØRINGSPROSENT FOR DEI STARTKULLA SOM NORMERT SKULLE FULLFØRE GRADEN SIN I PERIODEN 2019 – 2023.

## 8.6 Oppsummering

Oversiktene i dette kapitlet dokumenterer at HVL i dei siste fem åra har uteksaminert kandidatar på både lågare og høgare grads nivå på studietilbod som dekkjer doktorgradsområda sin faglege profil, og at vi har eit jamleg opptak av studentar og eit tilfredsstillande tal kandidatar som fullfører til normert tid.

## 8.7 Vedlegg

8.1 Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for helse- og sosialvitskap, 2019-2023

8.2 Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019-2023

8.3 Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap, 2019-2023





Medisinsk KI 1.0

# 9. FoU/KU i samspel med utdanningsverksemda

## 9. FoU og kunstnarleg utviklingsarbeid i samspel med utdanningsverksemda

*Studietilsynsforskriften § 3-1. Krav ved akkreditering av institusjoner*

*(5) Institusjonens forskning og/eller kunstneriske utviklingsarbeid og faglige utviklingsarbeid skal utføres i samspill med utdanningsvirksomheten*

I dette kapitlet viser vi at HVL møter krava om samspel mellom utdanning og Forskings- og utviklingsarbeid/Kunstnarleg utviklingsarbeid (FoU/KU) på ein god måte, både når det gjeld strategisk tilnærming og i den praktiske verksemda. Kapitlet dokumenterer korleis HVL legg til rette for og skapar rammevilkår for å få til samspel mellom utdanning og forskning, både på institusjons- og fakultetsnivå. Dette blir underbygd av eit sett kvalitative og kvantitative indikatorar på institusjons- og fakultetsnivå. Nivåa på tildeling av FoU-tid til vitskapelege tilsette er ein tydeleg indikator for HVL si forskingsinnretting. Institusjonen på både fakultets- og instituttnivå set gjennomgåande av ein vesentleg del av faglege tidsressursar til FoU-verksemd, for å sikre at vitskapelege tilsette kan kombinere det å vere undervisar med det å vere aktiv forskar.<sup>97</sup> HVL oppfyller med god margin krava til fagmiljø i Studietilsynsforskriftas § 2-3 både på institusjons-, fakultets- og instituttnivå. Dette gjeld både bachelor-, master- og ph.d.-nivåa,

Kapitlet viser vidare korleis dei ulike fakulteta organiserer forskingsverksemda og arbeider med å styrkje samspelet mellom utdanning og forskning, både gjennom sine fakultetsplanar og på konkret nivå i utdanning og forskning. Dette er også underbygd gjennom konkrete prosjekt-eksempel som viser nyskapande tilnærmingar som bidrar til å styrkje samspelet mellom FoU og utdanning, også når det gjeld å involvere studentar på bachelor- og masternivået i FoU-aktivitetane.

HVL sitt mål om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet er styrande for kva kunnskap og kompetanse vi skal utvikle. Dette gjeld både utdannings- og forskingsverksemda. Utdanningane våre skal dekkje framtidens behov, og forskinga vår skal bidra til forming av samfunns- og arbeidslivet. «Samhandle» er eit sentralt stikkord i HVL sin verksemdstrategi for 2023–30. Eit overordna mål for institusjonen er at utdanninga og

---

<sup>97</sup> Ordet forskar er i teksten knytt til både forskning og kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid.



forskinga vår er integrert og tett på arbeidslivet, og at forkinga blir teken i bruk i utdanningane våre og får gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet, også internasjonalt. Dette handlar om utvikling og deling av kunnskap og erfaring gjennom samspel internt og med omgivingane. Gjennom forking, utdanning av høgt kompetente kandidatar, og den tette koplinga til samfunns- og arbeidslivet, bidrar HVL til at kunnskap blir delt og teken i bruk. Vi spelar på denne måten ei aktiv rolle og tar eit ansvar for å bidra til å løyse sentrale samfunnsutfordringar, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Utdanningane byggjer på forskings- og erfaringsbasert kunnskap, som grunnlag for kunnskapsbasert praksis. Med forskingsbasert utdanning meiner vi at utdanninga skal bidra til at studentane får innsikt i utvikling, metodar og forkingstradisjonar i fag- og utdanningsområda, at studentane får hjelp til å orientere seg i nyare forking på dei aktuelle feltene og at studentane blir involverte i FoU/KU-arbeid på ulike måter og nivå. Studentane skal øve seg på å hente og tolke informasjon og gjere etiske og kritiske vurderingar og ta omsyn til miljømessige konsekvensar. Dei skal skrive tekstar og utforme faglege ressursar basert på forskingsmessige prinsipp og vidare, få erfaring med å gjennomføre faglege presentasjonar, munnleg og skriftleg. Undervisninga skal også byggje på perspektiv og faglege aspekt basert på det fremste i forskings- og utviklingsverksemda (FoU/KU) innan fag- og utdanningsområda våre, og studentane våre skal engasjerast i dei vitenskaplege tilsette sine forskingsverksemd på ulike nivå. Eit sentralt siktemål er at dei vitenskaplege tilsette også skal vere aktive forskarar.

Det er vidare viktig at studentane får innsikt i dei praksisane som er i spel innanfor dei profesjonane dei skal utdanne seg til, og at forkinga har sterk og tydeleg relevans for profesjonane og tilhøyrande praksisar. I dette ligg også at studentane sine arbeidskrav og oppgåver i stor grad blir knytt opp mot aktuelle praksisfelt. Samspelet mellom FoU/KU og utdanning går slik begge vegar. For at den forskingsbasert undervisninga skal fungere og vere relevant for studentane, tar forkinga i høg grad utgangspunkt i dei utdanningsprogramma og den samhandlinga med kultur-, samfunns- og arbeidslivet som HVL har.

Verksemdstrategien sine seks strategiske mål blir operasjonalisert gjennom rektor sine årlege oppdragsbrev til fakulteta. Dette omfattar både krav om oppfølging som er generelle for alle fakulteta og som er fakultetsspesifikke. Dette blir utdjupa i fakultetsdelen av kapittelet.

Sentrale grep når det gjeld å utvikle studieporteføljen ved HVL, er å skape gjennomgåande studieløp, frå bachelor til ph.d., og å syte for nok vitenskapleg kompetanse i utdanningane til å

sikre FoU-basert utdanning. HVL har vedteke fem overordna prinsipp som skal vere retningsgivande for utvikling av den eigenfinansierte studieporteføljen:

A Framtidig kompetansebehov i nasjonalt og regionalt arbeidsliv skal ligge til grunn for utvikling av studieporteføljen.

B Fakulteta skal samarbeide om å utvikle studietilbod på alle campusane uavhengig av om ein i utgangspunktet har aktivitet der.

C Studieporteføljen skal vere økonomisk berekraftig

D Studieporteføljen skal vere kjenneteikna av studieprogram med tett kopling til aktive forskargrupper


E Studieporteføljen skal auke tal studieprogram og emne som kan bli tilbydd til fleire enn heiltidsstudenten

I fakultetsdelen av kapittelet viser vi korleis fakulteta legg opp verksemda for å møte desse utfordringane, både på strategisk og praktisk nivå, for å få til substansiell kunnskaps- og kompetanseflyt mellom FoU/KU-aktivitet og utdanning og mellom dei ulike utdanningsnivåa frå bachelor til ph.d. For å gjere teksten meir lesbar blir FoU i det vidare brukt som forenkling av nemninga FoU/KU der KU ikkje er fagleg relevant.

## 9.1 Studenttilfredsheit

Resultata frå studiebarometeret frå 2023 og 2022 viser at HVL på institusjonsnivå ligg på snittet nasjonalt når det gjeld kategoriar med særleg relevans for samspel mellom utdanning og FoU:

Figur 9.1: Studiebarometeret.



KJELDE: STUDIEBAROMETERET FOR 2023, NOKUT



## 9.2 FoU-tid

HVL legg stor vekt på å auke delen av topp- og førstekompetente i fagmiljøa, noko som også kjem klart fram i institusjonen sine årsplanar og fakultetsplanar (sjå elles kap. 5 for faktisk talgrunnlag). Samstundes har vi lagt vekt på at vitskapelege tilsette på alle nivå, spesielt på topp- og førstenivå, skal ha gode rammevilkår for å drive FoU/KU-arbeid. Tid til FoU/KU er ein viktig rammefaktor for å få til eit produktivt samspel mellom utdannings- og forskingsverksemda. Gjennom eit rektorvedtak, basert på ei brei fagleg utgreiing, vart det i 2024 sett fast øvre rammer for tildeling av intern FoU-tid til dei ulike stillingskategoriane ved HVL. Fakulteta vart bedne om å leggje til rette for at tilsette, innafor desse rammene, kan arbeide med FoU/KU i samanhengande konsentrerte periodar. I rektorvedtaket er det også spesifisert at fast tid til fagleg fornying (10 %) også kan nyttast til FoU/KU.

### 9.2.1 Tildelt FoU-tid og tid til fagleg fornying

Rektorvedtak:

Tabell 9.1: Rektorvedtak om tildeling av FoU-tid.

	FoU/KU og formidling	Fagleg fornying	Samla
Professor/dosent	35 %	10 %	45 %
Førsteamanuensis/førstelektor	25 %	10 %	35 %
Høgskulelektor	10 %	10 %	20 %
Høgskulelærer/andre	0 %	10 %	10 %

I rektorvedtaket blir det vidare stilt forventingar til at dei fagtilsette nyttar deler av den internt tildelte FoU/KU-tida til å søkje ekstern forskingsfinansiering. Det er samstundes sett ei total øvre ramme for FoU/KU-tid på 75 % av stillinga (inkludert 10 % til fagleg fornying). Dette er gjort for å sikre at FoU/KU-verksemda blir koplå til undervisninga ved at dei vitskapelege tilsette også underviser.

### 9.2.2. Faktisk avtalt tid til FoU/KU

Dei faktiske tala, basert på ei oppsummering av dei tilsette sine arbeidsavtalar, viser at HVL i hovudsak har oppfylt målsetjingane, og at det vitskapelege personalet på alle nivå får vesentleg tid til FoU/KU. Dette er ein indikasjon på at fagmiljøet bidrar inn mot FoU-verksemda. Oversikta nedafor viser avtalt til sett av til FoU/KU-tid i prosent for hovudkategoriane og dei mest sentrale underkategoriane:

Tabell 9.2: Faktisk avtalt FoU-tid (inklusive 10% til fagleg fornying) ved HVL på institusjons- og fakultetsnivå. (Tal på årsverk totalt i parentes).


	Samla	FHS	FLKI	FTMS
<b>Toppkompetanse</b>	50 % (181)	46 % (40)	53 % (77)	48 % (64)
Professor	50 % (163)	46 % (38)	54 % (65)	48 % (60)
Dosent	47 % (18)	47 % (3)	50 % (12)	37 % (4)
<b>Førstekompetanse</b>	40 % (510)	40 % (123)	44 % (174)	36 % (174))
Førsteamanuensis	40 % (361)	41 % (81)	43 % (139)	36 % (141)
Førstelektor	35 % (119)	37 % (33)	38 % (64)	24 % (21)
Postdoktor	79 % (30)	60 % (8)	86 % (10)	76 % (12)
<b>Høgskulelektor</b>	20 % (378)	19 % (163)	22 % (121)	20 % (94)
<b>Totalt (alle kat. inkludert)</b>	34 % (1273)	30 % (391)	39 % (470)	33 % (412)

KJELDE: DBH OG TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24

Under fakultetsdelen blir desse tala brotne ned på fakultets- og instituttnivå.

NIFU si kartlegging av tidsbruk blant vitenskaplege og faglege tilsette i norsk høgare utdanning frå 2021 gir oss det nasjonale bildet:

Figur 9.2: Tidsbruksundersøkelsen: Tidsbruk blant vitenskaplege og fagleg tilsette ved norske universitet og høøgskular i 2021 i 2021. N=921.



KJELDE: NIFU 2021, TIDSBRUKUNDERSØKELSEN 2021

NIFUs rapport viser elles at det berre er marginale forskjellar mellom dei ulike typar høgare utdanningsinstitusjonar når det gjeld tid avsett til FoU/KU for både første- og professorstillinger. Om ein tar bort 10 % til fagleg fornying frå HVL-tala, så viser NIFUs rapport at HVL ligg noko over snittnivået når det gjeld tildeling av FoU-tid til dei ulike stillingskategoriane, med unntak av lektornivået, der HVL ligg 2 % under snittet. HVL ligg ca 10 % over snittnivået for professor og dosent og 6 % over snittet for førstelektor og førsteamanuensis.

HVL sine tal over faktisk tildeling av ressursar til FoU viser at institusjonen i hovudsak oppfyller dei institusjonelle målsetjingane om FoU-tid til dei ulike stillingskategoriane.

### 9.3 Del av undervisningstida som blir utført av topp- og førstekompetente

Tala her viser at ca. 40 prosent av dei som underviser på bachelornivå og vel 60 på masternivå, har topp- eller førstekompetanse. Saman med tala for tildelt FoU-tid, og positiv utvikling når det gjeld del av vitenskaplege tilsette som publiserer, er dette ein indikasjon på at ein stor del av undervisarane på desse nivå også er FoU-aktive (sjå elles kapittel 4.2 for omtale av vitenskapleg publisering).

Tabell 9.3: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved HVL, institusjons- og fakultetsnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).

#### Undervisningstid på bachelornivå

	Samla	FHS	FLKI	FTMS
Førstekompetanse	40 %	24 %	44 %	55 %
Toppkompetanse	5 %	1 %	6 %	9 %

#### Undervisningstid på masternivå

	Samla	FHS	FLKI	FTMS
Førstekompetanse	68 %	71 %	71 %	75 %
Toppkompetanse	19 %	19 %	18 %	32 %

#### Undervisningstid på ph.d.-nivå

	Samla	FHS	FLKI	FTMS
Førstekompetanse	100 %	100 %	100 %	100 %
Toppkompetanse	74 %	79 %	68 %	88 %

KJELDE: TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPLEANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24

Desse tala viser at HVL samla sett og på fakultetsnivå med god margin oppfyller krava til fagmiljø i Studietilsynsforskriftas §2-3 på både bachelor-, master- og ph.d.-nivå.

### 9.4 Del publiserande vitenskaplege tilsette

HVL har på institusjonsnivå hatt ein klar stigande tendens når det gjeld kor mange av dei vitenskaplege tilsette som publiserer, frå 38 % i 2016 til 55 % i 2020. Deretter har andel publiserande stabilisert seg.

Tabell 9.4: Publiserte tilsette. Kjelde: Vik-Haugen, L. 2023. Vitenskapelig publisering ved HVL 2022.

2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
45 %	46 %	53 %	55 %	54 %	54 %	58 %

Kjelde: Vik-Haugen, L. , Teigen, T. M., Rongved, V. 2023. Vitenskapelig publisering ved HVL, 2023<sup>98</sup>

## 9.5 Danning og akademisk handverk som fellesemne i HVL

Sidan 2019 har HVL gradvis fasa inn eit fellesemne for nye bachelorstudentar; «Danning og akademisk handverk». Målet er at alle bachelorprogramma på sikt skal integrere emnet. Emnet skal bidra til at alle nye gradstudentar gjennom studiet får utvikle generiske ferdigheiter med høg relevans for både utdanning og arbeidslivet, og slik vere i stand til å meistre samansette og uføresette utfordringar. Emnet tar opp sentrale tema knytt til det å vere student og å vere profesjonell og vitenskapleg orientert. Innføring vert gjeve i etikk, vitenskapsteori, vitenskaplege metodar, berekraft, akademisk skriving, informasjonskompetanse, kjeldebruk, kommunikasjon, samarbeid og profesjonshistorie. Emnet skal stimulere studenten til å vere aktiv og nysgjerrig, til å ta ansvar for eiga læring og til å utvikle evna til nyskaping. Det overordna målet er å utdanne kritiske og reflekterte samfunnsborgarar og yrkesutøvarar som både er i stand til å fortolke og forstå samspelet mellom individ og omgivnader, så vel som å kunne endre dette samspelet. Emnet skal også bidra til å styrkje samanhengar i gjennomgåande studieløp frå bachelor til ph.d.

Gjennomføringa av emnet blir sett i høve til dei ulike utdanningane sin eigenart. Innføringsemnet har ein felles del (for alle programma) som utgjer 5 studiepoeng, og ein spesifikk profesjonsretta utdanningsdel som varierer frå 2,5 til 15 studiepoeng. Fellesdelen og utdanningsdelen i emnet utgjer ei integrert eining i undervisninga.

## 9.6 Forskingsetikk og personvern

HVL legg stor vekt på høgt forskingsetisk medvit i forskingsaktiviteten og har sett av eigne personalressursar til forskingsetisk støtte, rettleiing og opplæring. Dette omfattar mellom anna Fagansvarleg for opplæring i forskingsetikk, Personvernombod og rådgjevarar med særskilt ansvar for oppfølging av forskingsetikk og personvern. HVL har eit eige forskingsetisk utval på institusjonsnivå, eit rådgjevande organ som bidrar til utviklinga av god kultur for forskingsetikk i samsvar med forskingsetiske normer, og system for førebygging av brot på forskingsetiske reglar. Det er og etablert forskingsetiske komitear på

---

<sup>98</sup> <https://hdl.handle.net/11250/3133183>

alle fakulteta som sørgjer for at forskingsprosjekt ved behov får formell forankring av forskningsetiske vurderingar ved institusjonen, mellom anna der dette er etterspurt av tidsskrift/forlag i samband med vitenskapleg publisering.

## **9.7 Arbeid med FoU/KU i samspel med utdanning i fakulteta**

### **9.7.1 Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

Forkortingar brukt i teksten:

Institutt for helse og funksjon = **IHF**; Institutt for helse- og omsorgsvitenskap = **IHO** =; Institutt for velferd og deltaking = **IVD** =; Senter for omsorgsforskning = **SOFV**.

FHS har sterk merksemd på samspel mellom utdanning og forskning, samhandling mellom høgskule og helse- og velferdssektoren lokalt, regionalt og nasjonalt og samhandling gjennom nasjonale og internasjonale nettverk. Dette kjem også fram i fakultetet sin årsplan for 2023, der ein både legg opp til tiltak på leiarnivå og kompetansetiltak inn i mot nytilsette, tilsette på høgskulelektornivå (ph.d.-fullføringsstipend, posisjoneringsstipend) og førsteamanuensisnivå (toppstipend) som er i kompetanseløp. Fakultetet legg stor vekt på å nytte forskingsbasert undervisning og læringsformer på alle utdanningsnivå og å initiere og drive praksisnær forskning med relevans for profesjonsutdanningane. FHS si verksemd er knytt opp mot HVL sin ambisjon om vere eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet, for å svare på utfordringane innan helse- og velferdssektoren.

FHS styrkjer samspelet mellom utdanning og forskning på fleire måtar. Studentar blir involverte i pågåande forskingsprosjekt, og majoriteten av dei om lag 400 vitenskaplege tilsette er medlem i ei eller fleire forskargrupper på HVL, og eventuelt andre samarbeidande nettverk som er leia av aktive forskarar. Fakultetet arrangerer årlege seminar der mellom andre fagseksjonsleiarar og forskargruppeleiarar deltar, og der kopling mellom forskning og utdanning er tema. I tillegg blir fagseksjonsleiarane inviterte til forskargruppeleiararmøta. Forskingsmiljøet som studentane møter, har stor relevans for både innhald i utdanning og for deira eigen forskingsaktivitet på det utdanningsnivået dei høyrer til. På masternivået får studentane høve til å delta i forskingsprosjekt, til dømes med datainnsamling, validering av spørjeskjema og analysearbeid eller knoppskytingsprosjekt som bidrar til vidare utvikling av hovudprosjektet. Eit viktig tiltak er insentiv for sampublisering med masterstudentar, som både verkar meritterande for forskaren og bidrar til posisjonering av masterstudenten inn imot eit framtidig ph.d.-løp. Intern evaluering ved fakultetet viser at 16 av 23 forskargrupper har masterprosjekt knytt til gruppa sine aktivitetar. Dette inkluderer også sampublisering med masterstudentar. Forutan direkte pasient- og brukarrelatert forskning og forskning på helse- og velferdstenestene, satsar fakultetet òg på forskning på læring og undervisning. Dette gjer vi for å tilby læringsmetodar som er i tråd med utviklinga i tenestene. Fleire av

satsingsområda er nært knytt til masterutdanningane i fakultetet. Dette gjeld til dømes Folkehelse og helseforskning, Personsentrert helseforskning og Tenesteforskning.

FHS har både internt finansierte ph.d.-stipendiatar og i aukande grad stipendiatar finansiert gjennom eksternt finansierte prosjekt, der også dei faglege rammene for stipendiatprosjekta har fått ei ekstern kvalitets- og relevansvurdering gjennom søknadsprosessane. Breidda i forskingsmiljøet ved fakultetet generelt, og inn mot ph.d.-programma spesielt, gjer at fakultetet rekrutterer stipendiatar frå både UH-institusjonar, helseføretak, og privat og kommunal sektor. Totalt sett sikrar desse rekrutteringsprosessane god lokal forankring, kompetansebygging og høg prosjektkvalitet.

#### *Avtalt FoU-tid, studieåret 2023/24*

Faktisk avtalt FoU-tid i FHS viser at fakultetet ligg likt med dei institusjonelle målsetjingane om FoU-tid. Avsetting av tid til FoU i fakultetet skjer med bakgrunn i rapportering på bruk av FoU-tid, planar for FoU-tida og produksjon og formidling siste tre år..

*Tabell 9.5: Faktisk avtalt FoU-tid (inklusive 10% til fagleg fornying) ved FHS også inkludert tildelt tid frå eksternt finansierte prosjekt. (Tal på årsverk totalt i parentes).*

	<b>Samla</b>	<b>IHF</b>	<b>IHO</b>	<b>IVD</b>
<b>Toppkompetanse</b>	46 % (40)	51 % (11)	45 % (15)	54 % (10)
Professor	46 % (38)	50 % (10)	45 % (13)	54 % (9)
Dosent	47 % (3)	59 % (1)	39 % (2)	
<b>Førstekompetanse</b>	40 % (123)	42 % (32)	40 % (54)	39 % (35)
Førsteamanuensis	41 % (81)	43 % (25)	40 % (30)	39 % (25)
Førstelektor	37 % (33)	36 % (6)	36 % (19)	39 % (8)
Postdoktor	60 % (8)		72 % (3)	
<b>Høgskulelektor</b>	19 % (163)	23 % (22)	19 % (86)	17 % (54)
<b>Totalt (alle kat. inkludert)</b>	30 % (391)	36 % (72)	30 % (185)	26 % (117)

KJELDE: DBH OG TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24

*Del av undervisningstida som blir utført av topp- og førstekompetente (alle tal i prosent for studieåret 2022–23)*

Tabell 9.6: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved FHS, fakultets- og instituttnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).

### Undervisningstid på bachelornivå

	Samla	IHF	IHO	IVD
<b>Førstekompetanse</b>	24 %	37 %	22 %	21 %
<b>Toppkompetanse</b>	1 %	1 %	1 %	1 %

### Undervisningstid på masternivå

	Samla	IHF	IHO	IVD
<b>Førstekompetanse</b>	71 %	93 %	67 %	71 %
<b>Toppkompetanse</b>	19 %	36 %	13 %	23 %

### Undervisningstid på ph.d.-nivå

	Samla	IHF	IHO	IVD
<b>Førstekompetanse</b>	100 %	100 %	100 %	100 %
<b>Toppkompetanse</b>	79 %	75 %	87 %	0 %

KJELDE: TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24

Som det går fram av tabellane ovanfor, så oppfyller fakultetet godt krava til fagleg nivå i tilsynsforskrifta, både når det gjeld bachelor-, master- og ph.d.-nivået.

### *Ph.d.-program*

FHS har ansvaret for ph.d.-programmet *Helse, funksjon og deltaking*. Fakultetet har også ei sentral rolle i det tverrfakultære ph.d.-programmet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG)*, spesielt knytt opp mot innovasjon i offentleg sektor (sjå kap. 6 for nærare omtale av doktorgradsprogramma). Det er eit mål at forskning og kunnskapsutvikling som skjer i tilknytning til ph.d.-programma, skal bidra til å gi kvalitet i fakultetet sine utdanningar på alle nivå. Dette skjer både ved at fagmiljøet rundt ph.d.-programma bidrar inn i mot dei andre nivåa og ved at forskingsaktiviteten i fakultetet blir gjort tilgjengeleg for bachelor- og masterutdanningane.



## *Fagleg profilering*

FHS organiserer FoU-verksemnda i 23 forskargrupper sentrert rundt fem profilområde (sjå under) som speglar fakultetet sine ulike utdannings-, innovasjons- og forskingsområde. Forskargruppene har si primære tilknytning til eitt av profilområda, sjølv om nokre av forskargruppene kunne ha vore plassert under fleire enn eitt profilområde. Fakultetet sine forskargrupper har si primære forankring i helseforskning, i sosialvitskapleg og velferdsforskning og/eller i skjeringspunktet mellom helse- og samfunnsvitskapleg forskning. Forskargruppene har ein anvendt profil ved at dei er tett forankra i profesjonane sitt virke- og praksisfelt, og der forskarar samarbeider tett med praksis og brukargrupper for å sikre forskinga sin relevans og implementering. Ein kan også sjå profilområda igjen i ph.d.-kandidatane sine forskingsprosjekt, enten dei er kandidatar på programmet «Helse, funksjon og deltaking» eller på det tverrfakultære programmet «Responsible innovation and regional development (RESINNREG)». Fleire av emna på begge ph.d.-program er tett knytt til forskargruppene sine forskingsområde og prosjekt som også er tett kopla til studieprogram- og emne på masternivå. Fleire masterstudentar tar del i forskargruppene sine prosjekt og aktivitetar. Nokre av masterstudentane publiserer saman med sin rettleiar i nasjonale og/eller internasjonale tidsskrift. Dette set dei best kvalifiserte masterstudentane i posisjon til å kunne søkje eit ph.d.-stipend, særleg i ekstern konkurranse der ein fagfelleverdert publikasjon kan vere inngangsbilletten til eit mogleg ph.d.-løp. På denne måten bidrar dette til kompetansebygging, ein kunnskapsbasert praksis og vidare til rekruttering inn i ph.d.-utdanningane.

Forskargruppene er fordelt på 5 faglege profilområde, som tematisk sett samla grip fakultetet si utdannings- og forskingsverksemd:

**Folkehelse og velferdsforskning (5 forskargrupper)** som mellom anna forskar på effekt av ulike helsefremjande tiltak i helse- og velferdstenestene. Målet er også å utvikle kunnskap om betydning og bruk av fysisk aktivitet, sosial støtte og andre ressursar i folkehelsearbeid, med spesiell merksemd på helsefremming og førebygging.

**Personsentrert helseforskning og pasientsikkerheit (9 forskargrupper)** skal fremje samhandling mellom helse- og velferdspersonell og brukar. Det skal gjerast i samband med undersøking, oppfølging og behandling for å betre helseutfall, helsekompetanse, eigenhandtering og auka pasienttilfredsheit. Det er brukarane si stemme som skal komme fram i forskinga, med mangfaldet av krevjande livserfaringar, personlege mål og omsorgsplanar.

**Læring og utdanningsforskning (1 forskargruppe).** Høg kvalitet på utdanningane, læring på ulike arenaer og pedagogiske innovasjonsprosessar skal ruste helse- og sosialstudentane våre til å møte framtidens utfordringar i samfunns- og arbeidslivet. Forskinga på dette feltet er tverrprofesjonell med siktemål å bidra til innovasjon i både utdanningane og den kunnskapsbaserte praksisen, gjennom utvikling av nye læringsmetodar som eksempelvis simulering, e-læring og mobilapplikasjonar.

**Innovasjon og implementering (4 forskargrupper).** Innovativ forskning kan forvandle måten vi tenkjer på. Det kan løyse problem og møte samfunnet sine behov innanfor helse og omsorg på ein måte som betrar dei noverande løysningane. Forskinga legg vekt på tenesteinnovasjon innan helse, omsorg og velferd, og utvikling av ny kunnskap og teknologi. Nøkkelord er profesjonane si rolle som pådrivar for endring, samarbeid på tvers, nye teknologiar og organisasjonsformer og kunnskapsbasert praksis.

**Tenesteforskning (4 forskargrupper).** Tenesteforskning innan helse, omsorg og velferd er eit tverrfagleg forskingsfelt. Her legg ein vekt på korleis kulturelle, rettslege, teknologiske og individuelle forhold påverkar tilgang til tenester, kvaliteten og kostnadene ved tenestene og personar si helse, levekår og deltaking. Forskinga ser også på korleis tenestene fungerer, for kven og under kva for vilkår. Sentrale spørsmål er: Korleis er helse- og velferdstenestene organisert, og kva for konsekvensar har dette for dei som jobbar der og for dei som mottar desse tenestene?

I tillegg til profilområda har fakultetet ansvar for Senter for omsorgsforskning, vest, (SOFV), som inngår i ein nasjonal struktur av i alt fem regionale senter for omsorgsforskning. Følgjande forskningssatsingar inngår i senteret si verksemd: Samanliknande tenesteforskning, Innovasjon i offentleg sektor, Teknologi, helse og samfunn og Filosofi og grunnlagstenking. SOFV har det koordinerande ansvaret for e-helsearena HVL som er ein tverrfagleg forskings- og innovasjonsarena, og læringsarena for utdanning innanfor e-helse.

Profilområda er nært knytt til utdanningsverksemda ved fakultetet. Fakultetet tilbyr alle dei sentrale bachelorutdanningane innan helse- og sosialfag, og satsingsområda kan knytast til felles læringsutbyte, formulert i forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningar (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-06-1353> ). Til dømes er eit av læringsutbyta at studentane skal tileigne seg ny kunnskap og gjere faglege vurderingar i tråd med kunnskapsbasert praksis. Eit anna læringsutbyte er at studentane skal kjenne til nytenking og innovasjonsprosessar og kunne bidra til tenesteinnovasjon og systematiske og kvalitetsforbetrande arbeidsprosessar. Med bakgrunn i forskingsmiljøet i

*Innovasjon og implementering* er det mellom anna utvikla eit emne i kunnskapsbasert praksis som blir undervist på tvers av bachelorutdanningane. Emnet er også delt med helse- og sosialfag ved andre UH-institusjonar i Noreg.

Det er ein naturleg samanheng mellom forskargruppene og fagmiljøa knytt til ulike masterutdanningar. Eit døme på dette er forskargruppa *REPROHELSEFREM (Reproduktiv helse og helsefremmende arbeid i et livsløpsperspektiv)* som har stor relevans for kunnskapsutvikling opp mot master i jordmorfag. Vidare utgjer forskargruppa retta mot *oppvekst, rus og sosial marginalisering* eit sentralt fagmiljø inn mot master i sosialvitenskap. Tilsvarende er forskargruppene *DiaBEST (Best Practice Research in Diabetes and other Chronic Conditions)* og *ProCard (Patient-Reported Outcomes in Cardiology)* retta mot master i klinisk sjukepleie spesialisering diabetes og kardiologi, og forskargruppa *Persontilpassa helsetenester* retta mot master i klinisk sjukepleie (postoperative smerter), master i psykisk helse og rus (digitalisering) og master i fysioterapi (rehabilitering). Slik deltar masterstudentar i ei breidde av forskings- og innovasjonsprosjekt som blir gjennomførte i samarbeid med helse- og velferdstenestene. Denne nære koplinga mellom forskargrupper og masterutdanningar er viktig sidan ein betydeleg del av kunnskapsutviklinga skjer gjennom studentane sine masteroppgåver.

Andre forskargrupper er i tillegg til å vere kopla mot masterutdanningar, også sentrale i nettverksbygging og tverrfakultært samarbeid. Eksempelvis er forskargruppa *Idrett, helse og funksjon* eit viktig ledd i fakultetet sitt samarbeid inn mot Idrettsklynge Vestland. Her blir studentar på tvers av alle tre fakulteta og ei rekkje profesjonar kopla saman i felles forskingsprosjekt, både på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. Forskargruppa *Folkehelse, livsstil og overvekt* har deltakarar på tvers av helseføretak og fakultet, samt nasjonalt og internasjonalt. Forskargruppa *Samskaping for berekraftig lokalsamfunn* er på tvers av tre fakultet og er tett knytt til ph.d.-programmet RESINNREG.

Forskingsaktiviteten ved dei sentrale forskargruppene representerer også eit stort internasjonalt nettverk som er svært viktig for vidare utviklinga av utdanningane.

Fakultetet her fleire eksempel på at internasjonale nettverk bidrar både til nyvinningar innan utdanning og styrking av eksisterande utdanningar. Eit slikt eksempel er den internasjonale masteren *Healthy Ageing and Rehabilitation* som starta opp i 2019 og som har eit fag- og forskingsmiljø innan folkehelse og rehabilitering på tvers av landegrensar. Fakultetet har dei seinare åra fått tilslag på fleire Erasmus+ -søknader, og dette er prosjekt som gir eit godt

grunnlag for kunnskapsutvikling inn mot eksisterende og nye utdanningstilbud. Studentar på bachelor- og mastergradsnivå er invitert inn i mange av desse prosjekta og får dermed høve til å knytte internasjonale kontaktar og få erfaring i å jobbe i eit internasjonalt miljø. Døme på slike prosjekt er:

- **PREP IP** – Persons with Refugee Experience Education Project – Inter Professional **(2021 – 2024)** er eit Erasmus+ finansiert prosjekt som undersøker det tverrprofesjonelle kompetansebehovet hos personell i helse- og sosial tenestene for å møte flyktningar sitt helsebehov. Hovudaktiviteten er eit ope tilgjengeleg pensum og digitalt kurs som vart utvikla med utgangspunkt i kompetansebehovet. Kurset er i tillegg eit valemne for HVL-masterstudentar for å få kompetanse innan flyktninghelse. Forskarar, tilsette i kompetanseløp og masterstudentar er involverte. Prosjektet gir fagleg tilsette høve til å byggje sin eigen digitale pedagogikk-kompetanse ved å samskape nettkurs gjennom internasjonalt tverrprofesjonelt samarbeid. Dette bidrar til høgare kvalitet på nettbaserte læringsopplevingar for HVL-studentar.
- **HEQED – Health Equity through Education for a Sustainable society (2021 – 2024)** er eit Erasmus +-prosjekt med mål om å operasjonalisere likeverdig helse i utdanningane våre, og å byggje «The virtual HEQUED House»- ein ny type digital samarbeidsplattform for å støtte opp om kunnskaps- og kompetansebygging gjennom deling av data, utdanningsrelevant materiale og perspektiv. Studentar frå bachelor fysioterapi og bachelor sosialt arbeid har vore involverte i evalueringssprosessen, videreutvikling og vidare bruk av ressursen.

Fakultetet har dei siste 5-10 åra hatt ansvar for ei rekkje eksternt finansierte forskingsprosjekt med direkte eller indirekte knytning til og relevans for både utdanningsprogram og praksisfelt, og som bidrar til kunnskapsutvikling og publikasjonar som inngår i pensum på ulike nivå. Eksempel på pågåande prosjekt som illustrerer samspel mellom FOU og utdanning ved Fakultet for helse og sosialvitskap er:

- **END-prosjektet: Etterlatte ved narkotikarelatert død i eit recoveryperspektiv (2020-2024)** – eit NFR-finansierte kompetanse- og samarbeidsprosjekt med mål om å forbetre livssituasjonen for etterlatte ved narkotikarelatert død. Forskarar, tilsette i kompetanseløp, ph.d.-kandidatar og studentar er involverte. Prosjektet utviklar og publiserer ny kunnskap til

beslutningstakarar, studentar innan helse- og velferdsutdanningr, samt allmennheten både i Noreg og internasjonalt.

**Cochrane Norway (2023-)** har som mål å vere ein nasjonal ressursstad som samlar og oppsummere den beste tilgjengelege kunnskapen frå forskning for å støtte beslutningstakarar i å ta informerte val innan helse- og sosialrelaterte spørsmål. Forskarar og ph.d.-studentar bidrar inn i nettverket. Målgruppene for Cochrane Norway inkluderer tilsette i helse- og velferdssektoren, studentar innan helse- og velferdsfag, pasientar og andre tenestebukarar, beslutningstakarar på ulike nivå, samt produsentar av kunnskapsoppsummeringar.

- **EUVECA – European Platform for VET Excellence in Health Care (2022-2026)** er eit Erasmus+-prosjekt som byggjer opp eit tverrfagleg, Europeisk kompetansesenter med partnerar frå helse- og utdanningssektoren over heile Europa. Målgruppa er tilsette, elevar og studentar i helsetenestene uavhengig av profesjons-tilhørigheit og utdanningsnivå. Målet med EUVECA er å utvikle gode system for samarbeid mellom utdanningssektoren og helse- og omsorgssektoren slik at utdanninga treff og bidrar til å ruste helsesektoren for framtidens kunnskaps- og kompetansebehov. Partnerane utviklar og deler kurs og læringsressursar som er tilgjengeleg på ein felles digital læringsplattform. Sim Arena, studentar frå bachelor, master og EVU samt fagmiljø i sjukepleiarutdanninga er involverte i utvikling, uttesting av kompetansehevande ressursar som til dømes simulering og VR i kommunehelsetenesta.
- **Expert reports as basis for decisions in Norwegian child welfare services (2020-2025).** Eit NRF-finansiert forskingsprosjekt som utforskar innhaldet i sakkunnige rapportar og barnevernets bruk av desse rapportane i beslutningar om omsorgsovertaking. Målet med prosjektet er å utvikle kunnskap som kan bidra til å betre og utvikle barnevernet sin praksis for bruk av sakkunnige rapportar i barnevernssaker. Prosjektet involverer forskarar, ph.d.-studentar og masterstudentar. Resultat blir formidla på ulike nivå i barnevern- og rettssystemet og brukt til å informere framtidige kursprogram for barnesakkunnige og HVL sine helse- og sosialfaglege utdanningar.
- **ECardioRehab (2024- 2028)** – eit NFR finansiert prosjekt med mål om å utvikle, evaluere og implementere hjerterehabilitering til langt fleire enn det som er tilfelle i

dag. Prosjektet blir i tett samarbeid mellom Helse Bergen HF, Høgskulen på Vestlandet, Seksjon for eHelse, Hjerterehabiliteringen og fleire andre sentrale aktørar. Prosjektet involverer studentar ved master i klinisk sjukepleie, spesialisering kardiologi. Fleire aktive forskarar ved HVL deltar som arbeidspakkeleiarar i prosjektet.

### 9.7.2 Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Forkortingar brukt i teksten:

Institutt for idrett, kosthald og naturfag = **IKN**; Institutt for kunstfag = **IK**; Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag = **IPRS**; Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking = **ISLMT**

Danning og didaktikk er sentrale omgrep i den faglege aktiviteten ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) og dannar eit sentralt grunnlag for den faglege profileringa. Ein legg her til grunn eit breitt kulturomgrep som grip både kunst-, idretts-, språk-, samfunns- og naturfaga i fakultetet. Dette gir eit godt grunnlag for å kople danning- og læringsperspektivet til både FoU- og sentrale utdanningsemne. Sentrale omgrep som er i spel her, er m.a. berekraft, oppvekst, demokrati, medborgarskap, samfunnsengasjement, deltaking og kulturelt mangfald, friluftsliv og fysisk aktivitet og folkehelse.

Fakultetsplanen for FLKI (2024) legg stor vekt på å få til godt samspel mellom utdanning og forskning, både når det gjeld det å ta i bruk kunnskap frå eiga forskning i utdanningane og det å involvere studentar i forskning. Fakultetet gjennomfører omfattande analysar av masteroppgåvene i dei nye grunnskulelærarutdanningane og bacheloroppgåvene i barnehagelærarutdanninga. Resultata frå desse analysane blir spelt inn til vidare handsaming både til fagmiljøa og program (utdanning og forskning),- og leiarnivå. Eit siktemål her er å få til sterkare koplingar mellom studentane sitt oppgåvearbeid, forskinga i forskargruppene og praksisfeltet.

Fakultetet har ei klar og uttalt målsetjing om at forskings- og utviklingsverksemda skal vere relevant for faga og utdanningane, mellom anna ved at studentane skal få møte og ta del i relevant forskning knytt til utdanningane og faga. Vidare er fakultetet ein sentral bidragsytar når det gjeld utvikling av ny forskingsbasert kunnskap som er praksisnær og med høg relevans for fakultetet sine fag- og utdanningsområde. Det er ei strategisk målsetjing at den faglege aktiviteten, både i utdanning og forskning, skal skje i nært samarbeid med relevante praksisfelt, også slik at den regionale utviklingsrolla blir ivaretatt. I dette ligg også at utdanning og FoU/KU samspelear gjennom praksisnære perspektiv. Eit område som her har vore prioritert, t.d. gjennom stipendiattildelingar, er forskning på fakultetet sin eigen

utdanningspraksis. I Fakultetsplanen (2024) blir det peika på ei rekkje tiltak for å sikre praksisrelevansen i utdanninga og forskinga. I samband med den nasjonale satsinga vil fakultetet styrkje ordninga med spesielle lærarutdanningsskular og -barnehagar, med særskild merksemd på FoU-samarbeid. Ein set også av omfattande ressursar til delte stillingar som kombinerer undervisning på campus og i praksisfeltet og til hospitantordningar i praksisbarnehagar og -skular for eigne tilsette. Det blir i fakultetsplanen eksplisitt lagt vekt på konkrete tiltak for å inkludere studentar i forskingsverksemda, t.d. ved å involvere masterstudentane i forskargruppene sine seminar og aktivitetar.

Fakultetet etablerte i 2020, som første lærarutdanningsinstitusjon i landet, ei eiga forskarlinje knytt til Grunnskulelærarutdanninga. Her tar ein opp 6 studentar årleg frå grunnskulelærarutdanningane. Desse studentane får ekstra opplæring i vitskapsteori og metode og omfattande oppfølging for å rette seg inn i mot eit ph.d.-løp etter fullført lærarutdanning. Forskarlinjestudentane kan også undervegs få tilbod om deltidsarbeid som vitskapelege assistentar knytt til anna forskingsverksemd ved fakultetet. Forskarlinja rekrutterer frå alle dei tre campusane i fakultetet og frå eit breitt sett av fagområde.

#### *Avtalt FoU -tid, studieåret 2023/24*

Avtalt FoU-tid ved FLKI ligg på nivå med den institusjonelle målsetjinga, men med noko variasjon mellom institutta. Fakultetet tildeler FoU-tid fast etter stillingskategori.

*Tabell 9.7; Faktisk tildeling av FoU-tid (inklusive 10% til fagleg fornying) ved FLKI, også inkludert tildelt tid frå eksternt finansierte prosjekt. (Tal på årsverk totalt i parentes).*

	<b>Samla</b>	<b>IIGN</b>	<b>IK</b>	<b>IPRS</b>	<b>ISLMT</b>
<b>Toppkompetanse</b>	53 % (77)	64 % (14)	51 % (10)	52 % (28)	50 % (20)
Professor	54 % (65)	66 % (12)	50 % (8)	53 % (23)	51 % (17)
Dosent	50 % (12)	50 % (2)	53 % (2)	51 % (5)	47 % (3)
<b>Førstekompetanse</b>	44 % (174)	42 % (47)	45 % (22)	45 % (77)	44 % (61)
Førsteamanuensis	43 % (139)	40 % (25)	45 % (10)	44 % (55)	42 % (47)
Førstelektor	38 % (64)	37 % (20)	39 % (11)	40 % (19)	32 % (10)
Postdoktor	86 % (10)	83 % (3)	93 % (1)	76 % (2)	93 % (5)
<b>Høgskulelektor</b>	22 % (121)	21 % (19)	23 % (15)	22 % (54)	20 % (30)
<b>Totalt (alle kat. inkludert)</b>	39 % (470)	41 % (95)	40 % (53)	39 % (175)	38 % (133)

KJELDE: DBH OG TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPLANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24.

#### *Del undervisningstid utført av topp- og førstekompetente*

*Tabell 9.8: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved FLKI, fakultets- og instituttnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).*



## Undervisningstid på bachelornivå

	Samla	IKN	IK	IPRS	ISLMT
Førstekompetanse	44 %	56 %	47 %	38 %	45 %
Toppkompetanse	6 %	10 %	3 %	6 %	5 %

## Undervisningstid på masternivå

	Samla	IKN	IK	IPRS	ISLMT
Førstekompetanse	71 %	67 %	74 %	73 %	71 %
Toppkompetanse	18 %	15 %	23 %	19 %	16 %

## Undervisningstid på ph.d.-nivå

	Samla	IKN	IK	IPRS	ISLMT
Førstekompetanse	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Toppkompetanse	68 %	78 %	91 %	64 %	59 %

KJELDE: TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24.

Som det går fram av tabellane ovanfor så oppfyller fakultetet med god margin krava til fagleg nivå i tilsynsfor skrifter, både når det gjeld bachelor-, master- og ph.d.-nivået

### *Ph.d.-program*

FLKI har ansvaret for eit ph.d.-program Studiar av *Danning og didaktiske praksisar* (sjå kap 6 for nærare skildring av ph.d.-programmet). Programmet famnar tematisk breitt og er godt tilpassa fakultetet si utdanningsverksemd, og rekrutterer frå alle masterprogramma. Det ligg difor godt til rette for at forskning og kunnskapsutvikling som skjer i tilknytning til ph.d.-programmet bidrar til å gi kvalitet i fakultetet sine utdanningar på alle nivå. Dette skjer både ved at fagmiljøet rundt ph.d.-programma bidrar inn mot dei andre nivåa og ved at forskingsaktiviteten i fakultetet blir gjort tilgjengeleg for bachelor og masterutdanningane. Samspelet mellom forskning og undervisning blir også styrkt ved at forskargrupper ved FLKI presenterer og diskuterer sine konkrete forskingsperspektiv på danning og didaktikk i ulike ph.d.-emne i opplæringsdelen. I tillegg er emna organisert på ein slik måte at stipendiatane kan jobbe vidare direkte med egne forskingsprosjekt. Kursa i forskaropplæringa er også relatert til ulike utdanningsprogram på master- og bachelornivå og kopla til aktivitetar i forskargruppene. Eit eksempel på dette er ph.d.-emnet *Økokritikk og didaktiske praksisar* som spring direkte ut frå arbeidet i forskargruppa *Natur i barnelitteratur og -kultur* (NaChiLitCul), og der ei rekkje masterstudentar er og har vore involverte gjennom sine masterprosjekt.

Fakultetet si forskarlinje for grunnskulelærerstudentar har ei klar knyting til ph.d.-programmet, og det blir difor danna ei tidleg kopling mellom desse studentane si grunnskulelærerutdanning, ph.d.-programmet og fakultetet si forskingsverksemd. Praktisk skjer dette mellom anna gjennom studentane tidleg blir kopla til rettleiarar og forskargrupper. Fleire av forskarlinjestudentane har oppnådd å bli tilsett i stipendiatstilling (i open utlysing og konkurranse) direkte frå lærarutdanninga si.

Fakultetet kan tilby eit breitt sett av gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor til ph.d. Den tematiske innrettinga gir også ei nær kopling mellom ph.d.-programmet si forskingsverksemd, høgskulen sine utdanningsprogram og dei tilhøyrande praksisfelt, både skule-, barnehage-, kultur- og idrettssektoren.

### *Fagleg profilering*

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett organiserer forskingsaktiviteten i 49 forskargrupper fordelt på 5 strategiske forskingsprogram, som tematisk sett samla grip fakultetet si utdannings- og forskingsverksemd:

**Berekraft, medverknad og mangfald (Berekraft)** (9 forskargrupper). Forsking i dette programmet søker å forstå korleis barnehage, skule og høgare utdanning møter aktuelle utfordringar knytt til berekraft i vid forstand, og vidare korleis ein kan jobbe med å fremje kunnskap om, og haldningar til, desse utfordringane og kva vilkår aktørar og institusjonar har for slikt arbeid. Forskargruppene i programmet er aktivt involverte i utdanningsverksemda på fakultetet, ved at master- og ph.d.-kandidatar deltar i forskingsaktivitetane og organisering av profesjonsdagar. I programmet står særleg tematikane berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap, dessutan mangfald og inkludering sentralt, og mange av masteroppgåvene i GLU-utdanningane har vore nært knytt opp mot desse.

**Idrett, fysisk aktivitet og kosthald (IFAK)** (9 forskargrupper) utviklar kunnskap om menneskekroppen i bevegelse, og om mat og måltid i samfunnet. Programmet legg ei brei forståing av idrett og fysisk aktivitet til grunn ved å inkludere alle typar menneskeleg bevegelse som har mål om å oppretthalde eller forbetre livskvalitet og levekår. I programmet jobbar forskarar ut frå fleir- og tverrfaglege perspektiv med vekt på metodeutvikling. Forskingsprogrammet er knytt til idretts-, friluftsliv- og folkehelseutdanningane, og mat og helse og kroppsoving og idrettsfag i lærarutdanningane. I utdanningane blir studentane integrerte i forskning gjennom større og mindre prosjekt. Forskinga i programmet blir brukt

som pensum og metodiske døme i utdanningane, og studentar får høve til å delta på ulike nivå i forskingsprosessen, mellom anna som forsøkspersonar eller gjennom å bidra i datainnsamling. Vitskapelege tilsette i nokre av fagområda arbeider systematisk med å publisere resultatane frå bachelor- og masteroppgåver i vitskapelege tidskrift, også saman med studentar. Forskingsprosjekt innanfor programmet bidrar også med doktorgradsstipendiatar til eige fakultetet og andre fakultet sine doktorgradsprogram.

**Kunst, kreativitet og kulturelle praksisar (KKKP)** (9 forskargrupper) rettar forskingsverksemda inn mot utforskning av menneskeleg erfaring og kulturell aktivitet, skaping og uttrykksformer, så vel som kritisk analyse og drøfting av slik verksemd og samanhengane denne inngår i. Forskinga skal også bidra til endring og innovasjon, mellom anna knytt til teknologi og ulike medium. Programmet har utvikla eit system for kvalitetsvurdering og verdsettjing av ulike kunstnarlege forskingsformer (KFF) innan musikk, drama, kunst og handverk og litteratur. Systemet er ein kanal for formidling av kunstfagleg FoU-arbeid som vanskeleg lar seg publisere i vitskapeleg artikkelformat, men som synleggjer arbeidet på linje med vitskapelege arbeid. KKKP-programmet er ein drivar for dialog om utvikling av undervisningstilbod innan bachelor-, master- og ph.d.-utdanning. Forsking knytt til programmet er i stor grad retta mot kunstfagdidaktiske prosessar i barnehage og skule, så vel som utøvande og narrativ forskning i samhandling med barn, unge og vaksne si fritidsverksemd.

**Praksisnær profesjons- og utdanningsforskning (PUF)** (11 forskargrupper) går på tvers av fakultetet sine institutt og omhandlar forskning og utviklingsarbeid med relevans for barnehage, skule og lærarutdanning. Programmet utviklar kunnskap om eksempelvis danning, didaktikk, lærarrolla, koherens, fagteori, vurdering, leik, læring og ulike medium. Forskinga bidrar også til forståing av sosiale og økonomiske faktorar, til etikk og kritikk og til lærarutdanninga sin plass i samfunnet, og til samarbeidsformer med praksisfeltet.

Forskinga i programmet er knytt til mange relevante fagfelt i utdanningane på fakultetet og difor også til mange utdanningsprogram og emne på både bachelor-, master- og ph.d.-nivå. I dei relevante utdanningsprogramma står utvikling av FoU/KU-prosjekt og nært samarbeid med praksisfeltet sentralt. Studentane får her både møte programmet sine forskingsprosjekt samstundes med at dei utviklar eige FoU-arbeid i tett samarbeid med etablerte forskarar.

**Språk, kommunikasjon og læring (SKoL)** (11 forskargrupper) fremjar språkforskning (norsk, engelsk, teiknspråk) og kulturforskning (religion, arkeologi, kulturminne). Forskinga i

programmet vil svare på etterspurt kunnskap innan humaniora, pedagogikk, fagdidaktikk, digital kompetanse og kultur- og samfunnsvitskap. Den omfattar både tekstforskning, empirisk forskning og utdanningsforskning som skjer i tett kontakt med praksisfelt som barnehagar, skular og ulike organisasjonar. Danning, livstolking og barns oppvekstvilkår er sentrale forskingsområde. Forskargrupper i programmet arbeider med å knyte tettare band mellom masterstudentar og forskargrupper, der studentane mellom anna kan få diskutert emnet sitt og få tilgang til gruppa sine databasar. I nokre tilfelle har samarbeid ført til sampublisering mellom masterstudentar og vitskapleg tilsette.

Det er ei målsetjing for fakultetet at alle vitskaplege tilsette er med i ei eller fleire forskargrupper. Fagmiljøa som er knytt til desse forskargruppene bidrar sterkt til kunnskapsutvikling på sine felt, og det blir lagt vekt på at publikasjonar frå fagmiljø inngår i pensumlistar i utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.nivået.

Fakultetet har også ansvar for **BARNkunne**, senter for barnehageforskning, finansiert frå Forskingsrådet. Senteret styrkjer samhandlinga mellom fakultetet og praksisfeltet gjennom å utforske problem og løysingar som er relevante for barnehagesektoren og lærarutdanninga. Siktemålet er at fakultetet si forskning på desse områda skal komme studentar, barnehagar, barnehageeigarar, og, ikkje minst, barnehageborn til gode (sjå meir om BARNkunne i kap. 10). HVL og BARNkunne er også vertskap for forskarskulen **NORBARN**, den første norske forskarskulen retta mot barnehagesektoren. Partnerar i skulen er Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder. Denne forskarskulen tilbyr kurs tilpassa kunnskapsbehovet i barnehagefeltet og styrkjer doktorgradsutdanningane ved partnerinstitusjonane.

Både senter, forskingsprogramma og forskargruppene bidrar både med utvikling av utdanningsemna, gir rettleiing på til dømes masteroppgåver og produserer publikasjonar som blir del av pensum på alle utdanningsnivåa. Både masterstudentar og praksislærarar blir også jamleg inviterte inn til seminar i regi av forskingsprogramma og forskargruppene. På denne måten blir student- og utdanningsperspektivet ein del av forskingsdiskursen. Nokre av masterstudentane skriv artikkelbaserte masteroppgåver, og fleire av desse blir publiserte i nasjonale og internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering i samskriving med rettleiarane til studentane.

Det finst også døme på større empiriske prosjekt der fleire bachelor- og masterstudentar deltar i omfattande datainnsamling og gjennomfører prosjekta sine på deler av dette, saman med ph.d.-kandidatar og faste vitskaplege tilsette/rettleiarar. Tilsette i forskargruppene og i sentra utviklar også ein publikasjonsportefølje som blir brukt inn att i litteraturen på emne som studentane tar i utdanninga si. Fakultetet legg vekt på at læringsutbyteformuleringar og

arbeidskrav i emna skal spegle forskingsaktiviteten, også slik at studentar kan vere engasjerte som student-eller forskingsassistentar på prosjekt i forskargruppene.

Fakultetet har også dei siste 5–10 åra hatt ansvar for ei rekkje eksternt finansierte forskingsprosjekt med direkte eller indirekte knyting til og relevans for både utdanningsprogram og praksisfelt, og som bidrar til kunnskapsutvikling og publikasjonar som inngår i pensum på ulike nivå. Eksempel på pågåande prosjekt er:

- **ACTNOW – Active Learning Norwegian Preschool(er)s (2019-2024).**  
Eit NFR-finansiert prosjekt som inneber utvikling av barnehagen sin praksis for fremming av fysisk aktivitet, utvikling og læring for barn. Gjennom prosjektet blir det utvikla modellar for kompetanseutvikling og vidareutdanning av barnehagelærarar i samarbeid mellom forskarar og 46 barnehagar.
- **MetaLearn – Education for plurilingualism: Metalinguistic awareness in early instructed language learning (2020-2024)** – eit NFR-finansiert prosjekt med siktemål å utvikle eit verktøy for å måle metaspråkleg medvit i norsk samanheng og bruke verktøyet for å kartleggje korleis metaspråkleg medvit utviklar seg når skulebarn lærer eit framandspråk. MetaLearn er tverrfagleg og involverer fagmiljøa både norsk og engelsk, og prosjektet bidrar i kvalitetsutviklinga både når det gjeld undervisning i lærarutdanninga og i skulen.
- **RetPro – Rehearsing Teaching Professionally (NFR-finansiert 2019-2024).**  
**ReTProTE – Rehearsing Teaching Professionally in Teacher Education (HKDIR-finansiert 2020-2024)** Desse prosjekta er nær i slekt og har begge som overordna mål å bidra til forskingsbasert utvikling av grunnskulelærarutdanninga og bidra til å byggja bru mellom campus og praksisfelt, teori og praksis, og til forskning og teoriutvikling på feltet. Gjennom aktivitetane i prosjektet blir det etablert eit praksisbasert støttande rammeverk for lærarutdanning der studentane får øve på å vere den utøvande læraren også når dei er på campus og ikkje berre ute i praksisfeltet. Prosjektet involverer både forskarar, studentar, praksislærarar ved tre skular og faglærarar i matematikk, engelsk, pedagogikk, norsk og drama.
- **EX-PED-LAB – forskning i partnerskap (2021-2025)** er eit NFR-finansiert prosjekt basert på eit eksplorativt forskingsdesign for kunnskapsutvikling i barnehagesektoren, der barnehagelærarar og barnehagelærarstudentar inngår som medforskarar. Prosjektet er ei arbeidsform, ein verkstadsmetodologi (workshop methodology), der studentar også blir inviterte inn som deltakarar. Målet med verkstadane er å finne arbeidsmåtar for berekraftige praksisar som kan møte

samansette, kompliserte, lokale og globale utfordringar i barnehagar og i barnehagesektor. Prosjektet blir utført i samarbeid med ei rekkje barnehagar, i tillegg til kunstnarar og designforskarar.

- **SEMPER (Self-Efficacy in Mathematics, Pathways in Education Research)** (2024-2027) er eit NFR-finansiert prosjekt som har som hovudsiktemål å bidra til forståing og utvikling av lærarar sin kompetanse i tilpassa opplæring i matematikk. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med Sunnfjord kommune, Universitetet i Stavanger og University of Oxford (UK). Prosjektet spenner frå grunnforskning til samskaping av ein intervensjon for og med praksisfeltet, og er nært knytt til GLU-utdanninga ved HVL både tematisk og praktisk sett. Masterstudentar ved HVL blir kopla på prosjektet i tilknytning til sine masteroppgåver. Vidare vil kunnskap og ressursar (t.d. vignettar og klasseromsvideoar) som blir utvikla i prosjektet, bidra til kvalitetsutvikling når det gjeld teori-praksis-kopling i HVL sine lærarutdanningar.
- **Pioneered – Pioneering Policies And Practices Tackling Educational Inequalities In Europe** (2021-24) er eit EU Horizon-2020-prosjekt som involverer 13 forskingsinstitusjonar frå 9 land, med siktemål å fremje likare kår for barn og unge på alle nivå av utdanningssystemet i Europa. Høgskulen på Vestlandet (HVL) er arbeidspakkeleiar med spesielt ansvar for å undersøkje pedagogiske praksisar som lukkast i å motverke reproduksjon av sosial ulikskap. Masterprosjekt i lærarutdanninga er kopla til prosjektet og kandidatar i ph.d.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar deltar i forskingsprosess, publisering og dialog med dei internasjonale partnerane.
- **Empowering girls through football: a real-life integrated learning environment for children's health and social inclusion** (2021-2025) er eit HKDIR/UTFORSK-prosjekt som skal styrkje samarbeid om høgare utdanning og forskning ved å undersøkje korleis eit fotballprogram for jenter i «favelaen» i Brasil kan styrkje utviklingsvilkåra deira på skulen og i livet elles. Federal University of Paraná (UFPR) i Curitiba, Brasil er samarbeidspartnar i prosjektet, som inneber både studentutveksling mellom dei samarbeidande institusjonane og samarbeid om forskning på feltet.
- **NAVIKO-LU – Nasjonal Videokorpus med undervisningseksempler for å styrkje profesjonsopplæringa i lærerutdanninga** (2023-25) er eit HKDDIR-finansiert FoU-prosjekt som dreier seg om å utvikle modellar for systematisering, kategorisering og deling av autentiske videobaserte undervisningseksempel til bruk i det praksisførebuande arbeidet ved norske

lærerutdanningsinstitusjonar. Prosjektet er eit samarbeid med Sunnfjord kommune, Universitetet i Oslo og Universitetet i Stavanger.

Fakultetet kan elles vise til eksempel på at forskingsaktiviteten i forskargruppene har generert nye studietilbod, også knytt til dei store lærerutdanningane. Eksempel på dette er to 15-studiepoengsemne innan Utdanning for berekraft, som grunnskulelærarstudentane kan velje på tvers av campusane. Her lærer studentane mellom anna om utvikling, berekraftig utvikling, globalisering, kultur og interkulturell kommunikasjon, med utdannings- og praksisopphald i Tanzania. Eit anna eksempel er vidareutdanninga i Global knowledge (30 stp.), eit tilbod på tvers av campusane for studentar som ynskjer å tileigne seg tverrkulturell kompetanse og global forståing og som også inkluderer eit tre månaders opphald i Zambia, Tanzania eller Danmark. Desse utdanningstilboda er nær knytt til fleire av forskingsprogrammet Berekraft sine forskargrupper.

Eit anna eksempel er partnerskapet Global Competence Partnership, eit HKDIR-finansiert prosjekt designa for å styrkje utdanningssamarbeid mellom HVL og Education University of Hong Kong, både på ph.d.- og masternivået, mellom anna gjennom utvikling og utprøving av innovative pedagogiske tilnærmingar.

I samsvar med «Lærerutdanning 2025 – Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene», har fakultetet sett av vesentlege ressursar til å etablere ei ordning med lærerutdanningsskular og -barnehagar. Ordninga, som starta i 2020 med 6 lærerutdanningsskular, vart i 2021 vidareført med ei ordning for 4 barnehagar, fordelt mellom fakultetet sine tre regionar. Ordninga legg spesielt vekt på å styrkje partnerskapa mellom praksisfeltet og høgskulen, mellom anna gjennom eit meir strukturert og omfattande samarbeid om FoU/KU og fagleg samarbeid om praksisopplæringa, i samsvar med målbilete i den nasjonale strategien. Ein legg opp til ein stor grad av studentinvolvering. Skuleledelen av ordninga blir følgd av eit eige følgjeforskingsopplegg<sup>99</sup> som rapporterer tilbake til fakultetet. Følgjeforskinga, som også brukar studentar som respondentar, gir undervegs viktige innspel til både fagleg opplegg og optimalisering av organiseringa av ordninga. Fakultetet planlegg å oppskalere denne ordninga til ordinær drift i løpet av 2024, for å oppnå den strategiske målsetjinga i LU 2025 om at alle studentane i grunnskule- og barnehagelærerutdanningane skal få praksisperiode ved ein lærerutdanningsskule/-

---

<sup>99</sup> <https://www.hvl.no/samarbeid/samarbeid-lararutdanning-og-kreative-fag/larerutdanningsskoler/>



barnehage. Oppskaleringa vil totalt omfatte 14 lærarutdanningskular og 14 lærarutdanningsbarnehagar, fordelt mellom dei tre campusregionane.

### 9.7.3 Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap

Forkortingar brukt i teksten:

Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag = **IDER**; Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag = **ISKB**; Institutt for maskin- og maritime studier = **IMM**; Institutt for bygg-, miljø og naturvitenskap = **IBMN**; Handelshøgskulen HVL = **HH**

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS) legg vekt på utvikling av studentaktive læringsformer, godt samspel mellom utdanning og forskning og nær samhandling med samfunns- og arbeidslivet. Særleg har eit tett partnerskap med bedrifter og ulike næringar vore viktig både i forskning, utvikling og gjennomføring av fakultetet sine utdanningar. Studentane arbeider i stor grad utviklingsorientert og utfører bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med eksterne samarbeidspartar. Kvar vår stiller eit fleirtal av bachelorutdanningane ved fakultetet ut bachelorprosjekta dei typisk har gjort, saman med ei verksemd, på ei stor utstilling kalla Expo (blir arrangert ved dei campusane der vi tilbyr teknologi- og ingeniørutdanningar). Fakultetet legg stor vekt på at alle utdanningane skal vere forskingsbaserte, at studentar deltar på ulike arenaer der institutta si forskning og anna relevant forskning blir presentert og drøfta, at dei blir involverte i FoU-aktivitetar og at studentane sine faglege aktivitetar og forskning blir synleggjort både internt og eksternt.

Det er viktig for alle fakultetet sine utdanningar å ha ei god blanding av teoretisk forståing og praktisk ferdigheitstrening. Dei faglege aktivitetane i fakultetet avheng i stor grad av HVL sine moderne spesialrom og laboratorium både når det gjeld kunnskapsutvikling, ferdigheitstrening av kandidatar og innovasjonsarbeid. Laboratoria blir nytta også til infrastruktur for forskning, gjerne i samarbeid med næringslivet og helsesektoren.

Dei fagleg tilsette på FTMS er oppdaterte på forskinga og tar med både egne og kollegaer sine forskingsresultat inn i undervisninga. I fleire emne spelar tilsette si eiga forskning ei sentral rolle, og forskingsresultat blir aktivt nytta inn i undervisninga. Studentane møter òg forskning- og kunnskapsutvikling frå ein annan vinkel, då fleire program har innført praksis i samfunns- og arbeidslivet som ein viktig del av utdanninga. Gjennom praksisopphald, eksempelvis i bedrifter eller offentlege verksemder, blir studentane eksponerte for korleis teoretisk kunnskap blir teken i bruk og korleis ny praktisk kunnskap blir utvikla.

Dette gjeld til dømes praksisordninga i sosiologi, som er det første og per no det einaste bachelorprogrammet i sosiologi i Noreg som tilbyr obligatorisk praksis i eit bachelorløp. Det er også introdusert praksisordningar ved fleire av masterprogramma (til dømes Innovasjon og leiing og Ansvarleg innovasjon og berekraftig verdiskaping) og som ein pilot i bachelorprogrammet Nautikk med integrert praksis, som også er ei unik utdanning i norsk samanheng.

Gjennom læring av gode arbeidsmåtar, og ved å gi studentane innsikt i nye verktøy (t.d. kunnskap i litteratursøk) og leggje opp til omfattande skrivetrening, er ambisjonen at studentane skal tileigne seg både forskingskultur og forskningsetikk, slik at dei sjøve blir i stand til å gjennomføre eit vellukka forskingsprosjekt (til dømes masteroppgåva). Den tette samhandlinga mellom studentar og rettleiarar har dei siste åra til dømes ført til at fleire masteroppgåver er blitt tilgjengelege som tidsskriftartiklar med studenten som førsteforfattar og rettleiar som andreforfattar. I andre tilfelle har studentane gitt viktige bidrag til rettleiarane sine forskingspublikasjonar, der studentane blir inkluderte medforfattarar. Så langt har dette inspirert både rettleiarar og studentar. Ikkje minst for studenten har dette blitt ein viktig motivasjon for vidare karriereløp.

Både bachelor- og masteroppgåver blir publisert gjennom egne årbøker (sjå eksempelvis: <https://www.hvl.no/om/organisering/fos/institutt-for-okadm/utdanning-ved-ioa/>). Fakultetet har som mål å utdanne studentar som tileignar seg både teoretisk kunnskap og praktisk nytte. Dette skal gjere dei godt førebudde til å fylle ulike roller i arbeidsmarknaden, og bidra i eit endringsarbeid i tett samarbeid mellom utdanning, forskning og samfunns-, arbeids- og næringsliv. Utdanningane og forskinga i FTMS skal vise eit tydeleg samfunnsansvar i berekraftig samfunnsperspektiv.

Det at forskinga ved fakultetet held høg kvalitet, har ein anvendt profil og skjer i tett samhandling med samfunns- og arbeidsliv, bidrar til å styrkje utdanningane våre. Mange av forskingsprosjekta involverer brukarar frå samfunns- og arbeidsliv, noko som styrkjer moglegheitene for at forskinga blir tatt i bruk og at den fremjar forskingsbaserte innovasjonar, både i dei tilfella innovasjonane blir realisert i verksemdene eller blir opphav til kommersialisering av forskning.

I tillegg er laboratoria våre også arenaer der dei vitskaplege tilsette kombinerer den akademiske og reflekterande forskinga med det skapande og utforskande som ligg til grunn for innovasjonar.

*Avtalt FoU-tid, studieåret 2023/24*

Avtalt FoU-tid ved FTMS ligg på nivå med dei institusjonelle målsetjingane, med noko variasjon mellom institutta:

Tabell 9.9. Faktisk tildeling av FoU-tid (inklusive tid til fagleg fornying) ved FTMS, også inkludert tildelt FoU-tid frå eksterne prosjekt. (Tal på årsverk totalt i parentes).

	Samla	IDER	ISKB	IMM	IBMN	HH
<b>Toppkompetanse</b>	48 % (64)	47 % (15)	55 % (13)	42 % (4)	46 % (13)	49 % (20)
Professor	48 % (60)	47 % (14)	55 % (13)	42 % (4)	46 % (13)	51 % (18)
Dosent	37 % (4)	41 % (1)				36 % (2)
<b>Førstekompetanse</b>	36 % (174)	30 % (45)	36 % (26)	38 % (21)	41 % (33)	37 % (49)
Førstemanuensis	36 % (141)	32 % (34)	35 % (22)	36 % (17)	40 % (26)	38 % (41)
Førstelektor	24 % (21)	17 % (5)	49 % (2)	13 % (3)	29 % (4)	29 % (6)
Postdoktor	76 % (3)			81 % (1)	84 % (1)	27 % (1)
<b>Høgskulelektor</b>	21 % (94)	21 % (25)	17 % (11)	22 % (6)	17 % (19)	20 % (32)
<b>Totalt (alle kat. inkludert)</b>	33 % (412)	30 % (111)	37 % (69)	33 % (38)	33 % (76)	35 % (116)

KJELDE: DBH OG TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPLANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24.

Fakultetet har eit system der fagtilsette får tildelt FoU-tid etter søknad. Den høvesvis låge tildelinga av FoU-tid til førstelektorane skuldast at dei generelt sett er mindre forskingsaktive enn førsteamanuensane på fakultetet.

## Del av undervisningstida som blir utført av topp- og førstekompetente (alle tal i prosent)

Tabell 9.10: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved FTMS, fakultets- og instituttnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).

### Undervisningstid på bachelornivå

	Samla	IDER	ISKB	IMM	IBMN	HH
Førstekompetanse	55 %	53 %	69 %	52 %	54 %	54 %
Toppkompetanse	9 %	10 %	11 %	8 %	9 %	5 %

### Undervisningstid på masternivå

	Samla	IDER	ISKB	IMM	IBMN	HH
Førstekompetanse	75 %	68 %	48 %	86 %	84 %	62 %
Toppkompetanse	32 %	31 %	31 %	25 %	39 %	24 %

### Undervisningstid på ph.d.-nivå

	Samla	IDER	ISKB	IMM	IBMN	HH
Førstekompetanse	100 %	100 %				100 %
Toppkompetanse	88 %	82 %				90 %

KJELDE: TE PLAN, DATA BASERT PÅ TILSETTE SINE ARBEIDSPANAR FOR STUDIEÅRET 2023/24.

Som det går fram av tabellane ovanfor, så oppfyller fakultetet godt krava til fagleg nivå i tilsynsforskrifta, både når det gjeld bachelor-, master- og ph.d.-nivået.

Tabellen viser også at fakultetet har ein kompetansemiks som er viktig for profesjons- og arbeidslivsrettinga vår. Mange av førelesarane på studieprogramma i fakultetet er aktive forskarar eller inngår i eit aktivt forskingsmiljø. Førelesarar som ikkje er aktive forskarar sjølve, har ofte ein operativ bakgrunn som er heilt naudsynt i til dømes ei profesjonsutdanning. Likevel inngår desse i forskargrupper, og i mange tilfelle bidrar dei inn i ulike prosjekt. Dette gjer at ein byggjer opp forskingsbaserte utdanningstilbod der ein konkret kan kople praksis til forskning, og slik gjere ei akademisk tilnærming meir tilgjengeleg for studentar som kjem enten frå studiespesialisering eller fagopplæring.

### Ph.d.-program

FTMS har institusjonelt ansvar for tre ph.d.-program (sjå kap. 6 for nærare omtale av ph.d.-programma):

- **Program for Datateknologi|programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitenskap (Datateknologi)**
- **Program for Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG)** (tverrfakultært program som også involverer Fakultet for helse- og sosialvitenskap)
- **Program for Nautiske operasjonar** (eit samarbeid mellom HVL, Universitetet i Tromsø, Universitetet i Sørøst-Noreg og NTNU)

Det er eit mål at forskning og kunnskapsutvikling som skjer i tilknytning til ph.d.-programma, skal bidra til å gi kvalitet i fakultetet sine utdanningar på alle nivå. Dette skjer både ved at fagmiljøet rundt ph.d.-programma bidrar inn i mot dei andre nivåa, ved at ph.d.-kandidatane aktivt bidrar inn mot undervisninga på bachelor- og masternivå og ved at forskingsaktiviteten i fakultetet blir gjort tilgjengeleg for kandidatane.

### *Fagleg profilering*

FTMS organiserer forskingsaktiviteten i 43 forskargrupper. Alle vitenskaplege tilsette i fakultetet skal i utgangspunktet vere knytt til ei eller fleire av desse forskargruppene. Dette gjeld også for stipendiatane, der tilknytning til forskargrupper er særskild viktig for å skape eit godt læringsmiljø. Fakultetet har også i stor grad lukkast med å hente inn eksternt finansierte prosjekt. Mange av prosjekta involverer studentar på bachelornivå og masternivå, som skriv oppgåver knytt til problemstillingar i prosjekta. Det er også vanleg, særleg på master- og ph.d.-nivå, at publikasjonar frå desse forskingsprosjekta inngår som ein del av pensum på emna. Ei rekkje av ph.d.-kandidatane på fakultetet sine tre ph.d.-program er også direkte finansierte av eksternt finansierte prosjekt.

Forskargruppene i fakultetet er fordelte på 7 faglege profilområde:

#### **IKT og datateknologi (10 forskargupper)**

Profilområdet *IKT og datateknologi* omfattar forskargrupper innanfor programvareutvikling, berekningsorientert ingeniørvitenskap, maskinlæring og kunstig intelligens, sensornettverk og måleteknologi, samarbeid, interaksjon, simuleringsteknologi, grafikk, high performance computing, robotikk, helseinformatikk og IKT-sikkerheit. Forskingsmiljøa er tematisk tett kopla til bacheloremne innanfor data, automatisering, cyber, elektronikk, elkraft og informasjonsteknologi. Ein vesentleg del av bachelor-prosjekta byggjer på samarbeid mellom eksterne aktørar og medlemmer av forskargruppene. Masterutdanninga i programvareutvikling byggjer i særleg grad på forskargrupper som maskinlæring og kunstig intelligens, samarbeid, interaksjon, simuleringsteknologi grafikk, high performance

computing, robotikk og helseinformatikk. Forskarar frå desse gruppene tar hand om både undervisning og rettleiing av masterprosjekta. Dette sikrar ei tett kopling mellom forskning og masterutdanninga, inkludert kopling til fleire igangverande eller nyleg avslutta forskingsprosjekt med ekstern finansiering. Den tverrfaglege mastergraden i anvendt datateknologi og ingeniørvitskap er også fagleg forankra i forskargruppene knytt til profilområdet IKT og datateknologi. Forskargruppene i dette profilområdet har også vore heilt sentrale i utvikling, implementering og drift av ph.d.-programmet Datateknologi – programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitskap. Forskarane har vore dyktige til å hente inn eksternt finansierte prosjekt som ofte blir gjennomførte i samarbeid med aktørar i samfunns- og arbeidsliv. Både bachelor- og masteroppgåver, og ph.d.-prosjekt har vore nært knytt til desse eksternt finansierte prosjekta.

### **Innovasjon og ledelse (6 forskargruppe)**

Dette faglege profilområdet inkluderer forskargrupper innanfor ansvarleg innovasjon og entreprenørskap, berekraft og grøn innovasjon, innovasjon og styring i offentleg sektor, «marketing, tourism and innovation» og innovasjon og digitalisering. Viktige tema for desse forskargruppene er blant anna:

- Korleis innovasjon kan bidra til verdiskaping utan å øydeleggje miljøet og korleis ein kan fremje ei berekraftig samfunnsomstilling.
- Organisasjonar og bedrifter si tilnærming til FN's berekraftsmål
- Korleis det blir rapportert på miljø og etikk
- Korleis internasjonale og nasjonale politiske føringar påverkar konteksten for leiing i ulike sektorar
- Korleis stader kan marknadsførast på betre og meir ansvarlege måtar
- Korleis digitaliseringa gir nye moglegheiter.

Forskinga er tverrfagleg, men den har i hovudsak forankringa si ved HH. Forskinga bidrar inn mot undervisning i innovasjon og leiing både på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. HH har to masterprogram i innovasjon (Innovasjon og ledelse og Ansvarlig innovasjons og bærekraftig verdiskaping), og i tillegg er innovasjon eit viktig profilområde for HH si siviløkonomutdanning. Forskinga fremjar forskingsbasert undervisning, og det er vesentleg involvering av studentar i forskingsprosjekt (eksempelvis som bidragsytarar på forskingsartiklar). Forskarar har henta inn ei rekkje eksternt finansierte prosjekt både frå NFR og EU, og mykje av forskinga har hatt ein tydeleg anvendt profil, noko som bidrar til å auke nytteverdien og betre moglegheitene for studentinvolvering. Det blir også utført

omfattande forskning på eiga undervisning og då til dømes knytt til tematikkar som entreprenøriell læring og tverrfaglege studentteam. Forskinga innan dette profilmrådet utgjer også det viktigaste faglege fundamentet for ph.d.-programmet i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG), og dei involverte forskarane har vore svært sentrale både i utvikling, implementering og drift av programmet.

### **Havteknologi og maritim sikkerhet (5 forskargrupper)**

Profilmrådet *havteknologi og maritim sikkerhet* er innretta imot både teknologiutvikling og sikkerheit til sjøs. Grøn omstilling står sentralt for fagmiljøa som jobbar med havteknologi. Dette omfattar utvikling av teknologi for operasjonar til havs, marin-konstruksjonsteknikk og hydrodynamikk for skip, flytande konstruksjonar, undervassfartøy, forankringssystem, dessutan havbruk og meir miljøvennlige fiskeoppdrettsanlegg. Fagmiljøa innanfor sikkerheit har spesiell merksemd på risiko og sikkerheit i maritim industri, og undersøker organisatoriske og operative aspekt ved korleis risiko og sikkerheit blir styrt. Forskarar arbeider tett med industripartnarar og undersøker forskingsspørsmål som er formulerte i nært samarbeid med desse. Gjennom utdanning av ingeniørar og sivilingeniørar innanfor havteknologi og maritim sikkerheit bidrar fagmiljøa på dette profilmrådet til å sikre næringsliv og myndigheiter tilgang til leiande kompetanse når det gjeld hausting og forvaltning av havrommet. Forskinga er også svært relevant for undervisninga i desse fagområda, og både forskingsspørsmål og forskingsresultat blir inkludert i faga som det blir undervist i. Eksempelvis blir studentar gjennom bachelor- og masteroppgåver integrert i eksternt finansierte prosjekt og i prosjektoppgåver i ei bedrift. Fagmiljøa har lukkast i å hente inn eksterne prosjekt frå ulike finansieringskjelder, og gjennomføringa av prosjekta skjer i stor grad i samarbeid med aktørar i privat og offentleg sektor. Fagmiljøa bidrar med forskingsbasert undervisning inn mot fleire emne og program på bachelornivå. Forskarane som jobbar innanfor maritim sikkerheit, er særleg viktige for masterprogrammet i Maritime operasjonar og ph.d.-programmet i Nautiske operasjonar. Vidare er Senter for sjøsikkerhet knytt opp til dette fagmiljøet, og senteret sitt formål er å styrkje samhandlinga mellom forskingsmiljøa, maritimt næringsliv og maritime myndigheiter. Senteret skal også bidra til å fremje praksisnær utdanning og forskning.

### **Berekraftig by- og samfunnsutvikling (6 forskargrupper)**

Dette profilmrådet har særleg merksemd på ulike problemstillingar knytt til berekraftig by- og samfunnsutvikling. Mykje av forskinga her er tverrfagleg og omfattar mellom anna forskning på transformasjon av byområde, energieffektiv rehabilitering av eksisterande bygg, arealplanlegging og juridiske og rettslege spørsmål knytt til eigedom og jordskifte. Det er



også fokus på eieendomshistorie og visualisering av romlege data. Profilmrådet inkluderer forskarar som jobbar med samfunnsøkonomiske problemstillingar knytt til by- og regionaløkonomi og samfunnsvitarar og historikarar som jobbar med eit breitt spekter av problemstillingar knytt til korleis stader, menneske og institusjonar blir endra. Forskarane i dette profilmrådet tar aktivt del i formidling til fagfelle, studentar og brukarar i samfunns- og arbeidsliv. Dei bidrar også med forskingsbasert undervisning på ulike nivå, og har ei særskild viktig rolle inn mot masterprogramma i Areal og eieendom og Organisasjon og leing. Dei har også vore viktige for å utvikle siviløkonomstudiet ved fakultet, og her har forskarane hatt eit særleg ansvar for å etablere ein profil innan «Regional Economics and Innovation». Ein del av forskingsaktiviteten ved dette profilmrådet har også vore knytt opp mot eksternt finansierte prosjekt.

### **Brann og sikkerheit (3 forskargrupper)**

Klimaendringar, endringar i samfunn og industri, nye byggemetodar og ny teknologi fører med seg nye risikoutfordringar også knytt til brann og sikkerheit. Fagmiljøet bidrar med innovasjon og forskning, og utdannar, som einaste utdanningsinstitusjon i Noreg, spesialiserte branningeniørar (bachelorgrad) og sikkerheitsingeniørar (mastergrad). Fakultetet har eit eige brannlaboratorium (Hall of Flames) med fullskalatesting av brannsikkerheit til elkraftkomponentar og utslepp, i tillegg til tekniske nyinvesteringar som blir nytta i undervisning og forskning. Brann- og sikkerheitsmiljøet har ein stor og blanda forskingsportefølje, inkludert ein del ekstern finansierte prosjekt. Forskingsaktivitetane er mellom anna retta mot brann som fenomen, utvikling av kunnskap om storbrannar, risikoreduserande tiltak og tunnelbrannsikkerheit. Forskinga er nært knytt saman med utdanningane på bachelor-, master- og ph.d.-nivå.

### **Energi, natur og miljø (10 forskargupper)**

Gjennom å kombinere tema som teknologi, naturvitskap, samfunnsvitskap, politikk og økonomi gir fagmiljøet på profilmrådet Energi, natur og miljø viktige forskingsbidrag for å løyse utfordringar knytt til klimaendringar og store kutt i utslepp av klimagassar. Dette omfattar fornybar energiteknologi som hydrogen, solcelle- og batteriteknologi, og energieffektive materialar, samt ivaretaking av naturmangfaldet, økosystema og jordbruksareala. Eit stort tal emne på bachelor- master- og ph.d.-nivå er knytt til tema energi, natur og miljøspørsmål, der det blir lagt til rette for at studentar får ta del i kunnskapsutvikling, idéutvikling og forskning, ofte i samarbeid med næringslivet eller

offentleg sektor. Miljøet har henta inn ei rekkje ekstern finansierte prosjekt, og forskarane i profilområdet har ei særskild viktig rolle inn mot masterprogramma i Climate Change Management og Bærekraftig energiteknologi. Dei har også ei vesentleg rolle i ph.d.-programmet i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG). Fagmiljøa har stor merksemd på å involvere studentane i forskinga, og studentoppgåver har fleire gonger resultert i publikasjonar i internasjonale vitenskaplege fagtidsskrift.

### **Teknologi i helse og omsorg (3 forskargrupper)**

Høgskulen på Vestlandet har tatt ei nasjonal rolle innanfor *Teknologi for helse og omsorg* ved å styrkje forskning og utvikle utdanningsløp på tvers av institutt, fakultet og senter. For å oppnå dette har ein lagt vekt på å samordne institusjonen sine utdannings- og forskingsaktivitetar på feltet, i tillegg til å utvikle samarbeid mot helse- og forskingsaktørar i regionen, og gjennom helse-/teknologiklynger. Profilområdet engasjerer fleire fagområde på tvers av institutt. Fagmiljøet på helseinformatikk er interdisiplinært og forskar på korleis design, utvikling, tilpassing og nyttiggjering av IKT-baserte løysingar kan betre helsetenester. Helseinformatikk inngår i masterprogrammet i Programvareutvikling, ein fellesgrad der Høgskulen på Vestlandet samarbeider med UIB. Her får studentane ei brei innføring i å utvikle kunnskap om forskingsproblemstillingar eksempelvis knytt til pasientsikkerheit og bruk av IKT i pasientbehandling. Forskingsmiljøet er involvert i ei rekkje eksternt finansierte prosjekt og jobbar tett med aktørar i næringslivet og i offentleg sektor.

Fagmiljøet innanfor helseteknologi og bioingeniørutdanninga gir bachelorstudentane opplæring i å bruke teknologi til medisinske diagnostiske analysar med strenge krav til sikkerheit, presisjon og riktigheit. Ei forskingsbasert tilnærming blir vektlagt i undervisninga i medisinsk laborieteknologi for å trene studentar i kritisk tenking og utøving av kunnskapsbasert praksis. Fagmiljøet utviklar høgskulen sine laboratorium med instrumentering og programvarer nytta i forskingsprosjekt, der studentar er aktivt involvert i forskinga gjennom sine bachelorprosjekt. Fagmiljøet er også sentralt i det nyetablerte masterprogrammet Medisinsk laborieteknologi.

Alle dei faglege profilområda på fakultetet er involverte i eksternt finansierte prosjekt, men innslag av prosjekt finansierte av NFR eller EU er spesielt stor innanfor det som er dei sentrale fagområda for fakultetet sine tre ph.d.-program. Samla står fakultetet fram som svært forskingsaktivt og med god skår på publisering. Dei ulike profilområda er også involvert i fleire større prosjekt som har som sentralt siktemål å styrkje utdanningsprogramma ved

fakultetet. Eksempelvis er fagmiljøet innanfor maritim sikkerheit med i «Centre of Excellence in Maritime Simulator Training and Assessment (COAST)», som er eit senter for framifrå utdanning (SFU) innanfor simulering. Fakultet har vidare ansvar for ei rekkje eksternt finansierte prosjekt som illustrerer samspel mellom utdanning og forskingsverksemda. Eksempel her er:

**Teknologiløft for Sogn og Fjordane (2018–2024)** har som siktemål å auke kapasitet og kompetanse i forskingsmiljøa ved Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning på områda digitalisering og automatisering. Prosjektet er finansierte av NFR, Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning. Målsetjinga er at meir relevante forskingsmiljø i regionen skal føre til at næringslivet i større grad etterspør forskning for utvikling og innovasjon, og stimulerer til nye samarbeid om forskning og innovasjon med partnerar i og utanfor Noreg. Prosjektet har med ulike spin-off-prosjekt bidratt til fleire bacheloroppgåver i fakultetet. Prosjektet var også svært viktig ved etablering av det nye master-/sivilingeniørstudiet Anvendt datateknologi og ingeniørvitskap, der fordjupinga på robotikk ved Campus Førde spring ut frå prosjektet. Pensum i ulike emne både på bachelor- og masternivå heng òg tett saman med forskingsresultat frå prosjektet. Prosjektet årleg gitt 2–4 studentar ved HVL relevant sommarjobb på robotlaben sidan 2020.

**H2CoVE-prosjektet (2024–2028)** er finansierte av Erasmus+ gjennom utlysinga Centre of Vocational Excellence. Det skal etablerast eit internasjonalt senter for framifrå profesjonsutdanning i hydrogenteknologi, der partnerane skal dele «best practices» og bygge europeisk nettverk. Prosjektet har 21 partnerar frå 5 land, og ein av regionane (i Nederland) er ein Hydrogen Valley. Hydrogen Europe og Norsk Hydrogenforum er assosierte partnerar. Vestland fylkeskommune er koordinator for prosjektet, og HVL er regional koordinator for Vestland. Prosjektet har som mål å forbetre og vidareutvikle profesjons- og yrkesutdanningar innanfor hydrogenteknologi, både på vidaregåande, fagskule- og på høgskulenivå, i region Vestland. Dette vil omfatte både HVL sine bachelorutdanningar innanfor hydrogen, masterprogram og etter- og vidareutdanningar i hydrogen. I tillegg skal prosjektet styrkje regionalt samarbeid mellom fagskular, HVL, fylkeskommunen og næringslivet, og etablere såkalla grøne, regionale økosystem. Det er forventa at prosjektet vil bidra til auka merksemd og rekruttering til realfag og ingeniørfag i regionen. Dette prosjektet vil vere komplementært til **FME HyValue**, Norsk forskingssenter for hydrogen, som er eit reint forskingsprosjekt. I tillegg vil det europeiske hydrogennettverket, som vi vil bygge gjennom prosjektet, gi oss verdifulle samarbeidspartnerar som også kan vidareutviklast i retning forskningssamarbeid.

**Norsk-Sørafrikansk partnerskap for berekraftig entreprenørskapspraksis (SUSTENTSHIP)** (2023–2026) er eit HKDir-finansiert prosjekt med overordna mål å forske på å styrkje partnerskapet mellom universitet og entreprenørielle økosystem(EE)-aktørar i Noreg og Sør-Afrika, og gjennom komparativ forskning betre kvalitet og relevans i entreprenørskapsutdanningar. Sentrale aspekt ved prosjektet er innovativ pedagogikk, utvikling av berekraftige internasjonale praksisprogram av høg kvalitet, komparativ forskning, implementering av strukturar for felles tilsyn og deling av beste praksis blant EE-aktørar som fremjar berekraft. Den komparative forskinga, som involverer master- og ph.d.-studentar, skal gi forskingsbasert kunnskap som styrkjer utdanningar og samanliknbare praksisopplegg plassert i ulike samanhengar.

**EduWIND** (2022–2026) er eit HKDir-finansiert prosjekt som har som primært siktemål å bidra til sirkulær utdanningsutvikling, metodikk for å korte tidsavstand mellom toppmoderne forskning retta mot å løyse industrielle behov og problem og innhald i kurs/utdanningar. Den tematiske inngangen er generell, men den spesielle konteksten for EduWind er å styrkje kvalitet på utdanning og forskning på feltet cyber-fysiske system (CPS) i vindparkar, der teknologiar som Augmented Reality/Virtual reality/Extended reality blir sett i spel. Prosjektet er eit samarbeid mellom ei rekkje norske og internasjonale bedrifter og utdanningsinstitusjonar, der studentar ved HVL får rettleiing frå nasjonale og internasjonale partnerar.

**The role of universities for sustainable smart specialisation in Vestland – UniS4Vest** (2021–2024) har som hovudmål å analysere rollene som hovudinstitusjonane for høgare utdanning (HEI) i Vestland fylkeskommune (Universitetet i Bergen, Noregs Handelshøyskole og HVL) kan spele i å rekonfigurere det regionale innovasjonssystemet mot berekraftig smart spesialisering, gjennom sine utdannings-, forskings- og innovasjonsaktivitetar. UniS4Vest skapar eit aktivt og handlingsorientert samarbeid mellom forskarar, regionale avgjerdstakarar og andre interessentar (som representantar frå næringslivet og samfunnssektoren i regionen), for å fremje prosessar for samskaping på tvers av utdanning, forskning og innovasjon.

**Reint laboratorium** er eit prosjekt finansiert av Ulla Førre-fonda i Rogaland som skal vere ein møtestad for studentar, industri og forskarar i utprøving av maskinar, apparat og komponentar som har med elektrifiseringa av samfunnet å gjera. Laboratoriet skal tilby reine forsøksforhold der studentar kan få demonstrasjonar og utføre øvingar knytte til kurs,

bachelor- og masteroppgåver, og møte interne og eksterne forskarar og regional industri for utvikling og utprøving av nye produkt. Laboratoriet skal også brukast innanfor fornybar energi som til dømes vindturbinar.

**BUILDER (2020–24)** er eit NFR-finansiert prosjekt som prøver å forbetre branntryggleik for risikogrupper som eldre og personar med fysiske og psykiske funksjonshemmingar eller avhengigheit, og foreslå tryggleiksløysingar for bygningsdesign. Gjennom prosjektet skal ny kunnskap utviklast, delast og implementerast i utdanning av sivil- og brannsikkerheitsingeniørar i bachelor-, master- og ph.d.-studiar, også som grunnlag for arbeidet med bachelor-, master- og ph.d.-oppgåver.

Koplinga mellom utdanning og forskning står også svært sentralt ved utvikling av nye utdanningstilbod ved FTMS. Dei siste åra har fakultetet introdusert tre nye mastertilbod: *Anvendt datateknologi og ingeniørvitenskap, Bærekraftig energiteknologi og Medisinsk laboratorieteknologi*. Eit viktig grunnlag for desse satsingane er den forskinga som går føre seg i forskargruppene i dei aktuelle profilmråda (IKT og datateknologi, Energi, natur og miljø og Teknologi i helse og omsorg). Det er også lagt stor vekt på at masterstudentane ved desse nye tilboda skal involverast i pågåande forskingsprosjekt, noko som bidrar til å fremje forskingsbasert undervisning. Dei fleste av forskingsprosjekta involverer samarbeidspartnarar i privat og offentleg sektor, noko som bidrar til å kople studentane og undervisninga tettare på praksisfeltet.

## 9.8 Oppsummering

I dette kapitlet viser vi korleis FoU/KU-aktiviteten ved HVL er kopla til utdanningsverksemda. Ein vesentleg del av arbeidstida for dei fagtilsette er avsett til arbeid med FoU/KU. Spesielt gjeld dette tilsette i første- og toppstilling. Kapitlet viser også at HVL med god margin oppfyller krava til fagmiljø i Studietilsynsforskriftas § 2-3 både på institusjons-, fakultets- og instituttnivå. Dette gjeld både bachelor-, master- og ph.d.-nivåa. Kapitlet presenterer også ei omfattande prosjektportefølje som viser stor aktivitet når det gjeld FoU/KU som spelar saman med og bygger opp under utdanningsverksemda. Samla sett viser dette at HVL oppfyller krava i Studietilsynsforskriften § 3-1 (5).





# 10. Utdanning og FoU av høg internasjonal kvalitet



## 10. Utdanning og FoU av høg internasjonal kvalitet

*Studiekvalitetsforskriften § 3-7. Akkreditering som universitet*

*(2) Institusjonen skal ha stabil utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.*

*Studietilsynsforskriften § 3-1. Krav ved akkreditering av institusjoner*

*(1) Institusjonen skal ha et faglig nivå innen utdanning, forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid som er i samsvar med kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling for høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-6 til § 3-8.*

Akkreditering som universitet krev at institusjonen har stabil utdanning, forskning, og kunstnarisk og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet. I tråd med rettleiinga frå NOKUT vil dette kapitlet ta føre seg dei fire fagområda til ph.d.-ane som ligg til grunn for søknaden, og presentere data og resultat som viser kvalitet og stabilitet i utdanning, forskning og fagleg utviklingsarbeid. Dei fire ph.d.-ane er *Studiar av danning og didaktiske praksisar* (SDDP), *Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing*, heretter omtalt som *Datateknologi* (DT), *Helse, funksjon og deltaking* (HFD) og *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* (RESINNREG). Rettleiinga frå NOKUT seier at dokumentasjonen primært skal dekkje dei fire doktorgradsområda, men at institusjonen også kan velje å gjere greie for kvalitet på andre fagområde for å vise heilskapen i institusjonens faglege profil. For HVL sin del dekkjer dei fire doktorgradsområda det aller meste av den samla faglege verksemda (sjå kap. 6), og det er difor desse fire som blir dokumentert i kapitlet.

### **10.1 Kravet om høg internasjonal kvalitet – samanlikna med kva?**

Det er i stor grad opp til søkjar å operasjonalisere høg internasjonal kvalitet, og å finne indikatorar som viser status. Samstundes har tidlegare søknadar om universitetsakkreditering skapt ein praksis og ein presedens når det gjeld dette kravet, og rettleiinga frå NOKUT peiker på moglege indikatorar.

Dei tidlegare søkjarane HiOA, HSN og HINN la til grunn at det er vanskeleg å samanlikne seg med internasjonale institusjonar og fagmiljø, primært på grunn av mangel på samanliknbare

data. Dei internasjonale rangeringane som finst, er særleg retta mot dei klassiske, disiplinorienterte universiteta og er i noko mindre grad dekkjande for utdannings- og forskingsprofilen ved institusjonar med store profesjonsutdanningar. Fleire av dei indikatorområda som ligg til grunn for ulike rangeringar er likevel relevante. Det gjeld faktorar for både innsats og resultat, som kompetansenivå og vitskapleg publisering. Det finst nokre internasjonale rangeringar som vi kan vise til, men desse kjem som eit tillegg til dei meir omfattande og heilskaplege samanlikningane med andre norske universitet. Desse blir difor trekte inn som sekundær dokumentasjon, både på institusjonsnivå (sjå kapittel 10.4.3) og på eit fagområde som er særleg aktuelt og relevant for HVL: «nursing» (kapittel 10.7.4).

Medan vi ikkje har tilgang til samanliknbare data for institusjonar utanfor Norge, gjer nasjonale databasar for universitets- og høgskolesektoren det mogleg med presise og gode samanlikningar med tilsvarende fagmiljø ved dei norske universiteta. Slike samanlikningar med norske universitet blei lagt til grunn ved tidlegare akkrediteringar. Då OsloMet og USN blei universitet, aksepterte NOKUT-komiteane at det mest realistiske og formålstenlege er å samanlikne eiga verksemd med einingar og fagmiljø ved allereie akkrediterte norske universitet med tilsvarende fagleg profil. Det blir her tatt som utgangspunkt at akkrediterte norske universitet held høg internasjonal kvalitet i utdanning og FoU. Hovudinnhaldet i kapitlet er difor presentasjon av nøkkeldata for utdanning, forskning og utviklingsarbeid knytt til doktorgradsområda ved HVL. Vi samanliknar dei med data frå tilnærma tilsvarende einingar ved norske universitet.

I val av institusjonar og einingar ved norske universitet for samanlikning har vi valt ut dei med liknande profil som HVL. På institusjonsnivå er det universiteta med ein portefølje prega av profesjonsfag: Nord universitet, OsloMet og Universitetet i Sørøst-Noreg. Vi tek også med Høgskolen i Innlandet her, som er i prosess med si universitetsakkreditering.

Samanlikningar på fagområde for ph.d.-ane vil ikkje vere avgrensa til desse universiteta, fordi det også ved fleire av dei andre universiteta finst om lag tilsvarende profesjonsretta fagmiljø og fagområde. Det er potensial for mest mogleg relevant og treffande samanlikning som er det vesentlege her, og kven vi samanliknar HVL med, varierer derfor mellom dei ulike doktorgradsområda. Samanlikningsgrunnlaget kjem fram innleiingsvis for kvart doktorgradsområde.

## 10.2 Avgrensning av doktorgradsområda

Formålet med dette avsnittet er å gjere greie for kva område av institusjonen si verksemd som skal omfattast, og kva einingar som skal bidra med data når vi gjer greie for kvalitetsnivået for dei ulike doktorgradsprogramma som ligg til grunn for søknaden.

Dei fire eigne ph.d.-programma som ligg til grunn for å dokumentere kravet til høg internasjonal kvalitet er, sortert etter tidspunkt for akkreditering:

- *Studiar av danning og didaktiske praksisar (SDDP)*
- *Datateknologi, programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitenskap (DT)*
- *Helse, funksjon og deltaking (HFD)*
- *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG)*

I kapittel 6 viste vi korleis desse fire ph.d.-programma dekkjer HVL sin faglege profil, og kva som er samanhengane mellom doktorgradane og utdanning på master- og bachelorgradnivå. For to av doktorgradsprogramma legg vi til grunn at det er samanfallede fagområde mellom doktorgradsområdet og fakultetsnivået. Det gjeld *Studiar av danning og didaktiske praksisar* (SDDP) ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) (sjå kapittel 10.5) og *Helse, funksjon og deltaking* (HFD) ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) (sjå kapittel 10.7).

For doktorgradsprogrammet *Datateknologi, programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitenskap* (DT) ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS), er fagområdet avgrensa til det som fram til januar 2024 var Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN). Det er data for dette fakultetet som ligg i Database for statistikk om høgere utdanning (DBH) til og med rapporteringsåret 2023, og som blir samanlikna med tilsvarende einingar ved dei norske universiteta (sjå kapittel 10.6).

FTMS er i tillegg vertsfakultet for det fjerde programmet, *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* (RESINNREG). Sjølv om dette programmet også rekrutterer og har viktige faglege bidrag frå FHS, så er hovudtyngda av både rekruttering og faglege bidrag til programmet knytt til det nye samanslåtte fakultetet FTMS. Vi har difor valt her å nytte talgrunnlaget frå FTMS som samanlikningsgrunnlag for dokumentasjon av fagleg nivå i programmet.

## 10.3 Val av indikatorar

I vårt val av indikatorar har vi tatt utgangspunkt i rettleiinga frå NOKUT, og dessutan vurdert kva indikatorar tidlegare søkjarar om universitetsstatus har nytta for å dokumentere høg internasjonal kvalitet i forskning og utdanning. Vi vil presentere både kvantitative og kvalitative indikatorar, der det er mellom dei kvantitative vi kan samanlikne HVL direkte med andre institusjonar. Vi presenterer vidare både indikatorar som er resultat av eller representerer eigenskapar ved verksemda ved HVL, og indikatorar som uttrykkjer HVL sin attraktivitet nasjonalt og internasjonalt. Her er ei oversikt over kva indikatorar vi vil bruke i dette kapittelet:

### 10.3.1 Utdanning på bachelor- og masternivå

Følgjande kvantitative og samanliknbare indikatorar blir brukt til å dokumentere det faglege nivået på bachelor- og mastergradutdanningar:

- Fagmiljøet knytt til studia, kompetansenivå (DBH)
- Opptaksgrunnlag til studia (DBH)
- Gjennomstrøyming og gjennomføringstid i utdanningane (DBH)
- Studiepoeng per student (DBH)
- Arbeidslivsrelevans (kandidatundersøking)

Høg og relevant kompetanse i fagmiljøet, og nok vitskapleg tilsette i høve til talet på studentar, er føresetnader for å tilby studentane ei forskingsbasert utdanning av høg internasjonal kvalitet. Opptaksgrunnlag og rekruttering er eit uttrykk for *inntakskvalitet*, og indikerer kor attraktiv institusjonen og studietilboda er. Studiepoengproduksjon, gjennomstrøyming og fullføring er vanlege *resultatindikatorar* for kvalitet, medan arbeidslivsrelevans seier noko om kvalitet i relasjon til den arbeidsmarknaden kandidatane skal ut i når dei er ferdige.

I tillegg til desse kvantitative og samanliknbare indikatorane, tar vi fram andre og meir kvalitative aspekt som indikerer kvalitetsnivået i utdanningane. Vi viser korleis fagmiljøa rundt dei fire doktorgradsområda ved HVL, gjennom samarbeid og eksternt finansierte prosjekt med nasjonale og internasjonale partnerar, hevar kvalitet og relevans i utdanningane. Eit godt samspel mellom FoU- og utdanningsverksemda, som er naudsynt for å sikre forskingsbaserte, oppdaterte utdanningar, er allereie dokumentert i kapittel 9.

### 10.3.2 Utdanning på ph.d.-nivå

Også for ph.d.-utdanningane presenterer vi ein kombinasjon av samanliknbare indikatorar og meir kvalitative eksempel som viser det høge nivået på utdanningane i form av både innsatsfaktorar, resultat og attraktivitet. Dei kvantitative indikatorane presenterer data om følgjande:

- Opptaksgrunnlag og rekruttering av ph.d.-studentar
- Gjennomføringstid og gjennomstrøyming (for dei to eldste programma)
- Talet på ph.d.-studentar og årsverk i fagmiljø
- Finansiering av doktorgradsarbeidet – fordeling mellom intern og ekstern finansiering
- Andel av uteksaminerte ph.d.-kandidatar i relevant arbeid seks månader etter disputas (for dei to eldste programma)

### 10.3.3 Forsking, fagleg- og kunstnarisk utviklingsarbeid

Ulike fagområde kan ha ulike tradisjonar for å dokumentere kvalitet i utdanning for forskning. I større grad enn for utdanning er det for forskning likevel etablert ein internasjonal praksis for samanlikningar og vurdering av kvalitetsnivå. Ulike indikatorar knytt til publisering og bruken av publikasjonar står oftast sentralt i vurderingar av kvalitet på forskning.

I tråd med NOKUT sine forventningar til dokumentasjon på dette området, har HVL valt å nytte følgjande indikatorar knytt til *publisering* for å dokumentere forskingskvalitet:

- Omfanget av vitenskapleg publisering per faglege årsverk og per førstestillingsårsverk
- Fordelinga av vitenskapleg publisering på nivå 1 og 2
- Internasjonal sampublisering
- Omfanget av sitering

Vidare er omfanget av ekstern finansiering av forskning og utviklingsarbeid ein vanleg kvalitetsindikator, då den seier noko om konkurransekrafta til fagmiljøa, i norsk og internasjonal (europeisk) samanheng:

- Finansiering frå Forskningsrådet
- Finansiering frå EU

For dei kvantitative indikatorane rundt publisering vil vi samanlikne oss med dei relevante einingane ved norske universitet, for dei tre doktorgradsområda der det er mogleg. Tal for ekstern forskingsfinansiering blir berre samanlikna på institusjonsnivå, sidan DBH ikkje har tilgjengelege tal på fakultets- og instituttnivå her. Det same gjeld for siteringsomfang.

I tillegg til å vise omfanget av ekstern forskingsfinansiering gir vi ein kvalitativ omtale av nokre større prosjekt og samarbeid knytt til doktorgradsområda. Med tanke på kravet om høg internasjonal kvalitet i utdanning og forskning, har vi valt ut prosjekt og samarbeidsaktivitetar som på same tid er både verkemiddel og indikator for høg kvalitet, og som viser attraktiviteten til fagmiljøa ved HVL også internasjonalt. Dei utvalde prosjekta er dei som har bidrege mest til fagleg utvikling over tid i utdanning og FoU-verksemd. I kapittel 11 gir vi ei framstilling av HVL si aktive deltaking i meir formelle institusjonelle nasjonale og internasjonale nettverk.

#### **10.4 Forskings- og utviklingsarbeid på institusjonsnivå**

Det samla institusjonelle biletet for fagmiljø og for opptak og gjennomstrøyming på bachelor, master- og ph.d.-utdanningane er vist i tidlegare kapittel. I denne delen viser vi det institusjonelle biletet for vitenskapleg publisering og eksternfinansiering av forskning ved HVL, og samanliknar resultatata med dei relevante universiteta.

I arbeidet for å bli eit universitet har HVL styrkt seg fagleg gjennom mellom anna fleire tilsette med første- og toppkompetanse, generell auke i tildeling av FoU-tid og meir internasjonalt samarbeid. HVL har òg bygd opp fagleg-administrative støttefunksjonar rundt vitenskapleg publisering (bibliotek, forskningsetikk), eksternfinansiering (forskningsrådgiving, økonomi og HR) og internasjonalisering. Slik oppbygging av vitenskapleg og administrativ kompetanse tek tid. Oversiktene i dette kapitlet viser at HVL har hatt ei fin generell utvikling når det gjeld ekstern forskingsfinansiering frå 2019 og fram til 2023. Spesielt gjeld dette EU-basert finansiering, der HVL har hatt ei sterk positiv utvikling dei siste åra. Institusjonen har også hatt ei jamn positiv utvikling når det gjeld publisering, men med ein nedgang i 2023. Denne nedgangen omfattar i hovudsak dei to fakulteta, FIN og FØS, som no er slått saman til det nye fakultetet FTMS. Dette er ein nedgang som skuldast nokre samanfallande faktorar, der også omsyn til ulike innsatsområde i varierende grad gjer at andre område har måtte vente. Fagmiljøet i FTMS hadde i 2023 ekstraordinært stor aktivitet knytt til arbeid med søknader om ekstern finansiering. Samstundes har fakultet hatt auka belastning knytt til det å møte auka studenttilstrøyming og krevjande oppgåver i høve til å bygge opp ei breiare utdanningssoyle for ph.d.-programmet i datateknologi gjennom

oppstart av nye master-/sivilingeniørprogram. Samla sett har dette ført til at noko publiseringsarbeid har blitt sett litt på vent, noko som saman med samanfallande naturlege svingingar har resultert i denne nedgangen i 2023.


Samla sett viser materialet i dette kapittelet likevel at HVL har hatt ei jamn utvikling på forskingsaktiviteten, både når det gjeld omfang og kvalitet. Dette har også bidrege til å heve kvaliteten på utdanningane gjennom at dei har blitt meir forskingsbaserte. Sjå førre kapittel 9 for dokumentasjon av samspel mellom FoU- og utdanningsverksemda.

#### 10.4.1 Vitskapleg publisering

Nivået på vitskapleg publisering heng saman med nivået på vitskapleg kompetanse. HVL ligg, som vi har sett i kapittel 5 om fagmiljø, omtrent på nivå med, men i nedre sjikt blant dei samanliknbare universiteta når det gjeld første- og toppkompetanse. Dei siste åra har vi hatt ein auke, og pilene peikar oppover. Den same tendensen gjeld vitskapleg publisering fram til 2022. I 2022 var HVL omtrent på nivå med HINN og USN når det gjeld publiseringspoeng per vitskaplege årsverk (sjå Figur 10.1). For publiseringspoeng per vitskaplege årsverk i førstestilling var HVL på nivå med desse og i tillegg med OsloMet (sjå Figur 10.2). Ein ser òg at tendensen for HVL har vore stigande dei siste fire åra før 2022, og at HVL hadde ein liten auke frå 2021 til 2022, medan alle universiteta opplevde ein nedgang.

Ovanfor har vi kommentert nedgangen vi ser i publikasjonstala for 2023. Samla sett indikerer tala likevel at HVL er på nivå med fleire av dei samanliknbare nyare universiteta.


Figur 10.1: Publiseringspoeng per vitskaplege årsverk. HVL og universiteta, 2019–2023.



KJELDE: DBH, OM VITSKAPLEG PUBLISERING.




Figur 10.2: Publiseringspoeng per vitenskaplege årsverk i førstestilling. HVL og universiteta, 2019–2023.



KJELDE: DBH, OM VITSKAPLEG PUBLISERING.


To andre kvalitetsindikatorar for vitenskapleg publisering er kor stor del av publiseringane ein finn på nivå 2, og kor stor del av dei som skjer gjennom internasjonalt samarbeid. Figur 10.3 viser at HVL ligg omtrent på nivå med OsloMet og USN når det gjeld nivå 2-del, og at trenden er svakt stigande sidan 2020, med unnatak av nedgangen vi ser i 2023.

Figur 10.3: Publiseringspoeng, andel på nivå 2. HVL og universiteta, 2019–2023.



KJELDE: DBH, OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Figur 10.4: Andel artiklar med internasjonalt samforfattarskap. HVL og universiteta, 2019–2023.



KJELDE: TILSTANDSRAPPORT HØYERE UTDANNING, VEDLEGG 2023, TABELL V3.20.

[HTTPS://VEDLEGG.HKDIR.NO/TRHU/2023](https://vedlegg.hkdir.no/TRHU/2023).

Når det gjeld artiklar med internasjonalt samforfattarskap, ligg HVL blant dei med høgast andel, sjå Figur 10.4 over. Tabell 10.1 viser, i tillegg til tal og andel publikasjonar i 2022, ein indikator for *relativ samarbeidsindeks*. Denne indeksen er eit uttrykk for om institusjonen har meir eller mindre internasjonalt samarbeid enn det som er gjennomsnittet i Noreg (som er normalisert til 100). I utrekninga blir det tatt omsyn til fagprofilane. Vi ser at HVL her kjem best ut i samanlikninga med universiteta og HINN.

Tabell 10.1: Publikasjonar med internasjonalt samarbeid. Tal, andel og relativ samarbeidsindeks, 2022.

	Totalt tal publikasjonar	Andel internasjonalt samarbeid	Relativ samarbeidsindeks (fagfeltjustert)
<b>Høgskulen på Vestlandet</b>	1030	51 %	106
<b>Nord universitet</b>	802	50 %	102
<b>Høgskolen i Innlandet</b>	606	46 %	101
<b>Universitetet i Sørøst-Norge</b>	975	41 %	88
<b>OsloMet</b>	1431	36 %	81

KJELDE: INDIKATORRAPPORTEN 2023, TABELL 6.3B. FORSKINGSRÅDET.<sup>100</sup>

Ein siste kvalitetsindikator for vitenskapleg publisering er omfang av sitering. Tabell 10.2 viser talet på artiklar for perioden 2019-2021, kor stor andel som er blant dei ti prosent mest siterte, og den relative siteringsindeksen. Som ein ser, er HVL den institusjonen som publiserer nest mest artiklar, etter OsloMet, og ligg midt i laget av desse universiteta når det gjeld mest siterte artiklar og relativ siteringsindeks.

<sup>100</sup> <https://www.forskningsradet.no/indikatorrapporten/indikatorrapporten-dokument/vitenskapelig-publisering/samarbeid-om-vitenskapelig-publisering/>

Tabell 10.2: Relativ siteringsindeks og andel av artiklane som er blant de 10 prosent mest siterte. 2019–2021.

Institusjon/institutt	Tal artiklar (WoS)	Andel 10-prosentil	Relativ Siteringsindeks
<b>Nord universitet</b>	1191	11 %	123
<b>OsloMet – storbyuniversitetet</b>	2169	11 %	121
<b>Høgskulen på Vestlandet</b>	1661	11 %	119
<b>Universitetet i Sørøst-Norge</b>	1574	10 %	111
<b>Høgskolen i Innlandet</b>	837	9 %	109

KJELDE: INDIKATORRAPPORTEN 2023, TABELL 6.2B. FORSKINGSRÅDET.<sup>101</sup>

Samla sett viser desse tala for vitenskapleg publisering, internasjonalt samarbeid om publisering og omfang av sitering at HVL som institusjon er på nivå med dei andre institusjonane i tabellen, og at trenden er stigande over tid. Oppgangen kjem mellom anna som resultat av auka første- og toppkompetanse, tildeling av meir FoU-tid, fleire eksterntfinansierte prosjekt (sjå neste underkapittel) og ei styrking av støttetjenester.


#### 10.4.2 Eksterntfinansiering

Omfanget av eksternt finansiering av forskning og utviklingsarbeid er ein vanleg kvalitetsindikator, da den seier noko om konkurransekrafta til fagmiljøa, i norsk og internasjonal (europeisk) samanheng. Dei følgjande figurane viser korleis utviklinga har vore for HVL over tid når det gjeld eksterntfinansiering frå EU, Forskningsrådet og regionale forskingsfond (RFF), sett opp mot dei samanliknbare nyare universiteta.

For finansiering frå EU (rammeprogram og anna) viser Figur 10.5 at HVL har hatt bra auke i perioden og var i 2023 omtrent på nivå med dei samanliknbare universiteta.

<sup>101</sup> <https://www.forskningsradet.no/indikatorrapporten/indikatorrapporten-dokument/vitenskapelig-publisering/6.2-nasjonal-publiseringsprofil/>


Figur 10.5: Finansiering frå EU (1000 kr) per UFF-årsverk. HVL og universiteta, 2018–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM ØKONOMI OG OM TILSETTE. UFF-ÅRSVERK ER DEFINERT SOM UN1 OG UN2.

Når det gjeld finansiering frå Forskingsrådet, har det òg vore ein auke (Figur 10.6). HVL har i heile femårsperioden vore på nivå med eller gjort det betre enn dei samanliknbare universiteta, med unntak av OsloMet.


Figur 10.6: Finansiering frå Forskingsrådet (1000 kr) per UFF-årsverk. HVL og universiteta, 2018–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM ØKONOMI OG OM TILSETTE. UFF-ÅRSVERK ER DEFINERT SOM UN1 OG UN2.

Finansiering frå regionale forskingsfond RFF er mindre konkurranseutsett enn EU- og Forskingsrådsmidlar, og såleis ikkje i like stor grad ein kvalitetsindikator. Vi tar likevel med desse tala, som viser at HVL er på nivå med dei samanliknbare universiteta (Figur 10.7).

Figur 10.7: Finansiering frå regionale forskingsfond (1000 kr) per UFF-årsverk. HVL og universiteta, 2018–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM ØKONOMI OG OM TILSETTE. UFF-ÅRSVERK ER DEFINERT SOM UN1 OG UN2.

Ein ser av desse tala for konkurranseutsette eksterne prosjektmidlar at HVL klarar seg godt i konkurransen med dei samanliknbare nyare universiteta, noko som viser at fagmiljøa ved HVL er på høgde med fagmiljøa ved universiteta. Særleg for EU-finansiering viser dette også at HVL har gode internasjonale samarbeidsrelasjonar og er ein stadig meir attraktiv samarbeidspartnar for europeiske institusjonar.

#### 10.4.3 Internasjonale universitetsrangeringar

Verdien av internasjonale universitetsrangeringar for å seie noko om kvalitet i forskning og utdanning er omstridt, men kan vere eit supplement til anna datatilfang.<sup>102</sup> Ein kritikk mot slike rangeringar er at dei er for orienterte mot forskning og dei klassiske, disiplinorienterte universiteta og i mindre grad treffande for utdannings- og forskingsprofilen ved institusjonar med meir anvendt og profesjonsorientert profil, som til dømes HVL. Fleire av indikatorområda som ligg til grunn for ulike rangeringar, er likevel relevante for å vurdere forskingskvalitet. Det gjeld særleg faktorar for resultat, som vitenskapleg publisering og omfang av siteringar.

Vi vil her difor trekkje fram nokre internasjonale rangeringar, og vise korleis HVL plasserer seg. Det gir eit supplerande bilete på kor HVL ligg internasjonalt når det gjeld kvalitet, også

<sup>102</sup> NOKUT, 2016. Hva sier egentlig universitetsrangeringer om utdanningskvaliteten?

samanlikna med dei nyare norske universiteta.<sup>103</sup> Ei av dei mest anerkjende rangeringane, som òg er ei av dei to som ligg til grunn for KD si kvalifiseringsliste for tilleggsstipend, er ARWU, Academic Ranking of World Universities (ShanghaiRanking), som samanliknar og rangerer 1000 universitet. Berre å vere inne på denne lista indikerer at institusjonen ligg blant dei øvste 5 prosent av dei omlag 20 000 universiteta i verda. Av dei norske institusjonane var det lenge berre dei fire eldste universiteta (UIO, UIB, UIT og NTNU), NMBU og NHH som var inne på denne "topp 1000" lista. I 2022 kom også HVL inn, på nivået 901-1000, og i 2023 klatra HVL ytterlegare, til nivået 801-900.<sup>104</sup> Ingen andre av dei nyare norske universiteta med liknande profil som HVL, er inne på lista.

Figur 10.8: Academic Ranking of World Universities 2023, dei norske institusjonane som er inne på lista.

World Rank	Institution	Norway	National/Regional Rank	Total Score	Alumni
73	University of Oslo		1	28.3	25.1
101-150	Norwegian University of Science and Technology - NTNU		2		11.7
301-400	University of Bergen		3		0.0
601-700	University of Tromsø		4		0.0
701-800	Norwegian University of Life Sciences		5		0.0
801-900	Western Norway University of Applied Sciences		6		0.0
901-1000	NHH - Norwegian School of Economics		7		11.7

KJELDE: [HTTPS://WWW.SHANGHAIRANKING.COM/RANKINGS/ARWU/2023](https://www.shanghairanking.com/rankings/arwu/2023). (VI GJER MERKSAM PÅ AT LISTA VISER FEIL LOGO FOR HVL)


Webometrics er ei anna rangering som inkluderer HVL. Denne rangeringa er omdiskutert fordi ho innan forskning særleg legg vekt på publisering i opne, digitale flater. Webometrics omfattar heile 12 000 universitet og institusjonar som svarer til norske høgskular. Indikatorar som inngår i dette rangeringssystemet, er opne forskingsresultat og deira innverknad («impact»). HVL er i Webometrics 2024 rangert som nr. 1623 og er med det

<sup>103</sup> Det ligg òg ein viss presedens i dette, da Høgskolen i Oslo og Akershus viste til slike rangeringar i sin universitetssøknad.

<sup>104</sup> <https://www.shanghairanking.com/rankings/arwu/2023>.

blant dei 15 beste prosent av institusjonane som er med i målinga.<sup>105</sup> HVL ligg bra an samanlikna med dei norske universiteta, særleg på indikatoren for «eksellense», som er den viktigaste med omsyn til kravet om høg internasjonal kvalitet på forskingssida. Figur 10.9 viser rangeringa av HVL og dei samanliknbare norske universiteta på eksellense-delen av Webometrics (lågt tal er best). Her er HVL i same sjiktet som OsloMet og USN, og eit godt stykke over både NORD og HINN.

Figur 10.9: Webometrics januar 2024, HVL og dei samanliknbare norske universiteta.




KJELDE: [HTTPS://WWW.WEBOMETRICS.INFO/EN/EUROPE/NORWAY%20](https://www.webometrics.info/en/Europe/Norway%20).

I ei tredje verdsrangering av heile institusjonar der HVL er med, World University Rankings, er "research performance" det viktigaste vurderingskriteriet. Vi ser av figuren nedanfor at HVL har klatra på denne rangeringa i perioden 2019–2023, og i 2023 ligg noko over OsloMet og USN. Dei to siste institusjonane i samanlikningsgrunnlaget, Nord universitet og HINN, er ikkje inne på denne rangeringa, som berre viser dei 2000 «beste».

<sup>105</sup> Januar 2024-utgåva, sjå <https://www.webometrics.info/en/Europe/Norway%20>.  
<http://www.webometrics.info/en/Europe/Norway%20>



Figur 10.10: HVL si plassering på institusjonsrangeringa World University Rankings.



KJELDE: [HTTPS://CWUR.ORG/2023.PHP](https://cwur.org/2023.php).

HVL si høge institusjonelle plassering på desse tre institusjonsrangeringane, som alle er mest vekta mot forskning, dokumenterer at HVL som institusjon er på nivå med dei samanliknbare norske universiteta, og også relativt sett på høgt internasjonalt nivå.

### 10.5 Doktorgradsområde 1: Studiar av danning og didaktiske praksisar

Ph.d.-programmet *Studiar av danning og didaktiske praksisar* (SDDP) er skildra i kapittel 6. Vi har lagt til grunn at den samla faglege aktiviteten ved FLKI er relevant for doktorgradsområdet, og vi presenterer derfor data på fakultetsnivå for å vise kvalitet. Målt i tal på studentar og tilsette er HVL ein stor institusjon for lærarutdanning i norsk samanheng. Gitt den overordna premisen om å samanlikne seg med tilsvarende fagleg verksemd på universitetsnivå, har vi valt å samanlikne desse einingane for lærarutdanning:

- HVL – Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)
- HINN – Fakultet for lærerutdanning og pedagogikk (FLP)
- NTNU – Institutt for lærerutdanning (ILU)
- NORD – Fakultet for lærerutdanning og kunst- og kulturfag (FLU)
- OsloMet – Fakultet for lærerutdanning og internasjonale studier (FLUI)
- UiT – Institutt for lærerutdanning og pedagogikk (ILP)
- USN – Fakultet for humaniora, idretts- og utdanningsvitenskap (FHIU)

### 10.5.1 SDDP – kvalitet i utdanning på bachelor- og mastergradnivå

Rett kompetanse på fagmiljøet er ein føresetnad for å tilby studentane ei forskingsbasert utdanning av høg internasjonal kvalitet. Tabell 10.3 viser omfanget av første- og toppkompetanse for dette doktorgradsområdet. FLKI ved HVL ligg høgt samanlikna med dei relevante einingane ved universiteta. Det gjeld både nivået av første- og toppkompetanse, der FLKI har hatt ein sterk vekst dei seinaste åra (sjå kapittel 2) og no ligg høgare enn tilsvarende fagmiljø ved universiteta.

Tabell 10.3: Kompetansenivå i fagmiljøa FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.


	Vitskapelege årsverk (eksl. stip)	Stipendiat- årsverk	Årsverk første- stilling	Årsverk prof/dos	Andel førstestill. (eksl. stip)	Andel prof./dos. (eksl. stip)
HVL – FLKI	412	50	290	77	70 %	19 %
USN – FHIU	432	52	289	71	67 %	16 %
HINN – FLP	198	36	130	34	66 %	17 %
OsloMet – FLUI	369	47	232	68	63 %	18 %
NTNU – ILU	323	35	196	40	61 %	12 %
NORD – FLU	261	21	157	42	60 %	16 %
UiT – ILP	151	10	86	26	57 %	17 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM TILSETTE.

I samband med kvalitetsvurderingar av fagmiljø pleier tal studentar per vitskapelege årsverk å vere ein indikator for om institusjonen har nok vitskapeleg tilsette til å drive forskingsbasert utdanning. I 2023 hadde FLKI 12 studentar per vitskapelege årsverk, og legg seg her midt i landskapet av universitet. Figur 10.11 viser at utviklinga ved HVL har vore stabilt positiv over tid, og omtrent den same som utviklinga ved universiteta.<sup>106</sup>

<sup>106</sup> Det same biletet ser ein om ein bruker indikatoren for studentar per årsverk førstestilling.

Figur 10.11: Studentar per vitskaplege årsverk. FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM TILSETTE.

Opptaksgrunnlag er eit uttrykk for *inntakskvalitet*, og indikerer kor attraktiv institusjonen og studietilboda er. Figur 8.1 (kapittel 8) viser at HVL som institusjon ligg omtrent midt i universitetslandskapet når det gjeld talet på kvalifiserte førstevalssøkarar per studieplass. Ein annan indikator på inntakskvalitet er kor mange poeng som er opptaksgrunnlaget. Her ligg FLKI på 48 poeng i 2022, og er med det på nivå med dei samanliknbare fakulteta og institutta ved universiteta (Tabell 10.4). OsloMet og HVL, som har dei to største lærarutdanningane i landet, følgjer kvarandre veldig tett med omsyn til inntakskvaliteten.

Tabell 10.4: Opptaksgrunnlag FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>NTNU – ILU</b>	49,8	50,2	51,0	51,0	51,3
<b>NORD – FLU</b>	46,3	47,3	48,3	48,5	50,5
<b>USN – FHIU</b>	47,3	48,7	48,7	49,0	49,4
<b>OsloMet – FLUI</b>	46,3	46,8	47,3	47,8	48,2
<b>HVL – FLKI</b>	46,1	45,9	46,9	47,8	48,2
<b>HINN – FLO</b>	45,6	46,1	46,1	47,1	47,6
<b>UiT – ILP</b>	44,7	45,4	47,2	48,6	47,6

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.

Studiepoengproduksjon, gjennomstrøyming og fullføring er vanlege *resultatindikatorar* for utdanningskvalitet. Tabell 10.5 viser studiepoengproduksjonen ved FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta. Berre UiT og NTNU sine institutt for lærarutdanning hadde høgare studiepoengproduksjon enn FLKI i 2023.

Tabell 10.5: Avlagte studiepoeng per student ved FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>UiT – ILP</b>	45,7	47,0	47,1	46,2	47,8
<b>NTNU – ILU</b>	45,1	44,2	45,0	46,4	45,3
<b>HVL – FLKI</b>	42,1	44,5	44,1	44,4	43,1
<b>NORD – FLU</b>	41,1	44,4	43,9	44,5	42,2
<b>HINN – FLP</b>	41,8	42,1	42,6	42,9	41,5
<b>USN – FHIU</b>	44,4	41,7	41,1	41,5	41,1
<b>OsloMet – FLUI</b>	42,4	41,8	42,0	40,7	40,7

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.

Tabell 10.6, Tabell 10.7 og Tabell 10.8. viser kor stor del av studentane på høvesvis bachelor, toårig master og femårig integrert master som fullfører på normert tid. FLKI kjem også her ut midt i landskapet eller betre, samanlikna med relevante einingar ved universiteta. For master er FLKI klart best når det gjeld kor mange av dei som starta opp i 2019 og 2020, som gjennomførte på normert tid. Trass ein nedgang for dei som starta opp i 2021, ligg FLKI ved HVL framleis høgast av alle institusjonane. I 2022 var det første kullet på den integrerte femårige masterutdanninga ferdig. HVL hadde flest studentar i startkullet, og ligg i øvre sjikt for gjennomføring. Berre Institutt for lærarutdanning ved NTNU ligg ein god del over dei andre institusjonane.

Tabell 10.6: Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FLKI og samanliknbare einingar, 2021–2023.

	2021*	2022**	2023***
<b>NTNU – ILU</b>	55 %	60 %	65 %
<b>UiT – ILP</b>	60 %	62 %	64 %
<b>OsloMet – FLUI</b>	59 %	64 %	63 %
<b>HINN – FLP</b>	61 %	64 %	60 %
<b>HVL – FLKI</b>	62 %	62 %	60 %
<b>USN – FHIU</b>	55 %	58 %	58 %
<b>NORD – FLU</b>	59 %	55 %	55 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. \* OPPSTART 2018, \*\* OPPSTART 2019, \*\*\* OPPSTART 2020.

Tabell 10.7: Andel toårigmaster gjennomført på normert tid ved HVL FLKI og samanliknbare einingar, 2021–2023.

	2021*	2022**	2023***
<b>HVL – FLKI</b>	69 %	67 %	55 %
<b>NTNU – ILU</b>	69 %	53 %	50 %
<b>NORD – FLU</b>	53 %	54 %	46 %
<b>HINN – FLP</b>	47 %	44 %	44 %
<b>USN – FHIU</b>	47 %	39 %	43 %
<b>OsloMet – FLUI</b>	59 %	48 %	41 %
<b>UiT – ILP</b>	30 %	31 %	33 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. \* OPPSTART 2019, \*\* OPPSTART 2020, \*\*\* OPPSTART 2021.

Tabell 10.8: Andel integrert master gjennomført på normert tid ved HVL FLKI og samanliknbare einingar, 2023.

	2023*	Startkull
<b>NTNU – ILU</b>	68 %	405
<b>NORD – FLU</b>	61 %	250
<b>HVL – FLKI</b>	59 %	515
<b>OsloMet – FLUI</b>	58 %	430
<b>USN – FHIU</b>	56 %	395
<b>HINN – FLP</b>	54 %	200
<b>UiT – ILP</b>	51 %	320

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. \* OPPSTART 2018.

Kapittel 9 dokumenterte korleis FLKI arbeider for å gjere utdanningane forskingsbaserte og for å styrkje relevansen gjennom samspel og samarbeid med praksisfelt og arbeidsliv.

Samspelet med FoU og med samfunns- og arbeidslivet er sentralt for å styrkje utdanningskvaliteten. Kandidatundersøkinga for 2022 viser at dei aller fleste kandidatane frå FLKI får jobb etter at dei er ferdige. Av dei spurde var oppunder 90 prosent i jobb etter to år, dei fleste i fast stilling. Av dei resterande 10 prosentane var fleirtalet studentar, medan berre to prosent svarte at dei var arbeidslause.<sup>107</sup> Desse resultata frå Kandidatundersøkinga dokumenterer at arbeidsrelevansen til studieprogramma ved FLKI er svært høg.

Deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt om både utdanning, forskning og utviklingsarbeid er høgt prioritert av FLKI, og aktivt internasjonalt samarbeid har vore eit grep i arbeidet med å nå eit høgt internasjonalt nivå. Slike samarbeidsprosjekt bidrar til innovasjon og nyskaping i utdanningane. Eksempel på slike prosjekt er:

<sup>107</sup> Kandidatundersøkelsen 2022: Fra studier til jobb på Vestlandet. Ideas2evidence rapport 02/2023, s. 92.

*Pioneered – Pioneering Policies And Practices Tackling Educational Inequalities In Europe (2021–24)* er eit EU Horizon 2020-prosjekt som involverer 13 forskingsinstitusjonar frå 9 land – med siktemål å fremje likare kår for barn og unge på alle nivå av utdanningssystemet i Europa. Høgskulen på Vestlandet (HVL) er arbeidspakkeleiar med spesielt ansvar for å undersøkje pedagogiske praksisar som lukkast i å motverke reproduksjon av sosial ulikskap. Masterprosjekt i lærarutdanninga er kopla til prosjektet, og kandidatar i ph.d.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar deltek i forskingsprosess, publisering og dialog med dei internasjonale partnerane.

FLKI koordinerer frå 2022–2025 Horisont Europa-prosjektet *SENSE: The New European Roadmap to STEAM Education*.<sup>108</sup> Prosjektet tek utgangspunkt i at naturfaga er blant dei minst populære faga i skulen, og at elevar har ein tendens til å miste interessa og gløden for dei jo høgare opp i skulesystemet dei kjem. Europa manglar arbeidskraft med denne typen kompetanse, difor er det avgjerande å gjere endringar. Ved å få ei breiare forståing av kva naturfaga faktisk er, vil SENSE leggje grunnlaget for at nye generasjonar kan finne gode løysingar på store samfunnsutfordringar, som digitalisering, det grøne skiftet, likestilling og sosial inkludering. Prosjektet er såleis tett knytt til HVL sin forskingsprofil, der relevans for samfunns- og arbeidsliv blir høgt prioritert.

### 10.5.2 SDDP – Kvalitet i ph.d.-utdanninga

Programmet har sidan oppstart tatt opp i alt 109 kandidatar. Per 22.04.24 har 22 kandidatar fullført, og på same tidspunkt var det 79 aktive kandidatar i programmet.

Doktorgraden representerer eit fagområde med sterkt nasjonalt preg, noko vi ser igjen i Figur 10.12 som viser kor kandidatane hadde oppnådd opptaksgrunnlaget. 9 prosent av kandidatane hadde opptaksgrunnlag frå utlandet, medan resten var fordelt mellom HVL sine utdanningsprogram (38 %) og andre norske universitet og høgskular (53 %).

Opptaksgrunnlaget viser stor interesse for programmet i norsk høgare utdanning og forskning. Nokre av dei som har opptaksgrunnlaget frå annan institusjon, har også tilknytning til HVL.

---

<sup>108</sup> <https://sense-steam.eu/>.

Figur 10.12: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet SDDP, 2018–2023.



KJELDE: FS-DATA.

### Gjennomstrøyming, fullføring og arbeidsrelevans

Innafor SDDP-programmet har 22 kandidatar disputert pr 22.4.24. Av desse er 16 tilsett i vitskapleg stilling ved HVL, 4 i vitskapleg stilling ved ein annan norsk UH-institusjon og 2 i vitskapleg stilling ved utanlandsk universitet.

#### 10.5.3 SDDP – Kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid

Kapittel 9 viser korleis forskingsverksemda i fakultet er organisert i fem strategiske forskingsprogram med tilhøyrande forskargrupper. Fakultetet har også ansvar for *BARNkunne*, eit forskingssenter for barnehagerelevant forskning finansiert av Noregs forskingsråd. I tillegg har fakultetet ansvar for Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet, som skal styrkje barnehagens og skulen si rolle som helsefremjande arena, med fokus på fysisk aktivitet, ernæring, mat og måltid, og på skulefaga kroppsøving og mat og helse.

Tabell 10.3 viser kompetansenivået til dei vitskapleg tilsette innanfor doktorgradsområdet. Eit tilstrekkeleg og stabilt aukande kompetansenivå blant dei tilsette ved FLKI er også ein føresetnad for kvalitet på forskingsverksemd og publisering.

Dei følgjande tabellane viser publisering innanfor dette doktorgradsområdet ved HVL i samanlikning med universiteta og HINN. Vi ser på kor mykje dei vitskapleg tilsette publiserer, samla og fordelt på kompetansenivå, korleis publiseringa er fordelt på dei to kvalitetsnivåa og kor mykje fakultetet publiserer saman med forskarar ved institusjonar i andre land.

FLKI ligg på nivå med dei samanliknbare fagmiljøa ved universiteta og HINN. Det gjeld både publisering per vitskaplege årsverk, publisering per årsverk i førstestilling og ikkje minst



publisering på nivå 2, både per vitenskaplege årsverk og per årsverk i førstestilling. For internasjonal sampublisering ligg FLKI heilt i det øvre sjiktet.

Tabell 10.9: Publiseringspoeng per vitenskaplege årsverk. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FLP</b>	0,60	0,55	0,64	0,20	0,69
<b>USN – HIU</b>	0,56	0,44	0,60	0,52	0,69
<b>NORD – FLU</b>	0,56	0,69	0,98	0,70	0,69
<b>OsloMet – LUI</b>	0,58	0,54	0,57	0,48	0,64
<b>HVL – FLKI</b>	0,58	0,52	0,65	0,67	0,62
<b>NTNU – ILU</b>	0,52	0,80	0,64	0,71	0,59
<b>UiT – ILP</b>	0,57	0,59	0,51	0,41	0,51

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.10: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>NORD – FLU</b>	1,09	1,31	1,89	1,28	1,24
<b>HINN – FLP</b>	1,25	1,05	1,21	0,37	1,24
<b>USN – HIU</b>	1,12	0,87	1,14	0,92	1,16
<b>OsloMet – LUI</b>	1,15	1,02	1,14	0,90	1,16
<b>NTNU – ILU</b>	1,05	1,56	1,22	1,35	1,08
<b>HVL – FLKI</b>	1,21	1,01	1,20	1,15	0,99
<b>UiT – ILP</b>	1,19	1,22	1,01	0,82	0,95

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.11: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskaplege årsverk. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – LUI</b>	0,15	0,18	0,21	0,22	0,26
<b>USN – HIU</b>	0,18	0,12	0,16	0,19	0,24
<b>HVL – FLKI</b>	0,20	0,16	0,18	0,27	0,21
<b>UiT – ILP</b>	0,14	0,19	0,12	0,17	0,21
<b>NTNU – ILU</b>	0,19	0,34	0,24	0,22	0,20
<b>HINN – FLP</b>	0,23	0,13	0,25	0,04	0,20
<b>NORD – FLU</b>	0,20	0,23	0,32	0,18	0,17

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.12: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – LUI</b>	0,29	0,35	0,42	0,20	0,47
<b>USN – HIU</b>	0,35	0,23	0,31	0,34	0,41
<b>UiT – ILP</b>	0,30	0,39	0,25	0,35	0,39
<b>NTNU – ILU</b>	0,40	0,67	0,45	0,43	0,37
<b>HINN – FLP</b>	0,48	0,24	0,48	0,07	0,36
<b>HVL – FLKI</b>	0,42	0,32	0,33	0,46	0,34
<b>NORD – FLU</b>	0,39	0,44	0,61	0,33	0,31

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.13: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>NORD – FLU</b>	37 %	33 %	31 %	41 %	42 %
<b>NTNU – ILU</b>	20 %	19 %	24 %	29 %	28 %
<b>HVL – FLKI</b>	27 %	29 %	26 %	29 %	28 %
<b>OsloMet – LUI</b>	8 %	19 %	15 %	22 %	26 %
<b>UiT – ILP</b>	15 %	27 %	19 %	13 %	23 %
<b>HINN – FLP</b>	18 %	17 %	17 %	15 %	20 %
<b>USN – HIU</b>	15 %	21 %	17 %	17 %	19 %

KJELDE: DATA UT FRÅ CRISTIN VIA TABLEAU (=DUCT)

HVL og FLKI har arbeidd målretta med ei rekkje tiltak over tid for å auke talet på eksternt finansierte forskingsprosjekt, og auka ekstern finansiering er også eit viktig mål for fakultetet. FLKI har gitt særleg støtte til forskingsmiljø med størst potensial for å kunne konkurrere om eksterne midlar til forskning, stimulert gjennom tilbakeføring av premieringsmidlar til forskingsmiljøa og etablert støtte til søknadsskriving mm. Aktiviteten opp mot EU-programma har vore aukande dei siste åra, men fakultetet har hatt størst gjennomslag i konkurransen i Forskningsrådet. Forskningsrådet er ei nasjonal finansieringskjelde for forskning, men prosjekta inneber like fullt samarbeid i internasjonale nettverk og med sterke internasjonale partnerar i ei rekkje land. Dei er såleis verktøy for auka kvalitet i FoU gjennom nettverk, internasjonalisering og samarbeid. Omfattande aktivitet i ulike program i Forskningsrådet skal gjere fakultetet betre rusta i konkurransen på den europeiske arenaen.

I boksen nedanfor er nokre eksempel på pågåande prosjekt som er med på å drive den faglege utviklinga framover:<sup>109</sup>

<sup>109</sup> Vedlegg 11.1 viser ei breiare oversikt over dei eksternt finansierte prosjekta som fakultetet er involvert i per 2024.

Mange av prosjekta frå Forskingsrådet ligg ved BARNkunne, Senter for barnehageforskning, som består av rundt 35 vitskapleg tilsette, postdok og stipendiatar. Per 2023 er desse involvert i eit titals forskings- og innovasjonsprosjekt, mellom anna finansiert av Forskingsrådet.<sup>110</sup> Eit av desse er *Move-play-explore in early childhood education (2022–27)*, eit stort tverrfagleg forskings- og utviklingsprosjekt med mål om å utvikle og fremme ein pedagogisk praksis i barnehagen med bevegelse, leik og utforsking som sentrale element. BARNkunne og forskinga der er utvikla i nært samarbeid med utdannings- og forskingsinstitusjonar og offentlege instansar i Noreg og i utlandet. Internasjonalt samarbeider senteret med partnerar og sterke miljø i Norden, i fleire land i Europa, i Australia og i Kina. For å styrkje den vitskaplege aktiviteten har senteret også knytt til seg meritterte internasjonale forskarar i form av professor II-stillingar og gjesteforskarar.

Nærleiken til praksisfeltet kan sjåast i forskingsrådsprosjektet *TASTE Didactics – Food and Critical Thinking (2023–2027)*.<sup>111</sup> I dette prosjektet er forskarane ute i skulane og barnehagane for å undersøkje korleis barn lærer om smak, refleksjon og smakskompetanse. Dei kjem til å analysere situasjonen i Noreg og Danmark parallelt.

I prosjektet *Linguistic Integration of Adult Migrants with Poor Education and the Consequences of Migration Tests (2021–2025)*, også finansiert av Forskingsrådet, ser ein på konsekvensar av krav om språk og samfunnskunnskap for å få statsborgarskap i europeiske land. Av særleg forskingsinteresse er vaksne innvandrarar med lite skulegang og svak skriftkyndigheit. Prosjektgruppa er sett saman av forskarar frå Noreg, Nederland, Italia og Belgia med bakgrunn i testforskning og testetikk, andrespråkslingvistikk, sosiolingvistikk og jus.<sup>112</sup>

## 10.6 Doktorgradsområde 2: Datateknologi

For doktorgradsområdet *Datateknologi (DT)* presenterer vi data for det som fram til januar 2024 var Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN), og samanliknar med tilsvarende fagleg-organisatoriske einingar ved universiteta. Gitt premissen om å sjå kvaliteten på FoU og utdanning på HVL opp mot tilsvarende fagleg verksemd ved samanliknbare universitet, har vi valt å sjå på desse einingane for ingeniør-, natur og teknologifag:

- HVL – Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN)
- OsloMet – Institutt for bygg- og energiteknikk, Institutt for informasjonsteknologi og Institutt for maskin, elektronikk og kjemi (3 institutt)
- UiA – Fakultet for teknologi og realfag (FTR)
- UiT – Fakultet for ingeniørvitenskap og teknologi (FIT)
- USN – Fakultet for teknologi, naturvitenskap og maritime fag (TNM) unntatt Institutt for maritime operasjonar

<sup>110</sup> <https://www.hvl.no/om/barnkunne/>.

<sup>111</sup> <https://www.hvl.no/forsking/prosjekt/taste/>.

<sup>112</sup> <https://www.hvl.no/forsking/prosjekt/impect/>.

### 10.6.1 DT – Utdanning på bachelor- og mastergradnivå

Tabell 10.14 viser omfanget av første- og toppkompetanse for doktorgradsområdet *Datateknologi* pr. oktober 2023. Prosentdelen førstestillingskompetente av dei faglege årsverka var 73 prosent, høgare enn Fakultet for ingeniørvitenskap og teknologi ved UiT og på nivå med FTR ved UiA. For toppkompetanse ligg HVL omtrent midt i landskapet av tilsvarende fagmiljø ved universiteta. Tett oppunder kvart femte vitenskaplege årsverk innanfor dette doktorgradsområdet blir utført av tilsette med toppkompetanse.


Tabell 10.14: Kompetansenivå i fagmiljøa HVL FIN og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.

	Vitenskaplege årsverk (eksl. stip)	Stipendiat-årsverk	Årsverk førstestilling	Årsverk prof./dos	Andel førstestill. (eksl. stip)	Andel prof./dos. (eksl. stip)
<b>OsloMet – 3 instit</b>	25	2	22	7	88 %	29 %
<b>USN – TNM*</b>	158	56	134	48	85 %	31 %
<b>UiA – FTR</b>	175	65	131	50	75 %	29 %
<b>HVL – FIN</b>	230	58	168	45	73 %	19 %
<b>UiT – FIT</b>	107	30	67	15	63 %	14 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM TILSETTE. \* UNNTATT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONAR.

Tal studentar per vitenskaplege årsverk er, som gjort greie for tidlegare, ein indikator for om institusjonen har nok vitenskapleg tilsette til å drive forskingsbasert utdanning. Med 10 studentar per vitenskapleg årsverk i 2023 plasserer HVL seg på dette doktorgradsområdet omtrent midt i det norske universitetslandskapet for tilsvarende fagmiljø. Figur 10.13 viser vidare at HVL over tid ligg omtrent som dei samanliknbare universiteta, med unntak av OsloMet, som skil seg ut med meir enn dobbelt så mange studentar per vitenskapleg årsverk på dette fagområdet, som dei fire andre institusjonane.<sup>113</sup>

Figur 10.13: Studentar per vitenskaplege årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM TILSETTE. \* UNNTATT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONAR.

<sup>113</sup> Det same biletet ser ein om ein bruker indikatoren for studentar per årsverk førstestilling.

Opptaksgrunnlag er eit uttrykk for *inntakskvalitet*. Alle institusjonane som er med i denne samanlikninga, har relativt høge grenser for opptakspoeng (Tabell 10.15), og skilnadene er ikkje store. HVL-FIN ligg midt i feltet av samanliknbare einingar ved universiteta, noko som dokumenterer at inntakskvaliteten er på same nivå.

Tabell 10.15: Opptaksgrunnlag HVL FIN og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>UiT – FIT</b>	49,4	50,9	50,6	50,4	50,7
<b>OsloMet – Maskin, el, kjemi</b>	48,5	47,1	49,4	48,9	50,3
<b>OsloMet – Bygg/energi</b>	50,3	50,1	49,4	49,5	49,3
<b>HVL – FIN</b>	48,7	48,8	49,1	49,1	49,2
<b>OsloMet – Infotek</b>	47,4	48,1	48,6	48,7	49,2
<b>UiA – FTR</b>	48,5	48,2	49,4	48,1	49,0
<b>USN – TNM*</b>	47,0	46,5	47,8	46,8	46,9

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. \* HER KAN EIN IKKJE TREKKE FRÅ/SLÅ SAMAN UNDEREINGAR UT FRÅ DBH-DATAENE, SÅ HEILE FAKULTET FOR TEKNOLOGI, NATURVITENSKAP OG MARITIME FAG (TNM) VED USN ER TATT MED, INKLUDERT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONER, SAMT DEI TRE RELEVANTE INSTITUTTA FRÅ FAKULTET FOR TEKNOLOGI, KUNST OG DESIGN VED OSLOMET.

Også i samanlikning av studiepoengproduksjon, som er ein *resultatindikator* for utdanningskvalitet, scorar dette doktorgradsområdet på HVL på nivå med tilsvarende fagområde ved universiteta, sjå Tabell 10.16, Berre Institutt for informasjonsteknologi ved OsloMet ligg eit godt stykke høgare enn dei andre.

Tabell 10.16: Studiepoeng per student, HVL FIN og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – Infotek</b>	48,4	42,9	46,7	48,9	50,5
<b>OsloMet – Bygg/energi</b>	46,8	48,4	47,8	42,6	45,2
<b>UiA – FTR</b>	41,1	43,1	42,8	42,6	44,1
<b>HVL – FIN</b>	44,0	45,5	43,4	42,5	42,6
<b>UiT – FIT</b>	44,1	44,7	42,3	40,4	41,9
<b>USN – TNM*</b>	40,4	44,0	40,8	41,5	41,3
<b>OsloMet – Maskin, el, kjemi</b>	48,4	46,0	43,7	40,1	38,1

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. \* HER KAN EIN IKKJE TREKKE FRÅ/SLÅ SAMAN UNDEREINGAR UT FRÅ DBH-DATAENE, SÅ HEILE FAKULTET FOR TEKNOLOGI, NATURVITENSKAP OG MARITIME FAG (TNM) VED USN ER TATT MED, INKLUDERT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONER, SAMT DEI TRE RELEVANTE INSTITUTTA FRÅ FAKULTET FOR TEKNOLOGI, KUNST OG DESIGN VED OSLOMET.

Tabell 10.17 og Tabell 10.18 viser kor stor andel av bachelor- og masterstudentane som har gjennomført på normert tid ved HVL FIN og samanliknbare einingar:

Tabell 10.17: Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FIN og samanliknbare einingar, 202–2023.

	2021*	2022**	2023***
<b>OsloMet – Infotek</b>	57 %	60 %	56 %
<b>OsloMet – Bygg/energi</b>	53 %	56 %	53 %
<b>HVL – FIN</b>	57 %	54 %	49 %
<b>USN – TNM*</b>	43 %	50 %	40 %
<b>UiA – FTR</b>	49 %	48 %	43 %
<b>OsloMet – Maskin, el, kjemi</b>	51 %	42 %	38 %
<b>UiT – FIT</b>	35 %	37 %	39 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. \* OPPSTART 2018, \*\* OPPSTART 2019, \*\*\* OPPSTART 2020. \* HER KAN EIN IKKJE TREKKE FRÅ/SLÅ SAMAN UNDEREINGAR UT FRÅ DBH-DATAENE, SÅ HEILE FAKULTET FOR TEKNOLOGI, NATURVITENSKAP OG MARITIME FAG (TNM) VED USN ER TATT MED, INKLUDERT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONER, SAMT DEI TRE RELEVANTE INSTITUTTA FRÅ FAKULTET FOR TEKNOLOGI, KUNST OG DESIGN VED OSLOMET.

Tabell 10.18: Andel master gjennomført på normert tid ved HVL FIN og samanliknbare einingar, 2021–2023.

	2021*	2022**	2023***
<b>HVL – FIN</b>	62 %	45 %	62 %
<b>UiA – FTR</b>	59 %	60 %	60 %
<b>USN – TNM*</b>	52 %	48 %	51 %
<b>OsloMet – Bygg/energi</b>	68 %	62 %	48 %
<b>OsloMet – Infotek</b>	37 %	39 %	40 %
<b>UiT – FIT</b>	58 %	44 %	34 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. \* OPPSTART 2019, \*\* OPPSTART 2020, \*\*\* OPPSTART 2021. \* HER KAN EIN IKKJE TREKKE FRÅ/SLÅ SAMAN UNDEREINGAR UT FRÅ DBH-DATAENE, SÅ HEILE FAKULTET FOR TEKNOLOGI, NATURVITENSKAP OG MARITIME FAG (TNM) VED USN ER TATT MED, INKLUDERT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONER, SAMT DEI TRE RELEVANTE INSTITUTTA FRÅ FAKULTET FOR TEKNOLOGI, KUNST OG DESIGN VED OSLOMET.

Kandidatundersøkinga for 2022 viser at også dei aller fleste kandidatane frå Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, som frå 2024 gjekk inn i Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsfag (FTMS), var i arbeid to år etter avlagt grad. 84 prosent var i jobb, dei aller fleste (79 prosent) i fast stilling, medan 10 prosent framleis var studentar. Berre 1 prosent rapporterte at dei var arbeidslause.<sup>114</sup> Desse resultatata frå Kandidatundersøkinga dokumenterer at arbeidsrelevansen til dei studieprogramma ved FTMS som er relevante for doktorgradsområdet Datateknologi, er svært høg.

<sup>114</sup> Kandidatundersøkelsen 2022: Fra studier til jobb på Vestlandet. Ideas2evidence rapport 02/2023, s. 92.

Nedafor viser vi eit eksempel på korleis ein arbeider strukturert med å gjere utdanningane relevante for industrielle behov:

**Global Collaborative Research Based Education for Enhancing Performance of Wind Farms (EduWIND,2022-2026)** er eit HKDir-finansiert prosjekt som har som primært siktemål å bidra til sirkulær utdanningsutvikling, metodikk for å korte tidsavstand mellom toppmoderne forskning retta i mot å løyse industrielle behov og problem og innhald i kurs/utdanningar. Den tematiske inngangen er generell, men den spesielle konteksten for EduWind er å styrke kvalitet på utdanning og forskning innanfor feltet cyber-fysiske system (CPS) i vindparkar, der teknologiar som Augmented Reality/Virtual reality/Extended reality blir sett i spel. Prosjektet er eit samarbeid mellom ei rekke norske og internasjonale bedrifter og utdanningsinstitusjonar, der studentar ved HVL får rettleiing frå partnerane.


#### 10.6.2 DT – Kvalitet i ph.d.-utdanninga

Per 22.04.2024 er det sidan oppstarten av programmet tatt opp 68 kandidatar i alt. 18 kandidatar har fullført, og på same tid var det 50 aktive kandidatar i programmet.

Figur 10.14 viser kor kandidatane hadde oppnådd opptaksgrunnlaget. Programmet er svært internasjonalt retta og relevant, og heile to av tre som er tatt opp i desse åra, hadde opptaksgrunnlag frå utlandet. Resten var fordelt mellom HVL sine utdanningsprogram (11 %) og andre norske universitet og høgskular (21 %). Desse tala viser at programmet er internasjonalt attraktivt, men speglar også at fagfeltet generelt er prega av mange utanlandske vitskapleg tilsette og tilsette i rekrutteringsstillingar.



Figur 10.14: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet DT, 2018–2023.



KJELDE: FS-DATA.

### Gjennomstrøyming, fullføring og arbeidsrelevans

Innafor Datateknologi-programmet har 18 kandidatar disputert pr 22.4.24. Av desse arbeider 3 i fagleg stilling ved HVL, 4 arbeider ved eit anna norsk universitet eller ved ein annan norsk forskingsinstitusjon, 6 arbeider som forskar eller konsulent ved utanlandske universitet eller annan forskingsinstitusjon og 3 i norsk næringsliv.

#### 10.6.3 DT – Forsking og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid

FTMS organiserer forskingsaktiviteten i 43 forskargrupper, fordelt på 7 faglege profilområde. Av desse er dei to faglege profilområda *IKT og datateknologi* (med 10 forskargrupper) og *Teknologi i helse og omsorg* (3 forskargrupper) dei to mest relevante for doktorgradsområdet til DT-ph.d.-en.

Fagmiljøa ved det som fram til 2024 var Fakultet for ingeniør- og naturvitskap har hatt ein kraftig auke i publiseringsaktivitet dei seinaste åra fram til 2022, med ein nedgang i 2023, som det går fram av Tabell 10.19 og Tabell 10.20. Målt etter publiseringspoeng per vitenskapleg årsverk og per førstestilling kjem HVL-FIN her ut i 2023 i nedre sjiktet i høve til dei universiteta vi samanliknar med. Det same gjeld for publisering på nivå 2, sjå Tabell 10.21 og Tabell 10.22. FIN ligg høgast av alle når det gjeld internasjonal sampublisering, noko som dokumenterer ei sterk internasjonal orienteringa på dette fagområdet.

Tabell 10.19: Publiseringspoeng per vitenskapleg årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – tre inst TKD</b>	1,16	1,60	1,66	1,58	1,70
<b>UiA – FTR</b>	1,31	1,39	1,50	1,73	1,59
<b>USN – TNM*</b>	1,30	1,56	1,24	1,10	1,17
<b>HVL – FIN</b>	0,94	1,31	1,38	1,21	0,85
<b>UiT – FIT</b>	0,45	0,57	0,54	0,80	0,84

\* UNNTATT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONAR

Tabell 10.20: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – Bygg/energi</b>	1,89	2,60	3,32	3,05	3,03
<b>UiA – FTR</b>	2,57	2,67	2,92	3,20	3,01
<b>OsloMet – Infotek</b>	2,52	3,52	2,89	2,77	2,61
<b>USN – TNM*</b>	2,39	2,64	2,08	1,88	1,91
<b>UiT – FIT</b>	1,03	1,33	1,16	1,65	1,73
<b>HVL – FIN</b>	1,65	2,32	2,54	2,14	1,47
<b>OsloMet – Maskin, el, kjemi</b>	0,94	1,20	1,98	1,63	1,34

\* UNNTATT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONAR

Tabell 10.21: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskapleg årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>UiA – FTR</b>	0,41	0,47	0,63	0,70	0,65
<b>OsloMet – tre inst TDK</b>	0,32	0,52	0,65	0,58	0,60
<b>USN – TNM*</b>	0,43	0,51	0,37	0,26	0,42
<b>HVL – FIN</b>	0,33	0,59	0,58	0,57	0,32
<b>UiT – FIT</b>	0,17	0,10	0,16	0,27	0,22

\* UNNTATT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONAR

Tabell 10.22: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>UiA – FTR</b>	0,81	0,91	1,23	1,30	1,23
<b>OsloMet – tre inst TDK</b>	0,55	0,86	1,07	0,95	0,86
<b>USN – TNM*</b>	0,80	0,87	0,63	0,44	0,68
<b>HVL – FIN</b>	0,58	1,05	1,07	1,00	0,55
<b>UiT – FIT</b>	0,38	0,22	0,34	0,56	0,46

\* UNNTATT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONAR

Tabell 10.23: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HVL – FIN</b>	77 %	79 %	77 %	76 %	70 %
<b>USN – TNM*</b>	55 %	50 %	55 %	49 %	65 %
<b>UiA – FTR</b>	49 %	48 %	52 %	59 %	60 %
<b>OsloMet – tre inst TDK</b>	39 %	51 %	61 %	53 %	58 %
<b>UiT – FIT</b>	51 %	47 %	59 %	60 %	55 %

KJELDE: DATA UT FRÅ CRISTIN VIA TABLEAU (=DUCT). \* UNNTATT INSTITUTT FOR MARITIME OPERASJONAR

Innanfor doktorgradsområdet Datateknologi har HVL nådd opp i konkurransen om nasjonale og internasjonale midlar for ekstern forskingsfinansiering. Per 2024 er fagmiljøa rundt dette doktorgradsområdet involvert i fleire EU-prosjekt. HVL har òg fått tilslag på ei rekkje prosjekt frå Forskningsrådet knytt til dette doktorgradsområdet. Også prosjekt finansiert av Forskningsrådet er internasjonale samarbeid med forskarar og institusjonar på høgt internasjonalt nivå, og viktige med tanke på å halde høg internasjonal kvalitet.

I boksen nedanfor er nokre eksempel på pågåande prosjekt som er med på å drive den faglege utviklinga framover:<sup>115</sup>

**Next generation imaging for real-time dose verification enabling adaptive proton therapy (NOVO, 2024-2028)**, koordinert av HVL og finansiert gjennom HORIZON EIC Grants. Prosjektet tek opp eit problem innan proton-stråleterapi av kreft, nemleg mangelen på verifisering av dosering i sanntid. Denne mangelen avgrensar potensialet til stråleterapien, på grunn av usikkerheit rundt presisjonen i leveringa av den føreskrivne dosen. NOVO-prosjektet skal utvikle den første konseptskissa av ein teknologi for verifisering av dosering i sanntid som kan bli tilpassa til alle proton-stråleterapi-behandlingar. Partnerar i prosjektet er tyske Helmholtz Zentrum Dresden-Rossendorf, Target Systemelektronik og Fraunhofer Institute for Electronic Nano Systems, Bogazici University (Tyrkia), University of Manchester, Universitetet i Bergen og Haukeland universitetssjukehus – Helse Bergen.

**Design and evaluation of technological support tools to empower stakeholders in digital education (EMPOWER, 2022-2025)**, er eit Horisont-prosjekt der HVL deltek som partner. Gitt teknologiske framsteg innan andre område og læringar frå pandemien, er det eit sterkt press for å investere i teknologistøtta utdanning. Likevel er mykje framleis ukjent; til dømes kva teknologiske ferdigheiter som er nyttige i utdanning, kva opplæringsbehov som oppstår og kva form framtidige retningslinjer for dette bør ta. EMPOWER bidreg til å løyse desse spørsmåla ved å utvikle nyskapande teknologisk støtte for utdanninga av barn med nevro-utviklingsforstyrningar.

<sup>115</sup> Vedlegg 11.1 viser ei breiare oversikt over dei eksternt finansierte prosjekta som fakultetet er involvert i per 2024.

**Prosjektet Neutron and gamma-ray imaging for real-time range verification and image guidance in particle therapy (2020-2024)**, finansiert av Forskningsrådet, handlar om teknologiutvikling for helsetenester og skal utvikle betre og meir presis strålebehandling av kreftsvulstar. Det er eit døme på korleis HVL samarbeider med både helsevesen og framifrå fagmiljø både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Blant samarbeidspartnarane i prosjektet er Haukeland universitetssjukehus, Universitetet i Bergen, Technische Universiteit Delft, North Carolina State University og Institut Ruder Boskovic i Kroatia.

Eit anna prosjekt finansiert av Forskningsrådet er **HYDROdynamic Mooring analysis for Ocean Renewable Energy (HYDROMORE, 2021-2026)**, for å etablere nye beste praksis-tilnærmingar for å designe framtidens fortøyingssystem for einingar som skal produsere fornybar energi offshore, i samarbeid med Universitetet i Oslo og University of Manchester. Prosjektet Mass balance and energy optimisation in recirculating aquaculture systems (RAS, 2020-2025) er eit NFR-finansiert prosjekt for havbruksnæringa i samarbeid med Institute of Marine Research, Oceanography and climate, Fram Centre, Tromsø og Northwest Fisheries Science Center, Seattle USA.

### 10.7 Doktorgradsområde 3: Helse, funksjon og deltaking

For doktorgradsområdet *Helse, funksjon og deltaking* (HFD) presenterer vi data for heile FHS, fordi alle master- og bachelorgradane ved fakultetet byggjer opp under ph.d.-programmet. Fleire av dei andre nyare universiteta har einingar med ein liknande fagleg profil på forskning og utdanning, og det ligg derfor godt til rette for samanlikning innanfor helse- og sosialfag. Dei einingane på fakultetsnivå som vi har valt ut for samanlikning på fakultetsnivå, er:

- HVL – Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)
- HINN – Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)
- OsloMet – Fakultet for helsevitenskap og Institutt for sosialfag ved Fakultet for samfunnsvitenskap (FHV+ISF)
- USN: Fakultet for helse-og sosialvitenskap (FHS)

#### 10.7.1 HFD – Kvalitet i utdanning på bachelor- og mastergradnivå

Tabell 10.24 viser kompetansenivået på dei tilsette under dette doktorgradsområdet ved HVL –FHS, samanlikna med universiteta og HINN. I omfanget av første- og toppkompetanse ligg HVL –FHS omtrent på nivå med USN og HINN, medan desse tre ligg noko lågare enn OsloMet. I kapittel 5 om fagmiljø har vi peikt på nokre årsaker til at kompetansen på dette

fagområdet er lågare enn på andre, og gjort greie for igangsette tiltak som vil auke andelen første- og toppkompetanse i løpet av dei neste åra.


Tabell 10.24: Kompetansenivå i fagmiljøa FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.

	Vitskaplege årsverk (eksl. stip)	Stipendiat- årsverk	Årsverk første- stilling	Årsverk prof/dos	Andel førstestill.	Andel prof./dos.
<b>OsloMet – FHV+ISF</b>	404	88	265	74	66 %	18 %
<b>HINN – FHS</b>	164	28	88	21	53 %	13 %
<b>USN – FHS</b>	226	29	120	29	53 %	13 %
<b>HVL – FHS</b>	352	37	166	40	47 %	11 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM TILSETTE.

HVL – FHS hadde i 2023 13 studentar per vitskaplege årsverk, som er best av universiteta når det gjeld denne kvalitetsindikatoren. Figur 10.15 viser at situasjonen for HVL– FHS sin del har vore stabil over tid, og omtrent den same som ved OsloMet og USN.<sup>116</sup> Det høvesvis låge talet på studentar per vitskaplege årsverk er ein indikator på at læringsmiljøet ved HVL held kvalitet på nivå med tilsvarende miljø ved universiteta, og at studentane har god tilgang på høg vitskapleg kompetanse.

Figur 10.15: Studentar per vitskaplege årsverk, HVL FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK FOR TILSETTE.

Opptaksgrunnlag er eit uttrykk for *inntakskvalitet*, og målt etter opptakspoeng kjem HVL-FHS godt ut samanlikna med tilsvarende einingar ved universiteta. Berre OsloMet sitt Fakultet for helsevitenskap har høgare opptakspoeng enn HVL innanfor dette doktorgradsområdet.

<sup>116</sup> Det same biletet ser ein om ein bruker indikatoren for studentar per årsverk førstestilling.

Tabell 10.25: Opptakspoeng HVL FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – FHV</b>	47,4	47,8	48,6	49,3	48,6
<b>HVL – FHS</b>	46,4	46,9	47,7	48,0	47,8
<b>HINN – FHS</b>	44,1	45,0	45,0	46,5	47,5
<b>OsloMet – ISF</b>	46,4	45,9	46,8	46,8	46,8
<b>USN – FHS</b>	45,1	45,4	45,9	46,3	46,3

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR. HER KAN EIN IKKJE TREKKE FRÅ/SLÅ SAMAN UNDEREINGAR UT FRÅ DBH-DATAENE, SÅ BEGGE DEI RELEVANTE EININGANE VED OSLOMET ER TATT MED.

Studiepoengproduksjon er ein vanleg *resultatindikator* for utdanningskvalitet, og Tabell 10.26 viser det gjennomsnittlege talet studiepoeng per student. HVL-FHS kjem godt ut samanlikna med tilsvarande einingar ved universiteta, med omtrent same resultat som OsloMet og ein god del høgare enn HINN og USN.

Tabell 10.26: Studiepoeng per student, HVL FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – ISF</b>	44,9	47,7	48,6	48,2	47,4
<b>HVL – FHS</b>	46,0	48,5	50,0	47,9	45,8
<b>OsloMet – FHV</b>	45,9	47,9	47,2	49,2	44,5
<b>HINN – FHS</b>	44,6	46,1	44,0	44,4	42,9
<b>USN – FHS</b>	41,8	41,9	44,6	43,4	42,2

KJELDE: DBH. HER KAN EIN IKKJE TREKKE FRÅ/SLÅ SAMAN UNDEREINGAR UT FRÅ DBH-DATAENE, SÅ BEGGE DEI RELEVANTE EININGANE VED OSLOMET ER TATT MED.

Tabell 10.27 og Tabell 10.28 viser kor stor andel av studentane på høvesvis bachelor- og masternivå som fullfører på normert tid. HVL-FHS kjem også her godt ut for bachelorstudentane, og er heilt på topp i gjennomstrøyming samanlikna med tilsvarande fagområde ved universiteta. For gjennomstrøyming i mastergradsutdanningane ligg HVL-FHS i nedre sjikt, saman med OsloMet.

Tabell 10.27: Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FHS og samanliknbare einingar, 2021–2023.

	2021*	2022**	2023***
<b>HVL – FHS</b>	70 %	77 %	74 %
<b>OsloMet – ISF</b>	70 %	77 %	70 %
<b>HINN – FHS</b>	67 %	73 %	68 %
<b>USN – FHS</b>	64 %	64 %	64 %
<b>OsloMet – HV</b>	59 %	64 %	57 %

KJELDE: DBH. \* OPPSTART 2018, \*\* OPPSTART 2019, \*\*\* OPPSTART 2020.

Tabell 10.28: Andel master gjennomført på normert tid ved HVL FHS og samanliknbare einingar, 2021-2023.

	2021*	2022**	2023***
<b>USN – FHS</b>	69 %	81 %	67 %
<b>HINN – FHS</b>	57 %	51 %	60 %
<b>OsloMet – ISF</b>	42 %	31 %	46 %
<b>HVL – FHS</b>	43 %	48 %	45 %
<b>OsloMet – HV</b>	49 %	54 %	43 %

KJELDE: DBH. \* OPPSTART 2019, \*\* OPPSTART 2020, \*\*\* OPPSTART 2021.

Kandidatundersøkinga for 2022 viser som for dei to føregåande fakulteta at også dei aller fleste kandidatane frå FHS er i arbeid to år etter avlagt grad: oppunder nitti prosent. Av dei resterande var fleirtalet studentar, medan berre éin prosent svarte at dei var arbeidslause.<sup>117</sup> Desse resultatane frå Kandidatundersøkinga dokumenterer at arbeidsrelevansen til studieprogramma ved FHS er svært høg.

**European Platform for Vocational Excellence in Health Care (EUVECA, 2022-2026)**<sup>118</sup> er eit Erasmus+-prosjekt i kategorien «Excellence Initiative.» Det blir leia av Senter for omsorgsforskning og har som mål å utvikle gode system for eit tettare samarbeid mellom studentar og helsearbeidarar, for gjensidig læring og kunnskapsutvikling. Dette skal skje på tvers av Europa, og vil styrkje det internasjonale samarbeidet rundt helsefaga. Bakgrunnen for prosjektet er felles utfordringar den europeiske helsesektoren står overfor med ei aldrande befolkning, fleire med kroniske og samansette sjukdommar og ei sterk digitalisering av tenestene. Prosjektet har fått midlar til å etablere "Regional Vocational Excellence Hubs" i sju europeiske regionar. Modellar for gjensidig læring og kunnskapsutvikling skal utviklast i fellesskap mellom dei deltakande landa, og systematisk utprøvast og evaluerast.

### 10.7.2 HFD – Kvalitet i ph.d.-utdanninga

Sidan oppstarten av programmet er det tatt opp 59 kandidatar i alt. 6 kandidatar har fullført per 22.04.24, og på same tid var det 51 aktive kandidatar i programmet.


Figur 10.16 viser opptaksgrunnlag for kandidatane i programmet. Omtrent en tredjedel av kandidatane er rekruttert frå HVL sine egne utdanningsprogram, medan noko over halvparten har opptaksgrunnlaget frå annan norsk institusjon. 14 prosent av kandidatane har opptaksgrunnlaget frå utlandet.

<sup>117</sup> Kandidatundersøkelsen 2022: Fra studier til jobb på Vestlandet. Ideas2evidence rapport 02/2023, s. 92.

<sup>118</sup> <https://www.hvl.no/en/project/2543665/>.



Figur 10.16: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet HFD, 2018–2023.



### Gjennomstrøyming, fullføring og arbeidsrelevans

Pre juni 2024 er det 9 som har gjennomført og disputert for ph.d.-graden Helse, funksjon og deltaking. Av desse er sju tilsette ved HVL, ein tilsett ved eit anna norsk universitet og ein i eit norsk helseføretak.

#### 10.7.3 HFD – Kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid

Kapittel 9 viser korleis forskingsverksemda ved Fakultet for helse- og sosialvitskap er organisert i 23 forskargrupper fordelt på følgjande tematiske hovudområde: personsentrert helseforskning, folkehelse- og velferdsforskning, tenesteforskning, innovasjon og implementering og lærings- og utdanningsforskning.

Målt etter publiseringspoeng per vitskapleg årsverk ligg HVL i 2022 litt under tilsvarende fagområde ved universiteta, sjå Tabell 10.29. Samtidig ser vi ei positiv utvikling i 2022 og 2023, også når det gjeld andelen nivå 2-publikasjonar, og fagmiljøet på dette doktorgradsområdet er omlag på nivå med tilsvarende på USN, da dei blei universitet. Ser ein på omfanget av publisering i høve til talet førstekompetente, så plasserer HVL seg meir midt på treet og på nivå med USN (Tabell 10.30). Når det gjeld omfanget av publisering i nivå 2-kanalar ligg FHS også på nivå med USN, litt under tilsvarende fakultet ved dei andre universiteta (Tabell 10.31 og 10.32).

Tabell 10.29: Publiseringspoeng per vitenskaplege årsverk. FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – HV + ISF</b>	0,84	1,04	0,96	0,78	0,91
<b>HINN – FHS</b>	0,76	0,77	0,73	0,69	0,72
<b>USN – FHS</b>	0,55	0,64	0,72	0,66	0,56
<b>HVL – FHS</b>	0,47	0,49	0,41	0,51	0,52

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.30: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – HV + ISF</b>	1,64	1,93	1,85	1,46	1,69
<b>HINN – FHS</b>	2,07	1,91	1,87	1,53	1,58
<b>HVL – FHS</b>	1,07	1,11	1,05	1,29	1,23
<b>USN – FHS</b>	1,13	1,24	1,52	1,40	1,21

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.31: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskaplege årsverk. HVL FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FHS</b>	0,34	0,26	0,27	0,34	0,41
<b>OsloMet – HV+ISF</b>	0,33	0,38	0,38	0,28	0,33
<b>USN – FHS</b>	0,20	0,16	0,23	0,28	0,20
<b>HVL – FHS</b>	0,17	0,19	0,11	0,16	0,20

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.32: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FHS</b>	0,92	0,64	0,69	0,75	0,90
<b>OsloMet – HV+ISF</b>	0,64	0,73	0,73	0,53	0,62
<b>HVL – FHS</b>	0,40	0,42	0,27	0,40	0,46
<b>USN – FHS</b>	0,41	0,30	0,50	0,59	0,43

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Når det gjeld internasjonal sampublisering (Tabell 10.33) ligg HVL-FHS på nivå med dei tilsvarande fagmiljøa ved USN og OsloMet.

Tabell 10.33: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. HVL FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FHS</b>	47 %	32 %	43 %	50 %	40 %
<b>HVL – FHS</b>	35 %	39 %	38 %	42 %	51 %
<b>USN – FHS</b>	54 %	50 %	46 %	41 %	33 %
<b>OsloMet – (HV+ISF)</b>	33 %	35 %	37 %	38 %	38 %

KJELDE: DATA UT FRÅ CRISTIN VIA TABLEAU (=DUCT).

FHS er ein aktiv deltakar i både nasjonale og internasjonale samarbeidsprosjekt og -aktivitetar som styrkjer forskning og utvikling på doktorgradsområdet. Det stadfester at HVL på dette området er ein attraktiv samarbeidspartnar nasjonalt og internasjonalt. Her gir vi nokre døme på slike.

Ein viktig del av FHS er **Senter for omsorgsforskning Vest (SOFV)**, både når det gjeld eksternt finansierte forskingsprosjekt og som heim for stipendiatar og postdoktorar. Våren 2024 har 10 stipendiatar og 2 postdoktorar høyrte til på SOFV. Senteret har eit stort internasjonalt nettverk og prosjektsamarbeid med t.d. UCSF School of Nursing, Department of Social and Behavioral Sciences, University of California; Faculty of Health, York University, Toronto; Rady Faculty of Health Sciences, University of Manitoba; Netherlands Institute for Health Services Research. SOFV er lokalisert i Alrek helseklynge, saman med mellom anna Universitetet i Bergen, NORCE, Bergen kommune, FHI, VID, Haraldsplass, Vestland fylkeskommune og Helse Bergen. Senteret har nært samarbeid med miljø i denne klyngja, med særleg ansvar for tenesteforskning, kvinnehelseforskning og forskning på teknologi i helse- og omsorg.

I boksen nedanfor er nokre eksempel på pågåande prosjekt som er med på å drive den faglege utviklinga framover.<sup>119</sup>

**Early intervention in long-term care: new model for tailored initial efforts and allocating of services (EARLY INTERVENTION, 2023–2027)** er finansierte av Forskningsrådet. Prosjektet vil generere ny kunnskap om tilgang til og fordeling av langtids omsorgstenester. Aldring er ei stor folkehelseutfordring, og etterspurnaden etter langtids omsorgstenester aukar stadig saman med kostnadane for tenesteyting. Prosjektet er eit samarbeid mellom fire kommunar, tre brukargrupperorganisasjonar og sju forskingsinstitusjonar i Norden. Målet er å bidra til

<sup>119</sup> Vedlegg 11.1 viser ei breiare oversikt over dei eksternt finansierte prosjekta som fakultetet er involvert i per 2024.

kunnskapsbygging på kommunalt nivå og til forskingsbasert politikk som kan auke tilpassa og berekraftige langtids omsorgstenester.

Forskargruppa for implementeringsforskning og metodeutvikling (FIM) forskar på korleis ein best kan implementere resultat frå forskning for å betre kvaliteten i praksis, utdanning, forskning og politikktutforming. Det tar som regel lang tid før ny kunnskap frå forskning blir tatt i bruk. Forsking på implementering av ny kunnskap har derfor stor nytteverdi og relevans for samfunnet. Forskargruppa bidreg med FoU-arbeid av høg kvalitet nasjonalt og internasjonalt. Gruppa leiår det EU-finansierte **Evidence-Based Research Network (EBRNetwork)**<sup>120</sup> og har nyleg tatt over leiaransvaret i Cochrane Norway, ein internasjonal, ideell og uavhengig organisasjon som har som føremål å utvikle oppdatert og presis informasjon om effekt av helsetiltak, og gjere den tilgjengeleg over heile verda.<sup>121</sup> Forskargruppa er partner i fleire NFR- og EU-prosjekt, og støttar politikktutforming globalt gjennom å bidra til Verdas Helseorganisasjon sitt arbeid med utvikling av retningslinjer. Medlemmane i FIM består av forskarar frå HVL, Folkehelseinstituttet og Senter for pasientmedverknad og samhandlingsforskning ved OUS. Det blir lagt stor vekt på samarbeid på tvers av fagdisiplinar og å involvere brukarar på ulike nivå. Gjennom det breie internasjonale samarbeidet i FIM er HVL med på å setje dagsorden for forskning langt utover eigen institusjon.

#### 10.7.4 HFD – Internasjonal rangering av sjukepleieutdanningar

ARWUs Global Ranking of Academic Subjects (GRAS) omfattar fagområdet «Nursing», som kan seie noko om kvalitet på doktorgradsområdet til ph.d.-en *Helse, funksjon og deltaking*. GRAS-lista inneheld dei 300 høgst rangerte universiteta som tilbyr høgare utdanning innanfor sjukepleie.<sup>122</sup>

På 2023-rangeringa er det University of Pennsylvania (USA) som kjem best ut, medan svenske Karolinska Institutet er heilt oppe på ein sjuandeplass. UiO er øvst plassert blant norske universitet, rangert i kategorien 76–100. UiO har inga stor bachelorutdanning på feltet, og er såleis mindre relevant som samanlikningsgrunnlag. Det har derimot OsloMet, det neste norske universitetet på lista, i intervallet 101–150, før HVL og NTNU følgjer i intervallet 151–200. UiT og UiA ligg i kategorien 201–300, medan USN, NORD, UiS og HINN ikkje er

---

<sup>120</sup> EBRNetwork blei etablert frå HVL i 2014 med samarbeidspartnarar i Australia, Canada, Danmark, Nederland, Norge, Storbritannia og USA. Utgangspunktet var ei forståing av at både forskarar, dei som finansierar forskning og andre aktørar på forskingsområdet ofte ikkje tek nok omsyn til tidlegare forskning i utvikling, gjennomføring og publisering av forskning. Sjå <https://ebrnetwork.org/> for meir informasjon.

<sup>121</sup> Sjå <https://www.cochrane.no/nb/om-cochrane-norge> for meir informasjon.

<sup>122</sup> Sjå <https://www.shanghairanking.com/rankings/gras/2023/RSO404>. Grunnlaget for rangeringa er kategoriane og dei bibliometriske dataene som ligg i Web of Science og InCities. Indeksen omfattar antal publikasjonar, sitat, internasjonal samarbeidspubliserings, "toppartiklar" (i "top journals") og æresbevisningar ("awards"). Med unntak av den siste, som er mindre relevant for HVL og dei samanliknbare norske universiteta, er dataene frå ein femårsperiode – for 2023-indeksten, perioden 2018-2022. Det betyr at den vil være relativt stabil frå år til år, fordi berre eit av fem år vert bytt ut.

inne på lista.<sup>123</sup> At HVL er plassert såpass høgt på denne rangeringa, som er tungt vekta mot indikatorar for vitenskapleg publisering og sitering, viser at sjukepleiarutdanningane ved HVL er på høgde med tilsvarende ved dei norske universiteta – og også ved universitet internasjonalt.

#### **10.8 Doktorgradsområde 4: Ansvarleg innovasjon og regional utvikling**

Ph.d.-programmet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG) er eit temaorientert, tverrfagleg ph.d.-program, med det samanslåtte fakultetet FTMS som eigar, men med Fakultet for helse- og sosialvitenskap som viktige fagleg bidragsytar og kontekst for rekruttering. På masternivå er det definert kva fem program som ein kan gå på for å kvalifisere seg direkte til ph.d.-programmet. Lista under viser desse fem masterprogramma, med «underskogen» av relevante bachelorprogram som kvalifiserer for desse. Fire av programma ligg under FTMS og eitt under FHS.

---

<sup>123</sup> <https://www.shanghairanking.com/rankings/gras/2023/RS0404>, vel «Norway».

Tabell 10.34: Programsøyla på master- og bachelornivå til ph.d.-programmet RESINNREG, studieår 2023–2024.

Masterprogram	Kvalifiserande bachelorprogram
MA i innovasjon og leiing (Master in Innovation and Management)	BA i økonomi og administrasjon Bachelor i reiselivsledelse (Sogndal) Bachelor i natur- og opplevelsesbasert reiseliv (Sogndal)
MA i sosialvitenskap (Master in Applied Social science)	BA i Sosialt arbeid BA i Vernepleie BA i barnevern BA i Ergoterapi
MA i Ansvarlig innovasjon og bærekraftig utvikling verdiskaping	BA i Bioingeniør BA i Branningeniør BA i Byggingeniør BA i Bærekraftig produksjon og sirkulærøkonomi/Ingeniør BA i Dataingeniør BA i Elektroingeniør BA i Energiteknologi/Ingeniør BA i Havteknologi/Ingeniør BA i Informasjonsteknologi BA i Kjemiingeniør BA i Landmåling og eiendomsdesign BA i Maskinteknikk/Ingeniør BA i Maskiningeniør BA i Nautikk/y-vei BA i Nautikk med intergrert praksis BA i Fornybar energi
MA in Climate Change Management	BA i Fornybar energi BA i Geologi og geofare BA i Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur BA i landmåling og eiendomsdesign
MA of Science in Business	Bachelor i eigedomsmekling Bachelor i reiselivsleiing Bachelor i økonomi og administrasjon (heltid og deltid) Bachelor i økonomi og juss

Både OsloMet og HINN har ph.d.-program knytt til omgrepet innovasjon, som det vil vere naturleg å samanlikne seg med:

- HINN: *Innovasjon i tjenesteyting i offentlig og privat sektor*, Handelshøgskolen i Innlandet – Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS)
- OsloMet – *Innovasjon for bærekraft*, Fakultet for teknologi, kunst og design (TKD)

Både RESINNREG og dei to programma vi har valt å samanlikne med står fram som tverrfaglege, men samstundes organisatorisk plassert under eitt fakultet. Vi har difor valt å bruke vertsfakulteta som samanlikningsgrunnlag.

### 10.8.1. RESINNREG – Akkreditering

Programmet er organisert rundt tre forskingspilarar: *Ansvarleg industriinnovasjon*, offentleg innovasjon og grøn innovasjon.

Forskingspilaren rundt ansvarleg industriinnovasjon fokuserer på bedrifter, organisasjonar, institusjonar og system for å forstå drivarane og hindringane for ansvarleg innovasjon og regional industriutvikling. Pilaren består av tre hovudforskingstema: 1) Utvikling og implementering av berekraftige teknologiar i regionar, 2) Organisering, marknadsføring og leiing for ansvarleg innovasjon og 3) Berekraftsorienterte innovasjonssystem. Dei vitenskapleg tilsette i denne gruppa representerer ulike disiplinær, som ingeniørfag, økonomi, marknadsføring, administrasjon og økonomisk geografi.

Forskingspilaren rundt offentleg innovasjon fokuserer på innovasjon på styrings- og tenestenivå. Mange offentlege innovasjonar er politisk drivne og legg vekt på innbyggainvolvering og aktivt medborgarskap, og dette skil innovasjon i marknaden frå offentleg innovasjon. Hovudforskingstema i denne pilaren er 1) Innovativ styring, leiing og organisering av sektorane. Dette inkluderer samarbeid på tvers av offentleg og privat sektor, samt sivilsamfunn, og 2) Tenesteinnovasjon innan helse- og sosialomsorg. Rolla til profesjonane som endringsdrivarar er sentral, saman med effekten av nye teknologiar, innanfor rammene gitt av organisasjonsformene og statlege forskrifter. Dei vitenskapleg tilsette i gruppa representerer disiplinær som statsvitenskap, organisasjonsteori, sosialantropologi, sosiologi og forskarar med helsefaglege kvalifikasjonar.

Den grøne innovasjonspilaren er ein stad for å diskutere og fremje forståinga av ansvarleg regional innovasjon frå eit tverrfagleg og heilskapleg perspektiv. Pilaren vil overvinne skiljet mellom natur og kultur, gjennom å finne innovative løysingar utover berre tekniske tilnærmingar. Han omfattar ein brei definisjon av grøn innovasjon, og studerer ei rekke emne, inkludert sosial og teknologisk innovasjon, naturinspirert innovasjon eller geo-engineering. Dei vitenskapleg tilsette i denne gruppa har sin bakgrunn frå ingeniørfag, statsvitenskap, økonomi, fysikk, organisasjonsteori og økonomisk geografi.

Søknaden om akkreditering av programmet, som blei godkjend av NOKUT i 2019, dokumenterte forskingsresultat på høgt internasjonalt nivå, og vil vere eit utgangspunkt. Dette programmet har historisk sett gått på tvers av tre fakultetet (FØS, FIN og FHS). Sidan dette er eit tverrfagleg orientert program som også til ei viss grad involverer fagmiljø



på tvers av fakultet, har vi, som ekstra dokumentasjon på fagleg utvikling, valt å løfte fram utviklinga når det gjeld publisering for dei fagtilsette som har faglege oppgåver inn i mot RESINNREG. Denne analysen viser ei markant positiv utvikling frå søknadstidspunktet i 2018 og fram til 2022. Vi ser her at det generelle publiseringsnivået både når det gjeld førstekvalifiserte og toppkvalifiserte har gått vesentleg opp, samstundes som andelen nivå 2-publikasjonar har blitt monaleg høgare. Samla sett er dette ein klar indikasjon på god utvikling i forskingsaktiviteten som er direkte kopla til programmet:

Tabell 10.35: Oversikt over utvikling i publisering blant dei vitenskapleg tilsette med faglege oppgåver i RESINNREG.

<b>Publiseringsutvikling – RESINNREG</b>	<b>2018</b>	<b>2022</b>
Samla per førsteamanuensis	(n=24)	(n=46)
NVI poeng totalt	1,09	1,6
NVI nivå 1	0,97	0,87
NVI nivå 2	0,12	0,73
Andel- internasjonal sampublisering	28 %	54 %
Samla per professorstilling	(n=33)	(n=27)
NVI poeng totalt	1,48	2,58
NVI nivå 1	1,27	1,31
NVI nivå 2	0,21	1,27
Andel- internasjonal sampublisering	32 %	63 %

KJELDE: CRISTIN

### 10.8.2 RESINNREG – Utdanning på bachelor- og mastergradnivå


Tabell 10.36 viser kompetansenivået på dei tilsette under dette doktorgradsområdet ved HVL. Sjølv om breidda i fagmiljøet ved HVL/FTMS er monaleg større enn ved dei andre fakulteta, er kompetanseprofilen om lag lik, rundt 70 % i førstestilling og rundt 20 % i toppstilling.

Tabell 10.36: Kompetansenivå i fagmiljøa HVL FTMS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.

	Vitskaplege årsverk (eksl. stip)	Stipendiat- årsverk	Årsverk første- stilling	Årsverk prof/dos	Andel førstestill. (eksl. stip)	Andel prof./dos. (eksl. stip)
<b>OsloMet – TKD</b>	177	34	133	44	75%	25%
<b>HINN – FØS</b>	187	25	130	39	69%	21%
<b>HVL – FTMS</b>	341	71	238	64	70%	19%

Tal studentar per vitskaplege årsverk er, som gjort greie for tidlegare, ein indikator for om institusjonen har nok vitskapleg tilsette til å drive forskingsbasert utdanning. Med 13 studentar per vitskapleg årsverk i 2023 plasserer HVL seg på dette doktorgradsområdet vesentleg lågare enn dei andre to institusjonane. Figur 10.17 viser vidare at HVL over tid har eit stabilt lågt studenttal pr UFF-årsverk her:

Figur 10.17: Studentar per vitskaplege årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar, 2019–2023.



KJELDE: DBH, STATISTIKK OM TILSETTE.

Opptaksgrunnlag er eit uttrykk for *inntakskvalitet*. Alle institusjonane som er med i denne samanlikninga, har relativt høge grenser for opptakspoeng (Tabell 10.37) og skilnadene er ikkje store. HVL-FTMS har hatt eit svakt stigande opptaksnivå frå 2019 fram til 2023, medan både HINN og OsloMet har hatt ein noko sterkare auke. Forskjellane er likevel ikkje svært store.

Tabell 10.37: Opptakspoeng HVL FTMS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FØS</b>	47,1	47,4	52,6	48,8	49,8
<b>OsloMet – TKD</b>	48,5	48,7	48,9	48,9	49,4
<b>HVL – FTMS</b>	47	47,2	47,5	47,6	47,9

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.

Også ved samanlikning av studiepoengproduksjon, som er ein *resultatindikator* for utdanningskvalitet, hevdar dette doktorgradsområdet på HVL seg godt samanlikna med dei andre. FTMS har halde seg på eit stabilt nivå i perioden 2019 til 2023 og plasserer seg noko høgare enn HINN-FØS men også noko lågare enn OsloMet-TKD (sjå tabell 10.38).

Tabell 10.38: Studiepoeng per student, HVL FTMS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>OsloMet – TKD</b>	45,3	45,9	45,5	44,1	44,8
<b>HVL – FTMS</b>	41,8	43,7	41,1	40,9	40,7
<b>HINN – FØS</b>	35,3	34,3	33,5	34,7	33,6

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.

Tabell 10.39 og Tabell 10.40 viser kor stor del av studentgruppa på høvesvis bachelor- og masternivå som fullfører på normert tid. HVL – FTMS ligg for bachelor sin del noko lågare enn dei samanliknbare einingane. For mastergradutdanningane ligg FTMS i 2023 noko over dei andre. Fakultetet viser bra stabilitet i perioden 2021 til 2023, både på bachelor- og masternivået.

Tabell 10.39; Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FTMS og samanliknbare einingar, 2021–2023.

	2021	2022	2023
<b>HINN – FØS</b>	52 %	52 %	52 %
<b>OsloMet – TKD</b>	55 %	54 %	52 %
<b>HVL – FTMS</b>	52 %	50 %	47 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR

Tabell 10.40; Andel master gjennomført på normert tid ved HVL FTMS og samanliknbare einingar, 2021–2023.

	2021	2022	2023
<b>HVL – FTMS</b>	55 %	45 %	50 %
<b>OsloMet – TKD</b>	50 %	46 %	45 %
<b>HINN – FØS</b>	55 %	40 %	44 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM STUDENTAR.

Kandidatundersøkinga for 2022 viser at dei aller fleste kandidatane frå dei dåverande tre relevante fakulteta for dette doktorgradsområdet, FHS, FIN og FØS, var i arbeid to år etter avlagt grad. Mellom 80 og 90 prosent var i jobb, dei fleste i fast stilling, eit titals prosent studerte framleis medan berre rundt 1 prosent rapporterte at dei var arbeidslause.<sup>26</sup>

Desse resultatane frå Kandidatundersøkinga dokumenterer at arbeidsrelevansen til dei studieprogramma som er relevante for dette tverrfakultære doktorgradsområdet er svært høg.


Klimaendringane dei siste åra og konsekvensar det har medført på vér, flaum, skred og vindskade, har ført til eit stort behov for personar med både miljøvitskapeleg kunnskap og praktisk planleggingskompetanse. Det internasjonale utdanningsemnet **From Mountain to Fjord** ved Institutt for miljø- og naturvitskap har sidan oppstart (2000) rekruttert 390 studentar frå 18 land fordelt over heile verda og vore inspirasjonskjelde for utvikling av nye internasjonale studietilbod ved HVL. Døme her er bachelorprogrammet i Geology and Geohazards med fokus på lokale miljøutfordringar og klimaendringar på Vestlandet, i tett samarbeid med lokale aktørar som kommunar og næringsliv, og som legg til rette for internasjonal lærarmobilitet mellom HVL og partneruniversitet i Europa. Fagmiljøet bidrar i undervisninga og i forskinga i RESINNREG-programmet, innanfor innovasjon og berekraftig overgang, og i Norwegian Centre for Energy Transition Strategies (NTRANS); eit senter med fokus på utvikling av miljøvennleg energi frå eit samfunnsvitskapeleg perspektiv og i samspel mellom teknologi og samfunn.

### 10.8.3 RESINNREG – Kvalitet i ph.d.-utdanninga

Sidan oppstarten av programmet er det tatt opp 43 kandidatar i alt. 3 kandidatar har fullført per 22.04.24, og på same tid var det 38 aktive kandidatar i programmet.

Figur 10.18 viser opptaksgrunnlag og finansiering for kandidatane i programmet. 27 prosent av kandidatane er rekruttert frå HVL sine eigne utdanningsprogram, medan halvparten har opptaksgrunnlaget frå annan norsk institusjon. 22 prosent av kandidatane har opptaksgrunnlaget frå anna land enn Noreg.

Figur 10.18: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet RESINNREG, 2018–2023.



NOTE: FS-DATA.

## Gjennomstrøyming, fullføring og arbeidsrelevans

Innafor RESINNREG har 3 kandidatar disputert før juni 2024. Av desse er 2 tilsett i vitenskapleg stilling ved HVL, og ein er jobbsøkjar. To kandidatar skal etter planen disputere i løpet av juni 2024. Den eine av desse har jobb i HVL og den andre ved ein annan norsk UH-institusjon.

### 10.8.4 RESINNREG – Forsking og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid

Dette tverrfaglege programmet speglar ein generell trend på det framveksande fagområdet innovasjonsstudiar. Tradisjonelt har merksemda vore mest på ny teknologi og innovasjonar knytt til marknaden og industrien. I seinare tid har perspektivet blitt breiare, til også å inkludere sosial innovasjon og berekraftig eller «grøn» innovasjon. RESINNREG har i tråd med denne trenden si mest modne forskargruppe innanfor ansvarleg industriinnovasjon, dessutan sterke framveksande forskargrupper innanfor grøn innovasjon og innovasjon i offentleg sektor. Størstedelen av faglege bidrag og intern rekruttering inn mot RESINNREG er frå vertsfakultetet FTMS, men FHS bidreg også inn mot den faglege aktiviteten og intern rekruttering.

Vertsfakultetet for RESINNREG, FTMS, organiserer forskinga si i 43 forskargrupper fordelt på 7 faglege profilområde (sjå kapittel 9 for nærare beskriving av profilområda). Publiseringsaktiviteten i fakultetet har hatt god utvikling mellom 2019 og 2022, med ein nedgang i 2023 (sjå 10.4. for forklaring av denne nedgangen). Totalbilette her indikerer at fakultetet ligg på eit stabilt høgt nivå samanlikna med vertsfakulteta for dei andre innovasjons-programma som RESINNREG blir samanlikna med.

Tabell 10.41: Publiseringspoeng per vitenskapleg årsverk. HVL FTMS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FØS</b>	1,06	0,97	0,84	0,95	1,33
<b>OsloMet – TKD</b>	0,93	1,19	1,37	1,21	1,26
<b>HVL – FTMS</b>	0,88	1,06	1,09	1,03	0,75

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.42: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FØS</b>	1,82	1,71	1,46	1,56	2,05
<b>OsloMet – TKD</b>	1,52	1,92	2,20	1,94	1,98
<b>HVL – FTMS</b>	1,56	1,91	2,03	1,87	1,28

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.43: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskapleg årsverk. HVL FTMS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FØS</b>	0,33	0,43	0,44	0,47	0,65
<b>OsloMet – TKD</b>	0,24	0,36	0,49	0,41	0,41
<b>HVL – FTMS</b>	0,28	0,45	0,45	0,46	0,25

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.44: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. HVL FTMS og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HINN – FØS</b>	0,57	0,76	0,76	0,77	1,00
<b>OsloMet – TKD</b>	0,39	0,58	0,78	0,65	0,64
<b>HVL – FTMS</b>	0,50	0,81	0,83	0,82	0,43

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Tabell 10.45: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>HVL – FTMS</b>	66 %	73 %	71 %	69 %	58 %
<b>HINN – FØS</b>	33 %	40 %	42 %	38 %	46 %
<b>OsloMet – TKD</b>	34 %	49 %	51 %	53 %	57 %

KJELDE: DBH, STATISTIKK OM VITSKAPLEG PUBLISERING.

Fagmiljøet som er knytt til doktorgradsområdet RESINNREG, har fått ei rekkje gjennomslag for ekstern forskingsfinansiering, både nasjonalt gjennom t.d. Forskningsrådet og internasjonalt gjennom t.d. Horizon Europe. Også prosjekt finansiert av Forskningsrådet omfattar internasjonale samarbeid med forskarar og institusjonar på høgt internasjonalt nivå, og er viktige med tanke på å halde høg internasjonal kvalitet.

I boksen nedanfor er nokre eksempel på pågåande prosjekt som er med på å drive den faglege utviklinga framover:<sup>124</sup>

**Crowdcul (2020-2024)** er eit internasjonalt forskingsprosjekt om «crowdfunding» i kultursektoren. Prosjektet drøfter faktorar som påverkar kultursektorens bruk av crowdfunding eller folkefinansiering, dei kortsiktige og langsiktige verknadane av vellukka folkefinansieringsprosjekt og korleis denne nye finansieringsforma påverkar kultursektoren. HVL koordinerer prosjektet, som har partnarar frå Universitetet i Agder, Universitetet i Sørøst-Noreg,

<sup>124</sup> Vedlegg 11.1 viser ei breiare oversikt over dei eksternt finansierte prosjekta som fakultetet er involvert i per 2024.

University for the Creative Arts (Storbritannia) og University of Barcelona. Prosjektet er finansiert av Forskningsrådet. <https://crowdcul.org/background/>

**Responsible Innovation in the Norwegian Salmon Farming Industry: Grand Societal Challenges, Dilemmas and Improvements (SalmAnsvar, 2020-2024)** er eit NFR-finansiert prosjekt som studerer dilemma som oppstår mellom økonomisk, miljømessig og sosial berekraft i lakseoppdrettsnæringa i Noreg, Canada, Australia og Chile. Prosjektet analyserer dei globale nettverka til leiande norske lakseoppdrettsselskap, og drøftar om ansvarleg innovasjon vert praktisert ulikt i ulike geografiske kontekstar. Prosjektdeltakarane er frå HVL, UiS og Pontificia Universidad Católica de Chile.

**The role of universities for sustainable smart specialisation in Vestland (UniS4Vest, 2021-2024)** er leia frå HVL og har partnerar frå Högskolen i Jönköping og Vestland fylkeskommune. Prosjektet er finansiert frå Regionalt forskingsfond Vestlandet. Føremålet med prosjektet er å analysere i kva grad universitets- og høgskulesektoren kan ta ei meir aktiv rolle for å fremje berekraftig regional utvikling. Prosjektet vert gjennomført i form av casestudiar både på Vestlandet og i Jönköping.

**Life at the frontier (2020-2024)** Den aukande internasjonale migrasjonen gir viktige kulturelle og økonomiske moglegheiter, men også utfordringar når det gjeld tilgang til arbeidsmarknaden, bustader og utdanning. Målet med dette prosjektet er å forstå korleis 'sosiale grenser' påverkar sosial mobilitet og integrering av migrantar og andre grupper. Sosiale grenser oppstår når det er skarpe geografiske skilje mellom nabosamfunn. Prosjektet er finansiert av NordForsk.

**AQUABALANCE (2023-2026)** Samfunnsutfordringar knytt til klimaendringar og auka sosial ulikskap, inneber at matproduksjon må setje søkelys på meir enn vekst og lønnsemd. Aktivitetane må også bidra til ei utvikling som er miljømessig og sosialt berekraftig. Dette prosjektet studerer og drøftar utfordringar og dilemma som europeisk oppdrettsnæring står overfor, for å kunne sikre ei meir balansert og berekraftig utvikling. Prosjektet har partnerar frå Irland, Italia og Danmark, og vert finansiert gjennom 'Sustainable Blue Economy Partnership' i EU.

**Norwegian Centre for Energy Transition Strategies (FME NTRANS 2019-2027)** tek eit holistisk systemperspektiv, og studerer samspelet mellom menneske, teknologiar, aktørar, industri, marknader og politikk, og verknader av energiomstillinga på breiare samfunnsendringar. NTRANS inkluderer forskingspartnerar frå NTNU, IFE, UiO, SNF, NHH, SINTEF, HVL, VF og brukarpartnerar frå offentleg forvaltning og kommune, energiselskap, industribedrifter, interesseorganisasjonar, tenesteleverandørar og infrastruktur- og byggeigarar. Prosjektet er finansiert av Forskningsrådet.



**WHITECYCLE (2022-2026) (Upscaling of Innovative Processes for the Recycling of PET from Complex Wastes: a Case Study involving Mechanical and Enzymatic Sorting applied to Tyres, Textiles and Hoses)** er eit EU Horizon-prosjekt som har som mål å utvikle innovative sirkulære løysingar for å konvertere komplekst avfall som inneheld tekstilar laga av plast til produkt med høg meirverdi. WhiteCycle-ambisjonen er innan 2030 å fremje årleg resirkulering av meir enn 2 millionar tonn av den tredje mest brukte plasten i verda. I tillegg til HVL har prosjektet partnerar frå fem europeiske land.

**StoRIES (2021-25) "European ecosystem to advance innovation in energy storage devices")** er eit European Green deal prosjekt som skal bidra til å utvikle eit europeisk økosystem av industri- og forskingsorganisasjonar som saman kan utvikle innovative, konkurransedyktige og mindre kostbare energilagringsteknologiar. HVL si rolle er knytt til bruk av FAIR-prinsippa ved datahandtering. Prosjektet har nærare 40 partnerar.

### 10.9 Oppsummering

I kapittel 10 blir det dokumentert at HVL er på nivå med andre samanliknbare universitet og høgskular i Noreg når det gjeld kompetanse på fagmiljøet, gjennomføring i utdanningane, ekstern forskingsforankring og fagleg publisering. Kapitlet viser også til gode skåre på relevante internasjonale universitetsrankingar. Samla sett viser dette at HVL oppfyller krava i Studiekvalitetsforskriften § 3-7.





# 11. Faglege nasjonale og internasjonale nettverk

## 11. Faglege nasjonale og internasjonale nettverk

*Studiekvalitetsforskriften § 3-7. Akkreditering som universitet*

*(7) Institusjonen skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale nettverk innenfor høyere utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid. Institusjonen skal delta i nasjonale samarbeid om forskerutdanning og eventuelt tilsvarende for stipendiatprogrammet for kunstnerisk utviklingsarbeid, jf. § 3-4.*

### 11.1 Nasjonale nettverk for forskarutdanning, utdanning og FoU

Gjennom samarbeid med nasjonale og internasjonale forskarskular har HVL tilbud om tilknytning til forskarskular for kandidatar i ph.d.-programma. Nokre forskarskular er organisert kring tematiske og tverrfaglege felt, medan andre spring ut av eit fagfelt. Forskarskulane skipar til aktivitetar som ph.d.-kurs, seminarrekkjer og førelesingar.

Ved å delta i forskarskular får kandidatane tilgang til eit større nettverk av andre ph.d.-kandidatar og rettleiarane deira, og forskarskulane fungerer som møteplassar for idéutveksling, fagleg oppfølging og nettverksbygging. Deltaking i forskarskular gir ph.d.-kandidatane høve til å presentere eigne arbeid, og få tilbakemelding frå ei større gruppe forskarar. Nærare skildring av korleis fakulteta arbeider inn mot forskarskular er omtalt saman med dei nasjonale nettverka for kvart fakultet.

Tabell 11.1: Liste over forskarskular HVL deltar i.

Forskarskular	Medlemmer	Tilknytning ph.d.-program
<b>WNGER II Western Norway Graduate School of Educational Research II</b>	UiB, HVL, UiS, NLA, VID, Høgskulen i Volda, UiA.	Studiar av danning og didaktiske praksisar/ Helse, funksjon og deltaking
<b>Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies</b>	UiB, UiS, UiA, HVL, Høgskulen i Volda.	Studiar av danning og didaktiske praksisar
<b>NorTED – Nordic Research School in Teacher Education Relevant Research</b>	Finland: Åbo Akademi University Denmark: DPU Aarhus University	Studiar av danning og didaktiske praksisar

	<p>Iceland: University of Iceland  Sweden: Umeå University and Dalarna University  Norway: University of Tromsø/ UiT – The Arctic University of Norway,    Western Norway University of Applied Sciences, University of South-Eastern Norway, and Department of Teacher Education – Norwegian University of Science and Technology (NTNU)</p>	
<b>NORBARN</b>	<p>UiS, UiA, Dronning Mauds Minne, KS, Kanvas-Stiftelsen, HINN, OsloMet, USN. HVL er vertskap for forskarskolen.</p>	<p>Studiar av danning og didaktiske praksisar</p>
<b>MaScE – Forskerskolen i matematikk- og naturfagdidaktikk</b>	<p>UiA, UiS, UiB, NLA, HINN, HiØ, Høgskolen i Volda, HVL, NTNU, Nord, UiT, OsloMet, UiO, USN, NMBU.</p>	<p>Studiar av danning og didaktiske praksisar</p>
<b>NutriNOR – National Research School in Nutrition</b>	<p>UiB, UiO, UiT. UiA.</p>	<p>Studiar av danning og didaktiske praksisar</p>
<b>BSRS Bergen Summer Research School</b>	<p>UiB, NHH, HVL, Chr. Michelsen Institute, og NORCE.</p>	<p>Studiar av danning og didaktiske praksisar/  Helse, funksjon og deltaking/  Ansvarleg innovasjon og regional utvikling/  Datateknologi</p>
<b>PROFRES Den nasjonale forskarskolen for profesjonsretta og praksisnær forskning på områda helse, velferd og utdanning</b>	<p>Universitetet i Agder, Nord universitet, Universitetet i Sørøst-Noreg, Høgskulen på Vestlandet, Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda, og vår assosierte partner Høgskolen i Østfold.</p>	<p>Helse, funksjon og deltaking/  Ansvarleg innovasjon og regional utvikling</p>
<b>BSRN Baltic Sea Region Network in Personalized Health Care – Summer School</b>	<p>Southern Denmark University, Odense, Denmark  Karolinska Institutet, Stockholm, Sweden  Western Norway University of Applied Sciences, Bergen, Norway  Klaipeda University, Klaipeda, Lithuania  Vilnius University, Vilnius, Lithuania</p>	<p>Helse, funksjon og deltaking</p>

	<p>Rīga Stradiņš University, Riga, Latvia  University of Tartu, Tartu, Estonia  Medical University of Gdansk, Gdansk, Poland</p> <p>University of Lübeck, Lübeck, Germany  University of Turku, Turku, Finland</p>	
<b>NorWell Research School for Research Work</b>	NorWell starta i 2022, og UiT og NTNU er vertskap.	Helse, funksjon og deltaking
<b>The European Academy of Nursing Science (EANS)</b>	European Academy of Nursing Science (EANS) er eit nettverk samansett av individuelle medlemmer som har gitt betydelege bidrag for å fremje sjukepleievitskap i Europa gjennom stipend og forskning. Formålet med akademiet er å vere det vitskaplege fellesskapet i Europa som gir inspirasjon, samarbeid og fagleg leiing i sjukepleie.	Helse, funksjon og deltaking
<b>NORSI Norwegian Research School in Innovation</b>	NORSI er ein nettverksbasert forskarskule med 28 partnerinstitusjonar i Norden.	Ansvarleg innovasjon og regional utvikling
<b>Norwegian Doctoral Academy in Business – NORDAB</b>	NTNU, HiNN, HVL, HK, Nord, NHH, NMBU, OsloMet, UiA, UiS, USN, UiT og HiMolde	Ansvarleg innovasjon og regional utvikling
<b>Digital Life Norway Research School</b>	Medlemskap i forskarskulen er ope for ph.d.-kandidatar og postdoc-ar som arbeider med tema relatert til digital bioteknologi og life sciences	Datateknologi
<b>IRTG Intelligent Detectors</b>	UiO, UiB, UiT, UiS, NTNU, UNIS. Denne tysk-norske forskarskulen tar sikte på å utvikle og anvende intelligente deteksjonssystem for partikkel, kjernefysikk og romfysikk som integrerer toppmoderne informasjonsteknologiar. Det tyske programmet er finansiert av Deutsche Forschungsgemeinschaft under programmet International Research Training Group (IRTG).	Datateknologi



HVL deltar aktivt i nasjonale nettverk og forum. Viktige nasjonale nettverk på institusjonsnivå blir kort presentert i tabellform.

Tabell 11.2: Liste over nasjonale nettverk på institusjonsnivå.

Nettverk	Medlemmer	Skildring
<b>Universitets- og høgskolerådet (UHR) – inkl. underliggjande nettverk som til dømes NARMA</b>	Norske universitet og høgskular.	UHR skal fremje UH-institusjonane sine interesser, bidra til samordning og arbeidsdeling i sektoren, og skape gode møteplassar for UH-institusjonane og andre aktørar. HVL er medlem av og sit i styret til UHR, er dessutan medlem i alle relevante fagstrategiske og fellesstrategiske einingar. Dekan for FLKI leiar UHR lærerutdanning
<b>VINST-Alliansen</b>	HVL, HINN, USN og Nord Universitet	Alliansen har ansvar for forskning og høgare utdanning ved 27 studiestader i heile Noreg med nær 70 000 studentar til saman. Avtalen skal styrkje fagleg og administrativt arbeid og gjeld frå 2023-2026.
<b>UH-nett Vest (Universitets- og høgskulenettverket på Vestlandet)</b>	HVL, UiB, UiS og HiVolda. NLA Høgskulen og VID vitskapleg høgskole er assosierte medlemmer.	Nettverket skal styrkje høgare utdanning og forskning ved institusjonane og har ekstra merksemd på regional utvikling.
<b>Nasjonale næringsklynger med bakgrunn frå Innovasjon Norge sitt klyngeprogram</b>	Bransjeaktørar, inkl. FoU-aktørar	GCE Ocean Technology NCE Seafood Innovation Cluster Proptech Innovation NCE Media Norwegian Smart Care Cluster NCE Finance Innovation Ocean Hyway Cluster Norwegian Offshore Wind
<b>Utviklingsavtale med</b>	Sjøfartsdirektoratet og HVL	Samarbeid med Sjøfartsdirektoratet



<b>Sjøfartsdirektoratet</b>		
<b>Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (NORADAPT)</b>	NORCE (både NORCE Klima og NORCE Samfunn), Nordlandsforskning, CICERO Senter for klimaforskning, Senter for klima og energiomstilling (CET) ved Universitetet i Bergen, Institutt for geografi ved NTNU, SINTEF Community (tidlegare SINTEF Byggforsk), Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning.	Noradapt er eit nasjonalt senter for berekraftig klimatilpassing. Vestlandsforskning driv senteret, som består av åtte partnerinstitusjonar.
<b>SIKT</b>	Heile UH-sektoren	Kunnskapssektoren sin tenesteleverandør, nettverk for m.a. forskingsdata
<b>Kompetansenettverk for studentars suksess i høgare utdanning</b>	Tilsette og studentar i høgare utdanning	Nasjonalt nettverk for å oppnå betre gjennomføring, betre resultat og lågare fråfall.
<b>Nasjonalt studieveilederseminar</b>	Tilsette ved utdanningsinstitusjonar	Nettverk og møteplass for tilsette som arbeider med rettleiing og studieinformasjon.
<b>Nasjonalt EVU-forum</b>	Leiarar og tilsette ved utdanningsinstitusjonar	Nettverk og møteplass for tilsette som arbeider med etter- og vidareutdanning/ livslang læring.
<b>Horisont Rogaland</b>	UiS, Stavangerregionens Europakontor, Rogaland fylkeskommune m.fl.	Forskringsråd-finansiert EU-nettverk der formålet er utvikling av EU-prosjekt og mobilisering rundt større regionale satsingar i Rogaland, men også på Vestlandet elles i samarbeid med andre nettverk.
<b>Horisont Vestland</b>	NORCE, Vestlandsforskning, Forskringsrådet, Innovasjon Noreg, VIS m.fl.	Forskringsrådet-finansiert EU-nettverk der formålet er utvikling av EU-prosjekt og mobilisering til større regionale satsingar i Vestland, men også på Vestlandet elles i samarbeid med andre nettverk

<b>EU-enhet Vest</b>	UiS, VID, NORCE, SUS m.fl.	Eit FoU-basert nettverk for koordinering av ulike fellesaktivitetar på Vestlandet knytt til Horisont Europa.
----------------------	----------------------------	--

Breidda av nasjonale nettverk og samarbeid innanfor utdanning, FoU og forskarskular, og korleis desse fører til kvalitetsutvikling i HVL, blir skildra på fakultetsnivå. I tillegg er dei viktigaste nasjonale nettverka kort presentert i tabellform per fakultet.

### 11.1.1 Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Fakultetet har ei tverrfagleg doktorgradsutdanning, Studiar av danning og didaktiske praksisar, og har ei stor breidde av nettverk, samarbeidspartnarar og forskingsprosjekt knytt til utdannings- og forskingsverksemda.

FLKI har over ein fireårsperiode spelt ei viktig rolle som koordinator for nasjonale UH-nettverk for kompetanseutviklingsordningane ReKomp (barnehage), DeKomp (grunnskule og vidaregåande skule) og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. FLKI har no på vegner av Utdanningsdirektoratet eit regionalt koordineringsoppdrag for region vest saman med UIS for UH-nettverk knytt til vidareutdanning dei neste 3 åra. HVL er aktiv i Universitets- og høgskulerådet (UHR) og FLKI leiar både den Fagstrategiske Eininga for Lærarutdanning (UHR-LU) i tillegg til det nasjonale fagorganet for faglærarutdanning (FALU/LUPE, PPUY, YFL). FLKI er også representert i det regjeringsoppnemnde Fagleg råd for lærarutdanning som skal følgje strategien Lærarutdanning 2025 og Ekspertutvalet for styring av lærarutdanningane.

Høgskulen på Vestlandet (HVL) fekk i supplerande tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet juni 2023 oppdrag med mål og føringar om [Nasjonalt prosjekt for lærerrekuttering](#). Målet er at fleire søker lærarutdanning og startar i yrket, og at det er eit større mangfald blant lærarar i barnehage og skule. Føringane for tildelinga er at arbeidet skal vera kontinuerleg, målretta og koordinert med relevante aktørar om nasjonale og regionale tiltak for god rekuttering til lærarutdanning og læraryrke. Dette inneber samarbeid med barnehage- og skuleeigar, UH-institusjonar, studentar og partane i sektoren. Tildelinga skal bidra til å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget for å rekruttere og behalde lærarar i tråd med behov i barnehagar og skular. Prosjektet skal også ha som mål at aktuelle søkjarar har kunnskap om kva det vil seie å vere lærar i barnehage og skule. HVL har også fått tildelingar til nasjonalt rekutteringsprosjekt i tidsperioden 2019–2022, men då med avgrensa fokus og meir spesifikke tiltak.

Nasjonalt forum for lærerutdanning og profesjonsutvikling (NFLP) har på vegner av regjeringa utarbeidd Flere lærere i barnehage og skole – [Strategi for rekruttering til lærerutdanningene og læreryrket 2024-2030](#). I strategien finn vi at Regjeringa vil bruke Nasjonalt prosjekt for lærerrekuttering til erfaringsdeling og spreing av idear i lokalt rekrutteringsarbeid, og at prosjektet har ansvar for å følgje opp særskilt nokre område.

FLKI deltar aktivt i fleire forskarskular, og deltar mellom anna i fagpanel og styret i WNGER II Western Norway Graduate School of Educational Research II, og i styringsgruppa i NorTED – Nordic Research School in Teacher Education Relevant Research. HVL er også vertskap for forskarskulen NORBARN, der ph.d.-kandidatar får høve til kurs, deltaking i utviklinga av verdifulle interdisiplinære og sektorielle nettverk og høve til å trene på ferdigheiter som kan overførast.

Tabell 11.3: Liste over nasjonale nettverk – FLKI.

Nettverk	Medlemmer	Skildring	Aktiv deltaking
<b>Fagorgan i UHR Fagstrategiske einingar i UHR</b>	Universitet og høgskular i Noreg.	Fagstrategiske einingar skal bidra til UHR si verksemd og mål gjennom strategisk og koordinerande arbeid på dei respektive fag- og ansvarsområda.. Formålet med dei nasjonale fagorganane er å ivareta behovet institusjonane har for fagleg og administrativ utvikling, erfaringsdeling, samordning og nasjonal koordinering innanfor avgrensa fagområde.	HVL leier fagstrategisk eining for lærerutdanning og nasjonalt fagorgan for faglærerutdanning (FALU/LUPE, PPUY, YFL)
<b>Forum for friluftslivsfag i høgare utdanning</b>	HVL, NIH, UiA, UiS, USN, UiT, HiNN, Høgskulen i Volda, Nord Universitet, NTNU	Formålet med Forum for friluftslivsfag i høgare utdanning er å skape medvit omkring friluftsliv som fag- og forskingsområde, og fokusere på ulike perspektiv og debattar knytt til friluftslivsfaget. Fagorganet spelar ei viktig rolle inn mot HVL si friluftslivutdanning og friluftslivrelaterte emne.	HVL deltar i dette nettverket med tilsette frå friluftslivsfagmiljøet på campus Bergen, Stord og Sogndal. På dei årlege samlingane har HVL-tilsette bidratt med faglege innlegg. HVL har vore representert i styringsgruppa til forumet i to periodar. Fleire HVL-tilsette har levert artiklar til tematidsskrift, til JASED, og med bokkapittel i antologiar som forumet har leia. HVL er gjennom forumet godt synleg med ei av dei største friluftslivutdanningane i Noreg.

<b>Nasjonalt fagorgan for musikk i høgare utdanning</b>	Alle universitet og høgskular i Noreg som tilbyr musikk-lærerutdanning	Dette er eit fagleg nettverk for tilsette i UH-sektoren i BLU, GLU, faglærer-utdanning og PPU innanfor musikk. Eit viktig mål med nettverket er å spreie utdanningsrelevant forskning og dele praksiserfaringar.	Instituttleiar deltar på to møte i året på vegner av musikkmiljøet.  Gjennom aktiv deltaking i nettverket får vi høve til å spele inn aktuelle saker, delta i diskusjonar med institusjonar som har liknande profil, utveksle idear om utdanningstilbod og forskning, utveksling informasjon og presentere HVL sitt arbeid på dette fagfeltet
<b>Drama- og Teaterpedagogane (DTP)</b>	1250 enkelt-medlemmer, skular, teater, museum og andre institusjonar	Nettverket skal fremje og styrkje drama og teater som læringsform og likeverdig estetisk fag i heile utdanningsløpet. Nettverket gir ut DRAMA – Nordisk dramapedagogisk tidsskrift, og arrangerer kurs, nettverkssamlingar, seminar og debattar.	HVL deltar på konferansar i regi av nettverket. DTP er viktig for HVL fordi dei skipar til relevante debattar, seminar og konferansar, i tillegg til at dei publiserer eit tidsskrift HVL publiserer aktivt i.
<b>NABU – Nasjonalt forskarnettverk for berekraft og utdanning</b>	UiO, NMBU, HVL, NTNU, m.fl.	Gjennom å styrkje forskinga og kompetansen innanfor berekraft og utdanning jobbar NABU for å bidra til omstilling til eit berekraftig samfunn.	Årleg NABU-konferanse (2023 ved NTNU; 2024 HVL). HVL er representert i styret. Styrking og konsolidering av nettverk innanfor berekraft og utdanning internt (arbeid på tvers av forskargrupper) og eksternt.
<b>Nasjonalt nettverk for naturfag-utdanning</b>	Alle høgskular og universitet i Noreg	Oppbygging av eit nettverk som skal: – skape kontakt og moglegeheiter for utveksling av erfaringar mellom lærarutdannarar i naturfag. – vidareutvikle og styrkje naturfaga innanfor lærarutdanninga. – arbeide for ei generell styrking av naturfaga i norsk skule. – fremje FoU-verksemd i naturfagdidaktikk	Hellseminaret – eit årleg nasjonalt seminar som er betalt av naturfag-senteret  Mellom 3 og 8 personar frå HVL deltar kvart år.  Faginteressegrupper for ulike tema som har møte gjennom året.  HVL har tidlegare leia nettverket, og er no representert i styret. Nettverket er ein arena for å presentere eiga forskning nasjonalt.
<b>Nettverk for matematikk i lærarutdanninga</b>	Nettverk for matematikk i lærarutdanning består av alle universitet og høgskular i Noreg	Nettverk for matematikk i lærarutdanning er eit fagleg nettverk for kompetanseutvikling knytt til lærarutdanning i matematikk. Formålet er å	Alle faglærarar i matematikk ved FLKI er medlemmer i nettverket, og det er ein nettverkskontakt frå kvar campus som deltar på dei årlege nettverksmøta. Faglærarar ved HVL deltar fagleg på nettverksmøta og på den årlege

	som tilbyr lærar- utdanning med matematikk og Matematikksenteret .	støtte opp om og heve kvaliteten på matematikk- undervisning og matematikkdidaktisk forskning i Noreg. Nettverket er medlem av The Nordic Society for Research in Mathematics Education (NORME), og blir drifta av Matematikksenteret.	KLÆM-konferansen som blir arrangert i regi av nettverket. Nettverket har bidratt til HVL ved at faglærarane har ei stemme i høyringar av sentrale dokument på nasjonalt og nordisk nivå, og har ein møteplass der utdanningane blir diskutert og kvalitetssikra. Deltakinga gir òg tilgang til sensorar.
<b>Norsk religions- pedagogisk forum (NoReFo)</b>	77 medlemmer frå 17 høgskular og universitet i Noreg	Utvikle det didaktiske feltet tilknytt KRLE-faget i UH- sektoren. <a href="https://norefo.no/">https://norefo.no/</a>	RLE-faggruppa deltar aktivt på NoReFo sine årlege konferansar. Fleire bidrag med faglege innlegg og i ulike samarbeidsprosjekt. Det er viktig for RLE ved HVL å få kjennskap til den nyaste forskinga innanfor KRLE-didaktikk både for utvikling av emneplanar og for pensum. I tillegg deltar fleire i forskingssamarbeid med andre høgskular/universitet og i utvikling av ny forskning gjennom artiklar og antologiar.
<b>OMEP – Noreg OMEP Noreg er den nasjonale avdelinga av verdsorganisa- sjonen for barns oppvekst og danning.</b>	Medlemmer er både privat- personar og organisasjonar.	OMEP er ein internasjonal, uavhengig organisasjon (NGO) som har rådgivande status hos UNESCO og UNICEF og er representert ved Europarådet.	Ved HVL er det fire tilsette som er styremedlemmer i NORSK OMEP. OMEP er eit aktivt nettverk ved HVL som deler ut ein årleg leikepris, arrangerer fagmøte og held i prosjekt. OMEP Noreg deltar i eit verdsprosjekt kalla Wash from the start.

### 11.1.2 Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Fakultetet har to doktorgradsutdanningar: Helse , funksjon og deltaking , og det tverrfaglege programmet RESINREG, i tillegg til ei stor breidde av nettverk, samarbeidspartnarar og forskingsprosjekt knytt til utdannings- og forskingsverksemda. Fakultetet har gjennom senter for omsorgsforskning vest (SOFV) eit nasjonalt nettverk innanfor tenesteforskning. SOFV er eitt av i alt fem regionale senter for omsorgsforskning oppretta av Helse- og omsorgsdepartementet i 2008. Senteret er ein del av ein nasjonal struktur som blir koordinert frå Senter for omsorgsforskning, øst, men med ei felles leiargruppe på tvers av sentera. Som det einaste av dei fem sentera for omsorgsforskning, blei senteret i vest etablert som eit partnerskap med elleve institusjonar på Vestlandet. Senteret samarbeider med dei ulike partnarane om konkrete prosjekt, forskargrupper, seminar og konferansar.

Senterleinga har regelmessige dialogmøte med alle partnerane. Senteret har ein sentral plass i Alrek helseklynge, både på grunn av fysisk lokalisering men også gjennom leing av faggrupper som er oppretta på tvers av partnerane i helseklynga. Dette gjeld til dømes faggruppa for eldre helse og eldreomsorg som har som målsetjing å utvikle tverrfagleg kunnskap om eldre som er vesentleg både for kommunane og for forskings- og utdanningssektoren.

Fleire stipendiatar frå FHS har deltatt i den nasjonale forskarskulen Muni-Health-Care. Denne forskarskulen har fokus på forskning knytt til dei kommunale helse- og omsorgstenestene og var finansiert av NFR i perioden 2016–2023. Konsortiet består av sju partnerinstitusjonar: HVL, UiT, Nord universitet, UiB, NTNU i Gjøvik, OsloMet og UiO (vertsinstusjon). Det er i 2024 oppretta eit nettverk mellom nye og gamle partnerinstitusjonar.

HVL har elles samarbeid med forskarskulen PROFRES – Professions-oriented and Practice-near research in the fields of health, welfare and education, og HVL er frå 2022 vorte full partner saman med fleire utdanningsinstitusjonar i Noreg (UiS, UiA, USN, USØ, UN, Molde og Volda) og doktorgradsutdanningane ved Tallin University and Roskilde University. PROFRES blir leia av Universitetet i Stavanger og er finansiert av NFR frå 2022 til 2030, og tilsette ved FHS bidrar med 0,3 stilling i undervisning og rettleiing, dessutan i styringsgruppa.

Tabell 11.4: Liste over nasjonale nettverk – FHS.

Nettverk	Medlemmer	Skildring	Aktiv deltaking
<b>Omsorgens grunnlag, fenomener og vilkår</b>	HVL, VID, UIS	Forskarnettverket har si forankring på Senter for omsorgsforskning, Vest. <a href="https://www.hvl.no/forsking/gruppe/omsorgens-grunnlag-fenomener-og-vilkar/">https://www.hvl.no/forsking/gruppe/omsorgens-grunnlag-fenomener-og-vilkar/</a>	HVL sine forskarar, både i og utanfor SOFV, deltar med: -Publikasjonar -Konferansedeltaking  HVL som institusjon bidrar med økonomisk nettverksstøtte og med infrastruktur.  Nettverket har bidratt til: -Publikasjonar, både vitenskaplege antologiar og temanummer i tidsskrift -Forskingsamarbeid med andre kunnskapsmiljø, særleg nasjonalt og innan Norden, men også vidare internasjonalt.

<p><b>Senter for omsorgs- forskning</b></p>	<p><a href="https://www.omsorgsforskning.no/">https://www.omsorgsforskning.no/</a></p>	<p>Senter for omsorgs-forskning samlar, produserer og formidlar kunnskap om helse- og omsorgstenestene på Vestlandet og komparativt.</p>	<p>Forskarar ved HVL (både i og utenfor SOFV) har deltatt gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Undervisningsmodular i PhD-programma som er etablert og leia av SOFV</li> <li>- Kunnskapsoppssummeringar i Omsorgsbiblioteket</li> <li>- Deltaking i eksternt finansierte forskingsprosjekt</li> <li>- Publisering i Tidsskrift for omsorgs-forskning</li> <li>- Deltaking på Omsorgsforskningskonferansen og andre konferansar som SOFV har vore med å leie.</li> </ul> <p>HVL som institusjon styrkjer SOFV gjennom økonomisk støtte, i tillegg til NFR si grunnfinansiering, og gjennom å tilretteleggje for ein god infrastruktur for SOFV.</p>
<p><b>Norsk nettverk for tverr-profesjonelt samarbeid og samarbeids-læring</b></p>	<p><a href="https://uit.no/research/tps-nettverket">https://uit.no/research/tps-nettverket</a></p>	<p>TPS-nettverket er et norsk nettverk for tverrprofesjonelt samarbeid og samarbeidslæring. Dette er ei samanslutning av helse- og sosialfaglege miljø ved norske universitet og høøgskular og praksisfeltet. Nettverket blei etablert i 2013.</p>	<p>HVL-tilsett er styremedlem og nestleiar i TVEPS. I tillegg er HVL representert som styremedlem i NIPNET som er det nordiske nettverket for tverrprofesjonell samarbeidslæring. Her samarbeider Noreg, Island, Sverige, Danmark og Finland.</p> <p>HVL får promotert, informert og undervist om sin TPS-modell i TVEPS, som så blir spreidd til nye samarbeidspartnarar og der HVL får anerkjenning for korleis vi har inkludert TPS i både undervisning og praksis. Det er eksempel frå m.a. Oslo, Kristiansand og Berlin der TVEPS-modellen blir implementert og i tett samarbeid med HVL.</p> <p>TVEPS er med på ei rekkje søknader om eksterne midlar for å videreutvikle modellen.</p>
<p><b>Nasjonalt nettverk for helsetenesteforskning</b></p>	<p><a href="http://helsetjenesteforskning.org/nettverket/fagradet/medlemmer/">http://helsetjenesteforskning.org/nettverket/fagradet/medlemmer/</a></p>	<p>Møtestaden for alle med interesse for og ønske om å styrkje norsk helsetenesteforskning.</p> <p><a href="http://helsetjenesteforskning.org/">http://helsetjenesteforskning.org/</a></p>	<p>HVL bidrar gjennom å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Delta på konferansar i nettverket</li> <li>-Arrangere konferansar i nettverket</li> <li>-Delta på offentlege høyringar i regi av nettverket</li> <li>-Delta i styringsgruppa for nettverket</li> </ul> <p>Medlemskap i nettverket har bidratt til bygging av tverrfaglege nettverk nasjonalt, og knytt forskning på dei</p>



			kommunale helse- og omsorgstenestene, og forskning på pasientoverføringer mellom tenestnivå saman.
<b>Fagorgan i UHR Fagstrategiske einingar i UHR</b>	Universitet og høgskular i Noreg	Fagstrategiske einingar skal bidra til UHR si verksemd og mål gjennom strategisk og koordinerande arbeid innan dei respektive fag- og ansvarsområda..  Formålet med dei nasjonale fagorganane er å ivareta behovet institusjonane har for fagleg og administrativ utvikling, erfaringsdeling, samordning og nasjonal koordinering innanfor avgrensa fagområde.	HVL er medlem av arbeidsutvalet i UHR-Helse og sosial, og leier nasjonalt fagorgan for utdanning og forskning innen ergoterapi og ortopediingeniørfag. Frå 2024 leier HVL også det største fagorganet – utdanning og forskning innan sjukepleie.
<b>Foreningen for Forskning i Sosialt Arbeid i Norge (FORSA-Norge)</b>	Foreningen for Forskning i Sosialt Arbeid i Norge (FORSA-Norge) er ei samanslutning av personar som arbeider med og interesserer seg for forskning og utviklingsarbeid i feltet sosialt arbeid. <a href="http://forsanorge.no/om-forsa/">http://forsanorge.no/om-forsa/</a>	FORSA- Norge har som målsetting å fremme forskning og utviklingsarbeid innan området sosialt arbeid, og arrangerer ein FORSA-konferanse anna kvart år.	Tilsette ved HVL har i fleire periodar hatt verv i styret for FORSA på nasjonalt plan, både som leiar og som vanleg styremedlem HVL arrangerte i 2022 den nasjonale FORSA-konferansen i Bergen, med tema Bærekraft og sosial ulikhet. FORSA Norge er også medlem i FORSA-Norden.  For HVL har det å delta aktivt i FORSA gjennom mange år bidratt til eit omfattande nettverk i store deler av UH-sektoren og fagfeltet sosialt arbeid. Dette har vært nyttig med tanke på utvikling av vitskapeleg samarbeid, innspel til vidareutvikling av studiar på ulike nivå innanfor feltet og i tilgang til eksterne sensorar frå ulike deler av landet.
<b>KORFOR - Regionalt kompetansesenter for rusmiddel-forskning i HelseVest</b>	<a href="https://www.helse-stavanger.no/fag-og-forskning/kompetansetjenester/regionalt-kompetansesenter-for-rusmiddelforskning-i-helse-vest-korfor/">https://www.helse-stavanger.no/fag-og-forskning/kompetansetjenester/regionalt-kompetansesenter-for-rusmiddelforskning-i-helse-vest-korfor/</a>	KORFOR driv forskning og fagutvikling, nettverksbygging og undervisning. KORFOR fungerer som ein nettverksorganisasjon som både initierer og deltek i prosjekt lokalt, nasjonalt og internasjonalt	HVL er representert i referansegruppa til KORFOR. HVL-tilsette deltek i forskingsprosjekt og har stipendiatar som samarbeider med KORFOR. Forskingsgruppa PERSONFORSK samarbeider med KORFOR om prosjekt og sampublisering.

<b>Nettverk i samfunnsvitenskapleg og kvalitativ rusforskning</b>	Høgskulen på Vestlandet, Folkehelseinstituttet, Korus Stavanger, KORFOR og Universitetet i Stavanger.	Dette er eit nasjonalt nettverk som vender seg til alle som er engasjert i samfunnsvitenskapleg og kvalitativ rusforskning i Noreg. Føremålet er å styrkje vitenskapleg produksjon og utvikle samarbeid om vidare forskings- og utviklingsarbeid på feltet.	Gjennom årlege samlingar byggjer nettverket eit fagleg og sosialt fellesskap der forskarar frå heile landet møtast for å dele samfunnsvitenskaplege og kvalitative perspektiv på rusforskning i Noreg. HVL bidreg økonomisk til drifta av nettverket
---	---	---	--

### 11.1.3 Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap

Kunnskapsutvikling i fakultetet skjer mellom forskargruppene og utdanningsinstitusjonar i forskarskular, i næringslivsklynger, og offentleg sektor/forbund i helseklynger. Denne kunnskapsutviklinga og nettverksamarbeidet er både tverrfagleg, tverrprofesjonell og tverrsektoriell. Strategisk samarbeid med klynger og nettverk på Vestlandet er viktig for å gje sentrale bidrag til innovasjon gjennom kunnskapsdeling, og for utvikling og revisjon av studietilbodet på fakultetet sine utdanningar. Utdanningane skal vere praksisnære, forskingsbasert og innovative, med særskild fokus på studentaktiv læring og målretta bruk av digitale undervisnings- og vurderingsformer for auka kvalitet og robuste fagmiljø.

FTMS har fått tildelt eit SFU (senter for framifrå utdanning) innanfor simulering (COAST – Centre of Excellence in Maritime Simulator Training and Assessment). Senteret er eit samarbeidskonsortium mellom HVL, USN (vertsinstitusjon), NTNU og UIT, med siktemål å styrkje koplinga mellom undervisning, forskning og simulering, tett på arbeidslivets behov . Også innanfor HVL sitt maritime senter MarCATCH er forskarar og andre tilsette aktive deltakarar. Fakultetet deltar elles aktivt i klynger og nettverk og har eit tett samarbeid med maritim næring, myndigheiter og maritime utdanningsinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt, i tillegg til andre universitet og forskingsinstitutt nasjonalt og internasjonalt for å styrkje praksisnær utdanning, forskning- og utvikling.

Maritim Kompetanse mot 2020 (MARKOM2020) har sidan 2011 vore det viktigaste nasjonale prosjektet for å heve kvaliteten på norsk maritim profesjonsutdanning. Ny og oppdatert kunnskap og forskning er avgjerande for at Noreg held fram som ein verdsléiande havnasjon – og sikrar velstand og vekst i norsk økonomi. MARKOM2020 er en del av den nasjonale havstrategien og eit samarbeid mellom alle utdanningsinstitusjonar i Noreg som tilbyr maritim utdanning. Gjennom MARKOM 2020-satsing har HVL og dei tre andre

institusjonane som tilbyr maritim utdanning (NTNU, USN og UIT), kunna heve kompetanse hos fagtilsette med ein operativ bakgrunn opp til mastergrad og til doktorgrad/opprykk til professor. I tillegg har prosjektet finansierte mellom anna utvikling og igangsetjing av mastergrader innanfor fagområde hos dei fire deltakingande institusjonane, samt eit felles doktorgradsprogram (Nautiske operasjonar). Det er også gitt midlar til FoU-prosjekt som koplar saman institusjonane, men også har krav til ekstern deltaking frå næringslivet og /eller relevante offentlege institusjonar (t.d. Kystverket eller Sjøfartsdirektoratet).

I tillegg til etablerte og nyare nettverk relatert til forskings- og utdanningssamarbeid, har fakultetet etter oppretting av ph.d.-programma hatt ein aukande aktivitet inn mot nasjonale og internasjonale forskarskular. RESINNREG deltar i ulike forskarskular. I NORSI (Nordic Research School in Innovation and Entrepreneurship) – nettverket er «PHDINN908 Innovation and Sustainable Transition» eit populært kjernekurs, medan «PHDINN903 Understanding and Exploring Innovationer» er eit partnarkurs. I AFINO (Ansvarleg Forsking og Innovasjon i Noreg)- nettverket bidrar RESINNREG i skiping av sommarskule og med «PHDINN904 Doing Responsible Innovation».

Tabell 11.5: Liste over nasjonale nettverk – FTMS.

Nettverk	Medlemmer	Skildring	Aktiv deltaking
<b>GCE Ocean Technology</b>		HVL er partner i klynga GCE Ocean Technology, som er en av tre norske GCE-klynger med bedrifter som kan hevde seg i verdenstoppen.	Fleire fagpersonar og leiarar ved fakultetet har eit aktivt samarbeid med klynga. HVL har hatt tett samarbeid med klynga sidan oppstart. Relevante utdanningsprogram har vore utvikla i tett dialog med klynga. Klynga har vore tett samarbeidspartnar i utdanning og bidratt med gjesteførelsar, case til praksiskurs, bachelor- og masteroppgåver. Klynga har vore samarbeidspartnar i anvendte kurs i Ph.d.-programmet RESINREG. Klynga er samarbeidspartnar i fleire forskingsprosjekt knytt til teknologi og innovasjon.
<b>Arena Ocean Hyway Cluster</b>	Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning, SINTEF Ocean AS, Universitetet i Bergen, Universitetet i Sørøst-Noreg, BKK, Elkem, Aker clean hydrogen, Gasnor, Greenstat, Fuella, Hafslund E-CO, Liquiline, Norwegian	Næringslivklynge for å utnytte moglegheiter for nye hydrogenteknologiløysingar, og samarbeid mellom utdannings-institusjonar og industri for å stimulere innovasjon. Satsingsområde: Energi, natur og miljø /	Dekan ved FTMS er styremedlem i klynga. Fleire fagpersonar ved fakultetet har eit aktivt samarbeid med klynga. Fleire studentar har hatt praksis i klyngeorganisasjonen og i verksemdene i klynga, og fleire studentar har hatt bachelorprosjekt frå både klynga og medlemsverksemdene. Samarbeid knytt til utdanning og EVU. Klynga er og viktig

	Hydrogen, SFE, North ammonia, Shell, Statkraft mm.	Innovasjon og entreprenørskap	som samarbeidspartner i forskingsprosjekt.
<b>NCE Maritime Cleantech</b>	Høgskulen på Vestlandet, Noregs forskingsråd, SIVA, Innovasjon Norge, Norwegian Innovation clusters, ZESTAs, Zero-emission watersport transport, Gold label	Maritim næringsklynge for utvikling av nye energieffektive og miljøvennlige teknologiar. Fokus på berekraftig innovasjon og kommersielt potensial for nye reine maritime løysingar.  Satsingsområde: Energi, natur og miljø / Havteknologi / Innovasjon og entreprenørskap	Fagtilsette deltar på arrangement og konferansar. Tilsette i fakultetet var med å utvikla forløparen til klynga, og har i alle år seinare vore involvert i strategiprosessar og klyngeutvikling. I prosjektutvikling både når det gjeld forskning, utdanning og innovasjon er det tett kontakt med klynga. Klynga og verksemder knytt til klynga blir inkludert som partnerar i større søknadar.  HVL blir ofte involvert i store prosjekt i regi av klynga. Fleire studentar har hatt praksis og/eller skrive oppgåver for sjølve klynga, samt formidla til medlemsbedriftene.
<b>NCE Seafood Innovation Cluster</b>	Høgskulen på Vestlandet, Handelshøgskolen BI, Havforskningsinstituttet, Noregs handels- høgskule, Noregs miljø- og biovit-skaplege universitet, Nofima, NORCE Norwegian Research Center, Nord Universitet, SINTEF, NIVA, Veterinærinstituttet, Universitetet i Bergen, og 12 industripartnerar	NCE Seafood Innovation sitt mål er å bidra til berekraftig vekst av sjømat, gjennom innovasjonsprosjekter ved å fasilitere interaksjon mellom forskning og industri	HVL ved FTMS deltar på Executive Seafood Forum som klynga arrangerer, og på ei rekkje arrangement i regi av klynga. HVL bidrar no med eigeninnsats som betaling for medlemskap. Klynga har over år blir nytta som samarbeidspartner i FoU-prosjekt, som praksisplass for studentar og som arena for å treffe havbruksnæringa. Tilsette frå klynga har og vore nytta som førelesar over mange år, og klynga har vore med å utvikla felles arrangement med næringa. Klynga har og vore samarbeidspartner i anvendte kurs i doktorgradsprogrammet RESINNREG.
<b>NCE Media</b>	NCE Media er ei klynge som består av rundt 100 medlems- verksemder i mediabransjen samt Høgskulen på Vestlandet, BI, Universitetet i Bergen, NORCE, NHH, Universitetet i Agder, NOROFF, Universitetet i Stavanger.	NCE Media er ei nasjonal klynge innan media og mediateknologi.	Fleire fagpersonar ved fakultetet har eit aktivt samarbeid med klynga. Fleire studentar har hatt praksis i klyngeorganisasjonen og i verksemder i klynga, og fleire studentar har hatt bachelorprosjekt frå både klynga og medlemsverksemdene.

<b>NCE Finance Innovation Cluster</b>	<p>NCE Finance Innovation Cluster består av 90+ medlemsverksemd-er dessutan sentrale FOU-institusjonar som HVL, BI og UiB.</p>	<p>NCE Finance Innovation Cluster er ei nasjonal fintech-klynge som har mål om å styrkje det nasjonale fintech-økosystemet ved å fasilitere for innovasjonsprosessar og samarbeid innan finans og teknologi.</p>	<p>Fleire fagpersonar ved fakultetet har eit aktivt samarbeid med klynga. Fleire studentar har hatt praksis i klyngeorganisasjonen og i verksemdar i klynga, og fleire studentar har hatt bachelorprosjekt frå både klynga og medlemsverksemdene.</p>
<b>Norwegian Offshore Wind Cluster</b>	<p>Klynga har over 380 medlemsorganisasjonar i meir enn 12 land.</p>	<p>Norwegian Offshore Wind Cluster har som mål å vere den sterkaste forsyningskjeda for flytande havvind over heile verda.</p>	<p>Fleire fagpersonar ved fakultetet har eit aktivt samarbeid med klynga. Fleire studentar har hatt praksis i klyngeorganisasjonen og i verksemdar i klynga, og fleire studentar har hatt bachelorprosjekt frå både klynga og medlemsverksemdene.</p> <p>Clusteret informerer om utviklinga av havvind både i et globalt, europeisk og nasjonalt perspektiv og inviterer til møte, workshops, seminar, konferansar, internasjonale reiser, demonstrasjonar o.l</p>
<b>NOSCA Clean Oceans</b>	<p>Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, SINTEF, FRAMO, NORCE Norwegian Research Center, ALLMARITIM, BLUIMAPCT, DNV, Emar AS, Niva, PGS, Skarv Technology, PWC, Egersun Markleen, Henriksen, Jason, KSAT, Marinenviro, Maritime Robotics, NOFI, Nbsk, Miro, Norbit, NOFO, NorLense, NWP, TESS, Noren</p>	<p>Innovasjonsklynge for overføring av teknologi, kunnskap og kompetanse for å forhindre uønskte effektar (alge/plast) i havet, og utvikle berekraftige system, produkt og løysingar for verdikjeda.</p> <p>Satsingsområde: Havteknologi / Energi, natur og miljø / Innovasjon og entreprenørskap</p>	<p>HVL har styreplass i klynga, og ein instituttleiar ved FTMS er kontaktperson for klynga.</p> <p>Studentoppgåver og deltaking på Clean Oceans Arena</p>
<b>The Norwegian Solar energy cluster</b>	<p>Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger, NTNU Noregs teknisk-naturvitskaplege Universitet, Universitetet i Oslo</p>	<p>Solenergiklynge finansiert gjennom nasjonale programmet for næringsklynger Norwegian Innovation Clusters. Arena for samarbeid for berekraftige</p>	<p>Fleire fagtilsette er aktiv i klynga, både frå institutt for maskin og maritime studiar og frå institutt frå datateknologi, elektroteknologi og realfag.</p> <p>Klynga er nytta til formidling av forskings- og utdanningsaktiviteter. Den blir og nytta som ein arena for å møte industrielle</p>

	>100 industri partnerar	solenergiløysingar, gjennom nasjonalt/ internasjonalt økosystem for innovasjon og kommersialisering. Satsingsområde: Energi, natur og miljø	partnerar, og for forskarar til å oppdatere seg på feltet gjennom arrangement
<b>MARKOM2020</b>	Høgskulen på Vestlandet, NTNU teknisk-naturvitenskapleg Universitet, Universitetet i Sør-aust-Noreg, UIT Noregs arktiske Universitet	Institusjonelt utdannings- og forskingssamarbeid for å heve kvaliteten på norsk maritim profesjonsutdanning.	Heving av kompetanse hos fagtilsette med en operativ bakgrunn opp til mastergrad og til doktorgrad/ opprykk til professor. Finansiering av utvikling og igangsetjing av mastergrader innanfor fagområde i HVL, dessutan eit felles doktorgradsprogram (Nautiske operasjonar).  Tildeling av eit senter for framifrå utdanning (SFU). COAST «Centre of Excellence in Maritime Simulator Training and Assessment» er eit resultat av samarbeidet i MARKOM 2020 og vil styrkje koblinga mellom undervisning, forskning og simulering – tett på arbeidslivet sine behov.
<b>NMU Norsk Marint Universitets-konsortium</b>	Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Agder, Universitetet i Bergen, Noregs teknisk-naturvitenskaplege Universitet, NORD Universitet, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Sør-aust-Noreg, Noregs miljø- og biovitenskaplege Universitet, UIT Noregs Arktiske universitet, Universitetet i Sør-aust-Norge, Noregs Handelshøgskule	Institusjonelt samarbeid mellom norske universitet med betydeleg marin eller maritim profil, med medlemskap i The European Marine Board. Forum for utvikling av samarbeid innan marin og maritim forskning, utdanning og infrastruktur. Satsingsområde: Energi, natur og miljø	Instituttleiar ved institutt for maskin og maritime studier er styremedlem, medan dekan for FTMS sit i generalforsamling. NMU har bidratt til å koordinere UH-sektoren på det marine feltet.
<b>NTRANS</b>	Høgskulen på Vestlandet, NTNU, Universitetet i Oslo, Institutt for energiteknikk, SNF, Noregs Handelshøgskule,	Fokus på energisystemets rolle i omstillinga til nullutsleppsamfunnet. NTRANS forskarar underviser ved NoRen	26 konsortium møter i året. Viktig for nettverksbygging i forhold til FoU og brukarpartnerar—som har ført til nokon felles NFR-søknader. Det har også styrkt partnerskapet med andre UH-institusjonar på feltet.

	<p>SINTEF, Vestlandsforskning, med partnerar i bygg og industri, digital transformasjon, energiselskap, 6 kommunar.</p> <p><a href="https://www.vestforsk.no/nn/project/norwegia-n-centre-energy-transition-strategies-ntrans">https://www.vestforsk.no/nn/project/norwegia-n-centre-energy-transition-strategies-ntrans</a></p>	<p>sommarskole for ph.d.-studentar på energifeltet. FIN med blant leiarar i NTRANS. Satsingsområde: Energi, natur og miljø / Innovasjon og entreprenørskap,</p>	
<p><b>Nasjonalt testområde for autonome fartøy</b></p>	<p>Eit stort konsortium av 18 private og offentlege aktørar har gått saman om å skape eit nasjonalt testsenter for autonome fartøy på Haugalandet.</p>	<p>Målet er at norsk industri kan ta ein leiande posisjon innan autonome operasjonar i maritim sektor. Det er for eksempel planar om å teste IMS sin sjødrone i testområdet, noko som vil involvere fleire førelesarar frå nautikkutdanninga.</p>	<p>Institutt for maskin og maritime studier deltar i konsortiet som representant for academia.</p> <p>Nettverket har gitt HVL meir synlegheit, fleire mogelege samarbeidspartnarar i industrien og tilgang til maritim teknologi-cluster.</p>
<p><b>Forskingssenteret HyValue</b></p>	<p><a href="https://hyvalue.no/centre-partners">https://hyvalue.no/centre-partners</a></p>	<p>HVL er partner i forkingssenteret HyValue. Senteret skal utvikle kunnskap, metodikk og innovative løysingar for hydrogenenergi-berarar.</p>	<p>Prodekan for regional utvikling er styremedlem i klynga, medan prodekan for forking sit i generalforsamlinga. Ein forskar frå institutt for maskin og maritime studier er nestleiar for FME-en, medan andre forskarar er leiar eller nestleiar for arbeidspakkar.</p> <p>Forskarar frå både Handelshøgskulen HVL, institutt for maskin og maritime studiar og institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag deltar aktivt.</p> <p>Innovasjonsrådgivarar i fakultetet har jobba mykje med industrikontakt som grunnlag for industrideltakinga i FME-en.</p>
<p><b>Energiomstilling Vest</b></p>	<p>Energiomstilling vest er ei kunnskapsklynge beståande av Universitetet i Bergen, Norce, Høgskulen på Vestlandet, NHH, og Universitetet i Stavanger. Ei rekkje verksemder er industripartnerar</p>	<p>EoV skal fremje berekraftig energiomstilling gjennom å leggje til rette for auka samarbeid mellom næringslivet og academia, og mellom dei akademiske partnerane.</p>	<p>Dekan for FTMS sit i styret, medan prodekan for innovasjon og regional utvikling er i utvida leiargruppe. Fleire fagtilsette leier ulike faggrupper i klynga. Samarbeid kring større forskingssøknader. Industrirådet blir mellom anna nytta til forskingsformidling og tilbakemelding til UH-institusjonane på industrien sine behov i forking, utdanning og innovasjon.</p>



<p><b>NEON – Nettverk for organisasjons forskning i Norge.</b></p>	<p>Nettverket har om lag 700 medlemmer, og arrangerer kvart år ein konferanse, NEONdagene, som samlar mellom 150 og 200 deltakarar</p>	<p>Nettverket har som formål å styrkje organisasjonsforskninga i Norge og synleggjere fellestrekk og mangfald i eksisterande organisasjonsforskning.</p>	<p>Forskarar ved FTMS, og særskilt dei som er knytt til Handelshøgskulen, deltar jamleg på konferansar. Fagpersonar ved Handelshøgskulen har også viktige verv i organisasjonen. Dei bidrar til utvikle nasjonale og internasjonale nettverk for forskarar ved Handelshøgskulen.</p>
<p><b>INNOFF</b></p>	<p>Høgskolen i Innlandet, Fafo, Høgskolen i Molde, Høgskolen i Volda, Høgskolen i Østfold, Høgskulen på Vestlandet, NIFU, NORCE Research, NORD Universitet, Nordlandsforskning, NTNU, NTNU Samfunnsforskning, OsloMet, Ruralis, Sintef, Telemarksforskning,</p> <p>Universitetet i Stavanger, USN, Universitetet i Tromsø, VID.</p>	<p>INNOFF er eit nasjonalt nettverk for forskarar med formål å synleggjere og aktualisere forskning om innovasjonsprosessar i offentleg sektor, og forbetre samspelet mellom forskarar og mellom forskning og andre aktørar.</p> <p><a href="https://www.innoff.no/">https://www.innoff.no/</a></p>	<p>Forskarar ved FTMS som er knytt til pilaren 'public sector innovation' i RESINNREG har deltatt på INNOFF sine konferansar. Tilsette ved FTMS har også hatt sentrale verv i nettverket. Nettverket har vore viktig for å styrkje forskninga på 'public sector innovation' ved FTMS</p>
<p><b>Ansvarlig forskning og innovasjon i Norge (AFINO)</b></p>	<p>AFINO består av et konsortium av 9 universitet/forskningsinstitusjonar i Norge (NTNU, BI, Universitetet i Bergen, OsloMet, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger, HVL, NIFU, NORCE), samt NFR.</p>	<p>AFINO er eit nettverks- og læringsssenter for ansvarleg innovasjon og bedrifter sitt samfunnsansvar i Norge.</p>	<p>Handelshøgskulen ved FTMS leiar eit av forskingsprosjekta (SALMANSVAR) som er knytt til dette læringsssenteret og har vore bidragsytar på fleire av samlingane Medverkar til nettverksbygging innanfor temaet ansvarleg innovasjon. Fleire PhD-kandidater i RESINNREG har deltatt på AFINO samlingar.</p>
<p><b>HIFO – den norske historiske forening</b></p>	<p><a href="https://hifo.no/hva-er-hifo/">https://hifo.no/hva-er-hifo/</a></p>	<p>HIFO er ein organisasjon for historikarar i Noreg, og representerer det samla nasjonale fagmiljøet for historikarar. Foreininga arbeider for å fremje historieforskning og for å styrkje historiefaget, både i skuleverket, i høgare utdanning og i offentlegheita.</p>	<p>Historiefagmiljøet ved HVL deltar aktivt i foreininga og var i 2023 arrangør av den årlege konferansen som då vart arrangert i Sogndal.</p> <p>Medverkar til nettverksbygging innanfor historiefagleg utdanning og forskning.</p>

<b>INCLUDE</b>	<a href="https://www.sum.uio.no/include/">https://www.sum.uio.no/include/</a>	FME Include, koordinert av UiO, skal få fram kunnskap om korleis vi kan realisere eit sosialt rettferdig lågutslepps-samfunn gjennom felles prosessar og nære samarbeid mellom forskning og offentleg, privat og frivillig sektor.	Forskarar ved FTMS, og særskilt dei som er knytt til Handelshøgskulen, deltar i forskingssenteret og som del av senteret sitt internasjonale rådgivande styre. Medverkar til å utvikle nasjonale og internasjonale nettverk for forskarar ved Handelshøgskulen.
<b>Profesjonsetisk nettverk</b>	<a href="https://profesjon.no/">https://profesjon.no/</a>	Fagleg arena for profesjonsetikk i Noreg.	Forskarar ved FTMS, og særleg dei som er knytt til Handelshøgskulen, deltar jamleg på konferansar. Fagpersonar ved Handelshøgskulen har også viktige verv i organisasjonen. Medverkar til å utvikle nasjonale og internasjonale nettverk for forskarar ved Handelshøgskulen.
<b>INTRANSIT</b>	<a href="https://www.sv.uio.no/tik/english/research/centre/intransit/">https://www.sv.uio.no/tik/english/research/centre/intransit/</a>	INTRANSIT er eit 8-årig forskingssenter (2019–2026) finansiert av Noregs forskingsråd.  Senter for studiar av innovasjonspolitik for industriell transformasjon, berekraft og digitalisering (INTRANSITT) har fokus på å forstå korleis norsk økonomi kan gjerast smartare og meir berekraftig gjennom industriell transformasjon.	Forskarar ved FTMS, og særleg dei som er knytt til Handelshøgskulen, deltar jamleg på konferansar.  Fagpersonar ved Handelshøgskulen har også viktige verv i organisasjonen. Medverkar til å utvikle nasjonale og internasjonale nettverk for forskarar ved Handelshøgskulen. HVL-tilsett er ein del av advisory board.

## 11.2 Internasjonale nettverk

Føremålet med å delta i internasjonale institusjonelle nettverk er å leggje til rette for at HVL som institusjon, gjennom tilsette som deltar aktivt, held seg oppdatert og er med på å påverke utviklinga i høgare utdanning og forskning generelt og innanfor relevante områder spesielt. Dei viktigaste nettverka på institusjonsnivå er kort presentert i tabellen.

Tabell 11.6: Liste over internasjonale nettverk på institusjonsnivå.

Nettverk	Medlemmer	Skildring
<b>European University Association (EUA)</b>	Organisasjonen har 850 medlemsinstitusjonar i 47 land med til saman meir enn 17 millionar studentar. Hovudkontor ligg i Brussel.	EUA jobbar for å representere universiteta sine interesser gjennom å påverke politiske beslutningsprosessar på europeisk nivå innan fem prioriterte område. HVL deltar på årlege konferansar og på utvalde faglege forum m.a. teaching and learning forum.
<b>Southern African – Nordic Network (SANORD)</b>	SANORD er eit institusjonsnettverk av universitet og høgskular i dei nordiske landa og i det sørlege Afrika. Nettverket vart etablert i 2007 av mellom anna Universitetet i Bergen og University of Western Cape og formålet er å vera ein møteplass for institusjonsleiarar og forskarar for å fremje dialog og samarbeid.	SANORD skal fremje multilateralt forskings- og utdanningssamarbeid mellom akademiske institusjonar i Norden og det sørlege Afrika. SANORD fremjar også andre samarbeidsaktivitetar i form av faglege konferansar, seminar og workshops, tilbod av utdanningsprogram og kurs for nordiske og afrikanske studentar, kontakt med næringsliv og media. HVL har hatt vervet som styreleiar i perioden 2022–2023, og var saman med UiB vertskap for SANORD konferansen i 2021.
<b>European University Foundation (EUF)</b>	EUF har 22 medlemsuniversitet og 36 assosierte medlemsinstitusjonar, mellom anna HVL. <a href="https://uni-foundation.eu/">https://uni-foundation.eu/</a>	EUF har som mål å bidra til modernisering av det europeiske høgare utdanningsområdet (EHEA). HVL deltar på årlege konferansar.
<b>International Association of Universities (IAU)</b>	IAU har medlemmar i 130 land og opptre på vegner av medlemmene i høve til UNESCO og andre internasjonale høgare utdanningsorganisasjonar.	I regi av UNESCO, og er i dag den leiande globale assosiasjonen for høgare utdanningsinstitusjonar og organisasjonar frå heile verda. Prioriterte område for IAU er: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leiarskap</li> <li>• Berekraftig utvikling</li> <li>• Internasjonalisering</li> <li>• Teknologi</li> </ul> HVL meldte seg inn i 2020, og deltok på den årlege konferansen i 2022.
<b>Nordic Association of University Administrators</b>	65 universitet og høgskular er medlem i NUAS, der 15 av dei er norske institusjonar. Nettverket er organisert i 15 ulike interessegrupper, som alle arrangerer aktivitetar, til dømes webinar,	Nordic Association of University Administrators er ein medlemsdriven samarbeidsorganisasjon etablert i 1976. Målet til nettverket er å styrkje og utvikle forholdet mellom nordiske institusjonar for høgare utdanning,

	arbeidsverkstadar og konferansar, knytt til sitt tematiske område.	og å samarbeide om forbetring og profesjonalisering av administrative løysingar i universitetssektoren. HVL meldte seg inn i NUAS i 2024.
<b>Scholars at risk</b>	SAR-nettverket består i dag av over 500 universitet, høgskular og assosierte medlemmar frå om lag 40 land	Dei kjempar saman for grunnleggjande menneskerettar særleg knytt til akademikarar og det globale akademiske samfunnet. I Noreg er samtlige universitet, UHR, SAIH og ei rekkje høgskular medlemmer. Den norske seksjonen av SAR vart etablert i 2011. HVL har tatt imot 3 forskarar gjennom SAR så langt. HVL sit i styringsgruppa i SAR Norway og deltar på medlemsmøte.
<b>Students at risk</b>	StAR vart initiert av studentorganisasjonar (SAIH og NSO) i Noreg i 2012. Pilotprogrammet starta i 2015.	Students at Risk (StAR) er eit program som gir forfølgde studentaktivistar høve til å fullføre den høgare utdanninga si i Noreg. Føremålet er at studenten skal vere betre rusta til å fortsetje kampen for menneskerettar og demokrati i eige land med ein akademisk grad og eit internasjonalt nettverk. HVL melde seg inn i 2021.

HVL har som målsetjing å ta ein internasjonal posisjon, dette blir best spegla i dei faglege internasjonale nettverka og prosjekta HVL deltar i. Under er ei skildring av den faglege internasjonale aktiviteten retta mot utdanning og FoU, og korleis dette heng saman med kvalitetsutvikling i HVL. For kvart fakultet er det ein tabell med oversikt over dei viktigaste internasjonale nettverka.

### 11.2.1 Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

FLKI har eit stort fagmiljø innanfor kunst, kreativitet og kulturelle praksisar, ei rekkje eksternfinansierte prosjekt og eit stort internasjonalt nettverk. Forskargruppa for praktiske og estetiske fag og fagdidaktikk har bygd opp ein solid prosjektportefølje saman med sine internasjonale partnarar. Ein viktig del av dette er initiativet Global Science Opera som har som mål å produsere ein årleg opera der eit globalt fellesskap utforskar vitskap, kunst og teknologi gjennom ein kreativ og demokratisk prosess. I dag har miljøet fleire prosjekt som

byggjer vidare på dette samarbeidet og som er finansiert av Erasmus+. <sup>125</sup> Kreativitet er viktig også i naturfagmiljøet ved FLKI, noko som blir utforska i Horisont Europa-prosjektet SENSE, som HVL er koordinator for. Prosjektet skal ta føre seg korleis naturfagundervisninga i Europa kan optimaliserast, mellom anna ved å kople den til kunst og sanseleg tenking, og konsortiet i prosjektet er eit sterkt lag med partnerar frå Skottland, England, Frankrike og Tyskland. I tillegg er nettverket «Women engaged for our common future» med, gjennom organisasjonen sin i Georgia.

Fagmiljøa knytt til barnehagelærerutdanninga deltar aktivt i internasjonale nettverk og samarbeid. BARNkunne vart etablert som forskingssenter med støtte frå Forskingsrådet i 2018 og har sidan blitt eit senter for barnehageforskning. Senteret samarbeider tett med partnerar og miljø internasjonalt i Norden, i tillegg til fleire land i Europa, Australia og Kina. HVL har ei nøkkelrolle i nettverket OMEP World, som er ein internasjonal, uavhengig organisasjon (NGO) som har rådgivande status hos UNESCO og UNICEF og er representert ved Europarådet. Særleg viktig for BARNkunne er nettverket med Göteborgs Universitet, eit samarbeid som er prega av integrasjon mellom praksis og FoU, og som også omfattar studentutveksling. Partnerane deler datamateriale mellom institusjonane og er gjensidig involvert i doktorgradsutdanninga hos kvarandre, som til dømes gjennom forskarskular, undervisningstilbod, midtvegsevalueringar og disputasar. Forskarutveksling er eit tiltak i det faglege nettverket, der også sampublisering og utvikling av prosjekt og søknader står sentralt. Samarbeidet med Göteborgs universitet er både eit godt døme på korleis fagmiljø ved HVL nyttar internasjonale samarbeid i den faglege utviklinga og eit uttrykk for at dette doktorgradsområdet ved HVL er ein attraktiv samarbeidspartnar for internasjonale institusjonar.

ALTE (Association of Language Testers in Europe) er eit nettverk for det internasjonale feltet som arbeider med testing og vurdering av språkferdigheiter, og eit nettverk for fagmiljøa som arbeider med språk i FLKI. Gjennom ALTE har fagmiljøa opparbeidd eit stort nettverk av kollegaer i dei fleste land i Europa. Dette har vore eit nyttig nettverk i samband med Forskingsråd-søknad til prosjektet IMPECT. IMPECT er eit prosjekt som arbeider med lingvistisk integrasjon av vaksne migrantar med låg utdanning og konsekvensane av migrasjonstestar, og er finansiert av Forskingsrådet. Prosjektgruppa består av forskarar i bl.a. Noreg, Nederland, Italia og Belgia med fagbakgrunn i testforskning og testetikk, andrespråkslingvistikk, sosiolingvistikk og jus.

---

<sup>125</sup> GSO4School, AMiE, og Next step.

Nettverket SANORD som HVL er medlem av, og som omfattar universitet i Sørlege Afrika og Norden, er viktig for det internasjonale samarbeidet på FLKI. Eit døme på dette er forskargruppa COMPETE, ei tverrfagleg forskargruppe som utforskar spenningsfeltet kor politikk og reformer møter lærarprofesjonen i praksis, som har prosjektsamarbeid med SANORD-medlemmer som involverer praksisfeltet både i Noreg og i Sør-Afrika.

Tabell 11.7: Liste over internasjonale nettverk FLKI.

Nettverk	Medlemmer	Skildring	Aktiv deltaking
<b>Design Research Society (DRS) – Design Education Special Interest Group (EdSig)</b>	Internasjonalt nettverk for forskning innanfor arkitektur, design og kunst. Medlemmar frå heile verda.	Nettverket EdSig i DRS har søkjelyset på utdanning, frå barnehage- til profesjonsutdanning. EdSIG samlar designforskarar, lærarar, praktikarar og alle som er ansvarlege for designutdanning med sikte på å dele og forbetre undervisningspraksis. EdSIG arrangerer konferanseserien Learn X Design, som har gått annakvart år sidan 2011	HVL, sit i Convening group som leiar arbeidet i SIG'en.
<b>Nordic Network for Music Education (NNME)</b>	Nettverket blir utgjort av <a href="#">18 utvalde institusjonar</a> som representerer dei fem nordiske- og dei tre baltiske landa	NNME er eit nettverk innanfor Nordplus. Aktivitetane inkluderer eit årleg intensivt felles masterkurs og mobilitetsmogeleg-heit for lærarar og studentar. Nyare prosjekt har handla om tema som globalisering og digitalisering.	HVL (tidlegare HiB) har administrert dette nettverket i over 25 år. Det er det einaste nettverket som profesjonaliserer musikk-lærarutdanninga på masternivå på tvers av dei nordiske og baltiske landa. Nettverket har utvikla mange felles internasjonale kurs, publikasjonar og nettressursar, og sponsa utveksling av lærarar og studentar.
<b>Nordic Network for Research in Music Education (NRME)</b>	Nettverket vert utgjort av einskildmedlemmer og institusjonsmedlemmer frå alle dei nordiske landa. Nettverket har eit styre med ein representant frå kvart land, og ei generalforsamling med	NRME er eit forskingsnettverk, og aktivitetane inkludere ein årleg nordisk konferanse med eigen PhD-dag, og konferansen inkluderer bidrag frå både PhD-studentar og seniorforskarar.	HVL er representert i generalforsamlinga, og i tillegg deltek einskildmedlemmar på konferansar og publiserer i tidsskriftet. Det nordiske nettverket har vore heilt avgjerande for utviklinga av fag- og forskingsområdet musikkpedagogikk i dei nordiske landa sidan 1990-tallet, dette gjeld også for HVL. Nettverket er eit

	representantar frå kvar medlemsinstitusjon.	Nettverket eig og driftar tidsskriftet Nordic Research in Music Education (nivå 1) - <a href="https://nrme.no/index.php/nrme">https://nrme.no/index.php/nrme</a>	forskingsselleskap for nordiske forskarar. Eit konkret døme er forskingsprosjektet FUTURED, der både gjesteforskarar og referansegruppemedlemmer (scientific advisory board) var rekruttert frå nettverket.
<b>Teacher Education Network</b>	University College UCC (DK-København), Via University College (DK-Århus), Via University College (DK-Silkeborg), Universitetet i Stockholm, Gøteborg universitet, Daugavpils University (LV), Universitetet i Riga (LV), Estonian Academy of Music and Theatre (EE), University of Iceland (IS), University of Helsinki Dept of Teacher Education (FI), Vilniaus kolegija / University of Applied Sciences (LT) og HVL	Nettverket har hovudvekta retta mot estetiske fag i opplæringa, og søker mellom anna å gi ei komparativ forståing for interdisiplinære læringskonsept i nordisk og baltisk lærarutdanning innanfor barnehage og skole. Nettverket har gjennom fleire år arrangert intensivkurs med ei vekes omfang, som gir 3 ECTS uttelling.	Koordinert av BLH/HiB/HVL sidan første halvdel av 1990-talet.
<b>ALTE – Association of Language Testers in Europe</b>	ALTE vart grunnlagd i 1989 av University of Cambridge (UK) og Universidad de Salamanca (Spania), har i dag <a href="#">33</a> medlemmer, <a href="#">100</a> <a href="#">assosierte medlemmer</a> , og over 500 individuelle medlemmer.	Standing Committee driv kvalitetssikring av europeiske språkprøvar og leiar i tillegg ei prosjektgruppe om språkleg integrering i migrasjonskonteksten, kalla LAMI (Language Assessment for Migration and Integration).	HVL er representert i ALTE som expert member og valgt medlem i Standing Committee (siden 2015, valgt inn for andre periode). Dette har vore eit nyttig nettverk m.a. i samband med Forskningsråd-søknad til prosjektet IMPECT
<b>NERA – Nordic Educational Research Association</b>	Universitet, høgskular og pedagogiske forskingsmiljø i Norden, m.a. HVL	NERA, grunnlagt i 1972, har etablert seg som ein møteplass for utdanningsforskarar i Norden. Kjerneaktivitetane er ein årleg fagfelleverdert konferanse, produksjon av tidsskriftet Nordic Studies of Educational Research, dessutan støtte det pågåande arbeidet til dei konstituerande nettverka.	HVL er tidsskrift-redaktør i Nordic Studies in Educational Research



<p><b>OMEP – World Organisation for Early Childhood Education.</b></p>	<p>OMEP har 67 medlemsland i 6 verdsdelar og blei starta i 1948.</p>	<p>OMEP er ein internasjonal, uavhengig organisasjon (NGO) som har rådgivande status hos UNESCO og UNICEF og er representert ved Europarådet.</p> <p>OMEP sitt mandat er å fungere som nettverk for personar over hele verda som arbeider for småbarn si optimale utvikling i familie, institusjon og samfunn. OMEP world held årlege verds-kongressar og verdsråd.</p>	<p>HVL-tilsett er World Tresurer og medlem av OMEP Excecutive committee. Ho deltar aktivt i policy dokument gjennom arbeidet i OMEP Executive Committee. <a href="#">OMEP – Omepe World</a></p>
<p><b>BIN-NORDEN</b></p>	<p>Barnekultur i Norden er et forskarnettverk med 300 medlemmer i dei nordiske landa</p>	<p>BIN-Norden er basert på humanistiske, samfunnsvitskaplege, kulturhistoriske og estetiske studiar. Det er ei vidareføring av nordiske nettverk og forskingssamarbeid sidan 1970-talet. Opphavelag var fokus på litteratur og nye medier for barn, barnefolklore og deira munnlege uttrykk; no er alle humanistiske studiar basert på ei kulturhistorisk, kultur-teoretisk og estetisk tilnærming inkludert.</p>	<p>Miljøet ved BARNkunne ved HVL, hadde sekretariatet for nettverket i 6 år frå 2020–2016.</p> <p>To HVL-tilsette er styre-medlemmer. BIN-Norden arrangerer nettverks-konferansar i dei nordiske landa anna kvart år. HVL arrangerte konferansen våren 2023</p>
<p><b>The European Society for Research in Mathematics Education (ERME)</b></p>	<p>Forskarnettverk med individuelle medlemmer</p>	<p>Nettverket arrangerer kongressar med eit breitt spekter av tema for å dra nytte av det rike mangfaldet i europeisk forskning. Det blir arrangert sommarskular der erfarne forskarar jobbar saman med ny-</p>	<p>HVL-tilsett leier ei gruppe på “the Early Career mathematics education symposium”, der ein utviklar kompetanse på forskning på matematikk lærarutdanning hjå Ph.d.-studentar frå heile Europa.</p>

		begynnarar, og andre tematiske aktivitetar. Nettverket fremjar og støttar samarbeidsaktivitetar om felles tema, emne og interesser	
--	--	--	--

### 11.2.2 Fakultet for helse- og sosialvitenskap

FHS er ein aktiv part i The European Forum for Primary Care (EFPC) og var i september 2021 vertskap for den årlege EFPC-konferansen. Målet for EFPC er å forbetre helsa til innbyggjarar gjennom å fremje primærhelsetenesta. Forumet søkjer å utvide medlemsbasen og vil bli det leiande forumet for å styrkje primærhelsetenesta i Euopa. I forumet er det mellom anna utvikla “Worldwide Elements To Harmonize Research In long-term care liVing Environments (WE-THRIVE)” som ein basis for det langsiktige målet om å utvikle ein internasjonal forskingsinfrastruktur på langtidspleie (LTC) som kan styrkje motstandsdyktigheit og trivsel blant LTC-pasientar, familie og stab. WE-THRIVE er eit globalt konsortium i vekst av LTC-forskarar som kjem frå både låg-, middels-, og høginntekstland. Fakultetet for helse- og sosialvitenskap ved HVL er også medlem av det europeiske forskarnettverket PRIMORE, som har mål om å styrkje internasjonaliseringa av norsk omsorgsteneste- og primærhelseforskning. Dette er eit stort tiårig samarbeid mellom sju land i Nord Amerika og Europa, og som har resultert i fleire underprosjekt.

Gjennom aktiv deltaking i eit internasjonalt nettverk har HVL saman med partnerar fått tildelt Erasmus+-midlar til to prosjekt som har som mål å auke fysioterapeutar sin kompetanse i møte med flyktningar. HVL leier begge prosjekta – først Physiotherapy and Refugees Education Project (PREP) som var tildelt Erasmus+-midlar i 2019, og deretter PREP IP, som har fått midlar til aktivitetar i perioden 2021–2024. PRP IP-prosjektet responderer på behovet profesjonsutøvarar innanfor rehabilitering har for å utvikle nøkkelkompetanse for å møte dei unike helseutfordringane flyktningar har. Det overordna målet er å medverke til betre helse for denne målgruppa, dessutan til inkludering.

Nordic Nurse Competence Study er eit nordisk forskingssamarbeid der HVL deltar, der det overordna føremålet er å etablere kunnskap om korleis sjukepleiarar vurderer eigne kompetanse- og kunnskapsutfordringar, frå dei er nyutdanna og i løpet av dei 10 første yrkesaktive åra. Studien blir utført samtidig i alle nordiske land. Denne longitudinelle studien gir tidsseriedata, der ein kan følgje langsiktige utviklingstendensar hjå sjukepleiarar. Studien

kan avdekkje stabilitet og endring ved å samanlikne data på ulike tidspunkt, og gje innsikt i kompetanse- og kunnskapsutfordringar innan ulike delar av helsesektoren.

HVL er medlem i forskarskulen BSRN – the Baltic Sea Region and Nordic Network for Personalized Health Care, der til saman ni utdanningsinstitusjonar frå ni land er medlem. Dette nettverket arrangerer årleg ein ph.d.-sommarskule som går over tre dagar. Ansvar for dette arrangementet går på omgang og i 2022 har HVL ansvar for program og gjennomføring og 30 stipendiatar og 10 seniorforskarar deltar. Alle emne ved ph.d.-programmet er opne som enkeltemne for eksterne deltakarar og fleire trekkjer til seg frå andre akademiske institusjonar og samarbeidspartnarar i Noreg.

Tabell 11.8: Liste over internasjonale nettverk FHS.

Nettverk	Medlemmer	Skildring	Aktiv deltaking
<b>EFPC – European Forum for Primary Care</b>	Om lag 100 institusjonsmedlemmer, i tillegg til individuelle medlemmer og assosierte medlemmer frå heile Europa	Målet til forumet er å forbetre helsa til befolkninga ved å fremje sterk primærhelse. Dette blir gjort ved å fremje primærhelsetenesta, ved å generere data og kunnskap om primærhelsetenesta og ved å utveksle informasjon mellom medlemmene.	HVL har deltatt gjennom -konferanseplanlegging for EFPC -konferansedeltaking med workshops, og bidrag til konferanseleing. -arrangering av Master courses for PhD-studentar og unge forskarar -forfattarskap knytt til vitenskaplege position paper-artiklar -medlem i vitenskapleg referansegruppe. Deltakinga har styrkt -europeisk tverrfagleg nettverksbygging knytt til omsorgs- og primærhelsetenesteforskning -brubygging mellom forskarar, praktiskarar og beslutningstakarar.
<b>Re-imagining Long-term Residential Care</b>	HVL deltar i nettverket med fleire fagtilsette og stipendiatar. <a href="https://reltc.apps01.yorku.ca/our-team/partners">https://reltc.apps01.yorku.ca/our-team/partners</a>	Et stort tiårig Nord Amerika-Europa samarbeid mellom sju land som har resultert i flere underprosjekt. Prosjektet blir leia av York University, Toronto, Canada og finansiert av det kanadiske forskingsrådet.	HVL tilsette har deltatt i -tverrfagleg forskning på tvers av seks ulike deltakarland -publikasjonar -konferanseplanlegging og konferansebidrag Dette nettverket har bidratt til: - internasjonalisering av HVL si forskning -internasjonalt forskarnettverk -etablering av norske forskingsinitiativ knytt til kommunale helse- og omsorgstenester

<p><b>Reable – internasjonalt nettverk for forskarar innan kvardags-rehabilitering.</b></p>	<p>Nettverket består av 55 medlemmer frå 12 land. <a href="https://reable.auckland.ac.nz/">https://reable.auckland.ac.nz/</a></p>	<p>Formålet med nettverket er å fremje eit internasjonalt forskingsnettverk for informasjonsutveksling om publikasjonar og reablement-nyheiter frå medlemslanda, søkje om forskingsmidlar for å utvikle felles forskingsprosjekt, publikasjonar og konferansebidrag, og anvende eit tverr-profesjonelt perspektiv for å kritisk undersøkje ideen bak reablement og implementering i ulike geografiske kontekstar.</p>	<p>HVL koordinerer ReAble nettverket</p>
<p><b>Nordic Nurse Competence Study.</b></p>	<p>Háskóli Íslands Háskólinn á Akureyri Högskolan Dalarna Åbo Akademi Høgskulen på Vestlandet VIA University College, Danmark Yrkeshögskolan Novia NTNU Master klinisk sykepleie, HVL</p>	<p>Nordic Nurse Competence Study er eit nordisk forskingssamarbeid der det overordna føremålet er å etablere kunnskap om korleis sjukepleiarar vurderer eigne kompetanse- og kunnskapsutfordringar.</p>	<p>Studien blir leia av HVL</p>
<p><b>Centre for Care</b></p>	<p>Centre for Care er eit britisk centre for excellence leia av Univ. of Sheffield som HVL er assosiert partner i.</p>	<p>Centre for Care er eit ESRC-forskingssenter som adresserer press og ulikheiter i korleis barn, unge og vaksne opplever sosial omsorg.</p>	<p>HVL-tilsette har bidratt til -forskning på tvers av dei internasjonale deltakarlanda i nettverket -konferanseframlegg</p> <p>Nettverket, basert på et nyleg etablert britisk Centre of excellence, har bidratt til -internasjonalisering av SOF og HVL si forskning -konferansedeltaking -publisering</p>
<p><b>The Evidence-Based Research Network</b></p>	<p>EBRNetwork har medlemmer frå heile verda. Ein kan bli medlem ved å betale medlemsgebyr. Inntil vidare er medlemskap berre for enkelt-personar, men i</p>	<p>EBRNetwork har som mål å fremme:</p> <p>Ingen nye forskingsstudiar utan føregåande systematisk gjennomgang av eksisterande evidens/kunnskap</p>	<p>HVL (I 2014: HiB) var staden der EBRNetwork blei stifta. Fagseksjon for kunnskapsbasert praksis (KBP) arrangerte møter for EBRNetwork, og søknad om COST Action skjedde i tett samarbeid mellom KBP og EBRNetwork. HVL blei "Grant Holder" for EVBRES – eit prosjekt under EBRNetwork/HVL. Kort sagt:</p>

	framtida reknar ein med å tilby organisasjons-medlemskap.	Systematiske oversikter skal vere effektivt produserte, oppdaterte og tilgjengelege.	HVL var avgjerande for at EBRNetwork vart etablert.  I dag støttar HVL EBRNetwork administrativt og tilbyr støtte til EBR Handbook, kurs og ebrnetwork.org. HVL skal arrangere ein felles konferanse i 2025 og deretter anna kvart år.
<b>Cochrane Norway</b>	Høgskulen på Vestlandet (HVL), Folkehelseinstituttet (FHI), Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU),  Nasjonal kompetanse-tjeneste for læring og mestring innen helse (NK LMH), Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI), the Cochrane People, Health Systems, and Public Health Thematic Group.	Cochrane Collaboration (Cochrane) er ein internasjonal, ideell og uavhengig organisasjon. Cochrane sine medlemmar og støttespelarar kjem frå meir enn 190 land over heile verda. Dette globale uavhengige nettverket samlar forskning og kunnskaps-oppsummeringar om spørsmål knytt til helse og velferdstema.  Cochrane og Cochrane Norway har ein samarbeidskontrakt som slår fast at HVL er vertskap for Cochrane Norway. Cochrane Norway er en av dei ca. 50 geografiske Cochrane gruppene som er spreidd over heile verda.	HVL overtok leiarskapet frå FHI i 2023. HVL-tilsette deltek på den årlege internasjonale fysiske Cochrane-konferansen. Cochrane Norway arrangerer aktivitetar som webinar og workshops.  Døme på fordeler HVL har ved å vere del av Cochrane-nettverket er knytt til internasjonalisering: internasjonale mobilitetsprogram, engasjeringsplattform, læringsressursar og andre samarbeidsprosjekt i Cochrane.  Gjennom å vere vertskap for Cochrane Norway, bidrar HVL til samfunnsdiskursen ved å formidle påliteleg og oppdatert kunnskap som kan styrke nasjonale tenester. Dette engasjementet gir også HVL høvet til å påverke internasjonale helse- og velferdspraksisar.

### 11.2.3 Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap

HVL har utvikla samarbeid med fleire europeiske universitet gjennom alliansen Artemis, som har vore basisen for utvikling av ein europeisk universitetsallianse (EUI-søknad). Gjennom dette arbeidet har HVL også utvikla fleire prosjekt med einskilde medlemmer av denne alliansen, mellom anna eit mobilitetsprosjekt med Ovidius University i Romania. Prosjektet er finansiert av EØS, og målet med prosjektet er å auke kunnskap om berekraftig entreprenørskap, både med opplæring av tilsette og studentar ved Ovidius universitet. Dette skal gjerast gjennom fem kortidsbesøk, COIL-modular (collaborative online international learning) og beste praksis i besøk til lokale verksemder og organisasjonar. Ein ønskjer også å styrkje samarbeid mellom HVL og Ovidius for betre utdanning, forskning og engasjement i lokalsamfunnet i de to regionane.

FTMS er også ein medlem av nettverket Global Mobilities network. Dette nettverket er ei verdsomspennande samling av mobilitetsforskarar, aktivistar og deira partnerar i industri, politikk og samfunn for å utvikle analyse og metode i mobilitetsparadigmet. Eit anna viktig nettverk for HVL er det internasjonale nettverket NECTAR – The Network on European Communications and Transport Activity Research. Dette er eit nettverk som fører saman forskarar som forskar på transport, kommunikasjon og mobilitet i alle europeiske land og også i resten av verda.

Internasjonale nettverk blir ofte synleggjort gjennom forskingsprosjekt, og er ein vesentleg føresetnad for å få gjennomslag for søknadar. FTMS er medlem i det europeiske nettverket European Energy Research Alliance (EERA), og leiar av H2020-prosjektet EERAdata «Towards a FAIR and open data ecosystem in the low carbon energy research community», med 6 europeiske partnerar. FTMS er også partner i H2020-prosjekta DRES2Markets, og COMETS, der forskingssamarbeida, med fokus på energitransisjon og sosial innovasjon, sikker og rein/effektiv energi, og fornybar energikapasitet i marknaden, er relevant for masterutdanninga (Climate Change Management) og ph.d.-utdanninga RESINNREG (grøn innovasjon). Fakultetet er òg partner i H2020-prosjektet COEMS – Information and Communication Technologies, relevant for fakultetet sine aktivitetar i ph.d.-programmet Datateknologi, og H2020 prosjektet RRI2SCALE – Integrate society in science and innovation, relevant for fakultetet sine aktivitetar i ph.d-programmet RESINNREG.

HVL var tidleg ute med å etablere hydrogenteknologi som fag i høgare utdanning og har deltatt i fleire internasjonale prosjektsamarbeid og forskingssenter knytt til dette. HVL er partner i det NORCE-leia forskingssenteret for miljøvenleg energiforskning HyValue finansiert av forskingsrådet. Nyleg vart EU-prosjektet H2COVE tildelt midlar til eit fireårig prosjekt som skal auke kompetansen på hydrogen. Fem regionar i Europa, blant dei Vestland, har no blitt plukka ut til ei satsing som skal bidra til å løfte hydrogenkompetansen og styrkje internasjonalt samarbeid. Bak initiativet står Vestland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen Vestland, Saga Fjordbase og katapultsenteret Sustainable Energy.

Tabell 11.9: Liste over internasjonale nettverk FTMS.

Nettverk	Medlemmer	Skildring	Aktiv deltaking
<b>European Energy Research Alliance (EERA)</b>	250 organisasjonar frå 30 land	<p>European Energy Research Alliance (EERA) er ein medlemsbasert, ideell allianse som utgjer det største lågkarbonenergi-forskingsmiljøet i Europa og er ein nøkkelaktør i EU sin strategiske energiteknologiplan (SET). Den blei etablert i 2008 av leiande forskingsinstitutt for å utvide og optimalisere EU si energiforskingsevne.</p> <p>EERA koordinerer sine aktivitetar gjennom 18 felles program som gir verdsleiande vitenskapleg ekspertise på tre pilarar: lågkarbonteknologiar, material og systememne.</p>	HVL er aktiv i Joint Programme "Digitalisation for Energy"
<b>International Association of Maritime Universities (IAMU)</b>	<p>IAMU har no over 69 universitet/ institusjonar som medlemmer fordelt over heile verda.</p> <p>The Nippon Foundation, ei stifting som gir stipend til diverse formål, er også ein viktig medlem.</p>	HVL ved FTMS er medlem i International Association of Maritime Universities (IAMU). IAMU er eit globalt nettverk av leiande maritime universitet som tilbyr maritim utdanning og opplæring av sjøfolk til den globale skipsfartsindustrien.	Fagtilsette i HVL kan delta på konferansar, treffe likesinna, dessutan søkje forskingsstipend på fagområdet.
<b>NECTAR, Network of European Communications and Activities Research</b>	<a href="https://www.nectar-eu.eu/">https://www.nectar-eu.eu/</a>	The Network on European Communications and Transport Activity Research (NECTAR) er ein ideell organisasjon som samlar forskarar frå transport, kommunikasjon og mobilitet frå alle europeiske land og resten av verda.	HVL koordinerer cluster 4 i dette nettverket: Travel, Migration, Housing and Labour markets. Det blir arrangert workshopar, forskarmøte og publisert. Nettverket har bidratt til eksternfinansierte FOU-prosjektet der HVL både deltar og koordinerer
<b>NORSI – Norwegian Research School in Innovation and Entrepreneurship</b>	<p>NORSI består av eit konsortium av 33 universitet-/institusjonar frå dei nordiske landa</p> <p><a href="http://www.norsi.no">www.norsi.no</a></p>	NORSI er ein nordisk forskingsinstitusjon for PhD-studentar som spesialiserer seg innanfor tema innovasjon og entreprenørskap. NORSI har mål om å styrkje den nordiske forskarutdanninga og det nordiske forskarfelleskapet knytt til desse temaa	HVL er partnarinstitusjon i NORSI. Fagtilsette ved FTMS, særleg Handelshøgskulen, deltar i samarbeidet og har sentrale verv både i styringskomiteen og i studentrepresentasjonsutvalet. Fleire av ph.d.-kandidatane i



			RESINREG har tatt kurs i NORSI. To av kursa i RESINNREG er også registrert som NORSI-kurs og rekrutterer kandidatar frå andre institusjonar både nasjonalt og internasjonalt.
<b>European Planning Studies</b>	<a href="https://www.tandfonline.com/journals/ceps20">https://www.tandfonline.com/journals/ceps20</a>	EPS er eit internasjonalt anerkjent og tverrfagleg tidsskrift som fokuserer på regionale utviklingsprosessar med eit særleg fokus på korleis samfunnet og næringslivet endrar seg og kor viktige politikk og planprosessar har vore for denne utviklinga. Tidsskriftet har særleg vore viktig for utviklinga av innovasjonsstudiar som fagområde. Journalen er lista på nivå 2 i ABS-rankinga. Tidsskriftet blir utgitt av Taylor & Francis.	Tidsskrifter er tett knytt til HVL ved at tidsskriftet sin redaktør, Phil Cooke, har HVL som sin 'affiliation'. Også tidsskriftet sin 'associate editor' er knytt til HVL. Fleire forskarar knytt til RESINNREG har aktivt brukt tidsskriftet for å formidle ny innovasjonsforskning. Også fleire av stipendiatane knytt til RESINNREG har publisert i dette tidsskriftet.
<b>Regional Studies Association (RSA)</b>	<a href="https://www.regionalstudies.org/">https://www.regionalstudies.org/</a>	Regional Studieforbund (RSA) er eit lærd samfunn oppteke av analyse av regionar og regionale problemstillingar.  RSA er eit venleg og kollegialt knutepunkt for forskarar innan regionale studiar og vitenskap, planleggjarar og avgjerdstakarar. Våre medlemmer samarbeider, og foreininga oppmodar aktivt til inkluderande praksis, like mogelegheiter og tilgang, og femner om mangfald i mange former.	Tilsette ved Handelshøgskulen er forskingskomitémedlem (evaluering av stipendforslag) og ambassadørar for Noreg. Gjennom HVL sin internasjonale medlemskap gir vi ei autoritativ stemme til, og nettverk for, akademikarar, studantar, praktiskarar og avgjerdstakarar.
<b>Nordic Journal of innovation in the public sector</b>		Nordic Journal of Innovation in the Public Sector er eit fleirnasjonalt Open Access-tidsskrift om innovasjon i offentleg sektor. Tidsskriftet er vitenskapleg og fleirfagleg, og legg vekt på å fungere som møteplass mellom forskning og praksis, og ha utnytting av forskings- og erfaringsbasert kunnskap som hovudformål.	HVL-tilsett er medlem av redaksjonen. Fleire forskarar og ph.d.-studantar knytt til pilaren 'public sector innovation' i RESINNREG har publisert i tidsskriftet
<b>STRN Sustainability Transitions Research Network</b>	<a href="https://transitionsnetwork.org/">https://transitionsnetwork.org/</a>	Sustainability Transitions Research Network vart grunnlagd i 2009, og er det internasjonale nettverket av forskarar som er interessert i berekraftsovergangar. Nettverket har vakse monaleg sidan oppstarten og tel no over 3000 forskarar. Det har også blitt stadig meir mangfaldig med omsyn til geografi, metodar og tema.	Tilsette ved Handelshøgskulen har vore medlemmer av styringsgruppa og er framleis aktive i dette fellesskapet, mellom anna gjennom medlemskap i organisasjonskomiteen for International Sustainability Transitions Conference i Oslo. Nettverket girt tilsette ved Handels-

			høgskulen tilgang til eit omfattande internasjonalt nettverk for forskings- og utdanningssamarbeid
<b>CERN (Det europeiske senteret for kjerne- og partikkelfysikk)</b>	CERN har i dag 23 europeiske medlemsland i tillegg til assosierte medlemsland og partnerar frå heile verda	CERN er ein internasjonal forskingsinstitusjon som ligg på grensa mellom Sveits og Frankrike. Noreg har vore medlem heilt sidan starten i 1954. Ved CERN samarbeider fysikarar og ingeniørar om å byggje verdas største og mest komplekse instrument for å studere dei minste byggjesteinane i universet. CERN er ein pådrivar for ny teknologi og bidrar også i stor grad til innovasjon i medlemslanda.	Forskarar frå HVL deltar aktivt i to store eksperiment på CERN, ALICE og ATLAS. Studentar deltar i eksperimenta gjennom bachelor-, master- og ph.d.-oppgåver. Medlemskapen gir tilgang til viktig forskingsinfrastruktur og internasjonalt samarbeid, og gjennom dette også ei stor mengde publikasjonar i internasjonale tidsskrift. I 2024 sender HVL 20 studentar på innovasjonscamp på CERN.
<b>Environmental Innovation and Societal Transitions</b>	<a href="https://www.sciencedirect.com/journal/environmental-innovation-and-societal-transitions">https://www.sciencedirect.com/journal/environmental-innovation-and-societal-transitions</a>	Tidsskriftet tilbyr ei plattform for rapportering av studiar av innovasjonar og sosioøkonomiske overgangar for å styrkje ein miljømessig berekraftig økonomi og dermed løyse strukturell ressursknappheit og miljøproblem, spesielt knytt til bruk av fossil energi og klimaendringar.  Dette inneber merksemd på teknologiske, organisatoriske, økonomiske, institusjonelle og politiske innovasjonar så vel som økonomi- og sektorendringar, for eksempel innan energi, transport, landbruk og vassforvaltning. Tidsskriftet er tverrfagleg og metodisk opent, og inviterer til bidrag frå eit breitt spekter av disiplinær innan samfunns-, miljø- og innovasjonsvitenskap	Ein tilsett ved Handels- høgskulen deltar som del av eit editorial team.

### 11.3 Internasjonalt kunnskapssamarbeid

Høgskulen på Vestlandet har som mål å ta ein internasjonal posisjon, og jobbe målretta for utdanning og FoU-aktivitet av høg internasjonal kvalitet. Gjennom samspel med internasjonale samarbeidspartnarar og ved deltaking i internasjonale nettverk skal HVL bidra til å utvikle ny kunnskap og finne nye løysingar for utfordringane i samfunnet.

HVL sine internasjonale mål er konkretisert i ein eigen handlingsplan for internasjonalisering. Planen for perioden 2021–2023, som framleis gjeld, er organisert i to

hovudområde: HVL skal ta ein internasjonal posisjon og HVL skal medverke til mangfald og utdanne verdsborgarar. Kwart av områda har delmål med konkrete tiltak og desse er teke inn i årsplanar både på institusjonsnivå, i fakulteta og i andre einingar. Fakulteta har utvikla eigen handlingsplanar for internasjonalisering eller sett i gong prosjekt for å styrkje det internasjonale engasjementet.

I 2024 pågår det eit arbeid for å utarbeide ein ny handlingsplan som skal erstatte planen for 2021–2023. Den nye planen vil vera tett knytt til høgskulen sin strategi og til nasjonale strategiar knytt til ansvarleg kunnskapssamarbeid med EU og utvalde land utanfor EU (Panoramalanda). Arbeidet blir leia av prorektor for forskning, og fakulteta er tett knytt til prosessen.

Sidan 2019 har HVL satsa ressursar på å byggje eit godt administrativt støtteapparat rundt eksternfinansierte, internasjonale forsking- og utdanningsprosjekt. Sidan 2022 har vi til dømes tilsett seks administrative prosjektkoordinatorar som hjelper prosjektleiarar med å følgje opp store, internasjonale prosjekt som t.d. Horisont Europa t. I 2024 lanserte vi “Prosjektplassen,” ein digital portal for innmelding av eksternfinansierte søknadsinitiativ. Portalen sikrar fagleg forankring, budsjettgodkjenning på institutt og fakultetsnivå og god oversikt over HVL sin portefølje av eksternfinansierte prosjekt for leiarar på alle nivå.

### **Ansvarleg internasjonalt kunnskapssamarbeid**

Hausten 2023 sette HVL ned ei arbeidsgruppe for eksportkontroll. Gruppa sitt mandat var:

- å sjå til at fakulteta og fellesadministrasjonen skaffa ei oversikt over kva for verdiar HVL forvaltar som er særskilt risikoutsette for ulovleg kunnskapsoverføring
- tydeleggjere ei rolle- og ansvarsdeling i organisasjonen
- vurdere behovet for- og gje tilrådingar om tiltak for utvikling av system og rutinar for kontroll med kunnskapsoverføring
- utvikle eit forslag til eit system ved HVL for søknad om eksportlisens.

Det er også utvikla nettsider med råd knytt til ansvarleg internasjonalt kunnskapssamarbeid. Administrative prosessar kring desse områda blir samstundes gjennomgått med tanke på å tydeleggjere dette.

#### **11.3.1 Samarbeid med Europa**


HVL har lenge hatt ei strategisk satsing på forskings- og utdanningssamarbeid med Europa. I dei seinare åra har leiing, vitenskapleg tilsette og administrasjonen ved HVL saman gjort eit løft for å auke volum og kvalitet på arbeidet med EU sitt rammeprogram for forskning. Dette gjeld

både i søknads- og gjennomføringsprosessen. Eksterne og interne kurs har bidratt til auka kompetanse både hos vitenskapleg tilsette og dei administrative. Vi er medlem av to regionale Brusselkontor og er sentrale i et forskningsrådsstøtta Horisont Europa-nettverk i Vestland. HVL deltok i alt i 21 søknadar til Horisont Europa i 2023, med ein samla verdi på nærmare 94 mill. euro. I 2024 har HVL fjorten aktive Horisont Europa-prosjekt der HVL er prosjekteigar for åtte av dei.

Når det gjeld Erasmus+-programmet, omfattar satsinga både Erasmus+ studentutveksling og partnerskap for samarbeid. HVL har vore blant dei norske institusjonane med flest Erasmus+ Samarbeidspartnerskaps-prosjekt. Sidan 2014 har HVL vore involvert i 39 prosjekt innanfor Erasmus+ Samarbeidspartnerskap, og i 13 av desse som koordinator. HVL vart kåra til årets Erasmus+-institusjon i 2021 som eit resultat av det strategiske fokuset på synergjar mellom Erasmus+ og Horisont Europa, vårt aktive samarbeid med regionale aktørar, og arbeid med auka studentmobilitet.

Dei siste åra har HVL satsa meir ressursar på søknader til dei større sentraliserte Erasmus+ tiltaka. Vi ser at desse i endå større grad adresserer globale samfunnsutfordringar og gir oss ein betre sjanse til å byggje regionale partnerskap på tvers av sektorar. Blant anna er Erasmus+ Senter for framifrå fag- og yrkesopplæring (CoVE) eit tiltak som treffer godt HVL sitt mål om å vere ein arbeidslivsnær institusjon. HVL deltar no i to slike prosjekt, eitt i helsesektoren, som skal bidra til betre yrkesopplæring og tverrsektoriell samhandling, og eitt innanfor hydrogen. I tillegg jobbar vi med søknader innanfor andre sentraliserte tiltak som Erasmus+ Lærarakademi og Erasmus+ Kapasitetsbygging.

Figur 11.1: Oversikt over tal søknader til Erasmus+ Sentraliserte tiltak, t.d til program som Kapasitetsbygging, Erasmus Mundus og Innovasjonsalliansar.




Eit viktig strategisk mål for HVL er å bli eit Europeisk universitet. Vi har søkt status som Europeisk Universitet i allianse med 7 andre europeiske universitet og rundt 60 assosierte partnerar frå dei ulike regionane. Tema for alliansen vår er regionalt samarbeid, og om søknaden blir innvilga i 2024, vil alliansen utgjere eit viktig strategisk partnerskap for HVL.

### 11.3.2 Globalt samarbeid

Samarbeid med partnerar i land utanfor EU er også viktig for HVL, og det er ei strategisk satsing på utvikling av samarbeid med institusjonar særskilt i landa omfatta av Panoramastategien. HVL har gjort ei vurdering av alle landa knytt til Panoramastategien og vurdert potensiale som finst for ulike fagområde og for HVL som heilskap. Rapportane oppsummerer eksisterande samarbeid, strategisk relevans, moglegheiter og utfordringar i samarbeid, samt risikomoment ein bør vere bevisst i samanheng med ansvarleg internasjonalt samarbeid. Høgskulen brukar verkemiddelapparatet aktivt når vi utviklar samarbeid med partnerar frå land utanfor EU. Vi har lukkast spesielt godt innanfor UTFORSK-programmet (administrert av HK-dir) med totalt 17 koordinatorprosjekt sidan 2017. Vi har elles ein brei portefølje av globale, internasjonale prosjekt finansiert gjennom INTPART, Norhed, Noted og Norec.

Under er ei oversikt over utvikling i tal på søknader og tildelte midlar til internasjonalt kunnskapssamarbeid, både frå EU og globalt.

Figur 11.2: Oversikt over tal søknader innanfor internasjonalt kunnskapssamarbeid og utvikling i tildelte midlar (støtte gjennom program som Erasmus+, HKdir program for internasjonalt samarbeid, Nordplus, Norec og Norad). Tal frå 2024 viser foreløpig tal søknader per 06.06.2024.




### 11.3.3 Studentmobilitet

HVL har fokus på studentutveksling både i høve til kvantitet og kvalitet. Som del av dette lanserte HVL i 2022 ei ny løysing for studentutveksling med appen HVL utveksling. Appen gjer det enkelt å planleggje utveksling, fordi studieprogramma har lagt inn førehandsgodkjente emne ved kvar utvekslingsinstitusjon som studentane kan velje. I tillegg kan dei følgje heile søknadsprosessen steg for steg og ha dialog med både fagmiljø og administrasjon via appen.

HVL har per 2024 293 utvekslingsavtalar der 185 er Erasmus+- avtalar. Det er eit mål å auke utveksling til Europa, og høgskulen har sett i verk ulike tiltak for dette. I tillegg til promoteringstiltak har vi forenkla dei administrative prosessane knytt til Erasmus-utveksling gjennom digitalisering. Ein av prosessane er utbetaling av Erasmus-stipend og HVL deltar no i eit europeisk samarbeidsprosjekt saman med mellom anna European University Foundation (EUF) som skal utvikle ein prototype for digital utbetaling av Erasmus+- stipendet for heile Europa.

Figur 11.3: Utvikling av inn- og utreisande studentmobilitet frå 2018 til 2023.



Kjelde: FS

HVL er eit godt stykke frå å nå målet om at 30 % av uteksaminerte studentar skal ha vore på utveksling, men som Figur 11.3 syner, peikar tala i riktig retning, og utviklinga er lovande.

Studentmobilitet i rammeplanbaserte studieprogram er særskilt krevjande, og HVL har med støtte frå Hk-dir fire pågåande prosjekt som har mål om å auke studentmobiliteten i høvesvis

Bachelor i sjukepleie, Grunnskulelærerutdanningane, Lærerutdanning i praktiske og estetiske fag og i Bachelorprogramma i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie.

### 11.3.4 Internasjonalisering heime

Internasjonalisering i studieprogramma er viktig, og høgskulen har, i tillegg til auke i studentutveksling, sett eit vaksande engasjement for internasjonalisering heime dei seinare åra. Mange tilsette har deltatt på interne kurs knytt til tematikken, utvikla i samarbeid med internasjonale og nasjonale samarbeidspartnarar.

HVL var tidleg ute med å teste ut COIL (Collaborative Online International Learning) i løpet av pandemiåra og har vore med på å skipa eit nasjonalt COIL-forum i tillegg til å vere medlem av det internasjonale nettverket COILConnect for Virtual Exchange. Stadig fleire av høgskulen sine studentar får også tilbod om å delta i Erasmus+ Blended Intensive Programmes (BIP).

HVL sitt Forum for internasjonalisering heime er ein tverrfagleg møteplass for erfaringsdeling og drøfting av problemstillingar. Forumet samlast to gonger i semesteret og møta blir leia av ein prodekan med ansvar for internasjonalisering .

For å synleggjere internasjonal erfaring og den interkulturelle kompetansen studentane får gjennom studentutveksling og ulike internasjonaliseringsaktivitetar “heime”, arbeider vi med å innføre eit vitnemålstillegg; Certificate of International Learning (CIL)

Kvar av høgskulen sine fem campusar har ein Global Lounge. Det er ein fysisk møteplass kor det blir arrangert aktivitetar med fokus på internasjonalisering heime og integrering mellom internasjonale og lokale studentar.

## 11.4 Oppsummering

I kapittel 11 blir det dokumentert at HVL deltek aktivt i nasjonale og internasjonale nettverk innanfor høgare utdanning, forskning eller kunstnarleg utviklingsarbeid og fagleg utviklingsarbeid. HVL deltek også i nasjonale samarbeid om forskarutdanning, og i internasjonalt kunnskapssamarbeid. Samla sett viser dette at HVL oppfyller krava i Studiekvalitetsforskriften § 3-7.

## 11.5 Vedlegg

11.1 Oversikt over aktive prosjekt

11.2 Døme på samarbeidsavtalar



Figuroversikt	Side
Figur 1.1: Fem campusar	12
Figur 2.1: Organisasjonskart	20
Figur 2.2: Modell for medråderett og medverknad i HVL	23
Figur 2.3: Fakultets- og instituttstruktur	28
Figur 2.4: Organisasjonskart Fakultet for helse- og sosialvitskap	31
Figur 2.5 Overordna forskningstema ved FHS	32
Figur 2.6: Organisasjonskart Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	33
Figur 2.7: Strategiske forskingsprogram ved FLKI	35
Figur 2.8: Organisasjonskart Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap	36
Figur 2.9: Faglege profilområde ved FTMS	37
Figur 2.10: Organisasjonskart for fellestenestene	38
Figur 2.11: Organisering av studentdemokratiet	43
Figur 3.1: Styringssystemet ved HVL	62
Figur 5.1: Del førstestillingsårsverk ved fakulteta, 2018-2023. Del førstestillingskompetente årsverk av alle vitskaplege årsverk (stipendiatar unnateke) per 1. oktober 2023. Kjelde: NSD/DBH	85
Figur 5.2: Del toppkompetanse ved fakulteta, 2018–2023. Del toppkompetente årsverk av alle vitskaplege årsverk (stipendiatar unnateke) per 1. oktober 2023. Kjelde: NSD/DBH	85
Figur 5.3: Førstestillingsdel ved FHS-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2018–2023	86
Figur 5.4: Toppkompetanse ved FHS-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2018–2023	87
Figur 5.5: Førstestillingsdelen ved FLKI-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023	89
Figur 5.6: Toppkompetansen ved FLKI-liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023	89
Figur 5.7: Førstestillingsdel ved dei ingeniør- og teknologiorienterte delane av FTMS samanlikna med liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023	90
Figur 5.8: Toppkompetanse ved dei ingeniør- og teknologiorienterte delane av FTMS samanlikna med liknande universitetsfakultet og -institutt, 2023	91
Figur 5.9: Førstestillingsdel ved handelshøgskulane, 2023	91
Figur 5.10: Del toppkompetanse ved handelshøgskulane, 2023	92
Figur 6.1: Ph.d.-programma og vertsfakultet	95
Figur 7.1: Opptaksgrunnlag for kandidatar tatt opp til doktorgradsutdanning, 2018 – 2023	124
Figur 7.2: Opptaksgrunnlag for kandidatar tatt opp i ph.d.-programma, 2018 – 2023	124
Figur 7.3: Finansiering for kandidatar tatt opp til doktorgradsutdanning ved HVL, 2018–2023	125
Figur 7.4: Finansiering for kandidatar tatt opp i dei ulike ph.d.-programma, 2018–2023	126
Figur 7.5: avlagde doktorgrader i Studiar av danning og didaktiske praksisar frå 2020 t.o.m. vårsemesteret.	130
Figur 7.6 Avlagde doktorgrader i tre i Datateknologi frå 2020 t.o.m. vårsemester 2024.	131
Figur 8.1: Tal kvalifiserte førstevalsøkjjarar per studieplass, HVL og samanliknbare institusjonar, 2019–2023.	139
Figur 8.2: Opptakstal for bachelorutdanning/lågare nivå, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023	140
Figur 8.3: Opptakstal for masterutdanning/høgare nivå, HVL og samanliknbare universitet, 2019 -2023.	140
Figur 8.4: Andel studentar på 3-årig BA som gjennomfører på normert tid, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	141
Figur 8.5: Andel studentar på 2-årig MA som gjennomfører på normert tid, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	141
Figur 8.6: Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60 studiepoengsenheter), HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	142
Figur 8.7: Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60 studiepoengseiningar) per fakultet på HVL, 2019–2023.	143
Figur 8.8: Tal uteksaminerte frå bachelorgradsstudium, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	143
Figur 8.9: Tal uteksaminerte frå mastergradsstudium, HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	144
Figur 9.1: Studiebarometeret	164
Figur 9.2: Tidsbruksundersøkelsen: Tidsbruk blant vitskaplege og fagleg tilsette ved norske universitet og høgskular i 2021 i 2021. N=921	166
Figur 10.1: Publiseringspoeng per vitskaplege årsverk. HVL og universiteta, 2019–2023	206
Figur 10.2: Publiseringspoeng per vitskaplege årsverk i førstestilling. HVL og universiteta, 2019–2023	207
Figur 10.3: Publiseringspoeng, andel på nivå 2. HVL og universiteta, 2019–2023	207
Figur 10.4: Andel artiklar med internasjonalt samforfattarskap. HVL og universiteta, 2019–2023	208
Figur 10.5: Finansiering frå EU (1000 kr) per UFF-årsverk. HVL og universiteta, 2018–2023	210

<b>Figur 10.6: Finansiering frå Forskringsrådet (1000 kr) per UFF-årsverk. HVL og universiteta, 2018–2023</b>	210
<b>Figur 10.7: Finansiering frå regionale forskingsfond (1000 kr) per UFF-årsverk. HVL og universiteta, 2018–2023</b>	211
<b>Figur 10.8: Academic Ranking of World Universities 2023, dei norske institusjonane som er inne på lista</b>	212
<b>Figur 10.9: Webometrics januar 2024, HVL og dei samanliknbare norske universiteta</b>	213
<b>Figur 10.10: HVL si plassering på institusjonsrangeringa World University Rankings</b>	214
<b>Figur 10.11: Studentar per vitenskaplege årsverk. FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023</b>	216
<b>Figur 10.12: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet SDDP, 2018–2023</b>	220
<b>Figur 10.13: Studentar per vitenskaplege årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar, 2019–2023.</b>	224
<b>Figur 10.14: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet DT, 2018–2023.</b>	228
<b>Figur 10.15: Studentar per vitenskaplege årsverk, HVL FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.</b>	232
<b>Figur 10.16: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet HFD, 2018–2023.</b>	235
<b>Figur 10.17: Studentar per vitenskaplege årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar, 2019–2023.</b>	243
<b>Figur 10.18: Opptaksgrunnlag for kandidatar på ph.d.-programmet RESINNREG, 2018–2023</b>	245
<b>Figur 11.1 Oversikt over tal søknader til Erasmus+ Sentraliserte tiltak, t.d til program som Kapasitetsbygging, Erasmus Mundus og Innovasjonsalliansar.</b>	287
<b>Figur 11.2: Oversikt over tal søknader innanfor internasjonalt kunnskapssamarbeid og utvikling i tildelte midlar (støtte gjennom program som Erasmus+, HKdir program for internasjonalt samarbeid, Nordplus, Norec og Norad). Tal frå 2024 viser foreløpig tal søknader per 06.06.2024.</b>	288
<b>Figur 11.3 Utvikling av inn- og utreisande studentmobilitet frå 2018 til 2023</b>	289

<b>Tabelloversikt</b>	<b>Side</b>
Tabell 2.1: Nøkkeltal for HVL, 2023.	19
Tabell 2.2: Driftsinntekter 2023.	25
Tabell 2.3: Fakultet og campus.	27
Tabell 2.4: Styre, råd og utval med studentrepresentantar.	41
Tabell 2.5: Styre, råd og utval med studentrepresentantar i fakulteta.	42
Tabell 2.6: Oversikt over byggareal fordelt på tal studentar og brukarar, 2021.	45
Tabell 2.7: Studentane si tilfredsheit med lokale, utstyr, bibliotekteneste og ikt-tenester.	45
Tabell 2.8: Areal per campus og student ved HVL i 2021.	46
Tabell 2.9: Kort om dei fem campusane.	46
Tabell 2.10: Bibliotekareal og opningstider.	48
Tabell 5.1: Utvikling i tal vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	78
Tabell 5.2: Studentar per vitenskapleg årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	79
Tabell 5.3: Tal studentar per vitenskapleg årsverk ved fakulteta på HVL, 2019–2023.	79
Tabell 5.4: Fordeling av vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2023.	83
Tabell 5.5: Del årsverk i førstestillingar av vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2018-2023.	83
Tabell 5.6: Del årsverk i toppstillingar av vitenskaplege årsverk ved HVL og samanliknbare universitet, 2018-2023.	84
Tabell 5.7: Kompetanseprofil for fakulteta ved HVL pr. 1. oktober 2023.	84
Tabell 6.1: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet SDDP.	97
Tabell 6.2: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet DT.	101
Tabell 6.3: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet HFD.	103
Tabell 6.4: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet RESINNREG.	107
Tabell 6.5: Utdanningsløp som byggjer opp under ph.d.-programmet NO.	111
Tabell 6.6: Rekrutteringsgrunnlag direkte vidare frå masterprogram til doktorgradsprogram.	112
Tabell 7.1: Oversikt over ph.d.-programma ved HVL.	115
Tabell 7.2: Kandidatar med opptak i Studiar av danning og didaktiske praksisar per år og totalt per 31.12.23.	127
Tabell 7.3: Kandidatar med opptak i Datateknologi per år og totalt per 31.12.23.	128
Tabell 7.4: Kandidatar med opptak i Helse, funksjon og deltaking per år og totalt per 31.12.23.	128
Tabell 7.5: Kandidatar med opptak i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling per år og totalt per 31.12.23.	129
Tabell 7.6: avlagde doktorgrader i tre ph.d.-program.	131
Tabell 8.1: Nøkkeltal for søknad og opptak ved HVL 2019–2023.	138
Tabell 8.2: Studentopptak ved HVL, 2019–2023.	139
Tabell 8.3: Studiepoeng per student (eigenfinansierte), HVL og samanliknbare universitet, 2019–2023.	142
Tabell 8.4: Masterprogram ved FHS og tilknytning til ph.d.-program.	145
Tabell 8.5: Opptak på bachelorprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.	146
Tabell 8.6: Opptak på masterprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.	146
Tabell 8.7: Studiepoengproduksjon på bachelorprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.	147
Tabell 8.8: Studiepoengproduksjon på masterprogram ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.	147
Tabell 8.9: Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, 2019–2023.	148
Tabell 8.10: Andel som har gjennomført ein treårig bachelorgrad på normert tid og normert +1 år, FHS, 2019–2023.	148
Tabell 8.11: Andel som har gjennomført ein toårig mastergrad på normert tid og normert +1 år, FHS, 2019–2023.	148
Tabell 8.12: Masterprogram ved FLKI og tilknytning til ph.d.-program.	149
Tabell 8.13: Opptak på bachelorprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.	150
Tabell 8.14: Opptak på toårige masterprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.	150
Tabell 8.15: Opptak på femårige masterprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.	151
Tabell 8.16: Studiepoengproduksjon på bachelorprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.	151
Tabell 8.17: Studiepoengproduksjon på toårige masterprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.	152
Tabell 8.18: Studiepoengproduksjon på femårige masterprogram ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.	152
Tabell 8.19: Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, 2019–2023.	152
Tabell 8.20: Andel som har gjennomført ein treårig bachelorgrad på normert tid og normert +1 år, FLKI, 2019–2023.	152

Tabell 8.21: Andel som har gjennomført ein toårig mastergrad på normert tid og normert +1 år, FLKI, 2019–2023.	153
Tabell 8.22: Masterprogram ved FTMS og tilknytning til ph.d.-program.	155
Tabell 8.23: Opptak på bachelorprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap, 2019–2023.	155
Tabell 8.24: Opptak på masterprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap, 2019–2023.	156
Tabell 8.25: Studiepoengproduksjon på bachelorprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap, 2019–2023.	157
Tabell 8.26: Studiepoengproduksjon på masterprogram ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap, 2019–2023.	158
Tabell 8.27: Uteksaminerte kandidatar ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap, 2019–2023.	158
Tabell 8.28: Andel som har gjennomført ein treårig bachelorgrad på normert tid og normert +1 år, FTMS, 2019–2023.	158
Tabell 8.29: Andel som har gjennomført ein toårig mastergrad på normert tid og normert +1 år, FTMS, 2019–2023.	159
Tabell 9.1: Rektorvedtak om tildeling av FoU-tid.	165
Tabell 9.2: Faktisk avtalt FoU-tid (inklusive 10% til fagleg fornying) ved HVL på institusjons- og fakultetsnivå. (Tal på årsverk totalt i parentes).	166
Tabell 9.3: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved HVL, institusjons- og fakultetsnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).	167
Tabell 9.4: Publiseringstilsette. Kjelde: Vik-Haugen, L. 2023. Vitenskapelig publisering ved HVL 2022.	168
Tabell 9.5: Faktisk avtalt FoU-tid (inklusive 10% til fagleg fornying) ved FHS også inkludert tildelt tid frå eksternt finansierte prosjekt. (Tal på årsverk totalt i parentes).	170
Tabell 9.6: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved FHS, fakultets- og instituttnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).	171
Tabell 9.7: Faktisk tildeling av FoU-tid (inklusive 10% til fagleg fornying) ved FLKI, også inkludert tildelt tid frå eksternt finansierte prosjekt. (Tal på årsverk totalt i parentes).	178
Tabell 9.8: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved FLKI, fakultets- og instituttnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).	178
Tabell 9.9: Faktisk tildeling av FoU-tid (inklusive tid til fagleg fornying) ved FTMS, også inkludert tildelt FoU-tid frå eksterne prosjekt. (Tal på årsverk totalt i parentes).	188
Tabell 9.10: Undervisningstid fordelt på utdanningsnivå og kompetansekategoriar ved FTMS, fakultets- og instituttnivå. (Førstekompetanse-tala er inklusive toppkompetanse).	189
Tabell 10.1: Publikasjonar med internasjonalt samarbeid. Tal, andel og relativ samarbeidsindeks, 2022.	208
Tabell 10.2: Relativ siteringsindeks og andel av artiklane som er blant de 10 prosent mest siterte. 2019–2021.	209
Tabell 10.3: Kompetansenivå i fagmiljøa FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.	215
Tabell 10.4: Opptaksgrunnlag FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	216
Tabell 10.5: Avlagte studiepoeng per student ved FLKI og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	217
Tabell 10.6: Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FLKI og samanliknbare einingar, 2021–2023.	217
Tabell 10.7: Andel toårigmaster gjennomført på normert tid ved HVL FLKI og samanliknbare einingar, 2021–2023.	218
Tabell 10.8: Andel integrert master gjennomført på normert tid ved HVL FLKI og samanliknbare einingar, 2023.	218
Tabell 10.9: Publiseringspoeng per vitenskaplege årsverk. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.	221
Tabell 10.10: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.	221
Tabell 10.11: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskaplege årsverk. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.	221
Tabell 10.12: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.	222
Tabell 10.13: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. FLKI og samanliknbare einingar, 2019–2023.	222

Tabell 10.14: Kompetansenivå i fagmiljøa HVL FIN og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.	224
Tabell 10.15: Opptaksgrunnlag HVL FIN og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	225
Tabell 10.16: Studiepoeng per student, HVL FIN og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	225
Tabell 10.17: Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FIN og samanliknbare einingar, 202–2023.	226
Tabell 10.18: Andel master gjennomført på normert tid ved HVL FIN og samanliknbare einingar, 2021–2023.	226
Tabell 10.19: Publiseringspoeng per vitenskapleg årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.	229
Tabell 10.20: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.	229
Tabell 10.21: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskapleg årsverk. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.	229
Tabell 10.22: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.	229
Tabell 10.23: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.	230
Tabell 10.24: Kompetansenivå i fagmiljøa FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.	232
Tabell 10.25: Opptakspoeng HVL FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	233
Tabell 10.26: Studiepoeng per student, HVL FHS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	233
Tabell 10.27: Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FHS og samanliknbare einingar, 2021–2023.	233
Tabell 10.28: Andel master gjennomført på normert tid ved HVL FHS og samanliknbare einingar, 2021–2023.	234
Tabell 10.29: Publiseringspoeng per vitenskaplege årsverk. FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.	236
Tabell 10.30: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.	236
Tabell 10.31: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskaplege årsverk. HVL FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.	236
Tabell 10.32: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. FHS og samanliknbare einingar, 2019–2023.	236
Tabell 10.33: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. HVL FHS og samanliknbare einingar. 2019–2023.	237
Tabell 10.34: Programsøyla på master- og bachelornivå til ph.d.-programmet RESINNREG, studieår 2023–2024	240
Tabell 10.35: Oversikt over utvikling i publisering blant dei vitenskapleg tilsette med faglege oppgåver i RESINNREG.	242
Tabell 10.36: Kompetansenivå i fagmiljøa HVL FTMS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2023.	243
Tabell 10.37: Opptakspoeng HVL FTMS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	243
Tabell 10.38: Studiepoeng per student, HVL FTMS og samanliknbare einingar ved universiteta, 2019–2023.	244
Tabell 10.39: Andel bachelor gjennomført på normert tid ved HVL FTMS og samanliknbare einingar, 2021–2023.	244
Tabell 10.40: Andel master gjennomført på normert tid ved HVL FTMS og samanliknbare einingar, 2021–2023.	244
Tabell 10.41: Publiseringspoeng per vitenskapleg årsverk. HVL FTMS og samanliknbare einingar. 2019–2023.	246
Tabell 10.42: Publiseringspoeng per årsverk i førstestilling. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.	246
Tabell 10.43: Publiseringspoeng på nivå 2 per vitenskapleg årsverk. HVL FTMS og samanliknbare einingar. 2019–2023.	247
Tabell 10.44: Publiseringspoeng på nivå 2 per årsverk i førstestilling. HVL FTMS og samanliknbare einingar. 2019–2023.	247

<b>Tabell 10.45: Andel publikasjonar med internasjonal samforfattar. HVL FIN og samanliknbare einingar. 2019–2023.</b>	247
<b>Tabell 11.1: Liste over forskarskular HVL deltar i.</b>	252
<b>Tabell 11.2: Liste over nasjonale nettverk på institusjonsnivå.</b>	255
<b>Tabell 11.3: Liste over nasjonale nettverk – FLKI.</b>	258
<b>Tabell 11.4: Liste over nasjonale nettverk – FHS.</b>	261
<b>Tabell 11.5: Liste over nasjonale nettverk – FTMS.</b>	265
<b>Tabell 11.6: Liste over internasjonale nettverk på institusjonsnivå.</b>	272
<b>Tabell 11.7: Liste over internasjonale nettverk FLKI.</b>	275
<b>Tabell 11.8: Liste over internasjonale nettverk FHS.</b>	279
<b>Tabell 11.9: Liste over internasjonale nettverk FTMS.</b>	283



Høgskulen  
på Vestlandet

Campus Haugesund  
Bjørnsonsgate 45

Campus Stord  
Klingenbergvegen 4  
Rommetveit

Campus Bergen  
Inndalsveien 28

Campus Førde  
Svanehaugvegen 1

Campus Sogndal  
Røygata 6

Høgskulen på Vestlandet Postbox 7030 N-5020 Bergen Norway +47 55 58 58 00 [post@hvl.no](mailto:post@hvl.no) [hvl.no](http://hvl.no)  
Facebook [hvl.no](https://www.facebook.com/hvl.no) Twitter [@hvl\\_no](https://twitter.com/hvl_no) Instagram [@hvl.no](https://www.instagram.com/hvl.no) LinkedIn Høgskulen på Vestlandet (HVL)